



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 18.08.2015  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 11.08.2015

Arnulf Goksøyr  
ordfører

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 143/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 144/15	Protokoll frå førre møte
PS 145/15	Delegerte saker
PS 146/15	Referatsaker
PS 147/15	Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset FV 10 - slutthandsaming
PS 148/15	Detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina) - handsaming etter offentleg ettersyn
PS 149/15	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for Eggesbøjordra område F/K/O
PS 150/15	Miljøopprydding Fosnavåg hamn - prinsippavklaring deponering av masser i samband med mudring
PS 151/15	Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 - utkast til drøfting
PS 152/15	Sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg - gjennomføring av tiltak og løyving av naudsynte midlar
PS 153/15	Høyring - finansiering av private barnehagar
PS 154/15	Organsiering av flyktingtenesta
PS 155/15	Organisering av tenesta for rusmisbrukarar.
PS 156/15	Oppreisningsordning for barneheimsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn
PS 157/15	Mogleg tilsetjing ved ledigheit som ergoterapeut
PS 158/15	Løyve til tilsetjing skulefagleg rådgivar 70%
PS 159/15	Sunnmørsbadet. Søknad om auka kommunal finansiering. Delegerte saker frå avdelingane
DS 11/15	Søknad om utvida skjenketid
DS 12/15	Bytte av styrer på salgsbevillingen Referatsaker
RS 42/15	Melding om vedtak i Fylkestinget 15.06.2015
RS 43/15	Kommunedelplan Sande Fastlandssamband - Høyring og offentleg ettersyn.
RS 44/15	Oppmoding om busetting av flyktingar

Prenta skriv til orientering/drøfting:





PS 143/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 144/15 Protokoll frå førre møte

PS 145/15 Delegerte saker

PS 146/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/551
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
147/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	27.08.2015

### DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG SANDVIKA - STOKKSUNDKRYSET FV 10 - SLUTTHANDSAMING

#### Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksundkrysset FV10, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 18.06.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga

## **Vedlegg:**

- 01 – Plankart, sist revidert 18.06.2015
- 02 - Føresegner, sist revidert 18.06.2015
- 03 - Planomtale med vedlegg, sist revidert 18.06.2015
- 04 - F-sak 230/14 – Vedtak om offentlig ettersyn
- 05 - Innspel til offentlig ettersyn
- 06 - Innspel til avgrensa høyring

## **Uprenta vedlegg**

- Vedlegg til planomtalen

## **Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 frå Stokksundkrysset til Sandvika. Området som er omfatta av reguleringsplan er avgrensa og vist på vedlagt plankart.

Planlegging av ny gang- og sykkelveg på denne strekninga er ein del av eit større arbeid som kommunen har sett i gang med «Gangvegpakke 2013». Dette arbeidet starta som følgje av evaluering av kommunedel for trafikktrygging, der ein såg behovet for å lage eit plangrunnlag for å seinare kunne søkje om å få realisert gang og sykkelveg fleire stader i kommunen. Arbeidet blei også sett i samanheng med målet om tryggare skuleveggar i kommunen og i lys av dei barnetrakkregistreringane som blei gjennomført i 2012, der barn og unge peika på denne vegen som ei farleg strekning å ferdast langs. Vegstrekninga mellom Sandvika og Stokksund skule er ei slik type som nemnt over.

Oppstart av planarbeidet blei kunngjort i Vestlandsnytt og på kommunen sin heimeside. Grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentlig uttaleinstansar og aktuelle lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Desse partane har blitt gitt høve til å kome med innspel til planarbeidet innan 01.08.2013. Det kom inn totalt 8 innspel frå både offentlig og private.

For å sikre medverknad i planarbeidet gjennomførte Herøy kommune har eit opeinformasjons- og medverknadsmøte på Herøy rådhus 22.02.2011. Til dette møtetkom det to personar. På grunn av dårleg oppmøte valte ein å avlyse møtet. Deltakarane som møtte opp fekk likevel informasjon frå kommunen og fekkmoglegheit til å stille spørsmål om det vidare planarbeidet. Referat frå dette følgjersom vedlegg til planomtalen.

Til varsel om oppstart av planarbeid, mottok kommunen krav frå Møre og Romsdal fylkeskommune, om at det måtte gjennomførast arkeologiske registreringar i området. Dette arbeidet blei gjennomført i starten på november og rapport frå arbeidet viste at det ikkje er gjort funn i området.

Formannskapet handsama planforslag i F-sak 230/14 og gjorde vedtak om legge planforslaget ut til høyring og offentlig ettersyn i seks veker. Til offentlig ettersyn kom det 7 innspel. Med bakgrunn i innspellet som kom frå Statens Vegvesen Region

Midt, blei det vurdert at det måtte gjerast endringar i planforslaget av omsyn til krav knytt til fylkesveggar.

#### Endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn:

##### Plankart:

- Areal for grøft på 3.0 meter mellom gangveg og køyreveg er teke inn i planforslaget – dimensjonering for 80-sone gjennom planområdet.
- Avkøyrslene f\_V1 og f\_V2 er endra til offentlege avkøyrslar 3.0 meter frå vegkant. Endra påskrift o\_V2-9 i plankartet.
- Frisiktsoner i kryss og avkøyrslar er vist i planforslaget og dimensjonert for fartsgrense 80 km/t
- Tidlegare felt/stripeareal langs vegen for plassering av rekkverk er fjerna.
- Endring i dimensjonerande vegbreidde til 6.0 m køyrebreidde og 0.75 m skulderbreidde, til totalt 7.5 meter. U-Hø2-veg etter vegnormal N100
- Areal til «Anna veggrunn –tekniske anlegg» er utvida til minimum 3.0 meter frå vegkant, etter Statens Vegvesen sin standard.
- Gangvegen er utvida frå 3.0 meter til 3.5 meter (3.0 m asfalt + 0.25 skulder + 0.25 skulder)
- Endra påskrift i plankart til o\_GV1-5 for gang- og sykkelvegen

##### Føresegner:

- Ny tekst knytt til avkøyrslar under punkt 1.6 Frisikt
- Ny tekst om rekkverk under punkt 4.

##### Planomtale:

- Oppdatert planomtale i høve endringar som er nemnt over.
- Endre tekst og illustrasjonar om dimensjonerande vegbreidde til U-Hø2, gang- og sykkelveg og grøfteprofil.

Dei ovannemnde endringane har blitt innarbeidd i revidert planforslag av 30.03.2015, som blei sendt på ei avgrensa høyring til råka grunneigarar og naboar og offentlig mynde. Til den avgrensa høyringa kom det 4 innspel til dei endringane som låg føre. Etter innspel frå Statens Vegvesen har ein valt å gjere ytterlegare justering i planforslaget etter avgrensa høyring. Desse kan oppsummerast slik:

#### Endringar i planforslaget etter avgrensa høyring:

##### Plankart:

- Teikna inn frisiktsoner i avkøyrslar o\_V8 i høve trafikk for mjuke trafikantar over gang- og sykkelvegen.

##### Føresegner:

- Punkt i føresegnene knytt til hekk, gjerde og frisikt på 0.7 meter over vegnivå i kryss er fjerna. Det er presisert i føresegnene at «**Ved avkøyrslar og kryss mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100**» som skal vere gjeldande føresegner knytt til frisikt.

##### Planomtale:

- Figur 3.12 frå handbok N101 som illustrerer utforming og breidde for grøft/skilje mellom gang- og sykkelveg og bilveg er teke inn i planomtalen.

Rådmannen vil nedanfor presentere innspela som har kome til offentleg ettersyn og avgrensa høyring. For detaljar kring planforslaget, viser ein til dei vedlagte plandokumenta og F-sak 230/14.

## **INNSPEL TIL OFFENTLEG ETTERSYN**

Følgjande instansar hadde ikkje merknader til planforslaget ved offentleg ettersyn:

- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 05.01.2015
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL), 06.02.2015
- Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfylke), 06.02.2015
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR), 13.02.2015

### 1. Sandvika Vel, 15.01.2015:

Ber om at gang- og sykkelveg for strekninga blir prioritert. Hevdar dei har søkt om gangveg i over 40 år, og finn det merkeleg at dei aldri blir prioritert. Viser til at alle grunneigarane har skrive under på at dei gir frå seg gratis grunn langs strekninga. Dei peikar på at dette ikkje er lange strekninga å realisere, men at vegen er trafikkfarleg og at det er ein farleg skuleveg. Sandvika Vel håper no at dei kan få gang- og sykkelveg med tanke på den nye vegen som kjem i Stokksund. Dei ser det som uhørt dersom gangvegen ikkje fortsett heilt til enden av Sandvika, så bygdene vert knytt saman. Dei viser til at den trafikkfarlege vegen hindrar mange turgåarar i å ferdast langs vegen frå Tjørnvågane via «Skaravegen». Sandvika Vel ber politikarar vennleg om å prioritere gang- og sykkelvegen frå Sandvika til Stokksund.

### Vurdering av innspel:

*Rådmannen viser til at Formannskapet, ved behandling av planforslaget til offentleg ettersyn, tok stilling til om planområdet skulle utvidast. Det blei der gjort vedtak om å halde på noverande plangrense. Ein viser til vedlegg til planomtalen der innspelet er blitt behandla. Rådmannen kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment som talar for at ein bør gå vekk i frå tidlegare vurdering.*

### 2. Stokksund Grendalag og Sandvika Vel (felles innspel), 22.01.2015:

Innleiingsvis vil dei takke for ein glimrande reguleringsplan for FV. 654 Indre Herøy Skule — Stokksundbrua. Det er ein tydeleg godt gjennomtenkt plan, som tek godt omsyn til både biltrafikk, og ikkje minst dei mjuke trafikantane som det er svært mange av grunna skulen. Grendalag og Velforeininga set stor pris på at dei også har vorte godt prioriterte.

Dei to organisasjonane kjem med innspel på at denne planen må sjåast i samanheng med plan for Stokksundbrua – Indre Herøy skule, og at det vert sett på som eit fellesprosjekt med ein felles oppstart. Dei ber om at ein vurderer om FV10 må utvidast fordi den er såpass smal i dag. Dei viser til tidlegare innspel om å få forlenga gangvegen heilt til enden av Sandvika og understreker dette. Dei ber vidare om at prosjektet blir sett i gang innan rimeleg tid fordi dette er ein livsfarleg skuleveg og ein turløype som ikkje kan nyttast fullt ut grunna trafikkfaren. Dei ber avslutningsvis om at borna må få ein trygg skuleveg.

### Vurdering av innspel:

*Ein viser til vurderingar av innspel nr 1 og handsaming av innspel til varsel om oppstart vedk utviding av gangvegen.*

### 3. Statens Vegvesen Region Midt, 03.02.2015:

Viser til at planforslaget må justerast i samsvar med mogleg framtidig endring i

fartsgrense frå 60 km/t til 80 km/t ved utbygd gangveg. Etter dette ber Statens Vegvesen om at det vert regulert rabatt/trafikkdelar i 3.0 m breidde langs bilvegen og gangveg på heile vegstrekinga som er under regulering.

Det blir vidare vist til kryssing av gangvegen med private avkøyrslar. Statens Vegvesen meiner planen må endrast slik at det vert regulert samanhengande offentleg gangveg over dei to avkøyrslene/ tilkomstane, og då også slik at avkøyrsearealet mellom dei offentlege vegane og sidearealet langs gangvegen vert endra til annan veggrunn. Avkøyrslene må då regulerast med avkøyrseleil og visast som illustrasjon på plankartet.

Vidare ber Statens Vegvesen om at kryss/avkøyrse innanfor reguleringsområdet skal utformast, siktforholda, i samsvar med krav nedfelt i vegnormalen — handbok N 100. Sikttekantar bør teiknast inn på plankartet. Dei gjer spesielt merksam på siktkrav som gjeld mellom gangveg og veg/avkøyrse — kapittel E.2.3. i vegnormalen.

Når det gjeld løysingar kring rekkverk i planforslaget, viser vegvesenet til at ein med bakgrunn i ovannemnde endringar og sett i høve til rådande forhold på vegstrekinga, ikkje kan sjå at det er behov og grunnlag for å regulere inn eige felt/stripeareal langs vegen for plassering av rekkverk. Rekkverket bør plasserast på areal regulet til *Anna veggrunn — tekniske anlegg*.

I forhold til vegbreidde – dimensjoneringsklasse – ber viser vegvesenet til at det her vert lagt opp til ei dimensjonerande vegbreidde på 7 m, med ei køyrebanebreidde på 5,5 m og skulderbreidde 0,75 m. I planframlegget som er under utarbeiding for Indre Herøy kyrkje — Stokksundbrua vert den delen av FV 10 som ligg innanfor planområdet dimensjoner i høve til klasse U-H02, med 6 m breidde på køyrebanen og 0,75 m skulderbreidde. Statens Vegvesen føreset at dei to reguleringsframlegga vert mest mogleg samordna, og då slik at vegbreidda i planframlegget for gangvegen Sandvika-Stokksundkrysset vert tilpassa og endra til vegbreidda/dimensjoneringsklassa det vert lagt opp til i planen for Herøy kyrkje — Stokksundbrua.

Avslutningsvis ber Statens Vegvesen om at skråningsutslag med areal til fylling-/skjering mot sjø blir vist på plankartet, samt profil/pelnummer til senterline fylkesveg går fram av plankartet.

#### Vurdering av innspel:

*Rådmannen viser til at det gjort endringar i planforslaget etter offentleg ettersyn. Punktet om endring i dimensjonering av areal mellom veg og gangveg er retta opp i samsvar med innspellet frå Statens Vegvesen. Når det gjeld dimensjoneringsklasse for veg er den retta opp og i samsvar med plan for Herøy kyrkje – Stokksundbrua. Tidlegare areal avsett til rekkverk er teke ut av plankartet og planforslag er retta opp i samsvar med innspel frå Statens Vegvesen på dette punktet. Desse endringane er sendt på avgrensa høyring og ein viser til opplisting av dei endringane som er gjort i plan ovanfor.*

*Når det gjeld avkøyrslar, vurderer rådmannen det slik at reguleringsplanen vil vere mest mogleg eintydig dersom avkøyrslar blir regulert inn i plan framfor avkøyrseleil. Avkøyrslene er regulert som offentleg areal med tilhøyrande frisktsoner og ligg innanfor den sona frå veg som blir definert som offentleg trafikkareal. Dersom ein skal regulere inn avkøyrseleil framfor fullverdige avkøyrslar, vil desse vere meir unøyaktige og ein vil ikkje kunne oppretthalde regulerede frisktsoner mot fylkesvegen.*

*I høve den delen av innspelet som gjeld areal til fylling-/skjering og profil/pelnummer til senterline på plankartet, kan ikkje rådmannen sjå at gjeldande nasjonal produktspesifikasjon for reguleringsplanar inneheld teiknereglar som tillater kommunen å ta inn dette i plankartet. Reguleringsplankart opnar ikkje for å ta inn desse opplysningane i eit juridisk bindande plankart.*

## **INNSPEL TIL AVGRENSA HØYRING**

Følgjande instansar hadde ikkje merknader til planforslaget ved avgrensa høyring:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 14.04.2015
- Møre og Romsdal fylkeskommune, 29.04.2015

### 1. Sandvika Vel, 20.04.2015:

Viser til sitt tidlegare innspel der dei ber om at gang- og sykkelvegen blir forlenga til enden av Sandvika, slik at den inkluderer alle som bur der. Dei ser det som heilt uhøyrte at fleire husstandar framleis skal vere utan gangveg. Sandvika Vel meiner det er urettferdig dersom ikkje alle ungane får gangveg. Dei viser også til at alle grunneigarane har skrive under på at dei gir frå seg gratis grunn til gang- og sykkelveg langs strekninga.

### Vurdering av innspel:

*Rådmannen viser til behandling av innspel nr 1 og 2 til offentleg ettersyn.*

### 2. Statens Vegvesen Region Midt, 29.04.2015:

Vegvesenet viser til at det i planomtalen er vist ein figur på utforminga/breidda på skilje/grøfta mellom gangvegen og bilvegen. Figuren i planomtalen er ikkje, etter det vegvesenet kan sjå, i samsvar med normalen for rekkverk og sideområde langs vegar. I no gjeldande rekkverksnormal — Vegvesenet si handbok N 101 — er minste trafikkstilje utan rekkverk vist slik ved fartsgrense over 60km/t — figur 3.12.

Vidare viser vegvesenet til at det gjennom planframlegget lagt opp til ei regulering der alle avkøyrslar frå fylkesvegen skal vere offentlege avkøyrslar. Vegvesenet meiner det ikkje må vere slik at gangvegen vert avskoren reguleringsmessig av private avkøyrslar. Ei avkøyrslar kan vere privat sjølv om den er lokalisert på areal i offentleg eige og på areal regulert til annan veggrunn. Avkøyrslene til private eigedomar bør på plankartet teiknast/regulerast med avkøyrslar og visast som illustrasjon. I tråd med tidlegare merknad herifrå er det nedfelt i reguleringsføresegnene at utforminga av avkøyrslene skal vere i samsvar med vegnormalen N100.

Statens Vegvesen viser elles til punkt om friskt i føresegnene som er noko uklart og bør presiserast. Vidare ber dei om at skråningsutslag langs fylkesvegen og mot sjø – med fordel bør teiknast inn på plankartet, samt at profil-/pelnummer bør gå fram av senterlina til fylkesvegen.

### Vurdering av innspel:

*Innspelet frå Statens Vegvesen om profil i planomtalen er tatt til følge og innarbeidd i plan.*

*Når det gjeld avkøyrslar, vurderer rådmannen det slik at reguleringsplanen vil vere mest mogleg eintydig dersom avkøyrslar blir regulert inn i plan framfor avkøyrslar. Avkøyrslene er regulert som offentleg areal med tilhøyrande*

*frisiktsoner og ligg innanfor den sona frå veg som blir definert som offentleg trafikkareal. Dersom ein skal regulere inn avkøyringspilar framfor fullverdige avkøyringsler, vil desse vere meir unøyaktige og ein vil ikkje kunne oppretthalde regulerte frisiktssoner mot fylkesvegen.*

*I høve den delen av innspelet som gjeld areal til fylling-/skjering og profil/pelnummer til senterline på plankartet, kan ikkje rådmannen sjå at gjeldande nasjonal produktspesifikasjon for reguleringsplanar inneheld teiknereglar som tillater kommunen å ta inn dette i plankartet. Reguleringsplankart opnar ikkje for å ta inn desse opplysningane i eit juridisk bindande plankart.*

## **Vurdering og konklusjon:**

Planforslaget skal legge til rette for ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 frå Stokksundkrysset til gamlevegen i Sandvika. Målet er å betre tilhøva til mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs Fylkesveg 10. Det er også ei målsetting med planarbeidet å legge grunnlag for at ein ny gang- og sykkelveg kan etablerast som eit ledd i arbeidet med tryggare skuleveg for borna som skal til og frå Stokksund skule.

Statens Vegvesen har medverka i planarbeidet gjennom varsel om oppstart, offentleg ettersyn og avgrensa høyring, og der hovudelementa frå innspela til vegvesenet er innarbeidd i planforslaget.

Når det gjeld innspelet frå Sandvika Vel, viser rådmannen til at det i planarbeidet er valt å stoppe gangvegen ved gamlevegen som går opp i Sandvika. Ein har valt å prioritere reguleringsplan for den strekinga som vil gi mest effekt med tanke på trafikktrygging. Strekinga langs fylkesveg 10 vidare sør/vestover langs Sandvikstranda er i dag opa og oversiktleg for trafikken. Her har mjuke trafikantar og mesteparten av bebyggelse, også høve til å bruke gamlevegen som alternativ rute til og frå gangvegen.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse. Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken ei vesentleg betring av trafikktryggleiken for denne delen av kommunen.

Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere eit grunnlag for seinare realisering av eit trafikktryggingstiltak som kan sikre ein tryggare skuleveg for borna i Stokksund og i Sandvika. Dette er også i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar.

Det er elles gjennomført ein sjekk i Miljødirektoratet sin database for naturmangfald. Dei registrerte artsforekomstane i området er andefugl, vade-, måke- og alkefuglar og beiteområde for denne arten med verdi C. Gruntvassområde som er overvintringsplass for vass og sjøfugl, m.a. smålom, horndykker, ærfugl, sjøorre, havelle, siland og teiste. Rådmannen viser til at desse områda hovudsak er markert utanfor planområdet og på motsatt side av vegen frå der gang- og sykkelvegen skal etablerast. Ein ikkje sjå at dette kjem i konflikt med naturmangfaldet i området. Utover dette kan ein ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet



innanfor planområdet jfr. tilgjengeleg databaser. Ein vil konkluderer med at planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Rådmannen rår til at planforslaget blir godkjent slik det no ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:


Fosnavåg, 19.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg





**TEIKNFORKLARING**  
 Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)  
 Kjøring  
 Gangsykkelveg  
 Annen vegg grunn - tekniske anlegg

**Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008**  
 Regulerings- og byggesaksplanmasse  
 Planens begrensning  
 Formålgrense  
 Regulert sentertilnær  
 Frakantone  
 Regulert kort kjørebane  
 Målelinje/Avstandslinje

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

**Etterform:**  
 o\_ = Offentlig formål  
 f\_ = Felles privat formål

**Kartopplysninger**  
 Kilde for basiskart: Geovekst AS  
 Plan for basiskart: 18.06.2015  
 Koordinatsystem: UTM zone 32 E/Eur99  
 Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvivalens 1 meter  
 Kartmålestokk 1:1000  
 0 10 20 30 40 50 m

**UTVIKLINGSDELINGA**  
 Høyre kommunedirektør REGULERINGSFORSENER  
 Utviklingsavdelinga

Autoplan-ID: 201209  
 Forfatter: Høyre kommune  
 Kartprosjekt: Utviklingsdelinga

Revisjon av plankart	SAK	DATO	SGN.
A Endringer etter offentlig ettersyn		30.03.15	AZT
B Endringer etter avveining høyring		18.06.15	AZT
C			

**SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN**

2. gangs behandling i Formannskapet	SAK	DATO	SGN.
Offentlig ettersyn fra 19.12.2014 - 06.03.2015		23/04	03.12.14 AZT
1. gangs behandling i Formannskapet			01.08.13 AZT
Kaungjerer av oppstart planarbeidet			

**PLANEN UTARBEIDET AV:** Utviklingsavdelinga  
 201209 000 AZT



# DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG SANDVIKA – STOKKSUNDKRYSET

Arealplan-ID: **201309** Arkiv: \_\_\_\_\_ Eigengodkjenning: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

## Reguleringsplanen sin intensjon:

*Planen skal legge til rette for ein arealbruk som gjer det mogleg å prosjektere og utføre ein ny gang- og sykkelveg frå Sandvika til Stokksundkrysset. Løysingane i planen skal også legge til rette for å gi mjuke trafikantar og skuleborn ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen.*

## § 1 - GENERELT

### § 1.1 – GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast – og plasserast – slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

### § 1.2 - ANDRE FØRESEGNER

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentral og kommunale lover og føresegner.

### § 1.3 – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

### § 1.4 – UNIVERSELL UTFORMING

Gang- og sykkelvegen med tilhøyrande areal, skal planleggast og utformast etter prinsippa om universell utforming. .

### § 1.5 – AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stogkast og det skal takast kontakt med kulturminnemynde.

### § 1.6 – FRISIKT

Frisiktlinjer i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar den frie sikta.

Ved avkøyrslar og kryss mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i

handbok N100.

Avkøyrslar skal ikkje leggst til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrslar eller avkøyrslar på plankartet.

Ved etablering av nye og utbetring av eksisterande avkøyrslar, skal desse utformast etter Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100.

## **§ 2 – FELLESEGNER**

### **§ 2.1 TERRENGINNGREP**

Område for anlegg skal ha ei utforming med best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Der det er behov for murar i skråning mot etablerte eigedomar, skal desse førast opp framfor bratte jordskråningar.

Det skal leggst vekt på å oppnå at inngrep i terrenget skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som mogleg.

### **§ 2.2 OVERFLATEVATN**

Ved prosjektering av løysingar og utbygging av anlegg innanfor planområdet, skal det takast omsyn til overflatevatn i nærområdet. Det må takast omsyn til dagens kanalar for overflatevatn og sikre at overvatn i området blir leia bort på ein forsvarleg måte. Løysingar for handtering av overflatevatn må dokumenterast ved nærare detaljprosjektering og byggeplan.

## **§ 3 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2):

Køyreveg, o\_V

Private avkøyrslar, f\_V

Gang- og sykkelveg, o\_GV

Annan veggrunn – tekniske anlegg

## **§ 4 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2):**

I trafikkområdet skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, gang- og sykkelveg, murar, skjeringar og fyllingar (skråningar).

o\_V1 er offentlig veg – Fylkesveg 10.

o\_V2-9 er offentlege vegar

Innanfor området køyreveg kan det etablerast rekkverk.

Området GV er areal til offentlege gang- og sykkelveg.

Områda «Annan veggrunn – tekniske anlegg» er offentlig sideareal til veg eller gang- og sykkelveg. Her kan det etablerast rekkverk i tilknytning til vegane.

I areal regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablur. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknytning til offentlig infrastruktur.

Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Der det er større nivåskilnader i overgang mellom arealformåla kan det førast opp murar. Større nivåskilnader mot ytterliggande skråning skal sikrast med rekkverk eller mur.

Mindre endringar i skråningsutslag som går ut over arealføremålet vil kunne skje som følge av uføresette forhold, som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget.

Areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

**\*\* Føresegner sist revidert 18.06.2015 (Utviklingsavdelinga)**

**\*\*\*Godkjend av kommunestyret i K-sak \_\_\_/\_\_\_, \_\_\_20\_\_**

**Fosnavåg, \_\_\_\_\_**

---

**Ordførar**



**HERØY KOMMUNE**

**Plan-ID: 201309**



**REGULERINGSPLAN FOR GANG OG SYKKELVEG – FYLKESVEG 10  
SANDVIKA STOKKSUNDKRYSET**

**PLANOMTALE**

**18.06.2015**

## **INNHALD**

<b>1 - BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.....</b>	<b>3</b>
Formålet med planarbeidet .....	
Tidlegare vedtak i saka.....	
Planprosess .....	
Konsekvensutgreiing.....	
<b>2 - OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE.....</b>	<b>4</b>
Lokalisering og arealbruk.....	
Leidningar i grunnen og høgspenningsanlegg.....	
Pågåande reguleringsplanarbeid.....	
Overordna planar og retningslinjer.....	
<b>3 - OMTALE AV PLANFRAMLEGGET .....</b>	<b>6</b>
Normalprofil .....	
Planlagd arealbruk.....	
Føresegner og omsynssoner.....	
Risiko og sårbarheit.....	
<b>4 - KONSEKVENSAV PLANFRAMLEGGET .....</b>	<b>8</b>
Støy .....	
Landskap .....	
Konsekvensar for landbruk .....	
Trafikktryggleik.....	
Naturmangfald.....	
Barn- og unge.....	
Estetikk og miljø.....	
Kulturminne.....	
<b>5 - MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN.....</b>	<b>12</b>
<b>6 – VEDLEGG.....</b>	<b>12</b>

# **1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET**

## **1.1 Formål med planen**

Målet med planarbeidet er å leggje ny gang og sykkelveg frå avkøyrsløp til Sandvika og fram til Stokksundkrysset - langs Fylkesveg 10. Planarbeidet blir sett i samanheng og tilpassa Statens Vegvesen Region Midt sitt planarbeid for omlegging av Stokksundkrysset og FV654. Resultatet av planprosessen skal vere eit grunnlag for å kunne fysisk realisere eit trafikksikkert tilbod for gåande og syklende på vegstrekninga. Dette er ein offentleg reguleringsplan. Framlegget er utarbeidd av utviklingsavdelinga (planavdelinga) i Herøy kommune på vegne av Formannskapet (planutvalet).

## **1.2 Tidlegare vedtak i saka**

Gang- og sykkelvegstrekninga inngår som planlagd gang- og sykkelveg i arealdelen i kommuneplanen 2013-2025, vedteken i Herøy kommunestyre den 30.10.2014. Tiltaket er prioritert i Herøy kommune si planprioritering.

## **1.3 Planprosess**

Varsel om planoppstart har vore kunngjort i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider med frist for innspel til planarbeidet den 01.08.2013. Brev med melding om oppstart har også vore sendt grunneigarar og offentlege høyringsinstansar for uttale.

Det er vidare gjennomført informasjons- og medverknadsmøte den 31.10.2013 på Herøy rådhus. Referat frå møte følgjer planomtalen som vedlegg.

## **1.4 Konsekvensutgreiing**

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyser krav om KU (konsekvensutgreiing), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-2 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreiingar / analyser som ein del av planomtalen.



## 2. OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE

### 2.1 Lokalisering og arealbruk

Planområdet er lokalisert på nordsida av Gurskøya, langs FV10 i Herøy kommune. Avgrensing av planområdet er vist med svart stipla linje (plangrense) på plankartet og strekk seg frå Stokksundkrysset til avkøyrsløse mot bustadområdet i Sandvika.

Området er prega av spreidd bebyggelse, der nokre bustadeigedomar ligg nær fylkesvegen på austsida. På vestsida av fylkesvegen finn ein strandsone og spreidd naustbebyggelse.

### 2.2 Leidningar, tekniske anlegg høgspenningsanlegg

Ein er ikkje kjent med at det er lokalisert høgspenningsanlegg innanfor planområdet.

Ein er ikkje kjende med at det går evt vassleidningar i trasen for ny gang. Det går el-og telekablør i området som er påvist i samband med arkeologiske utgravingar. Evt leidningar må takast omsyn til ved utbygging.

### 2.3 Pågåande reguleringsplanarbeid




Planarbeidet med ny gang- og sykkelveg mellom Sandvika og Stokksundkrysset blir sett i samanheng med Statens Vegvesen sitt pågåande planarbeid for omlegging av FV654.

Plan for omlegging av krysset medfører at fylkesveg 10 vil frå området med dagens kryss med fv. 654 i staden gå rett fram og komme inn på den nye fv. 654 i eit nytt T-kryss. Det vil i dette nye krysset bli bilistane på fv. 10 som har vikeplikt for trafikken på fv. 654, som er meir hensiktsmessig ut frå trafikktalet og veggeometri.

Reguleringsplan for gang- og sykkelvegen er tilpassa vegvesenet sin plan med tanke på dimensjonering, linjeføring og plangrense.

## 2.4 Overordna planar og retningslinjer

### Kommuneplanens arealdel 2014




I gjeldande kommuneplan er det langs FV 10 lagt opp til at det kan etablerast gangveg. Areala som grensar til gangveg er sett av til LNF-område og bustadformål i kommuneplan frå 2014.

### 3. OMTALE AV PLANFRAMLEGGET

#### 3.1 Normalprofil

Figur 1: Tverrprofil U-HØ2-veg, vegbreidde (målt i m) V1 – Fartsgrense 80 km/t.




Fylkesveg 10 er planlagt med ein utbetningsstandard for «øvrige hovedveger» med ÅDT 1500-4000 kj/t og fartsgrense 80 km/t (U-HØ2-veg i samsvar med handbok N100). Samla breidde på planlagt fv. 10 er 7,5 meter, med kjørefeltbreidde på 3,0 meter og vegskulder på 0,75 meter, sjå figuren over.

På utsida av vegen kjem «Anna veggrunn – tekniske anlegg» med ei breidd på 3.0 meter etter Statens Vegvesen sin standard for sideareal. Det er teke med i planen at det ved inngrep i bebygde tomter kan førast opp mur som erstatning for skråning mot veg. Detaljar kring dette må avklarast gjennom utarbeiding av byggeplanar.

Figur 2: Gang- og sykkelveg

Det er planlagt gang- og sykkelveg parallelt med fylkesveg 10 frå krysset mot fylkesveg 654 og i retning Sandvika. Gang- og sykkelvegen er dimensjonert etter krava i handbok N100 med 3 meters asfaltert flate med ei skulderbreidde på kvar side på 0,25 m, jfr. Figur 2.



Figur 3: Grøft mellom gang- og sykkelveg og fylkesveg.

Der gang- og sykkelvegen ligg inntil ein fylkesveg, blir det planlagt ei 3 meter brei grøft mellom gang- og sykkelvegen og køyrebana, jfr. Figur 3.

km/t – figur 3.12:

**b**

Der anlegg for gående og syklende går langs veg med fartsgrense > 60 km/t bør det være en trafikkdeler på minst 3,0 meter mellom veg og anlegg for gående og syklende (vegkant til vegkant). Se figur 3.13 b. Grøfteskråningene bør være 1:3-1:5.

### **3.2 Planlagd arealbruk**

Arealformåla i planforslaget er køyrveg, annan veggrunn-tekniske anlegg og gang- og sykkelveg. Desse formåla med tilhøyrande linjeføring går fram av plankartet.

Frisikt i avkøyrslar er vist med linjer i plankartet og er definert ut i frå Statens Vegvesen sin vegnormal n100.

### **3.3 Føresegner og omsynssoner**

Det er i eige vedlegg føresegner som skal utdjupe løysingane i plankartet og som samla vil vere juridiske dokument som skal gjelde for arealbruken i området. Det er teke inn eigne føresegner som skal regulere frisikt i avkøyrslar.

### **3.4 Risiko og sårbarheit (ROS)**

Det er gjennomført ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse som går fram av eige vedlegg. Så langt ein kan sjå av tilgjengeleg kunnskap er det ikkje spesielle moment knytt til ROS-vurderingar som gjer seg gjeldande innanfor planområdet.

## **4. KONSEKVEN SAR AV PLANFRAMLEGGET**

### **4.1 Støy**

Plangrepet tilfører ikkje området nye støykjelder. Det er difor ikkje gjennomført støymålingar i området.

### **4.2 Landskap**

Løysingane innanfor planområdet vil medføre inngrep i landskapet. Særskilt vil dette gjelde aust for den planlagde gang- og sykkelvegen. For å få plass til ny gang- og sykkelveg på austsida av FV10 vil ein måtte gjere inngrep i terrengformasjonane som grenser til dagens fylkesveg. Det er i føresegnene teke inn krav om sikring og tilplanting av fjellskjeringar der det vert inngrep i desse. Mot bebygde bustadeigedomar vert det opna opp for at det byggast murar mellom tomt og vegareal.

### **4.3 Konsekvensar for landbruk**

Planområdet omfattar areal som har arealtype fulldyrka jord. Areala har LNF-formål i kommuneplanens arealdel. Ein har i planarbeidet søkt å gjere grep for å minimalisere inngrep i desse areala, slik at ein kan unngå større konsekvensar for landbruksareal.




#### 4.4 Trafikktryggleik

Løysingane i planområdet vil styrke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar langs fylkesveg 10 frå Sandvika til Stokksund. Gjennom å skilje gåande og syklande frå biltrafikken med fortau, vil trafikkbilete bli differensiert og meir oversiktleg for den samla trafikken i dette området. Plangrepet vil vesentleg styrke trafikktryggleiken og bidra til ein tryggare skuleveg til og frå Stokksund barne- og ungdomsskule.

#### 4.5 Naturmangfald

Det er gjennomført undersøkingar i Miljødirektoratet sin databaser. Resultatet viser at det er førekomst av artar innanfor området som vist på kartutsnitt under.



Dei registrerte artsforekomstane i området er andefugl, vade-, måke- og alkefuglar og beiteområde for denne arten med verdi C. Området var opphavleg registrert med artskoden Sjøfugl. Dette har under konvertering til ny versjon av naturbasen vorte omkoda til Vade/måke/alkefugl dersom ikkje openberre opplysningar tilseier noko anna. Gruntvassområde som er overvintringsplass for vass- og sjøfugl, m.a. smålom, horndykker, ærfugl, sjørre, havelle, siland og teiste.

Etter det ein kan sjå vil ikkje den planlagte gang- og sykkelvegen kome i konflikt med desse artane, då gangvegen i all hovudsak blir lokalisert på austsida av ein allereie etablert fylkesveg gjennom området. I naturbasen går det fram at beiteområdet for fugl er knytta til gruntvassområda og at desse vassområda er overvintringsplass for artane. Ny gangveg er planlagt på land og på motsatt side av vegen for desse vassområda.

#### 4.6 Barn- og unge



Barnetrakkregisteringar frå 2012 viser at born og unge sjølv har vurdert at ferdsel frå Sandvika til Stokksund skule er utrygt (markert med raud farge). Dagens Stokksundkryss er av born og unge markert som eit farleg kryss.

Ny gang- og sykkelveg og omlegging av Stokksundkrysset med meir areal til gang- og sykkelveg vil vere løysing på problemet med farleg skuleveg. Ein vurderer det slik at dette planforslaget vil kunne styrke interessene til barn og unge, då realisering av nytt gangveg på denne strekninga vil skape ein tryggare ferdselsåre langs fylkesvegen.


#### 4.7 Estetikk og miljø

Løysingane i planforslaget vil ikkje generere større skjeringar/fyllingar. Det er teke med punkt i føresegne om at der slike terrengutslag gjer seg gjelande, skal desse tilplantast med stadeigen vegetasjon.

Større nivåskilnader i terrenget og inn mot bustadeigedomar kan regulerast ved bruk av murar. Detaljar rundt dette må avklarast i samband med utarbeiding av byggeplanar når gangvegen skal realiserast.

#### 4.8 Kulturminne

Det er ikkje registrerte automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologiske registreringar innanfor planområdet i november 2014 og det er ikkje påvist kulturminner i området.



#### 4.9 Skredfare

Deler av planområdet er i NVE sin skredatlas markert som utløysingsområde og utløpsområde for snøskred og steinsprang.

Omfanget av områder med potensiell fare for skred er vist på kartutsnitt under.

Forslag til reguleringsplan legg ikkje til rette for ny bebyggelsen langs vegtrasen og det er soleis ikkje gjort nærare vurderingar kring den potensielle faren for skred i desse områda.



## **5. MEDVERKNAD I PLANARBEIDET**

Det har i alt kome 8 innspel til planarbeidet. Desse går fram av vedlegg til denne planomtalen og er kommentert handsama av kommunen i eige vedlegg.

## **6. VEDLEGG**

V1 – ROS-analyse

V2 - Innspel til planarbeidet

V3 - Merknadsskjema – behandling av innspel til planoppstart

V4 - Referat frå informasjon- og medverknadsmøte 31.10.2013.



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/551
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
230/14	Formannskapet	03.12.2014

### REGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG SANDVIKA - STOKKSUNDKRYSET FV 10 - OFFENTLEG ETTERSYN

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksundkrysset FV10, datert 11.11.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

**Vedtak i Formannskapet - 03.12.2014**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksundkrysset FV10, datert 11.11.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

**Særutskrift:**

Offentlege uttaleinstansar

Grunneigarar, tverrbuarar til planområdet

Aktuelle lag og organisasjonar

## **Vedlegg:**

1. Framlegg til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Stokksundkrysset – Sandvika FV10, datert 11.11.2014.

## **Uprenta vedlegg:**

- Varslingsdokument for oppstart av planarbeid

## **Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 frå Stokksundkrysset til Sandvika. Området som er omfatta av reguleringsplan er avgrensa og vist på vedlagt plankart.

Planlegging av ny gang- og sykkelveg på denne strekninga er ein del av eit større arbeid som kommunen har sett i gang med «Gangvegpakke 2013». Dette arbeidet starta som følge av evaluering av kommunedel for trafikktrygging, der ein såg behovet for å lage eit plangrunnlag for å seinare kunne søkje om å få realisert gang- og sykkelvegane fleire stader i kommunen. Arbeidet blei også sett i samanheng med målet om tryggare skulevegane i kommunen og i lys av dei barnetrakkregistreringane som blei gjennomført i 2012, der barn og unge peika på denne vegen som ei farleg strekning å ferdast langs. Vegstrekninga mellom Sandvika og Stokksund skule er ei slik type som nemnt over.

Oppstart av planarbeidet blei kunngjort i Vestlandsnytt og på kommunen sin heimeside. Grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og aktuelle lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Desse partane har blitt gitt høve til å kome med innspel til planarbeidet innan 01.08.2013. Det kom inn totalt 8 innspel frå både offentleg og private.

For å sikre medverknad i planarbeidet gjennomførte Herøy kommune eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Herøy rådhus 22.02.2011. Til dette møtet kom det to personar. På grunn av dårleg oppmøte valte ein å avlyse møtet. Deltakarane som møtte opp fekk likevel informasjon frå kommunen og fekk moglegheit til å stille spørsmål om det vidare planarbeidet. Referat frå dette følger som vedlegg til planomtalen.

Til varsel om oppstart av planarbeid, mottok kommunen krav frå Møre og Romsdal fylkeskommune, om at det måtte gjennomførast arkeologiske registreringar i området. Dette arbeidet blei gjennomført i starten på november. Ein har ikkje motteke rapport frå arbeidet med arkeologiske registreringar, men har fått signal frå fylkeskommunen om at det ikkje er gjort funn i området.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

## **Vurdering og konklusjon:**

### **Planforslaget**

## Vegar

Fylkesveg 10 (o\_V1) er planlagt med ein utbetningsstandard for «øvriga hovedveger» med ÅDT under 1500 kjt/t og fartsgrense 80 km/t (UHØ1- veg i samsvar med handbok N100). Samla breidde på fv. 10 er 7,0 meter, med køyrefeltbreidde på 2,75 meter og vegskulder på 0,75 meter. Der fartsgrensa er 80 km/t på vegstrekninga, på vestsida av vegen mot sjøen, er det regulert inn felt mot skråning/sjø med ei breidde på 2.0 meter for rekkverk med fundament. I sone utanfor rekkverk kjem «Anna veggrunn – tekniske anlegg» med ei breidd på 3.0 meter etter Statens Vegvesen sin standard for sideareal. På vegstrekning V1 med 80 km/t, er det regulert inn «anna veggrunn» som mellomrabatt (grøft) med ei breidde på 3.0 meter mellom gang- og sykkelveg og køyrevegen. Gang- og sykkelveg er regulert med breidde på 3.0 meter. På utsida av denne, i austleg retning, kjem Anna veggrunn – tekniske anlegg» med ei breidd på 3.0 meter etter Statens Vegvesen sin standard for sideareal.

Der fylkesvegen har fartsgrense 60 km/t er det ikkje teke med areal til rekkverk mellom køyrbane og anna veggrunn i aust. Det er ikkje vurdert å vere behov for dette etter rekkverksnormalen. I Fartsgrense med 60 km/t er det regulert inn ein mellomrabatt (rekkverk) mellom køyreveg og gang- og sykkelveg. Dette arealet har ei breidde på 2.0 meter. Gang- og sykkelvegen er regulert med ei breidde på 3.0 meter. I tillegg kjem anna veggrunn – tekniske anlegg. Minimumsbreidde for dette arealet er 3.0 meter i samsvar med Statens Vegvesen sin standard.

Vegane o\_V2 og o\_V3 er regulert som offentlege (kommunale vegar) og vist i plankartet.

## Gang- og sykkelveg

Gang- og sykkelveg er regulert med breidde på 3.0 meter og vist på plankartet.

## Anna veggrunn – tekniske anlegg

Formålet er nytta framfor grøntstruktur etter signal frå Statens Vegvesen. Areal regulert til anna veggrunn – tekniske anlegg er alt av grønnt og sideareal til gang- og sykkelveg og fylkesvegen. Innanfor her kan det leggast leidningar og kummar i bakken og førast opp veglys og naudsynte murar der desse skal erstatte skråning eller nyttast i kombinasjon med desse.

Planforslaget skal legge til rette for ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 frå Stokksundkrysset til gamlevegen i Sandvika. Målet er å betre tilhøva til mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs Fylkesveg 10. Det er også ei målsetting med planarbeidet å legge grunnlag for at ein ny gang- og sykkelveg kan etablerast som eit ledd i arbeidet med tryggare skuleveg for borna som skal til og frå Stokksund skule.

I planarbeidet har ein lagt til grunn Statens Vegvesen sin vegnormal «Handbok N100» som utgangspunkt for dei løysingane som er valt for gåande og syklande langs FV10.

## Avkøyrslar

Det inngår i plan private felles avkøyrslar som er regulert i plankartet.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse. Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken ei vesentleg betring av trafikktryggleiken for denne delen av kommunen.

Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere eit grunnlag for seinare realisering av eit trafikktryggingstiltak som kan sikre ein tryggare skuleveg for borna i Stokksund og i Sandvika. Dette er også i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar.

Det er elles gjennomført ein sjekk i Miljødirektoratet sin database for naturmangfald. Dei registrerte artsforekomstane i området er andefugl, vade-, måke- og alkefuglar og beiteområde for denne arten med verdi C. Gruntvassområde som er overvintringsplass for vass og sjøfugl, m.a. smålom, horndykker, ærfugl, sjørre, havelle, siland og teiste. Rådmannen viser til at desse områda hovudsak er markert utanfor planområdet og på motsatt side av vegen frå der gang- og sykkelvegen skal etablerast. Ein ikkje sjå at dette kjem i konflikt med naturmangfaldet i området. Utover dette kan ein ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. tilgjengeleg databaser. Ein vil konkluderer med at planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Konsekvensar for folkehelse:

**Positivt.**

Konsekvensar for beredskap:

**Ingen særskilte**

Konsekvensar for drift:

**Ingen særskilte**

Konsekvensar for økonomi:

**Ingen særskilte**

Fosnavåg, 14.11.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 05.01.2015  
Vår ref.: 201407064-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 02.12.2014  
Dykkar ref.: 2013/551

Sakshandsamar:  
Terje Systad

## Uttale til offentlig ettersyn - Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset FV 10 - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 2.12.2014 som gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for gang- og sykkelveg på strekninga Sandvika – Stokksundkrysset.

NVE har ingen merknader til planen.

Med helsing

Brikt Samdal  
regionsjef

Terje Systad  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

② Trafikkregning

ufv.

Sandvika Vel  
v/ Caroline Sivertstøl Stolsmo  
Sandvika 39  
6070 Tjørvåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
2014/1159	Saksbeh. ART
16 JAN. 2015	
Artikode I	223
Artikode S	
J. nr.	Dok. nr. 2
Kassasjon	

Sandvika, 15. januar 2015

Herøy kommune  
p.b 274, 6099 Fosnavåg  
Rådhusgata 5  
6090 Fosnavåg

### Vedr. gang- og sykkelveg Sandvika-Stokksund.

Sandvika Vel ber INSTENDIG om at gang- og sykkelveg frå Sandvika til Stokksund no vert PRIORITERT. Vi har søkt om denne gangvegen i langt over 40 år, og vi finn det merkeleg at vi aldri vert prioriterte. Alle grunneigarane har skreve under på at dei gir frå seg gratis grunn, og det er slett ikkje lange strekninga det er snakk om. Vegen er svært trafikkfarleg, og det er ein ekstremt farleg skuleveg.

Vi håpar at vi no kan få gang- og sykkelveg, også med tanke på den nye vegen som kjem i Stokksund. Det ville vere uhørt om gang- og sykkelvegen der ikkje fortsett heilt til enden av Sandvika, så bygdene vert knytt saman. Skaravegen som går frå Sandvika og over fjellet til Tjørvåg er nyleg oppgradert og er ein ynda turveg for mange, men dei fleste snur i Sandvika då det ikkje er forsvarleg å gå på den smale hovudvegen tilbake til Stokksund og Tjørvåg.

Viser elles til innspel til reguleringsplanen som ligg ute på høyring for denne gangvegen, der vi protesterer på at gang-og sykkelvegen ikkje skal gå til enden av Sandvika, men stoppar midt i bygda. Det kan ikkje vere slik at fleire hus ikkje får tilgong til gangveg.

Så kjære politikarar, vennlegst prioriter gang- og sykkelvegen frå Sandvika til Stokksund no!

Med venleg helsing

Caroline Sivertstøl Stolsmo

Sandvika Vel v/ leiar Caroline Sivertstøl Stolsmo



107V

Stokksund Grendalag og Sandvika Vel  
6070 Tjørvåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN		Sandvika, 22. januar 2015
Reg. nr. 2013/551	Saksbeh. A2T	
28 JAN. 2015		
Ark. kode P	112	
Ark. kode S		
J. nr.		Dok. nr. 28
Kassasjon		

Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

### Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset.

Fyrst vil vi takke for ein glimrande reguleringsplan for fv. 654 Indre Herøy Skule – Stokksundbrua. Det er ein tydeleg godt gjennomtenkt plan, som tek godt hensyn til både biltrafikk, og ikkje minst dei mjuke trafikkantane som det er svært mange av grunna skulen. Vi set stor pris på at dei også har vorte godt prioriterte.

Innspelet vårt til reguleringsplanen for gang- og sykkelveg frå Sandvika til Stokksundkrysset, er at denne må sjåast i samanheng med Stokksundbrua – Indre Herøy Skule, og at det vert sett på som eit **felles prosjekt** med ein felles oppstart. Vegen her i Sandvika, fylkesveg 10, er også såpass smal, at vi finn det naturleg at Dykk også vurderer om den må utvidast.

Vi har tidlegare sendt innspel på at reguleringsplanen ikkje har teke hensyn til alle husa her i Sandvika, og vi har heldigvis fått tilbakemelding på at dette no skal vere retta opp i, og at gangvegen skal gå heilt ut til «gamlevegen» ved Tarberg-buda. Vi er takksame for at Dykk har gjort denne endringa.

Vi håpar og ber instendig om at det no vert sett handling i ord, og at dette prosjektet vert sett i gong innan rimelegheitas tid. Dette er ein livsfarleg skuleveg og på same tid ein del av ei turløype som ikkje kan nyttast grunna trafikkfara. Vi vil svært gjerne at Sandvika blir knytt saman med Stokksund, spesielt med tanke på å gi alle dei flotte barna våre ein trygg skuleveg.

Med venleg helsing



Stokksund Grendalag  
v/ Kåre Jensholm



Sandvika Vel  
v/ Caroline Sivertstøl Stolsmo



**Statens vegvesen**

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

ⓔ 13/551

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr. 2013/551	Sak nr. 1A21
- 5 FEB. 2015	
Ark.kode P	h12
Ark.kode S	
J nr.	Dok nr.
Kategori	

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2013/070457-008

Dykkar referanse:  
2013/551

Vår dato:  
03.02.2015

## **Fv. 10 - Herøy kommune - Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset - Offentleg ettersyn - Uttale**

Viser til:

- brev av 2.12..2014 frå Herøy kommune.
- telefonsamtale av 19.1.2015 med planleggar Aleksander Zahl Tarberg.

Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan av gang- og sykkelveg (gs-veg) langs fylkesveg 10 på strekninga Sandvika – Stokksundkrysset.

Statens vegvesen er i all hovudsak positiv til reguleringa av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, men vi har ein del merknader/kommentarar til ein del detaljer i planforslaget. Det gjeld m.a;

### **Rabatt/trafikkdelar**

Slik vi forstår planframlegget er det regulert rabatt/trafikkdelar på 3 m breidde mellom bilvegen og gs-vegen på den delen av fylkesvegstrekinga som i dag har skilta fartsgrense på 80 km/t, medan det langs strekinga med 60 km/t er rabatt/trafikkdelar på 2 m breidde. Ei slik breidderegulering av rabatt/trafikkdelar er i utgangspunktet i tråd med vegnormalen N100, men det eit spørsmål om det eigentleg er fornuftig og framtidseretta å oppretthalde dagens fartsgrense på 60 km/t etter at det er bygt gs-veg langs fylkesvegen. I det gs-veg er bygd langs vegen vil mjuke trafikantar venteleg ikkje ferdast i særleg grad på bilvegen, og i tillegg vil sikta på vegen verte betre enn den er i dag. I og med at etableringa av gs-veg vil føre til betring av dei trafikale tilhøva på bilvegen, og det dermed kan verte akseptabelt og tilrådeleg å auke fartsgrensa utover 60 km/t, bør ein gjennom reguleringsplanen leggje opp til løysingar som tek høgde for å kunne auke fartsgrensa på strekinga. Etter dette rår vi til at det vert regulert rabatt/trafikkdelar i 3 m breidde langs bilvegen og gs-veg på heile vegstrekinga som er under regulering.

### **Kryssing av gs-vegen med privat avkøyrsløse**

I og med at det gjennom reguleringa er lagt opp til at dei to avkøyrsløse f\_V1 og f\_V2 skal vere private, inneber det i høve til regulering og eigartilhøve at den offentlege gang- og sykkelvegen vert avskoren av avkøyrsløse og areal i privat eige. Vi føreset at planen vert endra slik at det vert regulert samanhengande offentlig gangveg over dei to avkøyrsløse/ tilkomstane, og då også slik at avkøyrsløsearealet mellom dei offentlege vegane og sidearealet

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

langs gs-vegen vert endra til annan veggrunn. Avkøyrslene må då regulerast med avkøyrseleil og visast som illustrasjon på plankartet.

#### Avkøyrseleil/kryss – utforming, sikt

Det bør innarbeidast i planen at kryss/avkøyrseleil innanfor reguleringsområdet skal utformast, herunder siktførholda, i samsvar med krav nedfelt i vegnormalen – handbok N 100. Sikttekantar bør teiknast inn på plankartet. Gjer spesielt merksam på siktkrav som gjeld mellom gs-veg og veg/avkøyrseleil – kapittel E.2.3. i vegnormalen.

#### Rekkverk

I rekkverksnormalen – handbok N101 – står det i pkt. 2.10.3 m.a; «*På veger med fartsgrense ≤ 80 km/t skal avstanden mellom vegens kjorebanekant og rekkverksfrontside vere minimum 0,5 m.*» Og vidare står det i pkt 4.6.2 m.a. «*Rekkverket plasseres normalt slik at rekkverkets forkant flukter med den asfalterte (belagte) vegskulderens ytterkant for a unnga kant (hoydesprang) pa vegskulderen. For avstandsverdier (se kapittel 2.10.3).*»

Basert på ovannemnde, og sett i høve til rådande forhold på vegstrekinga, kan vi ikkje sjå at det er behov og grunnlag for å regulere inn eige felt/stripeareal langs vegen for plassering av rekkverk. Rekkverket bør plasserast på areal regulet til *Anna veggrunn – tekniske anlegg*.

#### Vegbreidde - dimensjoneringsklasse

Gjennom reguleringsframlegget vert det lagt opp til ei dimensjonerande vegbreidde på 7 m, med ei køyrebanebreidde på 5,5 m og skulderbreidde 0,75 m.

I planframlegget som er under utarbeiding for Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua vert den delen av fv. 10 som ligg innanfor planområdet dimensjoner i høve til klasse U-H2, med 6 m breidde på køyrebanen og 0,75 m skulderbreidde.

Vi rår til og føreset at dei to reguleringsframlegga vert mest mogleg samordna, og då slik at vegbreidda i planframlegget for gs-vegen Sandvika-Stokksundkrysset vert tilpassa og endra til vegbreidda/dimensjoneringsklassa det vert lagt opp til i reg.planen for Herøy kyrkje – Stokksundbrua.

#### Skråningsutslag m.m.

Etter det vi kan sjå er det langs fylkesvegen - mot sjøen - ikkje vist skråningsutslag med areal til fylling-/skjering. Vi føreset at skråningsutslag vert vist på plankartet.


Profil-/pelnummer bør framgå av senterlina på fylkesvegen.

#### Konklusjon:

**Statens vegvesen føreset etter dette at forslaget til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset vert meir gjennomarbeidd og endra i tråd merknadane/kommentarane vi har framheva i brevet her, før planforslaget vert lagt fram til slutthandsaming og vedtak etter § 12-12 i plan- og bygningslova.**

Plan- og trafikkseksjonen

Med helsing

  
Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

  
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen, Fylkesmannen



## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr  
2013/551

Arkivkode  
L12

Dato  
06.02.2015

---

### LANDBRUKSFAGLEG UTTALE

Vi har ingen merknad til planforslaget.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/551	02.12.2014	81380/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	06.02.2015

## **Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gang- og sykkelveg langs fv 10 - strekninga Sandvika-Stokksundkrysset - fråsegn ved offentleg ettersyn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi gjennomførte i november arkeologiske registreringar langs traseen, utan funn av automatisk freda kulturminne. Vi har såleis ingen merknad til planforslaget.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Herøy kommune  
Postboks 274,  
6099 Fosnavåg

Reg nr	Saksb. <b>ART</b>
<b>17 FEB. 2015</b>	
Ark kode 1*	
Ark kode 5	
J.M.	Dok nr
Kassasjøn	

**Herøy kommune**  
**Detaljregulering - reguleringsplan gang- og sykkelveg langs Fv 10 på**  
**strekninga Sandvika – Stokksundkrysset**  
**Fråsegn ved offentleg ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til planen.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jon Ivar Eikeland  
fagsjef

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

WAV

①

Saksbehandlar, innvalstelefon  
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato  
13.04.2015  
Dykkar dato  
30.03.2015

Vår ref.  
2013/3939/KABJ/421.4  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
AVDELING	AVDELING AZT
14 APR. 2015	
AVDELING P	
AVDELING S	
AVDELING	
AVDELING	

## Herøy kommune Detaljregulering - reguleringsplan gang- og sykkelveg langs Fv 10 på strekninga Sandvika - Stokksundkrysset Avgrensa høyring

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til reguleringsplanen.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde  
Statens vegvesen Region midt Fylkeshuset 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Postadresse:  
Postboks 2520  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 00

E-post:  
fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Web:  
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr:  
974 764 067

Sandvika Vel  
v/ Caroline Sivertstøl Stolsmo  
Sandvika 39  
6070 Tjørvåg  
Mail: carosivertstol@hotmail.com

Sandvika, 20. april 2015

Herøy Kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

**Innspel til detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika-Stokksundkrysset FV 10.**

Nok ein gong må vi sende innspel til reguleringsplanen, då våre innspel ikkje ser ut til å verte teke alvorlege. Vi har tidlegare sendt innspel om at vi krev at gang- og sykkelvegen skal gå til enden av Sandvika og inkludere alle som bur her. Slik det er innteikna no, så vil fleire husstandar fortsatt vere utan gangveg, noko som er heilt uhøyr. Det er slett ikkje lange biten ekstra med gangveg vi bed om etter å ha søkt om dette sidan i 1971 (!!), og vi krev ei god forklaring på kvifor det skal vere slik. Skal enkelte skuleborn i bygda få tilbod om buss til skulen, sidan husstanden deira ikkje får dra nytte av gang- og sykkelvegen, medan naboungane kan sykle til skule, fotballtrening og besøke skulevener?? Er dette rettferdig behandling? Vi føler at vi vert heldne for narr, og vi kjem aldri til å gi oss på at heile bygda skal takast med i planane.

Vi minner også om at alle grunneigarane har skreve under på at dei gir frå seg gratis grunn til gang- og sykkelveg, så vi kan rett og slett ikkje forstå kvifor reguleringsplanen ikkje kan utformast slik at den inkluderer alle som bur i Sandvika.

Med venleg helsing

Sandvika Vel

v/ Caroline Sivertstøl Stolsmo og Otto Sandvik.



3



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/551	30.03.2015	22012/2015/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	29.04.2015

## **Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gang- og sykkelveg langs fv 10 - Sandvika-Stokksundkrysset - fråsegn ved avgrensa ettersyn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ikkje merknader til endringane som er gjort. Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

4



ØSEA

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
Saksbeh.	
29 APR 2015	
Dok nr	

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2013/070457-012

Dykkar referanse:  
2013/551

Vår dato:  
27.04.2015

## Fv 10 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan - Gang- og sykkelveg - Sandvika - Stokksundkrysset- Endringar i planforslag etter offentlig ettersyn - Avgrensa høring - Uttale


Viser til brev av 30.3.15 frå Herøy kommune.

Saka gjeld uttale til endringar i framlegg til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 på strekninga Sandvika- Stokksundkrysset.

Statens vegvesen har fylgjande merknader/kommentarar til planframlegget slik det no ligg føre:

### 1. Trafikkskilje

Det er i planomtalen vist ein figur på utforminga/breidda på skilje/grøfta mellom gs-vegen og bilvegen. Figuren i planomtalen er ikkje, etter det vi kan sjå, i samsvar med normalen for rekkverk og sideområde langs vegar. I no gjeldande rekkverksnormal – Vegvesenet si handbok N 101 – er minste trafikkskilje utan rekkverk vist slik ved fartsgrense over 60 km/t – figur 3.12:



Der anlegg for gående og syklende går langs veg med fartsgrense > 60 km/t bør det være en trafikkdeler på minst 3,0 meter mellom veg og anlegg for gående og syklende (vegkant til vegkant). Se figur 3.13 b. Grøfteskråningene bør være 1:3-1:5.

Vi føreset at reguleringsframlegget vert endra/justert slik trafikkskilje mellom gs-vegen og fylkesvegen får utforming og breidde i samsvar med figur 3.12 i rekkverksnormalen.

### 2. Kryssing av gs-vegen med avkøyrslle

Det vert gjennom planframlegget lagt opp til ei regulering der alle avkøyrslle frå fylkesvegen skal vere offentlege avkøyrslle. I merknaden herifrå av 3.2.d.å peika vi på at reguleringa måtte vere slik at gangvegen ikkje vert avskoren reguleringsmessig av private avkøyrslle. Ei avkøyrslle kan vere privat sjølv om den er lokalisert på areal i offentlig eige

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

og på areal regulert til annan veggrunn. Avkøyrslene til private eigedomar bør på plankartet teiknast/regulerast med avkøyrseispil og visast som illustrasjon. I tråd med tidlegare merknad herifrå er det nedfelt i reguleringsføresegnene at utforminga av avkøyrslene skal vere i samsvar med vegnormalen N100.

### 3. Frisikt

Vi er spørjande til kva som eigentleg ligg i ordlyden i § 1,6 i framlegget til reguleringsføresegnene: «*Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået*». Det vert elles i same punkt/paragraf presisert at «*Ved avkøyrslene og kryss mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0,5 meter frå vegnivå*».


Det er ikkje teikna frisktline ved:

- avkøyrsla o\_V2
- avkøyrsla o\_V8 i høve til gs-vegen

### 4. Skråningsutslag m.m.

Skråningsutslaget langs fylkesvegen – også mot sjøen – bør med fordel teiknast inn på plankartet. Og profil-/pelnummer bør framgå av senterlina på fylkesvegen.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

  
for Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

  
Halvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen  
Fylkesmannen



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/7
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
148/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	27.08.2015

### DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 42, BNR. 1 MFL. (LANTERNEN MARINA) - SLUTTHANDSAMING

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina), med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 1.7.2015.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

#### Særutskrift:

- AG Plan og Arkitektur AS, Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta.
- Kåre Leif Jensholm, Prestegardsvegen 3, 6070 Tjørvåg.
- Arild Martin Jensholm, Indre Leine 4, 6094 Leinøy.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.

## **Vedlegg, prenta:**

1. Reguleringsplankart, sist datert 1.7.2015.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 1.7. 2015.
3. Planomtale, sist datert 29.6.2015.
4. Sjekkliste ROS, sist datert 29.6.2015.
5. Uttale frå Statens vegvesen, datert 5.5.2015.
6. Uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum, datert 9.6.2015.
7. Uttale frå fylkesmannen i M og R, datert 11.6.2015. Motsegn.
8. Brev frå fylkesmannen i M og R, datert 1.7.2015. Trekkjer motsegn.

## **Vedlegg, uprenta;**

1. Uttale frå Kystverket, datert 18.6.2015.
2. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 19.6.2015.

## **Bakgrunn:**

AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av Kåre Leif Jensholm om oppstart av reguleringsplanarbeid for heile Jensholmen 31.11.2012.

Etter fleire møte vart det fastsett at reguleringsplanarbeidet på Jensholmen skulle delast i to planar, ein for Jensholmen Småbåtlag (vest på Jensholmen) og ein for Lanternen (aust på Jensholmen).

Hausten 2014 vart det utarbeidd skisse med forslag til disponering av planområdet med tilhøyrande planfagleg vurdering knytt til inngrep i friområde. Skissene vart lagt fram for formannskapet 4.11.2014 (f-sak 193/14) og det vart vedteke at ein kunne gå vidare med føreslegne disponering og plangrunnlag.

Planarbeidet vart kunngjort igongsett medio november 2014.

Formannskapet vedtok i møte 21.4.2015, å leggje framlegg til detaljreguleringsplan ut til offentleg ettersyn.

Frist for å kome med innspel til planarbeidet vart sett til 20.6.2015.

## **Saksopplysningar:**

I samband med offentleg ettersyn, kom det 5 uttalar frå offentlege instansar.

Statens vegvesen, datert 5.5.2015, forutset at breidda på arealet som er regulert til annan veggrunn i reguleringsplanen ikkje vert redusert gjennom planframlegget som ligg føre.

Kommentar: Breidda er ikkje endra.

Bergens Sjøfartsmuseum, datert 9.6.2015, informerer om at dei ikkje kjenner til marine kulturminne i området. Museet minner om at tiltakshavar pliktar å melde i frå til museet, dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Kommentar: Ingen kommentar.

#### Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM), datert 11.6.2015

FM viser til planomtalen, punkt 8.4, der det står følgjande: «*Ein vurderer planområdet til å ha tilfredsstillande beredskap i høve krisesituasjonar når vasskjelde og leidningsnett med tilstrekkeleg kapasitet for sløkkevatn er etablert*». FM reiser motsegn til planforslaget, då han meiner vurderinga konkluderer med at noverande sløkkjekapasitet er utilstrekkeleg.

Kommentar:

Kommunen har vore i kontakt med Herøy Vasslag SA for å avklare problemstillinga knytt til sløkkevatn på Jensholmen. Vasslaget har i e-post av 29.6.2015, slått fast at sløkkevasskapasiteten er god i området. Med bakgrunn i e-posten frå vasslaget, oppmoda Herøy kommune fylkesmannen å trekkje motsegna. Motsegna vart trekt i brev, datert 1.7.2015. Planomtalen og sjekklista for ROS er revidert i henhold til informasjonen frå vasslaget. Reguleringsplanen med tilhøyrande reguleringsføresegner kan leggast fram for kommunestyret for slutthandsaming.

Kystverket, datert 18.6.2015, har ingen merknad til reguleringsplanen.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 19.6.2015, har ingen merknad til reguleringsplanen.

#### **Vurdering:**

##### Barn og unge

Utbygginga vil skje på allereie utbygd tomtegrunn. Tiltaket medfører ikkje negative konsekvensar for bruk av areal eller tilgang til areal som er viktige for barn og unge.

##### Naturmangfald:

Ein har vurdert planforslaget opp mot prinsippa i naturmangfaldlova og i høve til tilgjengeleg kunnskap i DN sin database. Det er registrert konflikt i høve til beiteområde for sjøfugl og det er registrert ein raudlisteart (stransnipe) i området. Ornitolog Alv Ottar Folkestad har kome med uttale til saka. Folkestad ser på Jensholmen som eit etablert område med opparbeidd infrastruktur, og ser ikkje at utbygging på det sentrale landarealet vil medføre konsekvensar for hekkande sjøfugl.

##### Samfunnssikkerheit

Sløkkevasskapasiteten i området er vurdert som god. Herøy kommune registrerer at eksisterande brannkum i området, truleg vil kome i konflikt med skisserte utbygging. Kostnader knytt til eventuell flytting av brannkum med tilhøyrande tilførselsleidningar, må berast av tiltakshavar.

##### ROS

Det er gjennomført ei generell ROS-analyse. Området er sårbart for ekstremver/stormflo. Det er teke omsyn til framtidig havnivå og problemstillingar knytt til bølgeproblematikk er drøfta på ein god måte.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, til at kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina) med tilhørende reguleringsføresegner, sist datert 1.7.2015.

Fosnavåg, 03.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide





# TEIKNFORKLARING

## PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL

Bygninger og anlegg (§ 12 - 5, nr. 1)

- Småbåtanlegg på land, BBS
- Naust med hems, BKB
- Serviceanlegg for småbåtanlegget, BAA

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12 - 5, nr. 2)

- Annan veggrunn - tekniske anlegg, SVT
- Annan veggrunn - grøntareal, SVG
- Parkeringsplassar (på grunnen), SPP

Grøntstruktur (§ 12 - 5, nr. 3)

- Tilplanta fjellskjering (GKG)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (§ 12 - 5, nr. 6)

- Småbåthamn (VS)

### LINJESYMBOL

- Planen si avgrensing
- Formålsgrænse
- Eieidomsgrænse som opphevast
- Byggegrænse
- Planlagte naustbygg
- Eksisterande naustbygg
- Senterlinje
- Frisiktlinje
- Køyrebanekant


### PUNKTSYMBOL

- Avkøyrsel inn- og utkøyring

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

#### Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:  
 Dato for basiskart: Juni 2015  
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89  
 Høydegrunnlag: NGO 1954



## REGULERINGSPLAN (detaljplan, jf. pbl § 12-3)

### Detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr.1 mfl.

Herøy kommune  
 kommune MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID  
 201301  
 Forslagstiller  
 Kåre Leif Jensholm  
 Kartprodusent:

### SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Revisjon

#### Kommunestyret

3. gongs handsamin  
 Offentleg ettersyn frå .....til .....

2. gongs handsaming  
 Offentleg ettersyn frå 27.4.2015 - 20. juni 2015.

1. gongs handsaming i formannskapet - utlegging til offentleg ettersyn  
 Kunngjering av oppstart av planarbeidet

SAKS-NR.	DATO	SIGN.
	1.7.2015	BSS
74/15	21.4.2015	BSS
	18.11.14	

PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
		BSS

PLANEN UTARBEIDD AV:  
**AG Plan og Arkitektur AS**



**REGULERINGSPLAN FOR "LANTERNEN MARINA"**

Nasjonal arealplan-ID: Kartnr. i kartarkivskap nr. 1

Eigengodkjenningssdato

Eigengodkjend av:

1515201301

XXX

xx.xx.2015

Herøy kommunestyre

**Områdeomtale/plangrense:**

I nord: Grensar til sjøareal

I sør: Grensar til gnr. 42 bnr. 8 og del av gnr.

I aust: Grensar til sjøareal

I vest: Grensar til eller går dels innpå gnr. 42 bnr. 1 og 6

**§§ 1-3 GENERELT****§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

**§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR**

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

**§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR**

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

**§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Småbåtanlegg på land (BBS)
- Naust med hems (BKB)
- Serviceanlegg for småbåtanlegget (BAA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)
- Annan veggrunn - grøntareal (SVG)
- Parkeringsplassar (SPP)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Tilplanta fjellskjering (GKG)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL. § 12-5, nr. 6)

- Småbåthamn (VS)

**§ 5 - FELLESFØRESEGNER**

a. Bygg på areala BAA og BKB skal plasserast innanfor regulert byggegrense(r).

Byggegrense er samanfallande med formålsgrense. Maks BYA =100%. Takutstikk kan kome utanfor. Parkering dekkast på anna område.

b. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bygg skal tilpassast terrenget på tomte og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

- c. Innanfor byggeområda kan det oppførast trafokioskar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittliggjande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.
- d. Dersom det under arbeid kjem fram funn eller strukturar som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og arkeolog ved Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast. Ved slike funn i sjøområda skal det meldast frå til Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.

## **AREALBRUK:**

### **§ 6 – BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)**

#### **Generelt:**

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Utvendige fargar skal godkjennast av kommunen.

For servicebygg og naust gjeld krav om at bygningsdel under kote 2,79 NN54 skal ha berande bygningsdel i betong ev. anna materiale som toler sjøvattn og verknadene frå stormflo.

#### **1. Småbåtanlegg på land (BBS)**

Området BBS gjeld landdelen til småbåthamna. Det skal byggjast kai, bryggje, samt legge til rette for tilkomst til tilliggande funksjonar. Det kan etablerast kran for båtopptak. Området skal nyttast til snuareal i tilknytning til nausta og båtopptrekket. Tilkomst til bryggeanlegga kan gjerast ved terrassering av støttemur/plastring. Det skal til ei kvar tid vere fri passasje innanfor skisserte område for tilkomstveg frå SPP2, gjennom BBS og ned til moloen/hamna, jfr. plankart.

#### **2. Naust med hems (BKB)**

I område merka BKB skal det byggjast naust i ein etasje med hems. Maksimalhøgda skal ikkje vere over 5,0 meter. Dei 53 nausta skal plasserast som vist innanfor føremåla. For nye naust i BKB1-6 skal grunnflate vere 5x10m. Nausta skal byggjast saman med tilstøytande naust. Nausta skal ikkje ha kvist/takoppløft. Nausta kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar. Det er ikkje særskilt krav om parkering knytt til området, jf §8 pkt. 3.

#### **3. Servicebygg for småbåtanlegget (BAA)**

Servicebygg (BAA) skal innehalde funksjonar for småbåthamna si drift. Funksjonane lager, kontor, sanitæranlegg, møterom mm. kan inngå. Det er ikkje særskilt krav om parkering knytt til området, jf §8 pkt. 3.

### **§ 7 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL**

- a. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- b. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvattn og grunnvattn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- c. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- d. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høggre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløp gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

## **§ 8 –SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)**

### **1. Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)**

I område for annan veggrunn SVT (teknisk anlegg) skal det byggast plastring/bølgjevern mot sjø ved parkeringsplass SPP1.

### **2. Annan veggrunn – grøntareal (SVG)**

I område for annan veggrunn (grøntareal) skal det byggjast skjeringar, fyllingar og grøft ved opparbeiding av parkeringsplass SPP2. Området skal framstå som grønt og tilplantast med stadeigen vegetasjon.

### **3. Parkeringsplassar (SPP)**

I område merka SPP skal det etablerast parkeringsplassar på grunnen. SPP1 og SPP2 er felles for naustområda BKB1-10 og småbåthamn aust om planområdet vist i reguleringsplan Jensholmen (08.09.1989). Ein føreset at kjøpar av naust/budareal også har båtplass i småbåthamna. På parkeringsplassane skal det vere plass til ein (1) bil pr. 3 båtplassar. Parkeringsareala skal opparbeidast samstundes med utlegging av flytebrygger i småbåthamna.

## **§ 9 - GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)**

### **Område GK – tilplanta fjellskjering:**

Innan området kan det byggjast skjeringar og grøft ved utgraving, sprenging og planering. Området skal etter masseuttak framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon.

## **§ 10 - BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)**

### **Småbåthamn (VS):**

I området kan det etablerast privat småbåthamn med tilhøyrande funksjonar (del av molo, båtopptrekk, landgong og flytebryggjer med tilhøyrande forankring). I tillegg kjem tilhøyrande båtferdsel i sjø. Ved utforming av hamna skal ein ta omsyn til at mindre fiskebåtar skal kunne ha båtplass i hamna. Planen skal godkjennast av Kystverket, NPM-utvalet og kommunen.

## **§ 11 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 NR. 10)**

- a. Parkeringsplassane SPP1 og SPP2 skal opparbeidast samstundes og i takt med utlegging av flytebrygger i småbåthamna og bygging av naust i BKB-områda, jf. §8 pkt. 3.
- b. Før bygging av naust i områda BKB1 og BKB2 kan tillatast skal nødvendig del av parkeringsplass SPP1 og tilhøyrande sikring mot sjøside vere etablert.

Herøy kommune, xx/xx/2015

\_\_\_\_\_


ordfører

\_\_\_\_\_

rådmann

Herøy kommune  
Formannskapet  
Rådhuset  
6099 Fosnavåg

## Framlegg til reguleringsendring for Lanternen Marina Herøy kommune



Planområde

**AG Plan og Arkitektur AS**

Oppdraget sitt namn: Lanternen Marina

Dokumentet sitt namn: Planomtale

Saksnr: 2094

Nasjonal arealplan-ID: 1515201301

Oppdragsgjevar: Lanternen AS

Oppdragsgjevar sin representant: Kåre Leif Jensholm

AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar)  
 Medarbeidarar: Jorunn Beate Lillebø Lande (sivilarkitekt)  
 Eldar A. Hansen (GIS-ingeniør)

Revisjon nr.3	29.06.2015	23	Pkt. 8.4	JBLL	KG	
Revisjon nr.2	22.4.2015	23	Lagt inn illustrasjoner på side 16	KG/EH	KG	
Revisjon nr.1	18.3.2015	22	Nokre mindre justeringar etter avkl. med Utviklingsavd.	KG/JBLL	KG	Kåre Jensholm
Utarbeida	24.2.2015	22		KG/JBLL	KG	Kåre Jensholm
	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)		Utarbeida	Kontrollert	Godkjent

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr	Filnamn
2094	1	P:prosjekt/2094_Lanternen/Prosjektmappe/Plandata_ Tekstdokument/Planomtale.doc

## Innhald

1.	Samandrag .....	5
2.	Nøkkelopplysningar .....	6
3.	Bakgrunn .....	7
3.1.	Bakgrunn .....	7
3.2.	Føremål med planen .....	7
3.3.	Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold .....	7
3.4.	Utbyggingsavtale .....	7
3.5.	Krav om konsekvensutgreiing .....	7
4.	Planprosessen .....	8
4.1.	Saka si gong .....	8
4.2.	Forvarsling .....	8
4.3.	Møte med særskilde grupper .....	8
5.	Planstatus og rammer .....	8
5.1.	Overordna plan .....	8
5.2.	Gjeldande reguleringsplanar .....	8
5.3.	Temaplanar .....	9
5.4.	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar .....	9
6.	Skildring av planområdet .....	9
6.1.	Lokalisering .....	9
6.2.	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk .....	10
6.3.	Staden sin karakter/landskap .....	10
6.4.	Kulturminne og kulturmiljø .....	11
6.5.	Naturverdi .....	11
6.6.	Rekreasjonsverdi .....	12
6.7.	Landbruk .....	12
6.8.	Trafikkforhold .....	12
6.9.	Borns interesser .....	12
6.10.	Teknisk infrastruktur .....	12
6.11.	Grunnforhold .....	13
6.12.	Støy .....	13
6.13.	Lufforureining .....	13
6.14.	ROS eksisterande situasjon .....	13
6.15.	Næring .....	13
7.	Skildring av planforslaget .....	14

7.1.	Planlagt arealbruk.....	14
7.2.	Reguleringsføremål .....	14
7.3.	Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar .....	14
7.4.	Tilknytning til infrastruktur .....	17
7.5.	Universell utforming.....	17
7.6.	Arkitektur - estetikk.....	17
7.7.	Naturmangfaldlova .....	17
7.8.	Born og unge sine interesser .....	18
7.9.	Renovasjon.....	18
7.10.	ROS .....	18
7.11.	Krav om rekkefølge .....	20
7.12.	Økonomiske konsekvensar for kommunen .....	20
7.13.	Føresegnene .....	21
7.14.	Plankart (2094-100).....	21
8.	Verknadane av planen .....	21
8.1.	Natur og miljø .....	21
8.2.	Landskap, estetikk, inngrep .....	21
8.3.	Born og unge .....	21
8.4.	Samfunnstryggleik .....	21
9.	Innkomne innspel .....	22
10.	Avsluttande kommentar.....	22

**Vedlegg A:** A1: Vurdering av innspel/merknader  
A2: Innkomne skriv

**Vedlegg B:** ROS-vurdering (Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit)  
Sjekkliste natur-, kultur og samfunnsmessige forhold  
Sjekkliste naturmangfald

**Vedlegg C:** Referat oppstartsmøte, dat 23.1.2013  
Spørsmål om oppstart (revisjon 2), dat 31.5.2013  
Vedtak om oppstart Herøy kommune, dat 20.8.2013  
Skriv til Herøy kommune – disponering av planområde, dat 16.10.2014  
Vedtak om oppstart Herøy kommune, 04.11.2014  
Utsendte dokument i samband med forvarsling dat 18.11.2014

## 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire naust/sjøbuder på Jensholmen.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3.

Planområdet inngår i reguleringsplanen Jensholmen som trådte i kraft 8.9.1989.

Grunnen i området er i privat eige.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

Tiltakshavar er Lanternen AS ved Kåre Leif Jensholm .

Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS.

Føremål	Areal (daa)
<b>Bygningar og anlegg</b>	
Småbåtanlegg på land	4,6
Naust med hems	2,9
Serviceanlegg for småbåtanlegg	0,2
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	
Annan veggrunn – teknisk anlegg	0,6
Annan veggrunn – grøntareal	0,6
Parkering	3,7
<b>Grøntstruktur</b>	
Tilplanta fjellskjæring	1,1
<b>Bruk og vern av sjø- og vassdrag</b>	
Småbåthamn	0,5
<b>Sum areal planframlegg</b>	<b>14,2</b>



## 2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Tjørvåg
Stad/adresse:	6070 Tjørvåg
Forslagstillar:	Lanternen AS v/ Kåre Leif Jensholm
Eksisterande planstatus:	I gjeldande reguleringsplan: naust, friluftsområde på land, køyreveg, parkering, småbåtanlegg (land), småbåthamn (sjø)
Planområdet sitt areal i daa:	14,2 daa
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Småbåtanlegg på land, naust, parkeringsplass
Aktuelle problemstillingar:	Naustplassering, masseuttak, tilkomst
Kunngjering (Vestlandsnytt):	21.11.2014
Varslingsdato berørte partar (brev):	18.11.2014
Frist for merknad:	5.1.2015
Medverknad utover varslings:	N
Krav om konsekvensutgreiing (j/n):	N

## 3. Bakgrunn

### 3.1. Bakgrunn

Tiltakshavar har som målsetting at Jensholmen skal verte Sunnmøres største båthamn. Anlegget vil rette for at fleire kan nytte fritid og feriere ved sjøen i Herøy/på ytre Sunnmøre. Med bakgrunn i dette har ein starta reguleringsarbeid for å leggje til rette for fleire naust/sjøbuder nordaust på Jensholmen.

Realisering av småbåthamna er avhengig av god tilgang på naust. Naust vert sett på som ein viktig del av det å halde båt. Ved realisering av nausta får ein frigitt lausmassar som kan nyttast som fylling. Der er mangel på massar i området og nedplanering av tenkte naustområde vil gje eit godt bidrag. Dei skråningane som oppstår er føresett tilplanta og reetablert med stadeigen vegetasjon. Tiltakshavar ønskjer snarleg realisering av småbåthamna med tilhøyrande naust- og parkeringsanlegg.

### 3.2. Føremål med planen

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for naust tilhøyrande småbåthamna.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3.

### 3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Lanternen AS ved Kåre Leif Jensholm.

Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS ved Kåre Gjengedal, Jorunn Beate Lillebø Lande og Eldar Hansen.

Det regulerte området er i privat eige.

### 3.4. Utbyggingsavtale

Ikkje aktuelt.

### 3.5. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka. Det ligg heller ikkje føre merknader til slikt syn, jf forvarslinga.

## 4. Planprosessen

### 4.1. Saka si gong

Søknad om oppstart av planarbeid for heile Jensholmen vart sendt inn til Herøy kommune 31.11.2012. Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 23.1.2013 i samsvar med PBL § 12-8. Det er også seinare halde møte (25.4.2013) med kommunen for å drøfte utviding av planområdet gjeldande nord/vest for Lanternen. Revidert søknad om oppstart blei sendt inn til kommunen 14.6.2013. Herøy formannskap gjorde følgjande vedtak, jf. F-sak 142-13 datert 20.8.2013:

*«Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-8, at det vert gjeve løyve til oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan/reguleringsendring for Lanternen Marina AS gnr. 42 bnr. 1 med fleire».*

Det vart stilt vilkår for vidare planarbeid.

I juni 2014 fekk ein klarsignal frå Herøy kommune på at reguleringsarbeidet på Jensholmen kunne delast i to planar, ein for Jensholmen Småbåtlag (vest på Jensholmen) og ein for Lanternen (aust på Jensholmen). Hausten 2014 har det vore utarbeidd ei skisse til disponering av planområdet med ei tilhøyrande planfagleg vurdering grunna inngrepa friområde. Saka var oppe i formannskapet 04.11.2014 (f-sak 193/14) og det vart vedteke at ein kunne gå vidare med føreslått disponering og plangrense.

### 4.2. Forvarsling

Det blei varsla oppstart av planarbeidet ved annonse i avisa Vestlandsnytt 21.11.2014 og skriv til berørte partar 18.11.2014, med frist for å kome med innspel sett til 5.1.2015. Det kom inn til saman 7 merknader/innspel. Desse er kommenterte/vurderte i vedlegg A1, jf også kapittel 8 i planomtalen.

### 4.3. Møte med særskilde grupper

Det har ikkje vist seg å vere behov for møter med særskilde grupper, jfr. innkomne skriv i høve forvarsling.

## 5. Planstatus og rammer

### 5.1. Overordna plan

Området er i kommuneplanen sin arealdel 2013-2025 vist som regulert område der reguleringsplan framleis skal gjelde.

### 5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet inngår i reguleringsplanen Jensholmen som trådte i kraft 8.9.1989. Området er i gjeldande plan lagt ut til friluftsområde, småbåthamnlegg (på land og sjø) og vegareal/parkeringsplass.



### 5.3. Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med verknad for saka.

### 5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Rapportane «Havnivåstigning – Estimerer av framtidig havstigning i norske kystkommuner (2009)» og «Håndtering av HAVNIVÅSTIGNING i kommunal planlegging - rapport utarbeidd for DSB er søkt lagt til grunn. Jf elles TEK10.

## 6. Skildring av planområdet

### 6.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Herøy kommune, nærare bestemt på Jensholmen i Tjørnvåg og ligg lett tilgjengeleg inntil fylkesveg 654 som utgjer fastlandsforbindelsen for Herøy kommune. Jensholmen ligg også rett sør for hovudskipsleia og er strategisk plassert i høve ferdsel på sjøen. Frå Fosnavåg sentrum er det ca. 8,5 km langs fylkesveg 654 til planområdet.



## 6.2. Dagens arealbruk og tilstøytende arealbruk

Eksisterende busetnad i området består hovudsakleg av Lanternen AS sitt anlegg, som består av kafé/selskapslokale/catering, hytteutleige/bubilplassar, båtplassar, båtutleige, naustrekkjer og sightseeing/havfisketur med M/K Lanternen. Det er opparbeidd teknisk infrastruktur i området som tilkomstveggar og parkeringsplassar. Herøy Dykkerklubb har klubblokale på Jensholmen og Jensholmen båtlag disponerer småbåtanlegget med naustrekkjer og brygger mm vest på Jensholmen.

## 6.3. Staden sin karakter/landskap

Jensholmen er ei lita øy som ligg idyllisk til i sjønære omgjevnadar midt mellom Gurskøya og Leinøya i Herøy kommune. Jensholmen er i stor grad planert og utbygd men mot nord er det framleis eit høgdedrag med opprinneleg terreng og stadeigen vegetasjon som framstår som kystlandskap. Dette skjermar den utbygde delen av Jensholmen mot nord. Aust om fylkesvegen er der også eit lite høgdedrag med opprinneleg terreng og stadeigen vegetasjon som skjermar. Utbygginga på Jensholmen har underordna seg topografien i området.



*Ortofoto som viser dagens situasjon på Jensholmen*

#### **6.4. Kulturminne og kulturmiljø**

Så langt vi kjenner til er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Heller ikkje vedtaksfreda kulturminne, verneverdige bygningar/miljø eller Sefrak-registrerte bygningar. Det er ikkje sett fram krav om arkeologisk registrering som del av forvarsling av planarbeidet, men ein minner om at ved funn av potensielle kulturminne på land eller i sjø pliktar ein å melde frå til kulturavdelinga i fylket eller til Stiftelsen Bergens Sjøfarstmuseum.

#### **6.5. Naturverdi**

Planområdet inngår ei større sone for artsførekomstar, nærmare bestemt hekkande sjøfugl. Sona er relativt stor (2623 daa) og omfattar Nautøya, Stegleholmen, Fugleholmen, Petterholmen og Jensholmen. Sjøfuglane det gjeld er grågås, siland, ærfugl, fiskemåke, sildemåke, gråmåke, svartbak, makrellterne og rødnebbterne. Sona er vurdert som kategori C, lokalt viktig. Innanfor denne sona er det også gjort observasjon av den raudlista fuglen strandsnipe, registrert 24.6.2012. Vi kjenner ikkje til at Jensholmen er særskild sårbar i høve desse artane.

Herøy kommune er opptekne av å bevare kystlandskapet mot hovudskipsleia som går nord for Jensholmen jfr. saksprotokoll frå Møte i formannskapet 04.11.2014. I planarbeidet skal det leggjast vekt på å finne løysingar som sikrar avbøtande tiltak i høve skissert terrenginngrep.



### 6.6. Rekreasjonsverdi

Jensholmen innbyr til rekreasjon i form av sjøretta/maritime opplevingar og det er i dag eit stort småbåtmiljø knytt til småbåtanlegga (småbåthamnene og nausta). Viser også til pkt 6.2.

### 6.7. Landbruk

Det er ikkje landbruksareal på Jensholmen.

### 6.8. Trafikkforhold


Noverande avkjørsel til fylkesveg nr. 654 er føresett oppretthalden.

### 6.9. Børns interesser

Det er ikkje registrert at born har særskilde interesser i planområdet.

### 6.10. Teknisk infrastruktur

Mørenett AS opplyst at det er kabelanlegg i grunnen (fiber, høg- og lågspent).



*Kabelkart Mørenett*

### 6.11. Grunnforhold

Berggrunnen i området består hovudsakleg av glimmergneis, medan lausmassekart viser bart fjell (kjelde: NGU).


### 6.12. Støy

Fylkesveg nr. 654 har ei fartsgrense på 80 km/t og ein årsdøgntrafikk på 3750 køyrety. Arealbruken inngår ikkje i støyfølsam bruk. Planområdet er såleis ikkje utsett for støy ut over grenseverdiane fastsett i T-1442.

### 6.13. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining.

### 6.14. ROS eksisterande situasjon



ROS-vurderinga har ikkje avdekkja særlege forhold anna enn omsyn som må takast i høve tilgrensande sjø. Sjølve planområdet ligg truleg noko skjerma av Stegleholmen, Fugleholmen, Petterholmen og Nautøya. Frå vestnordvest vil likevel bølger kunne nå inn mot planområdet. Her er ei strøklengde på ca 2 km. Verknadene er søkt avklara, jf pkt. 7.12 og ROS-vurdering.

### 6.15. Næring

Tiltaket er ikkje knytt til næringsmessige forhold. Det må likevel nemnast at tiltaket aukar levikårskvaliteten ved at friluftsliv knytt til sjø får betre vilkår. Anlegget slik det no samla vil framstå er eit viktig bidrag for å oppretthalde og utvikle busetnad og næringsliv i kommunen.



## 7. Skildring av planforslaget

### 7.1. Planlagt arealbruk

Hovudmålet med planframlegget er å legge til rette for fleire naust på austsida av Jensholmen. Arealbruken i planen er knytt til naust og dei arealfunksjonane som høyrer til, jf. småbåtanlegget som er regulert aust om planområdet. Det fastsette regelverket (føresegnene) for bygging av naust og parkeringsplassar er så langt råd ført vidare frå tidlegare plan. Kommunen har fastsett plangrensa og eksisterande naust inngår i planen for å vise heilskapen på dei tiltaka som gjeld landanlegget til hamna.

Byggjeareala i planframlegget er naust med hems (BKB), småbåtanlegg på land (BBS) og eitt mindre område for serviceanlegg for småbåtanlegget (BAA) som allereie er bygd. I tillegg kjem parkeringsplassar (SPP), annan veggrunn (SVG), tilplanta fjellskjering (GKG) og småbåthamn i sjø (VS).

### 7.2. Reguleringsføremål

Arealet er delt i følgjande område:

Føremål	Areal (daa)	Utnytting, BYA %
<b>Bygningar og anlegg</b>		
Småbåtanlegg på land	4,6	
Naust med hems	2,9	100
Serviceanlegg for småbåtanlegg	0,2	100
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>		
Annan veggrunn – teknisk anlegg	0,6	
Annan veggrunn – grøntareal	0,6	
Parkering	3,7	
<b>Grøntstruktur</b>		
Tilplanta fjellskjering	1,1	
<b>Bruk og vern av sjø- og vassdrag</b>		
Småbåthamn	0,5	
<b>Sum areal planframlegg</b>	<b>14,2</b>	

### 7.3. Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

#### Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

#### Småbåtanlegg på land (BBS)

Området BBS gjeld landdelen til småbåthamn aust om planområdet vist i reguleringsplan for Jensholmen (08.09.1989) (heretter omtalt som småbåthamn). Det kan leggjast til rette for kai, brygge, samt tilkomst til funksjonane. Det skal til ei kvar tid vere fri passasje innanfor skisserte område for tilkomstveg frå SPP2, gjennom BBS og ned til moloen/hamna, jfr. plankart.

#### Naust med hems (BKB)

Det er i planen lagt til rette for til saman 10 område for naust (BKB-område).

Eksisterande etablerte naust innanfor planområdet inngår i planen som områda BKB7-BKB10. Det er ikkje tillate å bygge på nausta. Nye naust kan først opp som følgje av brann eller naturskade.

Det er i planen lagt til rette for 6 nye naustområde, BKB1-BKB6. Maksimalhøgde skal ikkje overstige 5 m. Nausta skal oppførast med grunnflate på 5x10m og byggjast saman med tilstøytande naust som vist. Det har vist seg å vere behov for mindre naust/sjøbuder til lagring av fiskeutstyr, båtutstyr etc. og ein ønskjer å legge til rette for at naust kan underdelast i fleire seksjonar.

Nausta skal vere i tradisjonell stil med trekledning. Naust skal gjevast ei enkel utforming utan arker, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Nausta kan nyttast til oppbevaring av reiskapar, båtar og anna sjørelatert utstyr. Nausta skal ikkje innreist med sikte på å bli brukt til varig opphald/overnatting/fritidshusføremål. Nausta kan underdelast i mindre seksjonar med eigne inngangsdører. Bygningskonstruksjonar under kote 2,79 skal vere i betong eller annan steinkonstruksjon som toler bølgeslag. Vi legg elles til grunn at naustdel innan områda BKB1 og BKB2 som grensar til parkeringsplassen SPP1 vert nærmare vurdert i forhold til rennande sjø som følgje av at bølger kan slå over bølgevernet ved parkeringsplassen (jf. 200 års returperiode).

#### Servicebygg for småbåtanlegget (BAA)

BAA omfattar eksisterande servicebygg for småbåthamn. Bygget inneheld funksjonar som lager, kontor, sanitæranlegg, møterom mm. Parkering på regulert parkeringsplass.

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)

Generelt:

Planområdet er knytt til fylkesveg nr. 654, via ein intern tilkomstveg.

Tilkomst til naustområda BKB1-BKB10 skal skje i området som er regulert til småbåtanlegg på land (BBS), vist på plankartet med linjer for senterlinje og regulert køyrebane kant. Det er ikkje vist eige føremål for køyreveg i planframlegget, men det er vist køyreveg mellom tilkomstveg og parkeringsplass SPP2 i retning molo og SPP1. Parkering på regulert parkeringsplass.


#### Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

SVG utgjer del av høgdedrag som vert sprengt vekk for å gi plass til utbygging av parkeringsplass SPP2 og uttak av massar til etablering av molo nordaust om planområdet. I området kan etablerast grøft mellom skjering og parkeringsplass. Fjellskjeringa skal framstå som grøn og beplantast med stadeigen vegetasjon. Jfr. pkt 6.5.

#### Parkeringsplassar (SPP)

Det er lagt til rette for to private parkeringsplassar, SPP1 og SPP2. Parkeringsplassane er felles for naustområda (BKB1-10) og småbåthamna aust om planområdet. I reguleringsplan Jensholm (08.09.1989) er det stilt krav om at det skal vere p-plass til 1 bil pr 3 båtplassar. Dette kravet vert lagt til grunn i ny plan. I høve parkeringsdekning føreset ein at dei som kjøper naust eller budareal også har båtplass i småbåthamna. På parkeringsplassane er vist HC plassar.

På område SPP1 er vist 21 plassar. På område SPP2 er vist 93 plassar. Til saman 114 p-plassar som tilfredsstillar parkeringskrav for 342 båtplassar i hht føresegnene.



Utsnitt av plankartet som viser parkeringsplassar innanfor parkeringsplassen SPP1.



Utsnitt av plankartet som viser parkeringsplassar innanfor parkeringsplassen SPP2.

Grøntstruktur (PBL. § 12-5, nr. 3)

Område GKG – tilplanta fjellskjering:

Innan området kan det byggjast skjeringar og grøft ved utgraving, sprenging og planering tilpassa tilgrensande naustområde. Området skal etter masseuttak framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon.

## Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL. § 12-5, nr. 6)

### Småbåthamn (VS)

Innanfor området VS kan det leggjast til rette for privat småbåtanlegg i sjø. Arealet skal nyttast til molo, båtopptrekk, landgang og flytebyggjer (med forankring) og tilhøyrande båtferdsel.

Det er i dag etablert flytebyggjer i området som del av tilgrensande småbåthamn.

### **7.4. Tilknyting til infrastruktur**

Området er som i dag knytt til fylkesveg nr 654 via intern adkomstveg.

Det er i planframlegget ikkje sett av areal til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Men det er i føresegnene opna for at det innanfor byggeområda kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til slikt føremål. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

### **7.5. Universell utforming**

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen. Så langt det passar bør vidare formings-/funksjonskrava i NS 111001-1,2:2009 (Universell utforming) nyttast.

### **7.6. Arkitektur - estetikk**

I planframlegget er omfanget av dei nye bygningsvoluma mindre enn dei eksisterande. Bygningshøgde og funksjon er oppretthalden. Allereie bygde naust er såleis bestemmande for utforminga av dei nye. Dette gjev heilskap i området.

Eit estetisk poeng er at fjellskjeringar/utsprengde område vert utforma på slik måte at skråning kan gjevast eit grønt uttrykk og då tilplanta med stadeigen vegetasjon.

### **7.7. Naturmangfaldlova**

Vi viser til vedlagte sjekklister for naturmangfald – vedlegg C.

#### Kunnskap (§8):

Vi oppfatar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

#### Førevar prinsippet (§9):

Planframlegget inngår i ei sone for artsførekomstar. På det tidlege stadiet i dette reguleringsarbeidet blei temaet diskutert med ornitolog Alv Ottar Folkestad.

Folkestad uttalte då at han ser på Jensholmen som eit etablert område med opparbeidd infrastruktur, og ser ikkje at utbygging på det sentrale landarealet vil medføre konsekvensar for hekkande sjøfugl. Samtidig understreka han at strandsona nord i friluftsområdet kan vere sårbar.

I ettertid av dette har planområdet blitt nedjustert i areal og samtidig er konsentrasjonen av tiltaket trekt meir austover mot eksisterande naust, før Herøy kommune godkjente at tiltakshavar kunne gå i gang med planarbeidet. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet på Jensholmen.

#### Samla belastning (§10):

Det er i Herøy kommune registrert om lag 160 andre artsførekomstområder. Sett i samanheng med dette vert den samla belastninga ikkje oppfatta som vesentleg.

Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

Alternativ lokalisering (§12):

Alternativ lokalisering av utbygginga er ikkje aktuelt. Kommunen har nyleg revidert kommuneplanen og der er alternativ vurdert.

Konklusjonen er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

**7.8. Born og unge sine interesser**

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

**7.9. Renovasjon**

Det er ikkje lagt til rette for felles oppsamlingspunkt (returpunkt) for avfall.

**7.10. ROS**Havstigning


I rapporten «Havnivåstigning – Estimerer av framtidig havstigning i norske kystkommuner (2009)» - rapport utarbeidd for DSB, så er kote 2,69 kritisk nivå for 100-års stormflo år 20100 relativt til år 2000. Etter «Håndtering av HAVNIVÅSTIGNING i kommunal planlegging - rapport utarbeidd for DSB er det vist til at Gjenntaksintervall 20 år har høgd -15 cm og gjenntaksintervall 200 år har høgd +10 cm.

Bygge- og anleggsareala ligg under den kritiske 200 års høgda i høve stormflo inkl. omsyn til landheving og havstigning. Naust vil i alminnelegheit kome inn under sikringsklasse F1, dvs 20 års gjenntaksintervall. Sidan omfanget av naust er så vidt stort som i denne saka legg vi likevel til grunn sikringsklasse F2. For naust har vi såleis med krav om at bygningsdel under kote 2,79 skal ha berande bygningsdel i betong ev. anna materiale som toler sjøvatn og verknadene frå stormflo.

Parkeringsplass reknar vi å kome inn under sikringsklasse F1, dvs 20 års gjenntaksintervall. Dei moglege skadane vil med tenleg sikring vere av mindre karakter. Kritisk høgde vert for slikt anlegg kote 2,44.

Bølgjefare

Kystverket har peika på at det må visast merksemd på faren for stryping av bølgjer i hjørnet mellom moloen og holmen. Vi har søkt å avklare bølgjeverknaden med meteorologisk institutt. Dei har vurdert både 200 års bølgja og 20 års bølgja. Meteorologisk inst. finn det vanskeleg å gje nøyaktige estimat av bølgjehøgden ved Jensholmen. Men dei konkluderer med at vind med 200 års returverdi (jf sikringsklasse F2) kan ha vindhastigheit inntil ca 35 m/s. Med inntil 2 km strøklengde er signifikant bølgjehøgde (Hs) stipulert til ca 1,7 m. For 20 års returverdi (jf sikringsklasse F1): vindhastigheit inntil ca 28 m/s som gjev signifikant bølgjehøgde (Hs) lik ca 1,3 m.



Som det går fram av vindrosa, så er aktuell vindretning den med minst styrke (285° - 0°).


Vist normal vindstyrke er mindre enn 15,3 m/s .

Vi har videre sett på Kystdirektoratet si handbok for dimensjonering av mindre hamneanlegg. Basert på utrekningane for signifikant bølgehøgde (metrologisk inst.) og fig side 66 i nemnde handbok, så ser vi at molo med brystvern bør ligge 1,5 x signifikant bølgehøgde (Hs) over høgste høgvatn (her 2,44 NN54, jf klimahøgde).

Parkeringsplass reknar vi å ligge i sikringsklasse F1, dvs returverdi lik 20 år. Vi må vidare kunne legge til grunn at naustområda BKB1 og BKB2 vil vere tilstrekkeleg skjerma mot bølger ved slikt vern grunna avstanden mellom brystvern og naust - som vil vere minst 25 meter på strekning som har omtala strøklengde. Vi finn difor ikkje grunn til å stille særskilde krav til vernet av nausta i høve bølger frå sjøsida anna enn at parkeringsplassen SPP1 med tilhøyrande vern mot sjø, må vere bygd før naust i BKB1 og BKB2 kan førast opp.

Som følge av at bølger etter 200 års returverdi kan slå over plastrings-/brystningsvernet vil det likevel vere tenleg å vurdere materialbruken til bygningsdel som vender mot parkeringsplass i høve sjøvatn som skal renne ut av området. Vi legg til grunn at slik vurdering vert gjort i byggesak.

Med sjøhøgde lik 2,44 m (jf havstigning), 1,3 m høge bølger, så bør topp brystvern ligge på kote 4,4 m NN54. Vert å endeleg fastslå i byggesak som følge av detaljprosjektering. Etter sjøkartverket sine høgder er kote 1,13 NN54 høgste astronomiske tidevatn.



Skisse: Typisk snitt mot sjø, parkeringsplass – vestsiden, etter Kystdirektoratets håndbok for dimensjonering av mindre hamneanlegg.

Vi kan ellers nemne at den nye moloen i Haugsbygda i Sande kommune vert bygd på kote 3,85 og med brystvern lik 1 m, dvs høgd 4,85 mot sjøsiden. Dette området ligg eksponert mot «storhavet».

#### Andre forhold

Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. skjema C. Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje andre forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk.

#### **7.11. Krav om rekkefølge**

Vi har i føresegnene teke med at:

- Parkeringsplassane SPP1 og SPP2 skal opparbeidast samstundes og i takt med utlegging av flytebrygger i småbåthamna og bygging av naust i BKB-områda.
- Før bygging av naust i områda BKB1 og BKB2 kan tillatast skal nødvendig del av parkeringsplass SPP1 og tilhøyrande sikring mot sjøsiden vere etablert.

#### **7.12. Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Det regulerte området er i privat eige.

Så langt vi kan sjå vil ikkje kommunen ha innløysingsplikt etter reglane i plan- og bygningslova for arealbruken innan planen.

### 7.13. Føresegnene

Føresegnene gir utfyllande bestemningar for dei enkelte areala sin bruk. I hovudsak følgjer føresegnene tidlegare vedtekne føresegner for området. For bygningstiltak er byggeareal og volumkrav nokså klart definerte og avgrensa. Det er vidare sett vilkår om korleis dei ulike areala skal framstå etter utbygging.

### 7.14. Plankart (2094-100)

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin rettleiar "Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2015 saman med Novapoint 18.40 (basis, arealplan og virtual map) levert av Vianova Systems AS.

## 8. Verknadane av planen

### 8.1. Natur og miljø

Tiltaka som følgjer planen grip ikkje inn i vesentlege forhold knytt til natur og miljø. Plansjekk av naturmangfald har ikkje avdekket vesentleg konflikt, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. Viser elles til kapittel 7.9 i planomtalen.

### 8.2. Landskap, estetikk, inngrep

Tiltaka som følgjer av planen vil gripe inn og endre landskapet. Deler av holmen vert planert og utbygd med naust. Noverande areal til parkering mot fylkesvegen vert utvida, nordvestre del av holmen som allereie er noko oppfylt vert meir oppfylt og nytta til parkering. Masser vert tekne ut bak naustområde. Her vert endringar, men planen sikrar at området ferdig utbygd vil framstå ryddig og med skråningar som er tilplanta med stadeigen vegetasjon. Så langt vi ser vil utbyggar både av eigeninteresser og som følgje av planen opparbeide området på slik måte at landskapsrommet – trass endring – vil framstå som eit tiltalende område.

### 8.3. Born og unge

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område sin bruk gjer til at barn og unge sin tilkomst til sjø og sjøliv kjem vesentleg dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

### 8.4. Samfunnstryggleik

Ein vurderer planområdet til å ha tilfredsstillande beredskap i høve krisesituasjonar. I høve vassforsyning og sløkkjevatn vert det vist til e-post frå Herøy Vasslag v/ Ragnvald Kvalsvik 30.06.2015 der det vert bekrefta at tilgang til sløkkevatn og drikkevatn er tilfredsstillande:

*«Eg bekreftar at der er sløkkevatn på Jensholmen frå hovedvassledning over Herøyfjorden som knyter saman vassverka Herøy Vasslag og Stemmedalen Vassverk. Med 200 mm innvendig vassledning med trykk på 8 bar, vil ein kunne anta ein kapasitet på 30-40 liter per sekund, som vert vurdert som god sløkkevasskapasitet på Jensholmen.»*

Vi forstår dette då slik at vassverket leverer vatn minst 20 l/sek og at brannvatn då er tilfredsstillande. Vi viser elles til at arealet grensar til sjø og at brannsløkkingsutstyr kan knytast til sjøen og gje supplerande sløkkevatn.



## 9. Inkomne innspel

### Følgjande merknader kom inn som følgje av forvarsling og annonsering:

1) Mørenett AS	dat. 20.11.2014
2) Kystverket	dat. 24.11.2014
3) Fiskeridirektoratet	dat. 26.11.2014
4) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	dat. 18.12.2014
5) Fylkesmannen i Møre og Romsdal	dat. 18.12.2014
6) Møre og Romsdal fylkeskommune	dat. 19.12.2014
7) Noregs vassdrags- og energidirektorat	dat. 23.12.2014

### Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- Mørenett AS gjer merksam på at det i grunnen ligg høg- og lavspenkablar samt fiber.
- Kystverket gjer merksam på faren for bølgestryping.
- Sjøfartsmuseet: Opplyser om plikt til å melde frå til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal ber om at ein legg vekt på natur- og miljøvern, samt samfunnstryggleiken.
- Møre og Romsdal fylkeskommune legg ikkje fram krav om arkeologisk registrering, men minner om plikt til å melde frå ved funn av potensielle kulturminne.

### Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Omsyn til eksisterande høg- og lavspenkablar må gjerast i tilknytning til utbygging, ev flytting av anlegg avklarast med kabeleigar
- utfordringar kring bølger er søkt avklara og omtala. Planen si avgrensing mot sjøsida har no form som i varetak bølgevandring langs molo.
- Det er i planframlegget lagt inn eiga føresegn om plikt til å melde frå ved funn av potensielle kulturminne.
- Natur- og miljøvern og samfunnstryggleik er utgreia i planframlegget.

## 10. Avsluttande kommentar

Så langt vi kan sjå ligg det ikkje føre vesentlege merknader til den tenkte arealbruken. Vi har teke til vitande innspel og søkt avklara desse, og sett naudsynte krav i føresegnene for å sikre ei tilfredsstillande vidare utbygging av naustområde og parkeringsanlegget tilhøyrande den tidlegare godkjente småbåthamna.

Så langt vi kan sjå vil den no planlagde utbygginga stette viktige fellesfunksjonar i kommunen. Planen meiner vi legg til grunn omsyn på slik måte at landskapet i ettertid framstår på ein tiltalende måte.

*Utsnitt av plankart, sjå neste side:*

*Kåre Gjengedal*

Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar, RIF rådgivar

*Jorunn Beate Lillebø Lande*

Jorunn Beate Lillebø Lande  
Master i Arkitektur

Fagansvarleg areal-, infrastruktur- og samferdselsanlegg

Utsnitt av plankart, nedskalert:



**Namn på tiltak/plan:** Detaljplan for "Lanteren Marina" i Herøy kommune



## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? <i>Ikkje som vi eller tiltakshavar kjenner til. Vi legg til grunn at TEK sine krav til byggegrunn vert undersøkt/avklara ved prosjektering.</i>		
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging? <i>Framtidig havnivå er teke omsyn til. Sameleis er bølgeproblematikk drøfta i saka, jf planomtalen pkt 7.12 . Ved dimensjonering av konstruksjonar på bygning må bygningsmessige forhold vurderast for bygningsdel som kan vere utsett (jf F2 og 200 års havnivå og bølger). Viser elles til klipp frå E-post nedst.</i>		X
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (spesifiser)?	X	
	Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X
b		Er det terrengformasjonar som utgjir spesiell fare (stup etc.)?	X	
c		Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
d		Anna (spesifiser)?	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? <i>Utanfor planområdet ligg FV654 der det er registrert transport av farleg gods.</i>	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?.	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	

verksemd	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X
----------	---	---	---

Sjekklista er gjennomgått den 29/6 - 2015 av sign: JBLL/KG.

Emne/kommentar	Bilde
<p>Naturgitte forhold</p> <p>Området grensar til sjø.</p> <p><i>Kommentar:</i> Må ta omsyn til havnivå og havbølger.</p>	 <p>Sunnmørskart</p>
<p>Infrastruktur</p> <p>Fylkesveg 645, transport av farleg gods.</p> <p><i>Kommentar:</i> Nye tiltak vil ligge i god avstand frå fv654.</p>	 <p>DSB</p>

Naturgitte forhold: bølger. Vurdering av meteorologisk institutt:

«På grunn av komplisert topografi og fare for at litt havdønning kan nå inn til området er det vanskeleg å gi nøyaktige estimat av bølgehøgder ved Jensholmen ved hjelp av enkle utrekningar. Lokalt er det ei effektiv strøklengde på ca 2km ved vind frå vestnordvest. Vi har ikkje vindmålingar som er heilt representative for det aktuelle området, men ut frå målingar i nærleiken anslår vi 200 års returverdi frå vestnordvest til ca 35 m/s. Dette gir signifikant bølgehøgde på ca 1.7m for den lokale vindsjøen. I tillegg kan det komme inn noko dønning, men det er vanskeleg å vurdere høgda på eventuelle dønningar som når heilt inn til Jensholmen. 20 års returverdi for vind anslår vi til ca 28m/s. Med 2km strøklengde gir det signifikant bølgehøgde på ca 1.3m. Desse bølgehøgdenene gjeld i ytre delen av den raude ramma som er merka av på kart nr 2 og 3 i vedlegget. Bølgehøgda vil avta innover i området.

For å få meir nøyaktige estimat av ekstreme bølgehøgder ved Jensholmen må ein setje opp ein finskala bølgemodell for området. Det er eit meir omfattande arbeid.

Helsing  
Magnar Reistad, Meteorologisk institutt »





Utv  
K

Statens vegvesen

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr.	Saks/1855
- 7 MAI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
Tur	Dok nr.
Kassasjon	

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2014/143048-005

Dykkar referanse:  
2013/7

Vår dato:  
05.05.2015

## Fv 654 - Herøy kommune - Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan for gnr. 42 bnr. 1 mfl. ( Lanternen marina ) - Uttale

Viser til brev av 27.4.2015 frå Herøy kommune.

Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for gnr 42 bnr. 1 m.fl. – Lanternen marina.

Vegvesenet føreset at breidda på arealet som er regulert til annan veggrunn i reg.planen Jensholmen – areal langs fylkesvegen – ikkje vert redusert gjennom planframlegget som no ligg føre.

Utover dette har vi ikkje særlege merknader til planframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

*for* *Gitte Beiermann*  
for Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

*Hallvard Sæverud*  
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen, Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

---

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 9. juni 2015 16:01  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Jarl Martin Møller  
**Emne:** VS: Oversendingsbrev. Offentleg ettersyn. Detaljreguleringsplan for Lanternen

Helsing  
**HERØY KOMMUNE**  
postmottak  
7008 1300  
[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Tord Kristian Karlsen [<mailto:Tord.Karlsen@bsj.uib.no>]  
**Sendt:** 9. juni 2015 15:15  
**Til:** postmottak  
**Kopi:** [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
**Emne:** RE: Oversendingsbrev. Offentleg ettersyn. Detaljreguleringsplan for Lanternen

**Vedr. Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina), Herøy kommune**  
**Forholdet til marine kulturminne.**

Me viser til e-post dagsett 27.04.2015.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr 42/1 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing  
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen  
Saksbehandlar marinarkeologi  
Direkte telefon: 55549604.  
E-postadresse: [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)  
Nettside: <http://www.bsj.uib.no/>



---

**From:** [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [<mailto:postmottak@heroy.kommune.no>]

**Sent:** Monday, April 27, 2015 8:27 AM

**To:** [arve.moltubakk@tussa.com](mailto:arve.moltubakk@tussa.com); [camill.storoy.hermansen@heroy.kommune.no](mailto:camill.storoy.hermansen@heroy.kommune.no); [firmapost@tussa.no](mailto:firmapost@tussa.no); [firmapost-midt@vegvesen.no](mailto:firmapost-midt@vegvesen.no); [geiridar@cann.no](mailto:geiridar@cann.no); [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no); [mona-grethe.ryssevik@heroy.kommune.no](mailto:mona-grethe.ryssevik@heroy.kommune.no); [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no); [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no); [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no); [postmottak@fmmr.no](mailto:postmottak@fmmr.no); [rv@nve](mailto:rv@nve.no); [smyr54@hotmail.com](mailto:smyr54@hotmail.com)

**Cc:** [berit.sandvik.skeide@tussa.com](mailto:berit.sandvik.skeide@tussa.com)

**Subject:** Oversendingsbrev. Offentleg ettersyn. Detaljreguleringsplan for Lanternen

Viser til e-post tidlegare i dag. Beklagar at oversendingbrevet ikkje kom med i sendinga.

Vedlagt følgjer brevet.

Helsing

**BERIT SANDVIK SKEIDE**

Planleggar

7008 1300/ 7008 1382

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg. nr. 203/7	Saksbeh.
18 JUNI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok nr.
Kassasjon	

**Herøy kommune**  
**Detaljregulering - reguleringsplan gnr42 bnr1 m.fl Lanteren Marina**  
**Offentleg ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Samfunnstryggleik**

I planomtalen, under punkt 8.4, står det: «Ein vurderer planområdet til å ha tilfredsstillande beredskap i høve krisesituasjonar når vasskjelde og leidningsnett med tilstrekkeleg kapasitet for sløkkevatn er etablert.» Ut frå denne vurderinga må ein konkludere med at noverande sløkkevasskapasitet er *utilstrekkeleg*. Vi kan ikkje sjå at dette forholdet er følgt opp gjennom krav i føresegnene, eller på anna måte. Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil det er tydlegare avklara kva som er tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet, og korleis ei eventuell tilfredsstillande sløkkevasskapasitet skal følgjast opp.

**Konklusjon**

Utover dette har vi ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

**Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71258415

**Kopi:**


Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt  
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen  
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund



*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/7	Saksbeh. BSS
- 2 JULI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

### Trekking av motsegn

### Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan gnr42 bnr1 m.fl Lanternen Marina

Vi viser til Dykkar brev av 30.06.2015, der det gjerast greie for sløkkevasskapasiteten for planområdet, og trekkjer med dette vår motsegn av 11.06.2015.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/165
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
149/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	27.08.2015

### KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA OMRÅDE F/K/O

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret tek klagen på avvising av vedtak til følgje og tek klagen opp til realitetshandsaming.
2. Kommunestyret kan ikkje sjå at klagene fører med seg vesentlege nye moment i saka, som ville kunne ha ført til eit anna vedtak i kommunestyret si handsaming av sak 32/15.

Kommunestyret opprettheld vedtaket i K-sak 32/15 og avslår klagen som har kome innan fristen. Det er ikkje kome fram nye moment i saka som gir grunnlag for å endre vedtak, K-sak 32/15, om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda område F/K/O.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Advokat Hove
- Barstadklær AS

**Vedlegg:**

- 01 – Klage på avvingsvedtak frå advokat Hove, datert 10.06.2015
- 02 - Vedtak om avvising av klage, datert 19.05.2015
- 03 - Klage frå advokat Hove, datert 10.04.2015
- 04 – Godkjent detaljreguleringsplan for Eggesbøjordra område F/K/O
- 05 - K-sak 32/15 – Vedtak om eigengodkjenning av plan

**Saksopplysningar:**

Advokat Hove har på vegne av Barstadklær AS m.fl klaga på kommunestyret sitt vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan for Eggesbøjordra område F/K/O. Herøy kommune gjorde i DS-sak 161/15, den 19.05.2015, delegert vedtak om å avvise klagen med tilvising til at klagen gjeld forhold som er avgjort i tidlegare godkjent reguleringsplan.

I brev av 11.06.2015 har advokat Hove klaga på kommunen sitt vedtak om å avvise klagen. Advokat Hove ber kommunen ta klagen opp til realitetshandsaming.

Forretningane Mega, Kiwi og Rema 1000 er i dag etablert og planlagt etablert på Myklebust i Herøy kommune. Forretningane Mega og Kiwi er omfatta av reguleringsplanane BP Kvithaugsmyra og reguleringsendring for Herøysenteret. Planlagt ny Rema 1000 butikk er omfatta av ein anna reguleringsplan Eggesbøjordra området F/K/O. Sistnemnde er eit privat forslag til detaljreguleringsplan heimla i overordna flatereguleringsplan som blei godkjent 26.04.2012. I denne planen låg der eit krav om bebyggelsesplan for området der Rema 1000 no vil etablere seg. Etter samtalar mellom Herøy kommune og juridisk avdeling hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, blei det bestemt at kravet om bebyggelsesplan skulle tolkast som om det måtte utarbeidast ein detaljreguleringsplan etter PBL. I planprosessen med flatereguleringsplan for Eggesbøjordra (godkjent i 2012) blei det forhandla fram at det kunne opnast opp for detaljhandel i dette området. Gjennom samtalar mellom Herøy kommune og Fylkeskommunen blei ein samde om at føresegna om avgrensing av detaljhandel, som også ligg i dette planforslaget, skulle takast inn plan. Føresegna i detaljreguleringsplanen av 2014 er av noko anna ordlyd enn flatereguleringsplanen frå 2012, men føresegna har slik ein vurderer det, same innhald og juridisk avgrensing som i overordna plan.

Detaljhandel for området Myklebust / Eggesbønes og Eggesbøjordra har vore eit tema i planprosessen med utarbeiding av detaljreguleringsplanen. Ein viser her til den ovannemnde avgrensinga i føresegnene som er i tråd med overordna plan. Når det gjeld planomtalen, viser ein til at detaljhandel er omtala på side 24-25 i planomtale og at det her er gjort vurdering i høve overordna planar.

Detaljreguleringsplanen av 2014 er ei utfylling av flatereguleringsplanen for Eggesbøjordra frå 2012 og har med seg dei same føresegnene knytt til detaljhandel som i overordna flatereguleringsplan. Planforslaget er soleis i samsvar med overordna plan. Desse føresegnene avgrensar grenser for detaljhandel innanfor planområdet til Eggesbøjordra og må ikkje forvekslast med reguleringsplan for Herøysenteret og Kiwi. Rammene for detaljhandel for Eggesbøjordra har ein gjennom tidlegare planprosess blitt samd om med Fylkeskommunen.

### Klage på vedtak:

Advokat Hove hevdar at tidlegare merknader og motsegn er opprettheldt og er ein del av klagen. Det blir vidare hevda at det ikkje ligg føre lovleg grunnlag for reguleringsplanvedtak. Det blir hevda at Fylkesmann og Fylkeskommune har ikkje svart på førespurnad frå advokat Hove. Fylkesmannens tilbaketrekking av motsegn er, etter advokat Hove sitt syn, eigna for undring og det blir hevda at tilbaketrekkinga framstår utan grunngeving. Advokat Hove hevder vidare at det ikkje er sant at Fylkeskommunen, i samband med overordna plan for Eggesbøjord, har akseptert dei grenser for detaljhandel som er sett i detaljreguleringsplan for Eggesbøjord. Hove meiner at vedtaket må vere fatta på korrekt faktum. Det blir vist til at kommunen sitt vedtak må opphevast, då advokat Hove hevdar at dette er i strid med gjeldande rikspolitiske retningslinjer.

### Klage på avvisingsvedtak:

I klagen frå advokat Hove av 10.06.2015, blir det vist til at eit avvisingsvedtak er i seg sjølv gjenstand for klage og avvisingsvedtaket vert påklaga og bedt om oppheva, med krav om at klagen blir realitetshandsama. Det blir vist til klagen frå 10.04.2015 og bedt om at den blir underlagt realitetsbehandling.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen viser til at klagen er framsett skriftleg, grunnjevne og innanfor lovfesta klagefrist på 3 veker. Partane er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak er difor oppfylt.

For innhaldet i reguleringsplanen viser rådmannen til vedlagt godkjende plandokument og saksprotokoll med eigengodkjenning av reguleringsplan og behandling av innspel til offentleg ettersyn. Av omsyn til god forvaltningsskikk og handsaming av klage etter forvaltningslova, finn rådmannen det som riktig å ta klagen opp til realitetshandsaming i politisk organ.

Rådmannen viser til at dei momenta som advokat Hove har kome med i sin klage, er moment som har kome fram i innspel til planprosessen med detaljreguleringsplan for Eggesbøjord området F/K/O, som blei vedtatt av kommunestyret i K-sak 32/15, i møte av 26.03.2015. Innspelet har vore kommentert, gjort greie for og er blitt handsama av politiske organ. I klagen framført av advokat Hove blir det mellom anna vist til rammer for detaljhandel i reguleringsplan. Rådmannen viser til at dette er spørsmål som tidlegare har vore avklart – mellom kommunal planmynde og regional/statlege instansar – gjennom ein planprosess etter plan- og bygningsloven. Grenser for detaljhandel i området har tidlegare vore fastsett gjennom overordna reguleringsplan (flatereguleringsplan). Eit av momenta for å ikkje ta innspelet eller klagen til følgje, har nettopp vore det faktum at desse forholda er avgjort tidlegare gjennom ein eigne prosess. Detaljreguleringsplanen er soleis ei oppfølging av overordna plan. Klagen vert avvist med grunngeving i at klagens innhald er tidlegare avgjort gjennom ein rettsleg bindande reguleringsplan etter plan- og bygningslova. Rådmannen viser også til at ein ikkje kan sjå at klagen fører med seg vesentlege nye moment i saka, som ville kunne ha ført til eit anna vedtak i kommunestyret si handsaming av sak 32/15. Rådmannen finn det soleis å tilrå at kommunestyret opprettheld vedtaket i K-sak 32/15 og avslår klagen som har kome innan fristen. Det er ikkje kome fram nye moment i saka som gir grunnlag for å endre vedtakom eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for Eggesbøjord område F/K/O.

Rådmannen vil avslutningsvis vise til at det er kommunestyret so er den øvste planmynde i kommunen, jfr. PBL. § 3-2.

Etter plan- og bygningslova § 12-1, avgjer kommunestyret ut frå ei skjønsmessig vurdering kva for områder som skal regulerast og korleis areala skal nyttast i plansamanheng. Denne vurderinga blir gjort gjennom ein planprosess med høyring av dei som har interesser i planområdet og av aktuelle fagorgan. I denne vurderinga vil det ofte vere motstridande interesser som gjer seg gjeldande. Under føresetnad at omsyna er saklege ut frå reguleringsmessige kriterier og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det opp til kommunestyret å avgjere korleis omsyna / interessene skal vegast i saka.

Innafor dei rettslege rammene for lovleg arealbruk, som er sett i PBL§§ 12-5 og 12-6 og moglegheita til å gi nærmare føresegn om utforming og bruk av areal og bygningar etter PBL § 12-7, er det kommunen si skjønsmessige vurdering kva som er hensiktsmessig arealbruk innanfor eit avgrensa område. Denne skjønsmessige vurderinga ligg under kommunen, som planmynde, sitt frie skjønn til å avgjerde.

Rådmannen viser til at den skjønsmessige vurderinga av saka går klart og tydeleg fram av kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for Eggesbøjord. Til dette høyrer det også vurdering av reguleringsplanen sitt planfagleg innhald, løysingar og vurdering av innspel som følgje av planprosessen. Ein vurderer det slik at vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan er grunngeve, innspel er handsama og korrespondanse med offentleg partar er dokumentert. Rådmannen vurderer handsaming av reguleringsplan i tråd med dei forvaltningsrettslege prinsippa ved offentleg mynde.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 18.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

GAZ

**ADVOKATENE**  
**AARSÆTHER, HOVE OG TYNES**

I KONTORFELLESSKAP  
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6004 Molde

 <b>HERØY KOMMUNE</b> <b>RÅDMANNEN</b>	
Revs. nr. 2013/165	Saksbeh. AZT
11 JUNI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Ålesund, 10. juni 2015  
BKH/kf

**Klage over Herøy kommunes vedtak 19. mai 2015 (sak 2013/165).**

**Klager: Barstad klær AS m.fl.**

Jeg viser til klage 10. april 2015 over Herøy kommunestyres vedtak 26. mars 2015.  
("Detaljreglering for Eggesbøjord og området FK/O".)

Videre vises til Herøy kommunes delegasjonsvedtak 19. mai 2015 meddelt hit i kopi ved brev stilet Fylkesmannen i Møre og Romsdal, frankert 22. mai 2015, sålydende:

*"Med heimel i Herøy kommunes sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" vedteke K-sak 79/12, og intern delegasjon frå rådmannen, ble gjort slikt*

**Vedtak:**

*Utviklingsleiar finn å avvise klagen som er framført av advokat Hove på vegne av Barstad klær AS med tilvisning til at klagen gjeld for forhold som er avgjort i tidligere godkjent reguleringsplan, jfr. plan- og bygningsloven § 1-9, første ledd."*

Delegasjonsvedtaket stilet Fylkesmannen i Møre og Romsdal og sendt undertegnede i kopi, ble umiddelbart her forstått som at klagen ikke var tatt til følge og saken sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for sluttføring av klagesaksbehandlingen, jf fvl. § 33.

Nærmest ved en tilfeldighet – og innen klagefristen – er jeg blitt oppmerksom på at kommunen ved delegasjonsvedtaket avviser realitetsbehandling av klagen. Og som er noe annet enn ikke å ta klagen til følge.

Et avvisningsvedtak er i seg selv gjenstand for klage og avvisningsvedtaket påklages herved rettidig til opphevelse, idet kreves at klagesaken undergis realitetsbehandling.



**ADVOKATENE  
AARSÆTHER, HOVE OG TYNES**

Et hvert vedtak – også avvisningsvedtak – fordrer hjemmel. Pbl. § 1-9 som det vises til ved avvisningsvedtaket – hjemler ikke avvisning av klage over gjort reguleringsplanvedtak 26. mars 2015.

Dertil skal – uten at det har betydning for avvisningsvedtakets gyldighet - bemerkes at avvisningsvedtakets drøftelser underbygger anførslene nedfelte ved klagen herfra 10. april 2015. Avvisningsvedtaket bes opphevet og klagen over reguleringsplanvedtaket undergitt realitetsbehandling, jf. fvl. § 33.

For tilfellet kommunen ikke tar anførslene til følge skal saken sendes Fylkesmannen for realitetsavgjørelse. Og hvor Fylkesmannen som klageinstans – til liks med kommunen som underinstans – plikter å drøfte klagens anførsler.

Dersom kommunen – mot formodning – ikke tar klagen over avvisningsvedtaket til følge blir den delen av saken å sende Fylkesmannen til realitetsbehandling.

Klagen stiles Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendes Herøy kommune, jf. fvl § 33.

Med vennlig hilsen



Bjørn Kristian Hove  
advokat



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset  
6404 MOLDE

## DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	AZT	Saksnr.	2013/165
Utvalssaknr:	161/15	Arkiv:	L12
		Vedtaksdato:	19.05.2015

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

### Avvising av klage

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" vedteke K-sak 79/12, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt*

### Vedtak:

Utviklingsleiar finn å avvise klagen som er framført av advokat Hove på vegne av Barstadklær AS med tilvising til at klagen gjeld for forhold som er avgjort i tidlegare godkjent reguleringsplan, jfr. plan- og bygningslova § 1-9, første.ledd.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.*

Kopi:

Advokat Bjørn Kristian Hove Postboks 815 6001 ÅLESUND



Vedlegg:

- 1- Klage på vedtak, datert 10.04.2015.
- 2- Saksprotokoll frå møte 26.03.2015.

Saksopplysningar:

Kommunestyret godkjende den 26.03.2015, i K-sak 32/15, detaljreguleringsplan for Eggesbøjordra område F/K/O.

Forretningane Mega, Kiwi og Rema 1000 er i dag etablert og planlagt etablert på Myklebust i Herøy kommune. Forretningane Mega og Kiwi er omfatta av reguleringsplanane BP Kvithaugsmyra og reguleringsendring for Herøysenteret. Planlagt ny Rema 1000 butikk er omfatta av ein anna reguleringsplan Eggesbøjordra området F/K/O. Sistnemnde er eit privat forslag til detaljreguleringsplan heimla i overordna flatereguleringsplan som blei godkjent 26.04.2012. I denne planen låg der eit krav om bebyggelsesplan for området der Rema 1000 no vil etablere seg. Etter samtalar mellom Herøy kommune og juridisk avdeling hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, blei det bestemt at kravet om bebyggelsesplan skulle tolkast som om det måtte utarbeidast ein detaljreguleringsplan etter PBL. I planprosessen med flatereguleringsplan for Eggesbøjordra (godkjent i 2012) blei det forhandla fram at det kunne opnast opp for detaljhandel i dette området. Gjennom samtalar mellom Herøy kommune og Fylkeskommunen blei ein samde om at føresegna om avgrensing av detaljhandel, som også ligg i dette planforslaget, skulle takast inn plan. Føresegna i detaljreguleringsplanen av 2014 er av noko anna ordlyd enn flatereguleringsplanen frå 2012, men føresegna har slik ein vurderer det, same innhald og juridisk avgrensing som i overordna plan.

Detaljhandel for området Myklebust / Eggesbønes og Eggesbøjordra har vore eit tema i planprosessen med utarbeiding av detaljreguleringsplanen. Ein viser her til den ovannemnde avgrensinga i føresegnene som er i tråd med overordna plan. Når det gjeld planomtalen, viser ein til at detaljhandel er omtala på side 24-25 i planomtale og at det her er gjort vurdering i høve overordna planar.

Detaljreguleringsplanen av 2014 er ei utfylling av flatereguleringsplanen for Eggesbøjordra frå 2012 og har med seg dei same føresegnene knytt til detaljhandel som i overordna flatereguleringsplan. Planforslaget er soleis i samsvar med overordna plan. Desse føresegnene avgrensar grenser for detaljhandel innanfor planområdet til Eggesbøjordra og må ikkje forvekslast med reguleringsplan for Herøysenteret og Kiwi. Rammene for detaljhandel for Eggesbøjordra har ein gjennom tidlegare planprosess blitt samde om med Fylkeskommunen.

#### Klage:

Advokat Hove hevdar at tidlegare merknader og motsegn er opprettheldt og er ein del av klagen. Det blir vidare hevda at det ikkje ligg føre lovleg grunnlag for reguleringsplanvedtak. Det blir hevda at Fylkesmann og Fylkeskommune har ikkje svart på førespurnad frå advokat Hove. Fylkesmannens tilbaketrekking av motsegn er, etter advokat Hove sitt syn, eigna for undring og det blir hevda at tilbaketrekkinga framstår utan grunngeving. Advokat Hove hevder vidare at det ikkje er sant at Fylkeskommunen, i samband med overordna plan for Eggesbøjordra, har akseptert dei grenser for detaljhandel som er sett i detaljreguleringsplan for Eggesbøjordra. Hove meiner at vedtaket må vere fatta på korrekt faktum. Det blir vist til at

kommunen sitt vedtak må opphevast, då advokat Hove hevdar at dette er i strid med gjeldande rikspolitiske retningslinjer.

Vurdering og konklusjon:

Utviklingsleiaren viser til at advokat Hove har kome med innspel til planprosessen med utarbeiding av detaljreguleringsplan for Eggesbøjordra området F/K/O, som blei vedtatt av kommunestyret i K-sak 32/15, i møte av 26.03.2015. Innspelet har vore kommentert, gjort greie for og er blitt handsama av politiske organ.

I klagen framført av advokat Hove blir det vist til rammer for detaljhandel i reguleringsplan. Utviklingsleiaren viser til at spørsmål om grenser for detaljhandel i området har tidlegare vore fastsett gjennom overordna reguleringsplan. Klagen vert avvist med grunngjeving i at klagens innhald er tidlegare avgjort gjennom ein rettsleg bindande reguleringsplan etter plan- og bygningslova.

Med bakgrunn i ovannemnde finn ein å måtte avvise klagen.

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar


*Dokumentet er elektronisk signert og er utan signatur*

Aleksander Zahl Tarberg  
Sakshandsamar

**ADVOKATENE**  
**AARSÆTHER, HOVE OG TYNES**

I KONTORFELLESSKAP  
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 Molde

 <b>HERØY KOMMUNE</b> <b>RÅDMANNEN</b>	
Reg nr. <b>2014/1044</b>	Saksbeh. <b>AZT</b>
<b>2013/165</b> <b>13 APR. 2015</b>	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr	Dok nr
Kassasinn	

Ålesund, 10. april 2015  
BKH/nw

**Klage over Herøy kommunes vedtak i sak PS – 32/15 "Detaljregulering for Eggesbøjorda Området F/K/O". Klager: Barstad Klær AS m.fl.**

Jeg viser til Herøy kommunestyrets vedtak 26. mars 2015, sålydende:

*"Herøy kommunestyre godkjenner, i medhold av plan-og bygningslova § 12-12, "Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m.fl. – Området F/K/O" med tilhørende reguleringsføresegner og planomtaler inkludert vedlegg, datert 17.09.2014."*

Vedtaket er et enkeltvedtak gjenstand for klage, jf. pbl. § 1-9 og fvl. kap. VI. Vedtaket påklages på vegne av min part herved rettidig til opphevelse. Tidligere anførsler og innsigelser fastholdes og gjøres til del av nærværende klage.

På vegne av part gjøres gjeldende ikke å foreligge lovlig grunnlag for gjort reguleringsplanvedtak. I så måte vises til

**Bilag 1:** Mitt brev stilet Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 05. februar 2015 med vedlegg.

Det fremstår direkte egnet til undring av verken Fylkesmannen eller Møre og Romsdal fylkeskommune har respondert på henvendelsen. Det er ikke i tråd med god forvaltningsskikk.

Dertil fremholdes ikke å foreligge grunnlag for slike rettslige slutninger som så vel Fylkesmannen i Møre og Romsdal som Møre og Romsdal Fylkeskommune har kommet til i etterkant av egne fremsatte innsigelser, begge daterte 05. desember 2014 (jf. Bilagene 4 og 5 til mitt ovennevnte brev).



Såvidt gjelder Fylkesmannens tilbaketrekking av innsigelse vises til Fylkesmannens brev 02. februar 2015.

**Bilag 2:** Fylkesmannens brev 02. februar 2015.

Brevet er egnet til undring og fremstår ellers uten begrunnelse.

Såvidt gjelder Fylkeskommunens tilbaketrekking av innsigelse vises til Møre og Romsdal fylkeskommunes brev 02. februar 2015.

**Bilag 3:** Møre og Romsdal fylkeskommunes brev 02. februar 2015.

Brevet bygger på feil faktum.

Vedrørende dette siste vises til min etterfølgende e-postkorrespondanse med Fylkeskommunens saksbehandler.

**Bilag 4:** E-postkorrespondanse med Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Johnny Loen.

*"Sentrum inneholder store kulturelle, miljømessige og økonomiske verdier, er mest tilgjengelig for miljøvennlig transport og har et stort potensiale for miljørettet utvikling. Handel er en viktig del av sentrums funksjoner og attraktivitet."*

Sitatet er henta frå eit faktahefte frå Miljøverndepartementet (ref 1), og set fingeren på noko vi alle er opptekne av. *Sentrum* i byar og tettstader er åstad for handel, tenesteyting, sørvis og kultur. *Sentrum* er såleis eit offentleg rom med felles møteplassar, og det er ikkje likegyldig korleis desse blir skjøtta.

Detaljhandelen er ein viktig premissgivar når det gjeld organisering og utforming av regional, byar og tettstader. Ein fellesrapport (ref 2) frå dei fem nordiske miljøministeria, desember 2002, set fokus på dette. I alle landa foregår diskusjonar om – og endringar i – planreglar som gjeld detaljhandel. Grunnlaget for desse prosessane er samanfatta i fire spørsmål, som utan vidare også reflekterer mål:

- Korleis kan ein sikre innbyggjarane eit godt varetillbod i rimeleg avstand?
- Korleis kan investeringar i varehandelen med verke til vedlikehald og fornying av byar og tettstader?
- Korleis kan varehandelen medverke til eit godt miljø i byar og tettstader?
- Korleis kan styresmaktene gjennom planlegging påverke investeringane i varehandelen slik at ein oppnår bærekraftig regional utvikling?

Rapporten slår fast at dei nordiske landa (og øvrige vesten) er inne i ei utvikling, som gitt måla ovanfor er negativ, og som er karakterisert av:

- Auka konsentrasjon av detaljhandelen i store kjøpesenter og større einingar.
- Kraftig utvikling i talet på eksterne kjøpesenter (utanfor etablerte byar og tettstader) og etableringsvilkår som favoriserer slike
- Svekkede detaljhandel i eksisterande bykjerner og i rurale område.
- Auka satsing på bilkundar, under dekke av auka mobilitet generelt.
- Lengre avstandar for å dekke variasjonen av varetillbod.
- Overkapasitet i butikkareal.
- Manglande offentleg inspirasjon og rettleiing i høve til utvikling av nye butikkar, nye konsept, meir variert varetillbod, fortsatt konkurranse, innan eksisterande by- og tettstadsenter.

Vi kan ut frå dette slutte oss til at mange av dei tradisjonelle, offentlege møteplassane i "sentrum" har vorte svekka, både som fokusområde og med omsyn til den faktiske situasjonen. Dei nye kjøpesentra er ofte lokalisert utanfor eksisterande sentrum. Såkalla "eksterne" kjøpesenter kan også vere viktige møteplassar, men det er likevel eit uttrykt mål i nasjonal politikk, både i Norge og resten av Norden, å stimulere til levande sentrum i byar og tettstader. Dette er grunnleggjande både med auka arealeffektivitet, auka transporteffektivitet og auka trivsel, med andre ord berekraft og miljø.

I tråd med dette vart det i Norge i 1999 vedteke "*Rikspolitiske bestemmingar om mellombels etableringsstopp for kjøpesenter*" (RPB; sjå kap. 2.2). Dette er den direkte årsaka til igangsetting av fylkesdelplanarbeidet. Gjennom forarbeidet var det ein føresetnad at RPB, i løpet av verknadstida, skulle erstattast av retningslinjer og prinsipp nedfelt i fylkes(-del)planar.

Fylkesdelplanen for senterstruktur tek opp utfordringar på ulike nivå:

- Samspel og funksjonsdeling mellom ulike tettstader, og mellom tettstader og omland (senterstrukturen).
- Utvikling av levande og trygge møteplassar i det offentlege rommet.
- Den arealmessige avgrensinga av eit sentrum.
- Retningslinjer for lokalisering av detaljhandel, sørvis og tenestetilbod

### 2 PLANLEGGINGSANSVARET

#### 2.1 Fylkesplanlegginga

Fylket er etter plan- og bygningslova (pbl) ansvarleg for samfunnsplanlegging. Her heiter det mellom anna i § 19-1:

*"Fylkeskommunen skal sørge for at det innen fylkets område utføres en løpende fylkesplanlegging..."*

*"..I planen fastlegges også retningslinjer for bruken av arealer og naturressurser i fylket når det gjelder spørsmål som får vesentlige virkninger ut over grensene for en kommune.."*

*"..Når det er hensiktsmessig, kan det utarbeides fylkesdelplan for bestemte virksomhetsområder eller grupper av tiltak fylkesplanleggingen omfatter og for deler av fylket.."*

Fylkesdelplan for senterstruktur er ein slik delplan. Pbl fastlegg også prosessreglane. Fylkes(-del)plan skal leggjast fram for Kongen i statsråd til godkjenning etter at den er eigengodkjent i fylkestinget (Kgl. Res.) Fylkes(-del)plan "*..skal legges til grunn for fylkeskommunal virksomhet og være retningsgivende for kommunal og statlig virksomhet i fylket.*" (§19-6).

## 2.2 Rikspolitiske vedtak

Plan- og bygningslova, § 17-1, 2.ledd, gir Kongen heimel til å

*"..stille opp generelle mål og rammer og gi retningslinjer for den fysiske, økonomiske og sosiale utvikling i fylker og kommuner som skal legges til grunn etter denne lov [pbl]"*.

I samsvar med dette, er det gjort to vedtak som er særskilt viktige her:

1. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna areal- og transportplanlegging, fastsett ved Kongeleg resolusjon 20 august 1993.

RPR pålegg ei samordning av arealbruk og transportløyningar mellom anna for å avgrense transportbehov, og for å gi korte avstandar i høve til daglege gjeremål. Fylkeskommunen vert tillagt ansvaret for eit regionalt perspektiv, der m.a. den geografiske avgrensinga av byar og tettstader, samt senter- og sørvisstruktur bør drøftast. I Møre og Romsdal er RPR integrert i gjeldande fylkesplan og -delplanar, mellom anna i fylkesdelplan for transport.

2. Rikspolitisk bestemming (RPB) om mellombels [5 år] etableringsstopp for kjøpesenter utanfor sentrum av byar og tettstader, fastsett ved Kongeleg resolusjon 8. januar 1999.

RPB definerer kva som er "sentrum av byer og tettstader". I Møre og Romsdal er dette sentrum i Ålesund, Molde og Kristiansund. Etableringsstoppen galdt med andre ord alle andre stader.

Føremålet med RPB var m.a. å styrke eksisterande by- og tettstadsentrum, å samordne den regionale politikken for større kjøpesenter og å sikre tilgjenge til viktige tilbod også for dei som ikkje disponerer bil. I utgreiinga før Stortingsvedtaket vart det klargjort at fylkesplanar skulle erstatte RPB i løpet av den perioden RPB galdt.

## 3 SENTERSTRUKTUR OG REGIONALISERING

Ein kan ikkje tale om senterstruktur utan å kome inn på regionomgrepet. Dette er ei utfordring i seg sjølv. Kva er ein region? Ein region kan vi definere som eit geografisk område avgrensa ved dei funksjonelle samhengane mellom eit regionsenter og eit omland. Grensene mellom dei einskilde regionane er såleis grunnleggjande ut frå statistikk og annan kunnskap om dei funksjonane ein ønskjer å inkludere. I vår samanheng taler vi om bu- og arbeidsmarknadsregionar. Vi inkluderer også tilbodet av detaljhandel, private og offentlege sørvistenester og kultur. Slike tilbod er naudsynt for å gjere regionane heilskapelege og attraktive for busetnad og næringsetablering. Regionsenteret er det lokaliseringmessige tyngdepunktet for ulike tilbod og funksjonar i sin region, og omlandet er knytt til sitt regionsenter gjennom omfattande og gjensidig utveksling av varer, tenester, arbeidskraft mv.

Regionomgrepet kan nyttast på ulike nivå. I debatten om "regionane sitt Europa" er det storbyane som motor i ein bu-, arbeids- og sørvisregion ein taler om. Folketettleik og avstandar gjer at substansen blir vesentleg ulik når ein prøver å trekkje denne debatten inn i norsk politikk. For tida er det landsdelsdebatten som

dominerer, og i ein slik samanheng er Møre og Romsdal sin status uvis. Forvaltingsmessig er fylket dels ein eigen region, dels tilslutta større regionar nordover eller sørøver, eller også delt mellom større regionar nordover og sørøver. I tillegg er det ikkje vanskeleg å erkjenne at trafikken mot Oslo faktisk er større enn den er til landsdelsentra Bergen og Trondheim. Fylkesdelplanen omhandlar regionar på eit endå lågare nivå, nemleg dei regionane som i vår samanheng framstår mest mogleg likt reelle bu- og arbeidsmarknader. Desse er definert av Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) ut frå data om pendling og reiseavstand (ref 3). Sjå også kapittel 4.5.

Senterstruktur inneber ei forståing av at ulike senter har ulik funksjon. Dei er senter på ulike nivå. Møre og Romsdal har ikkje noko eintydig utprega fylkessenter. Ålesund, Molde og Kristiansund er nokonlunde likverdige motorar i respektive omland, sjølv om Ålesund er suverent størst i folketal og trekkjer sterkast, i alle fall sett utanfrå. Dei mange bygdebyane i fylket kan dels ha sentrumsfunksjonar for nabokommunar, dels berre for eigen kommune. Dels kan bygdebyane seg i mellom også ha ulike former for funksjonsdeling i same bu- og arbeidsmarknadsregion (polysentrisk region).

Vi ser det som viktig at lokale krefter kan utvikle tilbod innan sin kommune ut frå storleiken på det faktiske omlandet. Vi veljer derfor å fokusere på å gjere alle eksisterande byar og tettstader meir konsentrerte, attraktive og trygge. Dette vil vi gjere gjennom å legge til rette for lokalisering av handels- og sørvistilbod i tettstadene, og ikkje utanfor. Vi er overtydd om at ei styrking av regionsentra også er ei styrking av omlandet. Vi definerer derfor ein senterstruktur med berre to nivå.

Det eine nivået gjeld alle tettstader med meir enn 2000 innbyggjarar som i dag har eit visst omfang av handel og sørvis, og som i tillegg har eit visst bymessig preg i form av handlegate eller liknande. Med unnatak av Moa/Spjelkavika er alle slike stader kommunesenter. Same status vert gitt øvrige kommunesenter. Her skal ein legge til rette for at det kan skje større nyetableringar/utvidingar innan handel og sørvis. Det er likevel ein føresetnad at etableringane vert tilpassa eit realistisk omland. Det er også ein føresetnad at kommunen gjennom kommuneplan definerer den arealmessige avgrensinga av sentrum. Når det gjeld det innbyrdes hierarkiet mellom tettstadene, vil marknaden truleg sjølv kanalisere investeringar av regional storleik til dei tettstadene som er marknadsmessig interessante regionalt.

Det andre nivået i senterstrukturen er alt som fell utanfor dei definerte sentrumsareala. Det er lite ønskeleg å legge til rette for nye sentrumsdanningar som kan svekke eksisterande struktur og eksisterande tilbod, eller som genererer omfattande, nye transportbehov. I desse områda skal det ikkje leggjast til rette for større nyetableringar/utvidingar.

### 3.1 Innhaldet i ein tettstad

Tettstader er attraktive i kraft av sitt innhald. I statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) er definisjonen av tettstad nemnt som "ei hussamling der det bur minst 200 personar". Denne definisjonen stiller ikkje krav om anna innhald enn busetnad. SSB vil såleis liste opp ei lang

rekke "tettstader" som vi ikkje har som føremål å fokusere på i fylkesdelplanen.

Erfaringstal syner at aksepten for reisetid [til eit tilbod] aukar med auka variasjon i tilbodet. Dette betyr i praksis at omlandet til eit regionsenter aukar med storleiken på senteret. For å vere robust over tid må ein region ha eit variert tilbod innan arbeidsplassar, detaljhandel, privat tenesteyting og kultur. Like viktig er det med offentlege tilbod t.d. innan skule og helse. Dette fordrar også innbyggjarar i eit tal som gjer det rekningsvarande å oppretthalde tilboda.

Sist, men ikkje minst er det viktig med møteplassar i det offentlege rommet, og at desse vert oppfatta som trygge og tiltrekjande. Vi talar då om den estetiske utforminga i tettstadene, om benkar, parkar og torg, om tilrettelegging for alle typar brukarar, og om transport- og parkeringsløyisingar som gjer det lettvis og naturleg å nytte tilboda.

Som regel er det største mangfaldet samla i regionsentra, og det er nettopp dette som gjer staden til eit regionsenter. I eit par av regionane i Møre og Romsdal er regionsenterfunksjonen ikkje eintydig knytt til ein tettstad. Dette gjeld Ytre Søre Sunnmøre og Ørsta/Volda-regionen. I desse regionane er det fleire tettstader som samla gir ein variasjon i tilboda. Både SSB og NIBR side-stiller Ørsta og Volda som regionsenter, men peikar ut Ulsteinvik som sentrum for Ytre Søre Sunnmøre. Det siste er det ikkje politisk aksept for i regionen. Hovudsaka på kort sikt er at løysingane fungerer praktisk for dei som bur i regionen, men på lang sikt vil det også vere eit spørsmål om kor robust tilbodet vert oppfatta av potensielle investorar og tilflyttarar.

Nokre kommunar har så lang reisetid til næraste større tettstad at dei for ein stor del utgjer eigne bu- og arbeidsmarknadsregionar. Dette er basert på faktiske tal for arbeidsreiser (ref 3). Sjølv om desse kommunane i dag framstår som lite robuste einingar, er det viktig å legge til rette for å oppretthalde og utvikle variasjonen i tilboda. Konsentrasjon i kommunesentra kan medverke til dette. Det er for øvrig verd å merke seg at dei dei fleste tettstader faktisk har fått et betre tilbod i dag enn i 1972. Dette gjeld for også mange mindre tettstader (ref 4).

Fylket har gjennom fleire år hatt eit eige program for utvikling av tettstader, og løyvd midlar til ei rekke tiltak i ymse kommunesenter. I tillegg deltek Ulstein, Haram, Rauma og Tingvoll i programmet "Miljøvenlege og attraktive tettstader". Innrettinga av verkemiddel i desse programma fell saman med måla i fylkesdelplan for senterstruktur.

### 3.2 Endringar

Ei styrking av dei "motorane" vi faktisk har, store eller små, vil vere gunstig for dei som bur og virker i Møre og Romsdal, uavhengig av diskusjonen om framtidige fylkes-, regions- og kommunegrensar. Over tid vil likevel dagens grensar endre seg, og med det tilhøvet mellom tettstadene. Nye samferdselstiltak er kanskje det viktigaste verkemiddelet for dette.

Vi veit at Eiksundsambandet står ferdig om få år. Dette vil binde Ørsta/Volda og Ytre Søre Sunnmøre sterkare

saman. Dei to regionane er i dag ulike med omsyn til næringsstruktur og kan såleis utfylle kvarandre gjennom pendling. Samla kan ein då sjå for seg ein ny region med over 40.000 innbyggjarar. Diskusjonen om regionsenter kjem uvilkårleg i kjølvatnet.

Mellom Molde sentrum og Kristiansund er det i dag ein time med bil. Delar av Romsdal og Nordmøre vil over tid kunne flyte saman i ein felles bu- og arbeidsmarknad. Ny tunnel gjennom Gjemnesaksla, samt Atlanterhavstunnelen mellom Averøy og Kristiansund vil medverke ytterlegare til dette.

Todalsfjordprosjektet, samt utbetringar langs riksveg 70 vil knyte Sunndal- og Surnadalsregionane nærare Kristiansund og Molde. I motsett retning vil pågåande utbetringar mellom Orkanger og Trondheim knyte Rindal og Surnadal endå sterkare til Trondheim. Imarsundprosjektet gir Tustna og Smøla nærare tilknytting til Aure. Tustna og Aure planlegg samanslåing. Samstundes vil tilkomsten frå Aure til Kristiansund bli lettare, og kanskje kontakten med Hemne noko mindre.

Fleire andre vegprosjekt er tenkte og/eller under planlegging, og føremålet med alle er å knyte sterkare band innan og mellom dagens regionar. Vi nemner t.d. Nordøyvegen, Langfjordtunnelen, Kvisvsvegen og fastlandssamband til øyane i Sande.

Til sist er det verd å nemne at Ålesund i dag er den byen i fylket som vekst fortast. Dette fører over tid til endringar i balansen mellom Ålesund og dei to andre byane i fylket. Ålesund er med andre ord den byen som kan ha potensiale til å vere landsdelsenter. Det er viktig å innsjå at dette er positivt også for Molde og Kristiansund.

Det er mange scenarier i denne utviklinga. Kanskje ser vi i ytterpunktet for oss to funksjonelle bu- og arbeidsmarknader, ein på Sunnmøre og ein som femner Nordmøre og Romsdal. Dette vil vere utanfor horisonten til fylkedelplanen, men i samsvar med trendar som også er viktig å ta omsyn til i planen.

## 4 STATISTIKK- OG KUNNSKAPSBAKGRUNN

Dette kapitlet, med ulike delkapittel, syner at dei fleste indikatorar peiker i retning av den same regionale senterstrukturen som NIBR har kome fram til i sin rapport (ref 3). Dette gjeld anten ein ser på detaljhandel, private og offentlege sørvistilbod, arbeidspendling eller folketalsutvikling. Framtida ser ut til å ligge i dei større tettstadene. Dette er like mykje eit spørsmål om folk sine preferansar som med politikk. Derfor må tettstadene utviklast best mogleg, også i Møre og Romsdal. Samstundes må ein sikra eit tilstrekkeleg tilbod til dei som prioriterer annleis. Det er god grunn til å slutte seg til følgjande konklusjon (ref 13, sitat):

"...[Det er] grunn til å sette servicedekningen i flere av de mindre kommunene på dagsorden, slik at det lokale servicetilbudet ikke kommer under en nødvendig minstepandard. Spesielt gjelder dette kommuner der avstandene til alternative tilbud er forholdsvis store.

I fylkesplansammenheng må dette sees i et regio-

nalt perspektiv. Behovet for et sterkt regionalt senter fremtrer som viktigere enn noen gang, slik at innbyggerne i de enkelte regionene i landet kan få et best mulig tilbud innen regionen. Det forutsetter at de mindre kommunene som sogner til det regionale senteret mht. service som krever et stort befolkningsgrunnlag, støtter opp om det regionale hovedsenteret. Dette må skje samtidig som en har en strategi for å styrke lokale tilbud som kan klare seg med det lokale kjøpekraftsgrunnlaget. Dette blir en stor utfordring i årene som kommer.”

#### 4.1 Handel

Føremålet i dette kapitlet er å seie noko om korleis handelstilbodet er geografisk strukturert i fylket, og korleis dette utviklar seg. Handelstilbodet utviklar seg i eit samspel mellom kundane og tilbydarane. Å forstå korleis dette samspelet endrar seg over tid er viktig i diskusjonen om regional og regionsentrum. For folk flest er det viktig å ha eit tilbod som fungerer, uavhengig av bustad. Men medan kundane sine mål og preferansar oftast har ei tydeleg forankring i lokalmiljøet, har tilby-

darane mål som er meir prega av nasjonale og internasjonale rammevilkår, og dei viktige avgjerdene blir ofte tekne i god avstand til det lokalmiljøet der aktiviteten faktisk skjer. Dette gjeld i stor grad også i detaljhandelen, sidan aktørane som regel er tilknytta større kjeder.

Grunnlaget for kapitlet er to rapportar laga av NIBR (ref 5 og 6). Den første av desse er ein av ein serie fylkesvise analyser som Miljøverndepartementet bestilte i kjølvatnet av RPB. Den andre vart bestilt av Møre og Romsdal fylkeskommune, og er ei nyare oppdatering av dei same analysene.

Rapportane argumenterer for at at ein “ved hjelp av offentlig statistikk kan si noe om en kommunes attraktivitet som handels- og tjenestested.....En kan også si noe om utviklingen på regionalt nivå, som kommunen og hovedsenteret i kommunen er en del av som handels- og tjenestested”.

Rapportane gir eit bilete av dekningsgrad i detalj-

	1980	1984	1988	1989	1990	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999
Molde	184	151	137	139	142	146	140	163	162	159	156	156	153
Kristiansund	163	148	139	139	147	144	148	151	146	147	153	140	146
Ålesund	176	158	147	150	156	155	147	175	171	169	170	162	162
Vanylven	82	75	69	68	69	72	70	84	83	79	80	81	75
Sandø	48	52	55	56	57	57	56	59	56	54	52	48	47
Herøy	64	59	57	60	94	63	61	68	65	66	66	62	62
Ulstein	115	127	104	120	123	120	125	129	129	127	137	138	136
Hareid	78	62	64	66	85	83	70	75	86	79	70	69	65
Volda	96	93	84	82	91	92	93	96	100	95	97	96	84
Ørsta	99	103	89	97	96	98	97	111	111	116	98	108	99
Ørskog	89	74	72	67	85	84	87	99	99	110	97	93	89
Norddal	90	77	66	76	66	73	73	75	68	68	69	60	75
Stranda	84	80	78	79	83	88	77	82	76	78	79	74	76
Stordal	89	59	68	71	79	76	76	84	75	69	62	53	60
Sykkylven	76	65	59	71	80	78	74	93	92	85	92	92	87
Skodje	64	55	57	56	59	54	54	51	49	53	45	44	44
Sula	55	51	46	46	51	48	48	50	47	50	54	51	54
Giske	44	38	42	44	47	50	49	66	59	63	59	57	55
Harøy	81	70	58	60	62	63	59	64	62	62	63	60	62
Vestnes	71	66	63	69	70	73	70	83	84	78	77	75	77
Rauma	106	103	80	85	92	96	90	96	97	81	87	86	89
Neset	92	79	81	64	68	67	66	71	69	68	66	63	65
Ålesund	53	43	48	47	51	54	51	55	55	52	51	51	46
Sandøy	57	53	51	51		56	55	59	58	58	53	45	52
Aukra	55	47	37	39	38	41	42	50	50	47	47	45	46
Fræna	67	68	71	79	84	83	78	86	92	91	92	89	91
Etne	78	66	53	63	64	70	60	75	74	79	80	77	73
Averøy	50	51	54	59	56	61	60	73	82	76	76	76	80
Frøy	44	45	34	25	38	39	41	47	51	43	44	43	42
Gjemnes	42	35	31	38	38	40	42	45	41	38	40	43	45
Tingvoll	66	49	41	46		51	50	70	65	63	59	66	65
Sunndal	109	100	101	109	119	112	102	104	112	104	105	104	110
Surnadal	79	37	39	36	99	96	95	105	99	99	103	114	101
Rindal	52	46	43	52	56	51	59	61	63	64	65	50	53
Aure	74	57	65	71	74	68	63	71	73	50	60	58	59
Halsa	72	69	70	69	65	62	57	59	54	55	56	52	53
Tustna	58	53	45	47		48	43	51	49	47	47	39	43
Smøla	59	54	55	61	65	64	63	63	58	56	64	65	65
Møre og Romsdal	110	99	92	95	101	100	97	110	109	107	107	105	105

TABELL 1: Dekningsgrad for detaljhandel kommunevis. Data frå ref 5 og 6



	Dagligvarer				Spesialvarer			
	1996	1997	1998	1999	1996	1997	1998	1999
Molde	149	154		149	163	136		135
Kristiansund	154	166		164	145	148		139
Ålesund	143	133		160	179	175		162
Vanylven	131	129		130	56	60		53
Sandø	93	94		98	37	34		28
Herøy	103	104		110	50	50		44
Ulstein	122	127		137	128	141		135
Hareid	115	111		109	64	52		48
Volda	108	114		126	90	90		82
Ørsta	118	117		129	115	91		87
Ørskog	152	124		124	91	86		75
Norddal	168	171		175	20	22		33
Stranda	129	124		130	56	60		53
Stordal	150	140			32	28		
Sykkylven	102	102		104	78	87		81
Skodje	80	71		74	42	35		33
Sula	80	80		86	37	43		42
Giske	102	101		102	46	42		36
Haram	105	97		99	44	49		48
Vestnes	107	103		112	66	67		64
Rauma	106	114		126	71	76		76
Nesset	126	127		130	42	40		40
Midsund	106	105		106	29	29		23
Sandøy	143	140		126	18	13		23
Aukra	85	87		91	30	30		29
Fræna	106	106		109	86	86		84
Eide	117	119		124	64	63		53
Averøy	120	120		128	57	58		61
Frei	58	59		61	37	38		34
Gjemnes	99	100		109	12	15		20
Tingvoll	129	125		132	42	30		38
Sunnal	125	138		154	95	91		93
Surnadal	131	123		132	85	95		89
Rindal	87	88		105	54	56		33
Aure	91	132		121	33	28		34
Halsa	156	163		152	8	8		11
Tustna	109	108		129	19	21		3
Smøla	143	139		150	16	32		30

TABELL 2 Dekningsgrad for detaljhandel kommunevis, fordelt på daglegvarer og spesialvarer. Data frå ref 5 og 6.

handelen, og korleis denne har utvikla seg over tid. Tabell 1 syner dette på kommunenivå, medan tabell 3 syner regionale tal (= SSB sine økonomiske regionar, jamfør kapittel 4.5). Tala i tabellane kjem fram gjennom formelen:

$(A/B) * 100$ , der

A = faktisk detaljvareomsetnad i kommunen/regionen  
 B = kjøpekraft, som er det estimerte omsetnadspotensialet frå forbrukarar, næringsliv og storhushald med tilhald i kommunen/regionen.

Tabellane syner såleis relative storleikar og ikkje absolutte tal. Tal mindre enn 100 indikerer handelslekkasje, medan større tal tyder på import av kjøpekraft. Motorkøyrety og drivstoff er inkludert i desse tabellane. Daglegvarebutikkane representerer for dei fleste det mest primære behovet og det tilbodet ein ønskjer å ha mest tilgjengeleg. Vi har derfor skild desse frå andre detaljvarer (spesialvarer) i tabell 2. For nærare forklaringar syner vi til ref 5 i litteraturlistinga.

#### 4.1.1 Kva fortel tabellane?

Både tabell 1 og 2 stadfestar kva kommunar som har sentrum med

ØK-region	1994	1997	1998	1999
Ålesundsregionen	122	118	113	113
Moldere regionen	112	108	108	107
Kristiansundsregionen	109	109	102	105
Ulsteinvikregionen	86	85	84	82
Ørsta-/Voldaregionen	104	97	103	97
Sunnalregionen	94	92	93	97
Surnadalsregionen	88	87	90	83

TABELL 3 Dekningsgrad for detaljhandel regionvis. Data frå ref 5 og 6.

regionale funksjonar reint handelsmessig. Ålesund, Molde, Kristiansund, Ulstein og Sunndal kommunar har trekt kjøpekraft frå ein større marknad enn kommunen åleine, gjennom heile perioden. Surnadal har styrka sin posisjon mot slutten av perioden, medan Rauma har sett motsett utvikling. Ørsta har også år om anna hatt handelsmessig innpendling, medan nabosenteret Volda har ligge litt lågare. Ingen av dei andre kommunane har systematisk hatt like høge tal som desse. Dersom ein samanliknar med tal for detaljhandel utan motorkøyrety og drivstoff (ref 6) er resultatet stort sett det same, men der ligg Volda over 100 og Ørsta under (utlagt at voidingane kjøper bilar i Ørsta, medan ørstingane kjøper t.d. bøker i Volda).

Dersom ein skil mellom daglegvarer og spesialvarer (tabell 2) vil kommunane som er nemnde ovanfor markere seg endå sterkare; spesialvarer krev som regel eit større kundegrunnlag enn daglegvarer. Ein heilt spesiell posisjon i detaljvaremarknaden har vinmonopola. Lokalisering av utsala er regulert gjennom monopolet, som med dette også kan påverke handlemønsteret generelt. I Møre og Romsdal er det vinmonopol i Ålesund (2), Molde, Kristiansund, Ørsta, Ulstein, Stranda, Rauma, Sunndal og Surnadal. Bortsett frå i Ørsta, ligg alle utsala i sentrumsområda. I Sunndal, Ulstein og på Moa (eitt av dei to i Ålesund) ligg dei i tillegg i eit kjøpesenter.

Det er viktig å vite kva avgrensingar som ligg i data. For det første vil ei oppsplitting i ulike varegrupper føre til større variasjonar i resultat. Dette er ein matematisk konsekvens av at tala i kvar gruppe blir mindre, og at ein-skildverksemdar dermed kan gi større utslag. For det andre vil mange forretningar – særleg i distriktkommunane – som i statistikken framstår som daglegvarebutikkar også ha eit visst utval i spesialvarer. Dette betyr at mindre stader kan ha et spesialvaresal som i statistikken er kamuflert som (men det betyr jo til gjengjeld at daglegvareomsetjinga er mindre enn det som kjem fram i statistikken). Nærare opplysingar om slike tilhøve vil kome fram i meir lokalt avgrensa handelsanalyser, slik som t.d. Fræna kommune har gjennomført (ref 8).



For det tredje er det verd å merke seg at fleire av Vinmonopolet sine filialar er så nyleg oppretta at omsetnaden ikkje er inkludert i tabellane våre.

Turisme vil påverke handelen sesongvis. Vi har ikkje analysert dette nærare, men det er kanskje naturleg å tenkje seg at turismen sin påverknad på total årleg omsetjing vert størst i mindre kommunar med ein utprega turistprofil, til dømes Rauma og Norddal.

Tabell 3 gir eit bilete av den relative styrken regionane i mellom. Vi ser at Ålesund, Molde og Kristiansund har ein sterkare posisjon enn dei andre regionane. Dette er ikkje uventa og heng saman med storleik. Vidare ser vi at tendensen generelt er svakt synkende over tid. Sidan kjøpekrafta har auka i den same perioden kan ein tenkje seg at tala har samanheng med auka handel utanfor fylket, eller gjennom internett, men det er ikkje trekt sikre konklusjonar om dette.

Kjøpesenter	Bruksareal	Salsareal	Tal butikkar	1999	2002	% endr.
Stormoa	35 500	28 400	88	760	1 022	34
Amfi Moagård	18 422	14 135	47	288	337	17
Åles. Storsenter	16 500	16 000	60	195	286	47
Roseby	15 500	13 000	47	276	352	28
Futura	12 200	10 000	37	187	265	42
Amfi Sunndal	11 429	9 019	28	167	197	18
Amfi Surnadal	10 566	9 179	27	82	99	21
Kremmergården	10 000	9 000	35	149	175	17
Blåhuset	6 500	4 200	18	117	117	0
ABC-senteret	4 300	3 500	15	42	49	17
Smølasenteret	3 400	3 300	10	26	28	8
Grandgården	3 300	3 000	8	280	320	14
Fokus Ørsta	2 750	2 500	13	55	55	0
Brattvågsenteret	2 700	2 500	8	60	67	12
Vestnes brygge	2 500	2 500	14	86	87	1

Omsetnad i mill. kroner eks. mva.

**TABELL 4** Utvalde nøkkeltal for kjøpesentra i Møre og Romsdal 2002. Data frå ref 12.

Øk-region	Molde	Kr.sund	Ålesund	Ulsteinvik	Ørsta/Volda	Sunndals-øra	Surnadal	Norge
Total omsetnad 2001, mill. NOK *	3 432	1 925	4 789	1 220	900	588	476	
Endring i total omsetnad %, 2000-2001	3,8%	2,4%	3,8%	5,8%	1,5%	8,1%	6,4%	
Total omsetnad pr innb. 2001	36 491	57 064	57 111	43 827	48 536	56 004	47 088	
Omsetnad i kjøpesenter pr kvm 2001 **	39 405	21 845	26 001	22 000	19 958	8 716	26 691	
Kjøpesentra sin omsetnadsdel av total 2001	21,2%	19,1%	38,0%	6,1%	30,5%	16,8%	29,5%	
Endring omsetnadsdel kjøpesentra 2000-2001	9,8%	13,3%	8,5%	0,0%	6,5%	3,9%	1,4%	
Kjøpesenter i regionen	Roseby Grandgården Vestnes brygge ***	Futura ABC-senteret Smøla-senteret	Kremmergården Ålesund storsenter Amfi Moagård Stormoa Brattvågs-senteret	Blåhuset (nytt 2002)	Fokus Ørsta	Amfi Sunndal	Amfi Surnadal	

\* Butikkhandel, eks mva, inkl. drivstoff og bilrekvisita  
 \*\* Salsflate  
 \*\*\* Moldetorget, opna 2003, tal ikkje inkl.

**TABELL 5**  
Regionale nøkkeltal for kjøpesenter 2001.  
Data frå ref 7

#### 4.1.2 Kjøpesenter

Det blir kvart år gitt ut aktuelt fagstoff og statistikk om kjøpesenter og sentrumshandel (ref 7, 9 og 10). Dette gir nøkkeldata for kjøpesenterhandelen innan kommunar og økonomiske regionar. I denne statistikken er bil og drivstoff IKKJE inkludert. Kjøpesenter er her definert som alle senter med større salsareal enn 2500 kvm og meir enn fem ulike detaljhandelseiningar/butikkar (merk til samanlikning bruksareal 3000 kvm i RPB sine grenser). Tabellane 4 og 5 syner data frå Møre og Romsdal.

Tre av kjøpesentra i tabell 4 har bruksareal mindre enn grensene i RPB. Dette er Fokus i Ørsta, Brattvågsenteret og Vestnes Brygge. Fleire av kjøpesentra ligg utanfor det som kan definerast som det "tradisjonelle" sentrum i by/tettstad. Dette gjeld Amfi Moagård og Stormoa, som begge ligg på Moa i Ålesund. Det gjeld også Futura på Løkkemyra i Kristiansund, Amfisenteret i Surnadal, samt

Roseby og Grandgården i Molde, sjølv om dei tre sistnemnde er svært nær sentrum (< 1 km). I Molde er dessutan eit nytt kjøpesenter, Moldetorget, opna i 2003. Dette ligg midt i sentrum av byen. ABC-senteret i Averøy og Smøla-senteret ligg begge midt i respektive kommunesentrum, sjølv om kommunesentrum i desse kommunane ikkje er rekna som tettstader. Øvrige kjøpesenter ligg også sentralt i kommunesenteret.

Vi ser at kjøpesenterstatistikken i stor stad fester den regionale handelsmessige posisjonen for dei sentra som kjem fram av kapittel 4.1.1.

Det er ikkje utan vidare naturleg å nytte omgrepet "eksternsenter" om kjøpesentra i tabell 4. Det er i tilfelle på Moa dette kan diskuteras. Men funksjonsdelinga mellom Ålesund sentrum og Moa har utvikla seg slik at Moa i større og større grad har vorte eit naudsynt supplement til eit arealmessig trangt bysentrum. Moa er i dag det fremste detaljhandelssenteret i fylket og det er uråd å sjå bort frå at det her er eit sjølvstendig behov for utvikling. For Ålesund kommune vil det vere ei utfordring å ta hand om den vidare utviklinga i to ulike



sentrumsareal. I Molde og Kristiansund vil kjøpesentra vere å definere som randsonesenter. Det same gjeld for så vidt også Amfi i Surnadal.

RPB og kjøpesenterstatistikken opererer med to ulike definisjonar av kjøpesenter. Mindre einingar fell utanfor desse definisjonane, men kan likevel ha funksjon som kjøpesenter innanfor sitt omland. Dette har vi ikkje samla oversyn over. Vi er likevel kjende med at ein del slike senter eksisterer, og at nokre av dei er å oppfatte som "eksterne".

Tabell 5 syner at kjøpesentra sin omsetnadsdel i den totale detaljvaremarknaden auka frå 2000 til 2001. Dette er berre fortsetjinga av ein trend som kan dokumenterast i statistikk ført sidan 1982 (ref 7). Samstundes har også talet på kjøpesenter auka, medan det samla talet på butikkar i kjøpesenter har flata ut. Tala i Senterboka (ref 7) er aggregert på landsdelar, og data frå Møre og Romsdal er slått saman med Trøndelag. Ut frå desse tala kan ein konkludere med at kjøpesentra sin omsetnadsdel i regionen nærmar seg gjennomsnittstalet for landet. Men som tabell 5 også syner, er det store regionale forskjellar innan fylket. Det er ikkje overraskande at Ålesundsregionen som har dei fleste og største kjøpesentra, også har dei største omsetnadstala både nominelt og relativt. Moa-sentra utgjer ein dominerande del av dette.

Systematiske registreringar av publikum sin bruk av kjøpesenter ligg ikkje føre i vårt fylke, men nokre tal finst (ref 10) Roseby, Amfi Moagård og Futura ligg mellom 20.000-27.000 kundar per veke (tal frå 2002, målt ved inngang). Stormoa, som har meir enn dobbelt så stor salsflate, har 30.000-40.000 kundar. Stormoa er blant dei 10-12 største sentra i landet målt i bruksareal. Vi veit også at sentra på Moa trekkjer folk frå det største omlandet. Dette er ikkje berre Ålesundsregionen, men også så langt sør som til Nordfjord og nord til Romsdal.

Kommune	Inntekt	Kommune	Inntekt
Molde	212 200	Eide	184 000
Ålesund	206 200	Norddal	181 800
Stranda	205 600	Hareid	181 400
Sykkylven	205 000	Vestnes	181 100
Stordal	203 700	Herøy	180 600
Ulstein	203 600	Neset	176 200
Frei	196 000	Averøy	176 100
Sunnal	195 100	Sande	175 300
Skodje	194 000	Midsund	174 600
Giske	192 100	Gjemnes	174 500
M&R	190 900	Vanylven	173 900
Sula	189 400	Rindal	171 500
Volda	187 300	Surnadal	169 300
Ørskog	187 100	Sandøy	169 100
Haram	186 700	Aure	167 700
Aukra	186 500	Halsa	161 500
Fræna	186 200	Tingvoll	161 100
Ørsta	185 500	Smøla	153 300
Kristiansund	185 300	Tustna	151 200
Rauma	184 300		

**TABELL 6** Inntektsnivå i kommunane år 2000 Medianverdiar. Senterkommunar i dei økonomiske regionane (SSB) er merka med gult.

#### 4.1.3 Kjøpekraftutvikling

Detaljhandelsanalysen (ref 6) seier noko om utviklinga i kjøpekraft dei siste åra, og gir prognoser for vidare utvikling. Forbruket per person auka nesten 30 % over perioden 1996-2000, men vekstraten avtok noko på slutten. Med utgangspunkt i hausten 2001 var det venta ein årleg vekst i hushaldningane si disponible inntekt fram mot 2004 på mellom 2 og 2,5 %. Inntektsnivået varierer likevel mellom kommunane (tabell 6). I fire av bu- og arbeidsmarknadsregionane ligg sentrumskommunen over fylkesmedianen. Ørsta, Volda og Kristiansund ligg også i øvre halvdel, medan Surnadal skiljer seg ut i andre enden. Dersom Frei og Kristiansund vert sett i samanheng vil Frei trekkje Kristiansund noko opp. Av dei andre kommunane er det industrikommunane Stranda, Sykkylven og Stordal som skiljer seg ut positivt. Dette er utprega konjunkturutsette industrikommunar der inntektsnivået kan variere meir mellom år enn i andre kommunar.

Dersom ein held inntektsnivået saman med folketalsprognosar og prognosar for sysselsetjing i kvar kommune, kan ein konkludere med at kjøpekrafta vert styrka i kommunar som allereie har ein sterk posisjon i den regionale marknaden. Men i mange andre kommunar syner utviklingstrekk svekka kjøpekraft i lokalmarknaden. Den viktigaste faktoren her er forventa nedgang i folketallet og lågt inntektsnivå. Ei dreining i retning fleire pensjonistar vil svekke kjøpekraftgrunnlaget ytterlegare. Det betyr i klartekst at grunnlaget for å oppretthalde allereie eksisterande tilbod vert svekka. Konsekvensane av det ein ser i analysene er tydelege, og gir grunnlag for uro i dei mindre kommunane, jamfør sitat i innleiinga til kapittel 4.

#### 4.1.4 Kort om etableringsvilkår for detaljhandel

Kva vilkår som må vere tilstade for at handel og tenesteyting skal etablerast er vanskeleg å talfeste. Det finst naturleg nok ikkje nokon absolutt grense, sidan motivet for etableringa kan variere. Men dersom ein skiljer dei ulike bransjene frå kvarandre, kan ein kome fram til ein del generelle trekk. Dette har NIBR gjort eit prosjekt på (ref 11). Prosjektrapporten gir svar på korleis den ein-skilde bransje tenkjer og gir råd i samband med nyetableringar. Dette går mellom anna på fysiske krav til etableringsstaden, ønskje om samlokalisering med andre bransjer, kompetansetilfang, offentlege rammevilkår (reg.planar, støtteordningar m.v.), forventa bransjeutvikling og ikkje minst kundegrunnlaget.

I daglegvarebransjen, som vel utgjer det mest grunnleggjande tilbodet, finst mange mindre butikkar med ei årsomsetjing ned mot 3-4 mill. Desse klarer seg ofte grunna tilleggstenester som post i butikk mv. Dei er såleis også viktige for å halde på mangfaldet. Kundegrunnlaget kan vere ned mot 3-400 personar. Men dette er ikkje tilstrekkeleg for nye etableringar. Tvert i mot forventar bransjen vidare konsentrasjon. Dette heng også saman med ønsket om å ligge nær andre tilbod, nær trafikkknutepunkt og nær eit handelsfagleg totalmiljø. Det betyr i praksis at nedlegging av butikkar skjer på små stader, medan nyetableringar skjer på større stader.

Dei fleste andre bransjer har strengare krav til lokalisering enn daglegvarebransjen. Som nemnt tidlegare, blir



	Sjukehus	Skattetat	Aetat	Høgskule	Vidaregåande skule	Regionalt kulturhus	Hotell i/nær komm.senter	Politistasjon
Molde	x	x	x	x	x	**	x	x
Kristiansund	x	x	x	x*	x	**	x	x
Ålesund	x	x	x	x	x	x	x	x
Vanylven			x		x*			
Sande								
Herøy					x	x	x	
Ulstein		x	x		x		x	
Hareid							x	
Volda	x	x		x	x		x	
Ørsta			x		x	x	x	
Ørskog					x			
Norrdal							x	
Stranda		x	x		x	x	x	
Stordal								
Sykkylven					x			
Skodje						**		
Sula								
Giske								
Haram			x		x		x	
Vestnes			x		x		x	
Rauma			x		x	**	x	
Neset							x	
Midsund								
Sandøy								
Aukra					x*		x	
Fræna					x*			
Eide								
Averøy					x*			
Frei								
Gjemnes								
Tingvoll					x			
Sunndal			x		x	x	x	
Surnadal		x	x		x	x	x	
Rindal								
Aure			x					
Halsa								
Tustna								
Smøla			x			**		

\* avdeling \*\* sjå tekst

**TABELL 7** Oversyn over eit utval offentlege og private sørvistilbod pr 1.1.2004. Regionsenter i dei økonomiske regionane (SSB) er merka med gult

det derfor ei utfordring å sikre basistilbod i tilstrekkeleg nærleik til dei mindre stadene. Ei samlokalisering av ulike tilbod, offentlege inkludert, vil vere ei styrke, fordi det også byggjer under eit fagleg nettverk blant aktørane. Handels- og tenesteyting gjennom internett gir sjølv sagt opning for nye løysingar også for mindre stader, men framleis må varene transporterast.

#### 4.2 Sørvistenester og offentlege tilbod

Detaljhandelstilbodet utgjør berre ein del av det totale tilbodet som må vere til stades for at ein region skal vere levedyktig. Mangfaldet i private og offentlege sørvistilbod er av like vital karakter, og lokaliseringsmekanismene fungerer i prinsippet ikkje vesentleg ulikt frå detaljhandelen. Både i privat og offentlig tenestesektor

må ein gjere vurderingar i høve til kundegrunnlag, samlokalisering, trafikkmonster mv. Det offentlege kan likevel i større grad ta avgjerder ut frå vurderingar som ikkje er marknadsbestemte. På denne måten kan det offentlege gjennom sin lokaliseringpolitikk legge premiss også for private aktørar.

Sjølv om det ikkje alltid er ein samheng mellom detaljhandelstilbodet og det øvrige sørvistilbodet, vil endringar i handelstilbod og endringar i øvrige sørvistilbod som regel peike i same retning (ref 4). Tabell 7 syner at også når det gjeld regionale sørvistilbod, er tyngdepunkta knytte til senterkommunane i dei definerte bu- og arbeidsmarknadsregionane. I tillegg peikar Stranda seg ut med fleire regionale funksjonar.

Dei regionale kulturhusa må nemnast særskilt. Desse er bygd med offentlig støtte nettopp ut frå føresetnadene om at dei skal tene ein regional funksjon. Mange av dei andre kommunane har sjølv sagt også kulturhus eller kulturarrangement som trekkjer publikum utover eigen kommune. Av dei årlege kulturarrangementa finn vi særleg grunn til nemne Matfestivalen i Ålesund,

	Sysselsatte personar 16-74 år i kommunen som:				ut-pendl % av busett	inn-pendl. % av arb.plass	netto pendling
	bur	pend-lar ut	arbeider	pend-lar inn			
1502 Molde	12446	1737	15018	4309	14,0	28,7	2572
1503 Kr.sund	8032	1655	8861	2484	20,6	28,0	829
1504 Ålesund	20346	3325	22923	5902	16,3	25,7	2577
1511 Vanylven	1736	489	1372	125	28,2	9,1	-364
1514 Sande	1267	377	1150	260	29,8	22,6	-117
1515 Herøy	3989	1068	3387	466	26,8	13,8	-602
1516 Ulstein	3395	995	3720	1320	29,3	35,5	325
1517 Hareid	2263	913	2034	684	40,3	33,6	-229
1519 Volda	3965	1283	3813	1131	32,4	29,7	-152
1520 Ørsta	4943	1545	4227	829	31,3	19,6	-716
1523 Ørskog	1097	521	737	161	47,5	21,8	-360
1524 Norrdal	1010	232	924	146	23,0	15,8	-86
1525 Stranda	2497	361	2575	439	14,5	17,0	78
1526 Stordal	539	146	592	199	27,1	33,6	53
1528 Sykkylven	3995	592	3823	420	14,8	11,0	-172
1529 Skodje	1787	1105	1121	439	61,8	39,2	-666
1531 Sula	3682	1835	2735	888	49,8	32,5	-947
1532 Giske	3210	1230	2308	328	38,3	14,2	-902
1534 Haram	4402	940	4129	667	21,4	16,2	-273
1535 Vestnes	3144	644	2823	323	20,5	11,4	-321
1539 Rauma	3636	710	3198	272	19,5	8,5	-438
1543 Neset	1518	539	1390	411	35,5	29,6	-128
1545 Midsund	991	259	832	100	26,1	12,0	-159
1546 Sandøy	677	101	622	46	14,9	7,4	-55
1547 Aukra	1528	559	1093	124	36,6	11,3	-435
1548 Fræna	4456	1831	3179	554	41,1	17,4	-1277
1551 Eide	1605	704	1163	262	43,9	22,5	-442
1554 Averøy	2671	768	2175	272	28,8	12,5	-496
1556 Fræna	2495	1776	1047	328	71,2	31,3	-1448
1557 Gjemnes	1347	704	769	126	52,3	16,4	-578
1560 Tingvoll	1439	518	1029	108	36,0	10,5	-410
1563 Sunndal	3669	426	3873	630	11,6	16,3	204
1566 Surnadal	2864	572	2610	318	20,0	12,2	-254
1567 Rindal	1003	218	923	138	21,7	15,0	-80
1569 Aure	1300	290	1212	202	22,3	16,7	-88
1571 Halsa	840	235	749	144	28,0	19,2	-91
1572 Tustna	418	133	342	57	31,8	16,7	-76
1573 Smøla	1105	228	946	69	20,6	7,3	-159
M&R	121307		115424				-5883

**TABELL 8.** Samla sysselsetjing og pendling i aldersgruppa 16-74 i kommunane i Møre og Romsdal. Tabellen inkluderer også pendling over fylkesgrensene. Tal frå SSB, 4 kvartal 2002.



Jazzfestivalen og Bjørnsonfestivalen i Molde (og Nesset), samt Operaen i Kristiansund. Alle desse er nasjonale hendingar. Nasjonalt tilsnitt er det også over Ålesund teaterfestival, Fjord Cadenza i Skodje, Fjellfestivalen i Rauma og Dei nynorske festespela i Ørsta og Volda. Regionalt viktige arrangement er Tahitifestivalen i Kristiansund, Vårsøghelga i Surnadal, Sunndal kulturfestival, Fru Guri av Edøy på Smøla. Teatret Vårt har base i Molde, men turnerer i heile fylket.

Ein kan argumentere med at utvalet av sørvistenester i tabellen er snevert. Med eit større utval vil det likevel vere dei same kommunane som peikar seg ut. Dette er dokumentert av Transportøkonomisk institutt (TØI) (ref 4).

På same måte som for varehandelen er det ei utfordring å sikre tilstrekkeleg gode sørvistilbod til dei som har lang avstand til eit større senter.

#### 4.3 Arbeidsmarknad

Regionar i arbeidsmarknaden vert naturleg danna i dynamikken mellom utbod av og etterspurnad etter arbeidsplassar. Variasjonsbreidda i utbodet, samt arbeidstakarane sin aksept av reisetid og reisekostnader er dei regulerande variablane. Dersom arbeidsplass og bustad ligg i to ulike kommunar, vert arbeidstakar definert som pendlar. Dette gjer kommunegrensene interessante, fordi pendlingstatistikk vil seie noko om kor attraktiv ein region og eit regionsenter (representert ved senterkommunen) er i arbeidsmarknaden.

Tabell 8 fortel først at Møre og Romsdal totalt sett hadde ei nettoppendling ut av fylket på nærare 6000 personar. Slik utpendling utgjer relativt store tal i alle kommunane, heile 12-14% i Kristiansund, Frei, Vanylven og Aure, rekna ut frå sysselsette busett i desse kommunane (jmfør også tabell 9, sjå neste side). Inkludert i denne utpendlinga er arbeidstakarar offshore og i sjøfart, der reiarlag/arbeidsgjevar har adresse utanfor fylket (ver også merksam på at sjølvstendig næringsdrivande ikkje inngår i tala, sidan dei ikkje er "arbeidstakarar" i denne samanhengen).

Vi ser vidare at det berre var sju kommunar med netto innpendling. Stranda og Stordal var blant desse, og stadfestar møbel- og næringsmiddelindustrien sin posisjon i desse kommunane. Dei fem andre; Molde, Kristiansund, Ålesund, Ulstein og Sunndal, er senterkommunar i respektive bu- og arbeidsmarknadsregionar, og pendlingstala er ein viktig årsak til at det er definert slik (ref 3). Molde er den einaste kommunen med innpendling frå samtlege av dei andre kommunane, og er relativt sett også den kommunen med størst netto innpendling.

Ørsta/Volda er ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion, men hadde netto utpendling, til dels med store tal. Tabell 4 syner at ein svært stor del av pendlinga frå Ørsta og Volda er gjensidig utveksling dei to kommunane imellom. Ulstein og Ørsta har ei viss gjensidig utveksling medan Sande og Vanylven donerer arbeidskraft til Volda.

Surnadal har ei etter måten stor utpendling til Sunndal. Dette har truleg mest med Hydro Aluminium å gjere. Ved å halde saman tabell 8 og 9 ser vi også ei stor pendling ut av fylket frå Surnadal. Samstundes er

Surnadal viktig som arbeidsstad for ein stor del av utpendlarane frå Halså og Rindal, og framstår såleis som eit regionsenter for desse.

Frei er i særklasse den største utpendlarkommunen relativt sett. Sjølv om Frei også er den største mottakaren av arbeidskraft frå Kristiansund, er det nær seks gonger så mange som pendlar motsett veg. Dette utgjer 75 % av den totale utpendlinga frå Frei, og over halvparten av den samla arbeidsstokken med bustad Frei. På grunnlag av dette er det svært nærliggande å karakterisere Frei som ein sovekommune til Kristiansund. Noko av den same tendensen gjer seg gjeldande for Skodje og Sula versus Ålesund. Sula har likevel ein langt større andel eigne arbeidsplassar og større tilbakependling.

Andre kommunar med stor netto utpendling er Ørskog og Giske, som også er randkommunar til Ålesund. Men Giske mottar likevel eit ikkje ubetydeleg tal pendlarar tilbake. Aukra, Fræna og Eide har stor utpendling, alt vesentleg til Molde, men Fræna og Eide også seg imellom. Fræna er tettast knytt til Molde gjennom tilbakependling. Til sist har også Tingvoll og Gjemnes stor netto utpendling. Desse kommunane er kjenneteikna ved at dei ligg om lag like langt frå to regionsenter og avgir arbeidskraft til begge.

Det er viktig å vere klar over at statistikken gir eit tidssavgrensa oversyn. Endringar i konjunkturar og arbeidsmarknadsstruktur medfører stadige endringar i pendlinga. Når statistikk vert tilgjengeleg, vil ein truleg sjå endringar i fleire av dei kommunane som i 2003 merka presset mot den eksportretta industrien mest.

#### 4.4 Samferdsel

Samferdsel er eit viktig grunnlag for den fysiske struktureringa av samfunnet, og planlegging av samferdsel grenser inn til senterstrukturproblematikken. Her er berre gitt ein kort merknad.

Møteplassar for utveksling av varer, kultur og kunnskap var naturleg gitt der viktige ferdssleier møttes. Byar og tettstader oppstod slik. Men måtar og vegar endrar seg over tid, og bilen sitt inntog gjennom nittenhundretalet har skapt andre vilkår for lokalisering og lønsemd enn dei historiske føresetnadene som ligg til grunn for dagens senterstruktur.

All statistikk syner at mobiliteten for dei fleste menneske aukar. Det blir lettare, eller også meir akseptabelt å reise. Betra samferdsel kan gjere etableringar utanfor sentra lettare. Men frå motsett ståstad vil også valet av lokalisering når det gjeld nye buområde, arbeidsplassar, ulike tilbod og tenester påverke valet av samferdselsøysingar.

Det er etter dei fleste omsyn lønsamt å sentralisere arbeidsplassar, handel og sørvis. Men når folk reiser meir vert kostnader i større og større grad velta over i transportsektoren. Inkludert i dette ligg sosiale kostnader og miljøkostnader som ikkje blir synleggjorde i konvensjonelle rekneskapar. Både RPB for kjøpesentar og RPR for areal- og transportplanlegging peikar på desse kostnadene i sitt vedtaksgrunnlag. Ein vil avgrense transportomfanget av omsyn til m.a. forureining og arealbruk.



BUSTADKOMMUNE ↓	RØDDE BUSSTADKOMMUNE →																	
	1502	1503	1504	1511	1514	1515	1516	1517	1519	1520	1522	1524	1525	1526	1528	1529	1531	1532
1502 MOLDE	10739	110	111			1	1	3	6	2	2	1	2	3			5	1
1503 KRISTIANSUND	120	6377	74			1		3	1	1			7			3		1
1504 ÅLESUND	105	15	1700	7	8	21	97	42	29	29	26	12	36	9	157	194		197
1511 VÅMKYLVEN	9			1247	10	11		10		15						1	2	1
1514 SANDE	7	5		4	329					12		1				2	3	1
1515 HERØY	10	2		4	67	392		107	38	32			3			1	3	1
1516 ULSTEIN	10	2		4	38		2409	325	32	35		1	6					5
1517 HAREID	14	4			20		1350	20	21				3			1	3	10
1519 VOLDA	39	1		28	4	17	31	15	2432		3	1	12			8	2	13
1520 ØRSTA	42			5	9	38	79	30		3378			11			29	4	26
1523 ØRSKOG	19	1				1	1	2	4	1	575	9	6			12		11
1524 MORDDAL	14							1	2		13	778				1	7	4
1525 STRANDA	7	1						2	3	4	4	41	2136	28			9	9
1526 STORDAL	5					1		1	1		10			375		5	3	7
1528 SYKKYLVEN	18	4			1	2	2		7	6	4	5		2	3403	8	4	
1529 SKODJE	24	2		1	1	2	3	2	3	2		9	6	15	11	382	25	21
1531 SULA	11			3	1	3	12	20	3	7	6	3	2	3	19	21	1847	21
1532 GISKE	20	2		1		7	8	7	2	2	1	11	3		4	11	14	3193
1534 HARAM	38	1		1		3	15	2	5	4	10	1	3		8		13	11
1535 VESTNES	1	5				1	1	5	2	2	11	2	3	5	1	12	7	2
1539 RAUMA		11	61			1		1	18				4		2	1		1
1543 NESSET		6	12			1						3	1				1	1
1545 MIDSUND		2			1								3			1	1	1
1546 SANDØY													1			1	2	
1547 AURRA		10	12			1			2								1	
1548 FRÆNA		32	29		1	2		2	2				2				8	2
1551 EIDE		15	6						3			2						2
1554 AVERØY			15		1	1							3		1	1	2	
1556 FREI	29		24			1	1	2	2				1					
1557 GJEMNES			9			1				1		1						1
1560 TINGVOLL			5			1						1	2					1
1563 SUNNDAL	37	13	12			1		2	1							1	1	
1566 SURNADAL	18	35	11			1	1		1			3	3		2	1		
**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad  
**Vedlegg:** Eggesbøjord III.pdf

I 2009 var det nok slik at vi mente forslaget tok i vare hensynene som ligger i RPB (Rikspolitisk bestemmelse) og vi derfor aksepterte.

Formuleringa vi aksepterte var den som kommunen foreslo ved avgrensa ettersyn (se vedlagt brev).

Johnny

---

**Fra:** Advokat Bjørn Kristian Hove [<mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no>]  
**Sendt:** 18. mars 2015 14:35  
**Til:** Johnny Loen  
**Kopi:** firmapost  
**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

For å vere sikker på at eg har forstått/misforstått torer eg høyre kva formulering det var som gjorde at Fylket trekte motsegna knytt til Kjøpsenterforskrifta .

Trekte Fylket motsegna for å legge til rette for kjøpesenter i strid med Rikspolitisk retningslinje eller trekte Fylket motsegna som følge av formuleringar som tok i vare Rikspolitisk retningslinje? Det siste gir meining. Eg torer tru meiningslaust om det første skulle vere tilfellet og syner elles til gjeldande kommuneplan.

Med vennlig hilsen  
Bjørn Kristian Hove  
Advokat

---

Pb. 815, 6001 Ålesund  
Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51  
Mobiltlf: 908 94 668  
E-post: [hove@wah.no](mailto:hove@wah.no)

---

---

**Fra:** Johnny Loen [<mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no>]  
**Sendt:** 18. mars 2015 14:03  
**Til:** Advokat Bjørn Kristian Hove  
**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

OK. Her kommer brevene fra 2009 (I og II). Dette var i enhetsfylket. Beklager om jeg misforsto spørsmålet i stad.

Johnny Loen

**Fra:** Advokat Bjørn Kristian Hove [<mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 13:27

**Til:** Johnny Loen

**Kopi:** firmapost

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvr på førespurnad

Eg har knytt til mitt oppdrag gått grundig inn i plansaksdokumenter – og særskilt planprosessen vedrørende flatereguleringa innan Eggesbøjord.

Eg finn ved dokumenta ingen slik «aksept» som gjort gjeldande avslutningsvis ved Dykkar brev stila Herøy kommune 2.februar 2015.

På vegne av part må eg såleis no be om snarleg dokumentasjon for aksepten.

Eg har tidlegare bedt kommunen hitsende samtlege saksdokumenter slik at det er tilstrekkeleg å vise til kvar i dokumenta eg finn slik dokumentasjon.

Med vennlig hilsen

Bjørn Kristian Hove

Advokat

-----  
Pb. 815, 6001 Ålesund

Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51

Mobiltf: 908 94 668

E-post: [hove@wah.no](mailto:hove@wah.no)  
-----

**Fra:** Johnny Loen [<mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 12:47

**Til:** Advokat Bjørn Kristian Hove

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvr på førespurnad

Vedlagt brev 2.2.15

Johnny

-----  
**Fra:** Advokat Bjørn Kristian Hove [<mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 12:50

**Til:** Johnny Loen

**Kopi:** firmapost

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvr på førespurnad

Jeg tør be om oversendelse hit av Fylkeskommunens brev slik sendt kommunen – etter det opplyste – 2.februar 2015.

Jeg vil deretter komme tilbake til saken – herunder spørsmålet om tidfesting av møte.

Med vennlig hilsen

Bjørn Kristian Hove

Advokat  
-----

Pb. 815, 6001 Ålesund  
Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51  
Mobiltlf: 908 94 668  
E-post: [hove@wah.no](mailto:hove@wah.no)

---

**Fra:** Johnny Loen [<mailto:johnny.loen@mrfylke.no>]

**Sendt:** 17. mars 2015 08:58

**Til:** Advokatene Aarsæther, Hove og Tynes

**Kopi:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Herøy kommune; Statens vegvesen Region Midt

**Emne:** Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjorda - utbygging av sentrumsareal område F/K/O -  
nsvar på førespurnad

Att. B.K. Hove


Svar på førespurnad, reg.plan Eggesbøjorda, Herøy kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Johnny Loen

Plansamordnar

71 25 82 88



HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset  
6404 Molde

MØRE OG ROMSDAL FYLKE	
Mottatt:	15 SEPT. 2009
J.nr	FE 08 / 388 dok. 7
Ark	4214
Saksb.	JOLO
Sak	515

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2007/2054	L12	2008/388/JOLO/421.4/1515/38/2	UTV / HSP	11.09.2009

## VEDRØRANDE MOTSEGN TIL PLANFRAMLEGGET: EGGESBØJORDA GNR. 38 BNR. 2 MFL – HERØY KOMMUNE

Viser til brev med ref: 2008/388/JOLO/421.4/1515/38/2, datert 29.06.2009 kor dykk kom med motsegn mot planframlegget: Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 mfl.

Slik framlegget vart lagt frem gjekk det i strid med RPB om kjøpesenter og fylkesdelplan for senterstruktur.

I samarbeid med konsulent frå AG Plan og Arkitektur as har ein utarbeidd eit tilleggspunkt i reguleringsføresegner under §8 – *Bygningar, 3. Område for kombinert bruk* for å sikre at reguleringsplanen ikkje kjem i strid med RPB om kjøpesenter og fylkesdelplan for senterstruktur:

### § 8 – BYGNINGAR

#### 3. Område for kombinert bruk

- a. Før tiltak kan godkjennast innan dette området, skal det utarbeidast og godkjennast ein bebyggelsesplan iht. pbl § 28-2, jf. Føresegnene § 7 innan "F/K/O-område" skal bygningar ha ei gesimshøgde/mønkhøgde som ikkje overstig 11m. Gesims- og mønkhøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.
- b. Innan område "F/K/O" er det ikkje tillete å etablere kjøpesenter (detaljhandel) med bruksareal på meir enn 3000m<sup>2</sup> rekna til dei bruksføre mål som < Rikspolitiske bestemningar om mellombels etableringsstopp for kjøpesentra utanfor sentrale deler av byar og tettstadar > fastsett. Dette med bakgrunn i Møre og Romsdal fylke sin vedtekne fylkesdelplan for senterstruktur (FT-sak T-56/2004) Denne avgrensinga gjeld inntil kommuneplanen eller fylkesdelplanen fastsett noko anna.



Ein håper at innarbeiding av dette føresegn § 8, 3, b, vil medføre at MRF vil kunne godkjenne planframlegget og dermed trekke sitt motsegn på detta punktet?

Med helsing

  
Hallvard Rusten

  
Hanna Spilling  
sakshandsamar

Vedlegg: reguleringsføresegner lagt frem for offentlig ettersyn med høringsfrist den 29.06.09.

Kopi:  
AG Plan og Arkitektur AS    Postboks 135    6151    Ørsta

---

(13)

**"REGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA GNR. 38 BNR. 2 M.FL"**

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningdato	Eigengodkjend av:
	XXX	xx.xx.2009	Herøy kommunestyre

**Områdeomtale/plangrense:**

I nord: Eggesbøvegen og tilgrensande eigedomar nord om denne.

I aust: Grønhaugvegen og tilgrensande eigedomar sør om denne.

I sør: Grønhaugvegen, gnr. 38 bnr. 39, 98, 4, 4 og 99.

I vest: gnr. 37 bnr. 373, 354, 384, 334, 435, 436, 424, gnr. 36 bnr. 50, 76, 111.

**§§ 1-3 GENERELT****§ 1 - Gyldighetsområde.**

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

**§ 2 - Andre bestemningar.**

- Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.
- Når særlege grunnar ligg føre kan bygningsrådet gjere mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen, men då under føresetnad av at desse endringane ligg innanfor ramma av plan- og bygningslova og byggjeforskriftene.

**§ 3 - Privatrettslege avtalar.**

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

**§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 25 i pbl. til følgjande føremål slik:

**Byggjeområde (pbl. § 25.1)**

- Bustader ("FS")
- Bustader ("KS")

**Offentlege trafikkområde (pbl. § 25.3)**

- Køyreveg
- Gate med fortau
- Anna trafikkareal
- Gang-/sykkelveg
- Gangveg

**Spesialområde (pbl. § 25.6)**

- Parkbelte
- Frisiktsone i vegkryss, langs veg (i kurver)

**Fellesområde (pbl. § 25.7)**

- Felles veg/avkøyrser til fleire eigedomar
- Felles parkering
- Felles gangveg
- Felles leikeareal ("Fe.l") for fleire eigedomar

**Kombinerde føremål (pbl. 25 – 2. ledd)**

- Forretning, kontor, offentlege bygningar ("F/K/O"), leilegheiter som 3. etg.

**§ 5 - FELLESFØRESEGNER**

- a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med NS 3940: 2007. BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkering utomhus skal reknast inn i grunnlaget for BYA. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.
- b. Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

**§ 6 – AREALBRUK**

- a. I område merka "FS" kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.  
I område merka "KS" kan byggjast konsentrerte bustadhus med inntil fire (4) bueiningar på kvar tomt.  
I område merka "F/K/O" kan byggjast forretningsbygg, kontorbygg og offentlege bygg i 2 etg. Lager kan etablerast som del av ovannemnde. Som 3. etg. kan det i tillegg til nemnde arealbruk ovanfor byggjast husvære (leiligheiter).

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midletidige konstruksjonar innan områda som denne planen omfattar.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: 30 %
- KS - område: 40 %
- F/K/O - område: 50 %

- c. Innan byggeområda kan det setjast opp mindre naudsynte bygningar til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

**§ 7 – BEBYGGELSESPLAN, PBL §28.2****a. Generelt**

I område med krav om bebyggelsesplan etter pbl § 28.2 skal slik plan godkjennast av Det faste planutvalet før deling og utbygging kan skje, jf også rekkjefølgjekrava i desse føresegnene sin § 14. Planen skal utarbeidast innan den ramma som flaterereguleringsplanen med tilhøyrande føresegner har fastsett. Bebyggelsesplan skal gjelde heile det delområdet som er vist til i oppstillinga nedanfor - slik:

<b>Krav om bebyggelsesplan i hht pbl § 28-2</b>
---

F/K/O
-------

- b. Som prinsipp for utbygging av F/K/O-område skal livsløpsstandard/universell utforming leggjast til grunn, jf TEK.  
Bebyggelsesplan skal minst omhandle og vise: tomtedeling (tomtegrenser), planlagde bygningar, tilkomst til dei enkelte tomtene/bygningane, vegar, parkeringsløysing, stigningstilhøve for tilkomst mellom parkeringsplass og inngangsparti for bygningar, møneretning på dei enkelte bygningane, byggetrinn og arealbruk i samsvar med pbl. § 69 - her i også minste opphaldsareal ute (MUA) om arealet vert nytta til leiligheiter.

## § 8– BYGNINGAR

### 1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i pbl.

### 2. Bustadbygg:

- a. I område merka "FS" og "KS" skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.  
I område merka "FS" skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m<sup>2</sup> grunnflate og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
- b. I område merka "KS" bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg med inntil 6 biloppstillingsplassar i kvart garasjebygg. Unntaksvis kan frittstående enkelt garasje (til ei buening) byggjast med grunnflate inntil 36 m<sup>2</sup>. Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass. Gesims- og mønehøgde gjeld for "KS" område som for garasjar i "FS" område. For området "KS" gjeld at det som del av søknad om tiltak i dette området, skal det utarbeidast utbyggingsplan for heile delområdet (-a). Planen skal syne tomtegrenser, byggjetrinn og arealbruk i samsvar med pbl. § 69 - her i også minste opphaldsareal ute.
- c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette er skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrænse er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomte gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

- d. Som del av byggjemelding i KS-områda, skal det utarbeidast utbyggingsplan for heile delområdet. Planen skal syne tomtegrenser, byggjetrinn og arealbruk i samsvar med pbl. § 69, her i også minste opphaldsareal ute (MUA).

### 3. Område for kombinert bruk

- a. Før tiltak kan godkjennast innan dette området, skal det utarbeidast og godkjennast ein bebyggelsesplan i hht pbl §28-2, jf føresegnene § 7. Innan "F/K/O-område" skal bygningar ha ei gesimshøgde/mønehøgde som ikkje overstig 11 m. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.

b. →

### § 9 – BYGGJEGRENSE KS1, KS2 og KS3

Byggjegrænse til KS1, KS2 og KS3 som er avgrensa m.o.t. eksisterande off. leidningsnett, kan seinare justerast i samsvar med minsteavstand til nabogrense, etter pbl § 70 pkt. 2, dersom desse leidningane vert omlagt før utbygging av området.

### § 10 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomte skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal

tilplantast med stådeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere over 0,7 m, ved avkøyrsløps maks. 0,5 m, rekna utifrå vegnivået.
- d. Ev. utelagring kan berre tillast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
- e. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- f. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- g. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- h. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- i. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløps gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.
- j. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på bustadareal opparbeidast min. 20 m<sup>2</sup> areal eigna til leik pr. bueining. Dersom F/K/O-området vert bygd ut med leilegheiter som ein 3. etg skal minste opphaldsareal ute (MUA) opparbeidast min. 5 m<sup>2</sup> areal pr. bueining. Arealet skal vere eigna til leik for born i alderen frå to til seks år. Arealet kan delast i mindre område, men ikkje under 100 m<sup>2</sup>. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av bebyggelsesplan.

### § 11 – OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE (pbl. § 25.3)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- Køyreveg
- Gate med fortau
- Anna trafikkareal (grøft)
- Gang-/sykkelveg
- Gangveg

Avkøyrsløps skal som hovudregel ikkje leggjast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. § 35.

### § 12 – SPESIALOMRÅDE (pbl. § 25.6)



**Parkbelte:**

Parkbelte skal nyttast til etablering av vegetasjonsbelte mellom F/K/O-området og kringliggande bebyggelse. Området skal tilplantast med stadeigen vegetasjon.

**Frisiktsone:**

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

**§ 13 - FELLESOMRÅDE (pbl. § 25.7)**

**Felles avkjørsel, tilkomstveg:**

Fv1 er felles for alle eigedomane innan FS4, KS1 og KS2.

Fv2 er felles for alle tilgrensande eigedomar innan FS6.

**Felles parkeringsplass:**

FP er felles for eigedomar innan F/K/O-område.

Felles leikeplass, Fe.l, er felles for FS2-FS6, KS1 – KS4, og F/K/O (om der vert bygd leilegheiter). Leikeplassen skal, ved utbygging, setjast i ein slik stand at den er eigna for leik og opphald, jf TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Plan for opparbeiding skal utarbeidast og godkjennast samtidig med plan for tekniske anlegg. Det vert elles vist til føresegnene §14.

Felles garasjeanlegg "Garasjar" er felles for eigedomane gnr./ bnr. 37/222, 373, 432 og 457.

Dersom detaljprosjektering viser at det er naudsynt å legge deler av skjering og fylling utanfor regulerte felles areal, kan desse leggest på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. § 35.

**§ 14 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (pbl. § 26)**

- a. Felles leikeplass og tilhøyrande gangvegar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve bustadarealet er utbygd, jf FS- og KS areal. Bruksløyve, ut over nemnde utbygging, skal ikkje gjevast før tilhøyrande leikeplass er ferdig opparbeidd i samsvar med godkjend plan, jf §13.
- b. Samtidig med oppgradering av Eggesbøvegen (V1) skal stabburet på gnr. 38 bnr. 2 flytast til vist plass på plankartet.
- c. Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkomande sjølv utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar vegar med gatelys, leidningsnett til vatn, avløp og overvatn samt EI- og teleforsyning.

Herøy kommune, xx/xx/2009

\_\_\_\_\_

ordfører

\_\_\_\_\_

rådmann

## Advokat Bjørn Kristian Hove

---

**Fra:** Johnny Loen <Johnny.Loen@mrfylke.no>  
**Sendt:** 18. mars 2015 14:56  
**Til:** Advokat Bjørn Kristian Hove  
**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

Jeg fastholder at vi er åpne for møte for å se nærmere på disse sakene.

Johnny

**Fra:** Advokat Bjørn Kristian Hove [mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no]  
**Sendt:** 18. mars 2015 14:58  
**Til:** Johnny Loen  
**Kopi:** firmapost  
**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

Slik eg skjønner formuleringa – alminnelege norske språkbruksreglar lagt til grunn – held Fylket fast ved Kjøpsenterforskrifta ved å akseptere aktuell formulering. Annleis er dette ikkje å skjøne. Kvifor skulle Fylket elles trekkje motsegna?

Og så har Kommuneplanen no ikkje endra ved dette. Tvert imot slått fast at der ikkje skal vere ytterlegare detaljhandel innan denne delen av Herøy enn det som «passerer» forskrifta og som framleis gjeld.

Eg må på vegne av part be om at det vert retta opp i dette i forhold til planprosessen.

Med vennlig hilsen  
Bjørn Kristian Hove  
Advokat

-----  
Pb. 815, 6001 Ålesund  
Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51  
Mobiltlf: 908 94 668  
E-post: [hove@wah.no](mailto:hove@wah.no)  
-----

**Fra:** Johnny Loen [mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no]  
**Sendt:** 18. mars 2015 14:36  
**Til:** Advokat Bjørn Kristian Hove  
**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

I 2009 var det nok slik at vi mente forslaget tok i vare hensynene som ligger i RPB (Rikspolitisk bestemmelse) og vi derfor aksepterte.

Formuleringa vi aksepterte var den som kommunen foreslo ved avgrensa ettersyn (se vedlagt brev).

Johnny

**Fra:** Advokat Bjørn Kristian Hove [<mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 14:35

**Til:** Johnny Loen

**Kopi:** firmapost

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

For å vere sikker på at eg har forstått/misforstått torer eg høyre kva formulering det var som gjorde at Fylket trekte motsegna knytt til Kjøpsenterforskrifta .

Trekte Fylket motsegna for å legge til rette for kjøpesenter i strid med Rikspolitisk retningslinje eller trekte Fylket motsegna som følge av formuleringar som tok i vare Rikspolitisk retningslinje? Det siste gir meining. Eg torer tru meiningslaust om det første skulle vere tilfellet og syner elles til gjeldande kommuneplan.

Med vennlig hilsen  
Bjørn Kristian Hove  
Advokat

-----  
Pb. 815, 6001 Ålesund  
Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51  
Mobiltlf: 908 94 668  
E-post: [hove@wah.no](mailto:hove@wah.no)  
-----

**Fra:** Johnny Loen [<mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 14:03

**Til:** Advokat Bjørn Kristian Hove

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

OK. Her kommer brevene fra 2009 (I og II). Dette var i enhetsfylket. Beklager om jeg misforsto spørsmålet i stad.

Johnny Loen

**Fra:** Advokat Bjørn Kristian Hove [<mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 13:27

**Til:** Johnny Loen

**Kopi:** firmapost

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvar på førespurnad

Eg har knytt til mitt oppdrag gått grundig inn i plansaksdokumenta – og særskilt planprosessen vedrørende flatereguleringa innan Eggesbøjord.

Eg finn ved dokumenta ingen slik «aksept» som gjort gjeldande avslutningsvis ved Dykkar brev stila Herøy kommune 2.februar 2015.

På vegne av part må eg såleis no be om snarleg dokumentasjon for aksepten. Eg har tidlegare bedt kommunen hitsende samtlege saksdokument slik at det er tilstrekkeleg å vise til kvar i dokumenta eg finn slik dokumentasjon.

Med vennlig hilsen  
Bjørn Kristian Hove  
Advokat

---

Pb. 815, 6001 Ålesund  
Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51  
Mobiltlf: 908 94 668  
E-post: [hove@wah.no](mailto:hove@wah.no)

---

**Fra:** Johnny Loen [<mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 12:47

**Til:** Advokat Bjørn Kristian Hove

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvr på førespurnad

Vedlagt brev 2.2.15

Johnny

---

**Fra:** Advokat Bjørn Kristian Hove [<mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no>]

**Sendt:** 18. mars 2015 12:50

**Til:** Johnny Loen

**Kopi:** firmapost

**Emne:** SV: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvr på førespurnad

Jeg tør be om oversendelse hit av Fylkeskommunens brev slik sendt kommunen – etter det opplyste – 2.februar 2015.

Jeg vil deretter komme tilbake til saken – herunder spørsmålet om tidfesting av møte.

Med vennlig hilsen  
Bjørn Kristian Hove  
Advokat

---

Pb. 815, 6001 Ålesund  
Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51  
Mobiltlf: 908 94 668  
E-post: [hove@wah.no](mailto:hove@wah.no)

---

---

**Fra:** Johnny Loen [<mailto:johnny.loen@mrfylke.no>]

**Sendt:** 17. mars 2015 08:58

**Til:** Advokatene Aarsæther, Hove og Tynes

**Kopi:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Herøy kommune; Statens vegvesen Region Midt

**Emne:** Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjord - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - nsvr på førespurnad

Att. B.K. Hove

Svar på førespurnad, reg.plan Eggesbøjord, Herøy kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Johnny Loen  
Plansamordnar  
71 25 82 88





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/165
		Arkiv:	L12

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
60/15	Formannskapet	17.03.2015
32/15	Kommunestyret	26.03.2015

### **DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA OMRÅDE F/K/O - SLUTTHANDSAMING.**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljregulering for Eggesbøjord gnr. 38 bnr. 2 m. fl - området F/K/O» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, datert 17.09.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

**Møtebehandling:**

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

**Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m. fl - området F/K/O» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, datert 17.09.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

**Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m. fl - området F/K/O» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, datert 17.09.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

## **Vedlegg:**

- 01 – Plankart, datert 17.09.2014
- 02 - Føresegner, datert 17.09.2014
- 03 - Planomtale, datert 17.09.2014
- 04 - F-sak 161/14 – Vedtak om offentlig ettersyn av planforslag
- 05 - Innspel til offentlig ettersyn (samla)

Uprenta vedlegg

- Vedlegg til planomtalen, datert 17.09.2014

## **Saksopplysningar:**

Sporstøl Arkitekter AS har, på vegne av tiltakshavarane Rema 1000 Eiendom Vest AS og Johannes S. Eggesbø, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for eit avgrensa område på Eggesbøjorda. Området er tidlegare regulert gjennom områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL, med krav om ytterlegare detaljregulering for det området som er vist som F/K/O (forretning, kontor, tenesteyting).

Målet med planarbeidet er mellom anna å legge utvikle og tilby byggjeområder for forretning, kontor og bustader sentralt på Eggesbønes, samt avklare rammer for utbygging av ny Rema 1000 butikk på Eggesbøjorda, med tilhøyrande parkeringsplass og infrastruktur.

Gjeldande flatereguleringsplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL blei godkjent av kommunestyret den 26.04.2012. Oppstart av planarbeid med denne detaljreguleringsplanen blei kunngjort 05.11.2013. Den 02.06.2014 mottok kommunen forslag til detaljreguleringsplan frå Sporstøl Arkitekter AS.

Formannskapet behandla planforslaget i møte 14.10.2014, F-sak 161/14, der det blei gjort vedtak om sende planforslaget på høyring og legge dette ut til offentlig ettersyn.

Forslag til detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda har vore ute til høyring i seks veker. Det har kome inn 13 innspel til planarbeidet. Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen fremja motsegn av omsyn til detaljhandel og barn- og unge. Etter nærare presiseringar og opplysningar frå Herøy kommune, trekte desse instansane sine motsegn til planforslaget.

Det er ikkje gjort endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei innspela som har kome til offentlig ettersyn. Rådmannen sine vurderingar er vist med kursiv tekst. For meir detaljert informasjon om innspel og innhald i planforslaget, viser ein til vedlegga i saka.

## Behandling av innspel til offentlig ettersyn:

Følgjande instansar har ingen merknader til planforslaget:

- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev av 27.10.2014
- Søre Sunnmøre landbrukskontor (SSL), notat av 28.11.2014

### 1. Johannes S. Eggesbø, e-post av 24.10.2014:

Viser til at han har blitt pålagt å regulere meir areal enn kva som er hans. Noko som han meiner har ført til at andre har fått byggjeklare tomter og selt desse til føretak. Eggesbø meiner at andre må ta del i utgiftene til oppgradering av Eggesbøvegen og spør om kvifor han skal legge til rette for alle andre? Han meiner at oppgradering av Eggesbøvegen er eit offentlig ansvar, og spør om kven andre som har møtt desse krava rundt i kommunen.

### Vurdering av innspel:

*Rådmannen vil understreke at det i reguleringsplanar, dersom det er naudsynt for å oppnå ei heilskapleg og framtidsretta arealplanlegging, kan vere med areal som ikkje er eigd av forslagstillar. Dette er ikkje uvanleg og noko som det er heimel til etter plan- og bygningslova. Når det gjeld kommunen sitt lovgrunnlag til å stille rekkjefølgjekrav til oppgradering av vegar, viser ein til plan- og bygningslova § 12-7.*

*Rådmannen viser til at det er fleire forslagstillarar i Herøy kommune som har blitt møtt med rekkjefølgjekrav om oppgradering av infrastruktur i nyare planar. Ein viser her til reguleringsplanar som; Myklebuståsen, Hjelmeseth, Verket og Nærøya.*

### 2. Statens Vegvesen Region Midt, brev av 03.12.2014:

Vegvesenet har ikkje vesentlege merknader til planutforminga, men saknar av plandokumenta ei nærare drøfting og vurdering av trafikale konsekvensar realiseringa av regulert arealbruk vil føre til på det offentlege vegnettet til og frå reguleringsområdet. Som kjent har kommunen under arbeid eit forprosjekt med sikte på utbetringar på fylkesveg 654 strekninga Flusundkrysset Kvithaugmyrkrysset, med mellom anna utbetring av krysset mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen.

Statens Vegvesen har ved varsel om oppstart av privat detaljregulering på eigedomen gnr 37 bnr 222 m.fl. (Kiwi) uttalt: «*Vi foreset at varsla regulering vert sett i samanheng med og tilpassa reguleringa av kryssløysinga mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen m.m. Det med sikte på å få på plass ei heilskapleg regulering for området med trafikktrygge og funksjonelle løysingar.*» Etter dette rår Statens Vegvesen til at planforslaget for Eggesbøjorda vert meir heilskapleg drøfta og vurdert i høve til trafikale utfordringar og konsekvensar gjennomføringa av reguleringa vil skape på det offentlege vegnettet til og frå planområdet. Det bør i den samanheng konkret vurderast om det vil vere føremålstenleg om det gjennom reguleringsplanen bør innarbeidast rekkjefølgjekrav om at krysset mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen skal utbetrast før arealbruken i planforslaget som ligg føre vert realisert.

### Vurdering av innspel:

*Dei trafikale konsekvensane av realisering av skissert arealbruk i høve offentlig vegnett vil i første omgang vere mot kommunalt vegnett (Eggesbøvegen). Denne veggen er tenkt*

oppgradert med fortausløyising for mjuke trafikantar, betre veglys og tekniske anlegg m.m.

Når det gjeld fylkesvegen (FV 654) viser rådmannen til at Formannskapet har gjort vedtak om oppstart av planarbeid for deler av FV 654, med bakgrunn i forprosjektet som Statens Vegvesen viser til i sitt brev. Rådmannen føreset at løysingar kring framtidig arealbruk og trafikkmønster for fylkesvegen, samt kryssløyising mot Eggesbøvegen, blir løyst gjennom ein eigen reguleringsplan, og at ein oppnår ei heilskaplege regulering av trafikken for området rundt Eggesbønes gjennom realisering av godkjente reguleringsplanar.

Rådmannen finn det ikkje tilrådeleg å stille rekkjefølgjekrav som omhandlar tiltak på fylkesvegnettet knytt til detaljreguleringsplanen for Eggesbøjorda. Dette vil vere urimeleg tyngjande økonomiske kostnader å legge over på private tiltakshavarar, sett i høve dei konkrete byggjeplanane som er i det området pr i dag. Rådmannen er av den oppfatning av at utbetring av fylkesveg 654 må løysast som eiga sak.

### 3. Sameige Herøysenteret v/ styreleiar Stig Vestnes, e-post av 19.11.2014:

Sameiget Herøysenteret, Eggesbøvegen 2 har i sameigermøte i den 19.11.2014 uttrykt stor bekymring for dei trafikale forhold for inn og utkøyring til Myklebustvegen og til parkeringsområdet rundt Herøysenteret og KIWI bygget. Dei registrerer utbyggingsplaner hjå både KIWI, Rema 1000, Eggesbøjorda og generelt auka trafikk i området. Før vidare utbygging forventar dei at det føreligg ny og betre løysing for heile området. Sameigarane på Herøysenteret ønskjer å få presentert Herøy Kommune sine planar for krysset ved Herøysenteret. Samt inn/utkøyring frå Herøysenteret/Coop, Kiwi og nye Rema 1000. Områdene i dag ikkje eigna for mjuketrafikantar.

### Vurdering av innspel:

Trafikkmønsteret i området er i dag regulert gjennom gjeldande reguleringsplanar. Desse planane omfattar både offentlege og private areal. I gjeldande reguleringsplan for Kvithaugsmyra og Herøysenteret er det regulert inn korleis parkeringsforhold, tilkomst m.m skal vere til desse eigedomane. Rådmannen er samd med Sameiget Herøysenteret i at dei trafikale forholda i området ikkje er tilfredstillande slik situasjonen er i dag. Ein vonar at oppgradering av Eggesbøvegen med fortau, opprydding i inn/utkøyring til forretningsområdet Kiwi/Mega via ny tilkomst frå Eggesbøjorda, samt utarbeiding av reguleringsplan for FV654 og evt realisering av den, vil gi ei vesentleg betring av dei trafikale forholda på staden. Dette vil gjelde både for køyremønster og ferdsel til mjuke trafikantar.

I tillegg til tiltak på offentleg vegnett, vil rådmannen oppmode Sameige om å gjere tiltak på sine eigen private parkeringsplassar, slik at desse blir i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Aktuelle tiltak kan t.d vere fysisk avgrensing mellom gangsoner og parkeringsplass for bil, oppmerking av gangfelt inne på parkeringsplassen, oppmerking av køyrefelt for bil, forsterka belysning, skilting m.m. Dersom ein ser dei ulike planane for området på Eggesbønes i samanheng, både løysingar for offentleg veg og parkering, vil ein kunne sjå den heilskaplege løysingane for heile området. Sameige Herøysenteret kan få innsyn i gjeldande planar og pågåande reguleringsplanar gjennom kommunen sitt kartsystem og digitale planarkiv.

### 4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 09.12.2014 og 05.02.2015:



Reiser motsegn til at reguleringsplanen opnar for forretningsareal inntil 3000 m<sup>2</sup>. Fylkesmannen har også motsegn til planen då RPR for å styrke barn- og unge sine interesser i planlegginga ikkje er følgt opp i planen. Leikeareal må visast i planen og det må fastsetjast rekkjefølgje- og funksjonskrava til leikeområdet.

#### Vurdering av innspel:

*Herøy kommune har i brev av 14.01.2015 påpeikt følgjande overfor Fylkesmannen:*

#### Detaljhandel:

*Når det gjeld dei ulike forretningane Mega, Kiwi og Rema 1000 er desse etablert og planlagt etablert på Myklebust. Forretningane Mega og Kiwi er omfatta av reguleringsplanane BP Kvithaugsmyra og reguleringsendring for Herøysenteret. Planlagt ny Rema 1000 butikk er omfatta av ein anna reguleringsplan Eggesbøjorda området F/K/O. Sistnemnde er eit privat forslag til detaljreguleringsplan heimla i overordna flatereguleringsplan som blei godkjent 26.04.2012. I denne planen låg der eit krav om bebyggelsesplan for området der Rema 1000 no vil etablere seg. Etter samtalar mellom Herøy kommune og juridisk avdeling hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, blei det bestemt at kravet om bebyggelsesplan skulle tolkast som om det måtte utarbeidast ein detaljreguleringsplan etter PBL. I planprosessen med flatereguleringsplan for Eggesbøjorda (godkjent i 2012) blei det forhandla fram at det kunne opnast opp for detaljhandel i dette området. Gjennom samtalar mellom Herøy kommune og Fylkeskommunen blei ein samde om at føresegna om avgrensing av detaljhandel, som også ligg i dette planforslaget, skulle takast inn plan. Føresegna i detaljreguleringsplanen av 2014 er av noko anna ordlyd enn flatereguleringsplanen frå 2012, men føresegna har slik ein vurderer det, same innhald og juridisk avgrensing som i overordna plan.*

*Detaljhandel for området Myklebust / Eggesbønes og Eggesbøjorda har vore eit tema i planprosessen med utarbeiding av detaljreguleringsplanen. Ein viser her til den ovannemnde avgrensinga i føresegnene som er i tråd med overordna plan. Når det gjeld planomtalen, viser ein til at detaljhandel er omtala på side 24-25 i planomtale og at det her er gjort vurdering i høve overordna planar.*

*Detaljreguleringsplanen av 2014 er ei utfylling av flatereguleringsplanen for Eggesbøjorda frå 2012 og har med seg dei same føresegnene knytt til detaljhandel som i overordna flatereguleringsplan. Planforslaget er soleis i samsvar med overordna plan. Desse føresegnene avgrensar grenser for detaljhandel innanfor planområdet til Eggesbøjorda og må ikkje forvekslast med reguleringsplan for Herøysenteret og Kiwi. Rammene for detaljhandel for Eggesbøjorda har ein gjennom tidlegare planprosess blitt samde om med Fylkeskommunen.*

#### Barn og unge:

*Det er ikkje vist leikeplass som formål i planforslaget. Det eksisterer regulert felles privat leikeplass utanfor planområdet (Fe.I), i kort avstand til planområdet. Denne leikeplassen blei regulert gjennom overordna flatereguleringsplan som blei vedtatt i 2012 og skal også tene leilegheitene. I flatereguleringsplanen frå 2012 ligg det føresegner som omhandlar leikeplassen, med forhold som tid for utbygging, prioritering av born frå 1-7 år, eigen plan for utforming m.m.*

*I føresegnene for detaljreguleringsplanen for Eggesbøjorda område F/K/O av 2014 er det teke inn føresegner som regulerer felles uteopphaldsareal på bakkenivå (ikkje mindre enn 100 m<sup>2</sup>) tilrettelagt etter prinsippa om universell utforming. Det blir vidare vist til*

*kommunen sine barnetrakkregisteringar og vurderingar i planomtalen som seier at det ikkje er registert spesielle interesser/aktivitetar for barn og unge i dette området.*

*Med bakgrunn i ovannemnde er ein av den klare oppfatning av at interessene til barn- og unge i området blir ivaretatt gjennom regulert leikeplassen som er lokalisert rett utanfor planområdet. For leilegheitene vil privat leik og opphald bli løyst gjennom MUA – privat areal for kvar enkelt leilegheit og eller gjennom felles privat MUA på bakkenivå. Detaljar kring desse er det føreset går fram av seinare søknader.*

*Fylkesmannen har i brev av 05.02.2015 trekt motsegna til planforslaget.*

#### 5. Advokat Hove på vegne av Barstadklær AS, brev av 09.12.2014:

Advokat Hove hevdar at planforslaget for Eggesbøjorda strir mot «Forskrift om rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre» og gjeldande arealdel av kommuneplan. Hevdar det er etablering av Rema 1000 butikken må sjåast på som utviding av forretningsareal og at det fell under kjøpesenterforskrifta.

Det blir vidare hevda at daglegvareomsetninga i området ikkje opnar opp for ei ytterlegare daglegvarebutikk. Advokat Hove hevdar at det vil vere planfagleg feil at planforslaget skal opne opp for ein ytterlegare daglegvarebutikk når omsetningsgrunnlaget trugar etablerte butikkar. Særleg gjeld dette når dei etablerte er nekta utviding og den nye åleine vert gitt tilgong til like stort areal som dei to etablerte nabobutikkane tilsaman.

Det blir vidare peika på forslag om ny bensinstasjon i området. Hove meiner at bygging av denne vil «ta knekken på» dei to andre bensinstasjonane i området. Det blir her vist til same utfordringar som for butikkane.

Advokat Hove hevdar det er naudsynt med ei konsekvensutgreiing av fleire omsyn, mellom anna dei trafikale tilhøva. Hove påpeikar her eit behov for utbygging og oppgradering av infrastrukturen i området.

Det blir vist til forslag til køyreveg mellom dei to planane. Hove hevdar ei slik løysing vil øydelegge parkeringsplassar på hans part sin eigedom. Noko som ikkje er aktuelt, og meiner forslaget må endrast slik at det ikkje er i strid med vedtatt arealdisponering på naboiegdomen. Advokat Hove sin part aksepterer ikkje etablering av veg innover eige parkeringsområde.

#### Vurdering av innspel:

*Rådmannen viser til behandling av innspel frå Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune, der begge har trekt motsegna til planforslaget. Avgrensing av detaljhandel på 3000 m<sup>2</sup> i detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda er ei vidareføring av godkjent/fastsett føresegn i flatereguleringsplan. Den flatereguleringsplanen er ein eigen reguleringsplan med eit tidlegare framforhandla «tak» for detaljhandel. Ettersom dei regionale instansane no har trekt motsegna, vil det soleis kunne opnast opp for ny detaljhandel i området F/K/O ved vedtatt detaljreguleringsplan.*

*Når det gjeld forholdet til reguleringsplan for Kvithaug Smyra er dette ein eigen reguleringsplan som grensar til denne detaljreguleringsplanen for Eggesbøjorda.*

*I høve forholdet til kommuneplanens arealdel (vedteke 2014), viser rådmannen til at den inneheld ei omsynssone som seier at vedtatt reguleringsplan framleis skal gjelde for området. Dette betyr at reguleringsplane gjeld framfor kommuneplanen i dette tilfellet. Aktuelle føresegner i kommuneplanen som det blir vist til, vil i dette tilfellet gjeld i tillegg til eksisterande reguleringsplanar.*

*Frå kommunen si side vil ein peike på at ein i tidlegare plansaksbehandling for Kvithaugsmyra og Herøysenteret, ikkje har vore ein part som har nekta desse verksemdene å utvide sine forretningar. Kommunen har heile vegen vore klar på at Fosnavåg sentrum har avgrensa med areal og moglegheiter for plasskrevjande varer (handel) og at området på Eggesbønes må sjåast på som ein del av Fosnavåg sentrum. Kommunen må elles forholde seg til rammevilkår, heimla i andre forskrifter, og som blir handheva andre myndigheiter.*

*Det som advokat Hove viser til i høve omsetningsgrunnlag for daglegvarebutikkar og bensinstasjon, er forhold av konkurranse- og marknadsmessige tilhøve som plan- og bygningslova ikkje gir kommunen høve til å regulere. Det vil ikkje vere heimel i plan- og bygningslova (PBL) for å kunne gi føresegner for bestemte forretningar på ein måte som verkar konkurransehindrande. Det er ikkje heimel for å gi føresegner som skil ut bestemte typer varegrupper utover dette, eller kva typer forretningar som er tillat eller ikkje i eit område. Kommunen kan og vil soleis ikkje gå nærare inn på desse tilhøva i behandling av reguleringsplanen.*

*I forhold til KU-utgreiing, viser rådmannen til at reguleringsplanen for området er i tråd med overordna plan (flatereguleringsplan) og soleis ikkje KU-pliktig. Kommunen har heller ikkje motteke krav frå andre myndigheiter om at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for denne reguleringsplanen.*

*Den innteikna vegløyninga mellom Eggesbøjorda og Mega/Kiwi området er teke med i planforslaget av omsyn til kommunen sine overordna interesser for å oppnå eit heilskapleg og framtidssretta veg- og trafikksystem for forretningsområdet. Rådmannen ser at ei vegtilkopling her vil vere i konflikt med tidlegare innteikna parkeringsplassar. Dette er likevel underordna eit funksjonelt og trafikksikkert vegsystem i området. Det ligg til kommunen sin rett som planmynde og planlegge arealbruken uavhengig av eigedomsforholda i eit område. Rådmannen er av den oppfatning av at det let seg gjere å flytte dei råka parkeringsplassane til ei anna lokalisering med ledig areal i nærleiken. Ein vil også vise til at det ved oppstart av reguleringsendring for Kiwi-butikken, har vore sagt at den planen må ha fokus på parkeringsforhold og trafikksystemet i området.*

*Når det gjeld trafikksystemet elles i området, vonar ein at oppgradering av Eggesbøvegen med fortau opprydding i inn/utkøyring til forretningsområdet Kiwi/Mega via ny tilkomst frå Eggesbøjorda, vil gi ei vesentleg betring av dei trafikale forholda på staden, både for køyremønster og ferdsel til mjuke trafikantar. Vidare er det planlagt oppstart av reguleringsarbeid for deler av fylkesveg 654, og rådmannen legg til grunn at den planen oppnår ei heilskaplege regulering av trafikken for området rundt Eggesbønes og krysset mot Eggesbøvegen.*

#### 6. Barnerepresentanten, e-post av 10.12.2014:

Planen tek i dette området godt omsyn til barna. Her er regulert inn fortau og uteoppfallsareal som er eigna for lek. Det er bra.

Barnerepresentanten vil likevel minne om at dette er eit område med svært stor trafikk og til tider kaos, derfor er dei svake trafikantane svært viktige blir trygga når dette området

skal utviklast endå meir. Dette er derfor eit viktig fokus å ha.

Vurdering av innspel:

*Rådmannen viser til at det ligg føre rekkjefølgjekrav om at Eggesbøvegen skal oppgraderast og fortau skal byggjast, før det kan gjevast bruksløyve for nye forretningar innafor planområdet.*

7. Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 05.12.2014 og 02.02.2015:

Reiser motsegn til planforslaget av omsyn til at planen opnar opp for detaljhandel inntil 3000 m<sup>2</sup>. I planområdet for gbnr 37/222 er det allereie etablert detaljhandel, slik at når planen for Eggesbøjorda opnar for nye 3000 kvm, vil dette vere i motstrid mot RPB. Byggesøknad for daglegvare innanfor planområdet er i følgje planomtalen sett på vent av omsyn til planprosessen. Dette prosjektet åleine kan kanskje innpassast sjølv om totalarealet detaljhandel i begge planane skal vere mindre enn 3000 kvm. Planomtalen er ikkje særleg tydeleg på dette, og drøftar heller ikkje samanhengen med tilstøytande areal. Vi kan ikkje finne at konsekvensar av detaljhandel i Eggesbøområdet heller er utgreidd på kommuneplannivået. Vi viser i varsel til oppstart til drøftingar om dispensasjon i nærliggande område. Vi kan heller ikkje finne at dette er drøfta. Vi minner elles om at strid med Rikspolitiske retningsliner utløyser krav om KU etter KU-forskrifta § 3, jamfør § 4 d.

Vurdering av innspel:

*Herøy kommune har i brev av 14.01.2015 påpeikt følgjande overfor Møre og Romsdal fylkeskommune:*

- Parkeringsløsning. Regulerast i føresegner da det er ønskelig med fleksibilitet i forhold til plassering bygg og parkering.

**Føresegner regulerer følgende:**

- Universell utforming
- Alle bygningar planleggast dimensjonert for 3 etg.
- Utnyttingsgrad – maks BYA = 50 %
- Minimum uteoppholdsareal per buening:  
Privat balkong/uteplass min. MUA-p =10m2.
- Byggehøyde – Gesims / mønehøgde = 11 meter – gjennomsnittlig planert terrengnivå
- Maks BRA = 3000 m2 detaljhandel for F/K/T1 til F/K/T3. Dette er fordelt med BRA =1500 m2 i F/K/T 1 og BRA =1500m2 fordelt til områdene F/K/T2 og F/K/T3.
- Alle skjæringar / fyllingar og skråningar skal tilplantes
- Ved bruk av mur skal disse helst føres opp i naturstein (estetikk).
- Bruk av eksisterande (lokal) vegetasjon og stadbundne planter ved ny tilplanting.
- Parkering blir samsvar med kommunen sine parkeringsvedtekter –
- Der vil også bli lagt til rette for HC parkering og sykkelparkering. Begge bør ligge nær inngangen til bygget. Trinnfri tilkomst og ledelinjer i gategolv.
- Parkeringsområde og uteareal må ha belysning (LED)
- Parkeringsplasser skal fysisk merkes opp.
- For butikk: plassering av areal til lagring av handlevogner?
- MUA for leiligheter skal være minimum 10 m2 pr buenhet – skal være tilrettelagd for barn- og unge.
- Estetikk – en vil tillate moderne bygg med flatt tak og med glasfasade.
- Bygningane skal tilpassast terrenget og det skal i randsoner størst mogleg grad ivareta eksisterande vegetasjon – bruk av natursteinsmurer for avgrensing / trappering av terrenget.
- Krav til rekkjefølgje ved opparbeiding – opparbeiding av vegarr og infrastruktur og uteareal samtidig med bygning og anlegg. Det er gitt moglegheit for trinnvis og feltvis utbygging.

NØKKELDATA/AREALBRUK

Planforslag med føresegner og arealtabell er vist nedanfor og i vedlegg V1 plankart

Område	Størrelse daa	Arealbruk	kotehøgd Maks-BYA%	Ev. kommentar
<b>§ 12-5. nr.1 Bebyggelse og anlegg:</b>				
BF	0,1	Bustader – frittliggjande – småhus bebyggelse	PBL og TEK10 gjeld	I område <b>BF</b> er tilleggsareal til bustadtomt gnr. 38 bnr.188
BA	0,6	Bensinautomat	Maks høgd 6 meter over planert terreng.	Område er regulert med byggegrenser.
E	0,01	Energianlegg -Trafo	Maks høgd 3 meter over planert terreng.	Regulert i føresegner og plankart. Krav om utforming og rekkjefølgje.
F/K/T1 – F/K/T3	15,7	Forretning/kontor/tenesteyting Moglegheit for garasje i underetasje og leilegheiter i 2. og 3. etasje	Maks høgd 11 meter over planert terreng. BYA %= 50%	Regulert i føresegner og plankart. Krav om utforming og rekkefølgje i utbygging. Krav til parkering.
<b>§ 12-5. nr.2 Samferdsel, anlegg og infrastruktur.</b>				
o_V1	0,7	Kjøreveg. Offe ntlig	-	Eksisterande kommuneveg «Eggesbøvegen»
f_V2 – f_V3	1,6	Kjøreveg. Felles	-	Felles samleveg /tilkomst. Offentleg tilgjengeleg.
o_F1 – o_F2 f_F3- f_F7	1,6	Fortau, gangvei.	-	Offentleg tilgjengelig. Felles privat areal
AV1-AV2	0,2	Annan veggrunn,		Areal infrastruktur og grøfter/mur.
AVG og AV	0,5	Annan veggrunn, grøntareal		Areal grøfter/mur for å ta opp nivåskilnad
f_P	1,4	Parkering, servicetilkomst og fortau/gangareal. Felles	-	Vidareført frå gjeldande plan. felles Garasje- og parkeringsanlegg for eigedomane gnr. 37 og bnr. 222, 373, 432 og 457.
<b>§ 12-5. nr.3 Grønnstruktur.</b>				
f_GS1 – f_GS4	1,0	Vegetasjonsskjerm, felles.		Regulert i føresegner og plankart. Krav om utforming og rekkjefølgje.
<b>Samla areal planforslag</b>	<b>23,3 daa</b>			

**Bebyggelse og anlegg med plassering og utforming**

For detaljregulering har det vore føringar knytt til arbeidet med å få til gode forhold knytt til sol/ skugge, uteopphald og gode tilkomstforhold for forretningar, kontor m.m. Det er viktig at ein får ryddige og attraktive fellesområder for parkering og tilkomst.

Det er lagt vekt på å finne god forbindelse til fellesområder for leik, opphald og etablerte grøntdrag på Bergsøya. Bygningane er planlagt å få eit urbant uttrykk med god forbindelse til etablert forretningsområde i nordvest (Kiwi / Mega).

Arealdisponeringar i planområdet er som følgjer:

Planområdet F/K/O i gjeldande plan er ca. 19100 m<sup>2</sup>. Med BYA% =50% så gir dette eit areal til bygg inkludert parkering i dagen på 9550 m<sup>2</sup>.

I planforlaget er desse bebyggelsesområda nemnt som F/K/T1 til F/K/T3 med same type bruk. Arealet her er ca. 15100 m<sup>2</sup>. Med BYA% =50% så gir dette et areal til bygg inkludert parkering i dagen på 7550 m<sup>2</sup>.

Per i dag er det berre bygggeområdet for Rema 1000 som det konkrete planar for å realisere. Her er det planlagt eit bygg med delvis nedsenka kjellaretasje, butikk i 1 etasje, kontor og/eller leiligheiter i 2 etasje.

Viktige føringar knytt til detaljreguleringa er:

- Hovudprinsippet er moglegheit for 1 etasje nedgravd til parkering, og maks 3 etasjer i dagen. Illustrasjonar viser korleis dette vil ligge i forhold til terreng og eksisterande bebyggelse.
- Det er ønskeleg med fleksibilitet i bruk av areala. I 1 etasje vert det fortrinnsvis forretning. Kontor/tenesteyting kan etablerast i 1., 2 og 3. etasje. Det er opna for leiligheiter/hyblar i 2. og 3. etg..
- Det er planlagt regulert felles og private uteopphaldsareal for bustader. Felles føresegnar i gjeldande plan legges til grunn der husvære med mer en to rom skal ha min. 10 m<sup>2</sup> (balkong). Felles uteareal for leik skal etablerast på bakkenivå.
- Bebyggelse er regulert med maks BYA =50%. Dette er likt med gjeldande områdeplan.
- Maks bygg høgder for området er planlagt regulert i plan og føresegn med maks 11 meter frå gjennomsnittlig planert terreng rundt bygg. For bygg vil det bli lagt inne 10 % for tekn. installasjonar/heissjakt som kan bli høgare. Dette er likt med gjeldande områdeplan.



Utsnitt av illustrasjon for nytt Rema 1000-bygg på Eggesbøjord (Plassering i område F/K/T 1).


## Parkering

For område er det lagt opp til muligheter for etablering av felles parkeringskjeller for leiligheter, kunde-/ gjesteparkering i en blanding av plasser inne og ute. Gjeldende kommunale parkeringsvedtekter er lagt til grunn og innarbeidd i føresegnene. Vedlagte skisser viser at det bør være mulig å få til god dekning på parkeringsplasser med muligheter for parkeringskjeller(innomhus) og utomhus rundt nye bygninger.

Kravet til parkering for leiligheter er 1,5 plass per leilighet. Dersom samla tal bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 per bueining. For områda F/K/T1 til F/K/T3 er det sett krav til minimum to biloppstillings som er tilrettelagd for HC-parkering pr. område.

## Trafikkløysning, tilkomst, tilgjengelige for gåande og syklende

Tilkomst frå hovudveg med tilhøyrande fortau er planlagt med godt synlege og forståeleg tilkomstforhold Det er regulert gode forbindelsar gjennom planområdet i nord-aust retning og nord-sør retning. Planarbeidet vil få avklart rammer for tilkomsten til kommunal veg Eggesbøvegen, samt etablering av offentlige interne gangaksar. Viser til illustrasjonar. Ved byggesøknad vil det vere krav om detaljutforming av interne vegar og fortau.



Utsnitt av illustrasjon – grøntstruktur – traseer for gående/syklende

## Skuleveg

Området har gode rammer for sikker skuleveg. Bygg, fortau og gangfelt er vist i planillustrasjon med tilknytning til eksisterande nettverk. Det er i føresegne stilt krav til rekkjefølgje på nytt fortau langs Eggesbøvegen i planområde.

## Miljøtiltak

Det blir planlagt god miljøprofil med regulering av felles attraktive uteområdet. Dette er regulert med føresegner i planen.

## Universell utforming

Tiltak blir gjennomført etter prinsippa om universell utforming med omsyn til gjeldande lovverk. Dette er regulert med føresegner i planen.



## **Uteoppald**

Område for felles uteoppald/leik er regulert med egne føresegner for formålsområder F/K/T1 til F/K/T3. I tillegg er det regulert gangareal/fortau som er knyttet til eksisterande gangvegnett og vidare til omkringliggjande grøntområder. Føresegner og plankart regulerer dette med rekkefølgekrav.

## **Kulturminne**

Området er frigitt til utbyggingsformål. Viser til utsnitt av brev frå Riksantikvaren datert 10.05.2013 nedanfor.

«

Melding om ferdigstilte arkeologiske utgravingar

Realisering av reguleringsplan for Eggesbøjord, gnr 37 og 38, Herøy kommune, Møre og Romsdal

Riksantikvaren er i brev av 6.mai frå Universitetsmuseet i Bergen orientert om at dei arkeologiske utgravingane av id 142266 og 142271 på Eggesbø, gnr 37 og 38 i Herøy kommune er avslutta.

Vi stadfester med dette at dei arkeologiske utgravingane som er heimla i reguleringsplan for Eggesbøjord, er gjennomført. Vilåra for løyvet er dermed oppfylt, og området der er søkt om er klargjort for anleggsverksemd.

«


## **Infrastruktur på VA og avfall**

- Avfall blir tatt hand om av interkommunal renovasjonsløyising.
- Avløp vert dimensjonert i forhold til nybygg og etter kommunens regler for tilknytting.
- Vatn til eksisterande leidning i området og etter kommunens regler for tilknytting.
- Det er eksisterande telekabel i området. Dette må tilpassast planlagt bygningsmasse.
- Det er eksisterande straumlinjer og trafo i området. Kapasitet i området vert tilpassa planlagt bebyggelse etter nærare dialog med kraftselskap.

Skisser nedanfor viser hovudlinjer for teknisk infrastruktur.



Utsnitt av illustrasjon med planlagt VA – Vann blå og avløp/drens rød



Planlagt VA i og ved planområdet. Kilde: Herøy kommune og Provar AS



## Risiko og sårbarhet (ROS)

Plankonsulent har utarbeidd eiga sjekklister og ROS-analyse for planområdet.

- Gjennomgang av sjekklister viser ikkje spesielle vesentlege punkt i høve risiko og sårbarhet (ROS) for planområdet.
- Det er i samband med varsling ikkje kome fram spesielle forhold som krev ytterlegare utgreingar.

Viser til vedlagt sjekklister og innkomne merknader.

## Utbyggingsår - Byggetrinn. 2014– 2019.

Det er i planforslaget lagt opp til moglegheit for trinnvis utbygging av området. Det er i dag mest sannsynlig at første trinn blir som skissert nedanfor. Forslagstiller ønskjer å komme i gang med byggjearbeidet snarast mogleg. I reguleringsplanen sine føresegner er det gitt rekkjefølgebestemmelsar som skal sikre ei naturleg styrt trinnvis utbygging av området, med tilhøyrande infrastruktur. Det er i plan skissert kva fellesområder som vegar, fortau, vegetasjonsskjerm m.m. som skal ferdigstilles samstundes med realisering av dei ulike byggeområda F/K/T1 til F/K/T 3. Ein viser elles til reguleringsføresegnene.

Prosjekt er planlagt gjennomført i tidsrommet 2014 -2019.

- **Tinn 1: Nytt Rema-bygg og bensinautomat - 2014**
- **Trinn 2 og 3: utbygging på sørlig del av planområdet - 2014-2019**



Skisse utbyggingstrinn

### Utbygging Trinn 1 kan omfatte:

Byggjereal F/K/T1 (områder for nytt REMA-bygg) og BA (Bensinautomat)

- F/K/T1 kan delvis byggast ut og samtidig inkludere oppgradering av o\_V1, samt realisering av vegar f\_V2 , o\_F1, o\_F2, fortau f\_F4 og anne veigrunn grøN AVG2.
  - Ved etablering av tilkomst til F/K/T1 frå f\_V3, skal en i tillegg vegen f\_V3 og fortau f\_F4 byggast ut.
- Bensinstasjon og del av f\_V2, o\_F1 og tilgrensande fortau f\_F3 kan bygges som eit trinn.
- Naudsynt opparbeiding av infrastruktur vann og avløp og drenering med handtering av overflatevann.
- Etablering vegetasjonsskjerm f\_GS4 i 2 meters bredde skal etablerast samstundes med utbygging i F/K/T1.

## Utbygging Trinn 2 - eventuelt et trinn 3:

Byggjereal F/K/T2 og F/K/T3

- Oppgradering av o\_V1, samt realisering av veger i f\_V2 og f\_V3 må vere etablert som tilkomst til område F/K/T2 og F/K/T3.
- Område F/K/T2 og F/K/T3 kan byggjast ut som delområder.
- Gangvei/fortau o\_F1, o\_F2, f\_F4, f\_F5, f\_F6, tilgrensande f\_F7 og f\_8 må etableras for tilkomst til område F/K/T2 og F/K/T3.
- Anna trafikkareal AV og AVG
- Naudsynt opparbeiding av infrastruktur vann og avløp og drens med handtering av overflatevann.
- Etablering vegetasjonsskjerm f\_GS1 og GS2 skal skje samtidig med F/K/T2, og f\_GS3 samtidig med F/K/T3.



Skisse med i byggetrinn. Det er moglegheit for 3 delområdet som viste over.

## 7 Verknad og konsekvens av planforslaget

### Overordna planer

Vi vurderer planen i hovudtrekk til å vere i tråd med prinsipp og rammer i kommunens overordna arealplan og gjeldande områdeplan for Eggesbøjord.

Denne detaljreguleringa gir ein meir detaljert plan for kva som er fellesområder, trafikkområder, uteopphald og kva som er område for bebyggelse med kombinert formål. Det er lagt vekt på å vise ei utnytting av området som strekkjer seg utanfor F/K/T1, dette for å vise ei heilskapleg utvikling av området. Samstundes som ein ikkje legger for stramme rammer for utbygging av desse områda.



Fleksibilitet med omsyn til areal avsett til forretning/kontor og tal leilegheiter i forhold til fellesfunksjoner, heissystem og etappevis utbygging er vektlagt og vurdert som viktig for å kunne realisere prosjektet og sli at det kan gjennomførast økonomisk.

Planforslaget er også innanfor rammene i overordna planar knytt til detaljhandel.

### **Landskap, staden sin karakter og estetikk..**

Konsekvens for landskapet er i gjeldande plan er utgreidd. Vi ser detaljreguleringa som ei vidareføring av den byggeskikk og utforming som er etablert nord av planområdet. Det blir lagt vekt på å tilpasse bygg og anlegg til å spegle dagens arkitektur.

### **Kulturminner.**

Tidlegare automatiske freda kulturminner er no utgravne og området er frigitt av Riksantikvaren til utbygging.

### **Forhold til naturmangfald.**

I «Naturbase» til Direktoratet for naturforvaltning er det ikkje gjort spesielle registreringar innanfor planområdet. Skjerming og vegetasjon i randsoner er regulert med formål og føresegner i planen.

### **Rekreasjonsinteresser / uteområde**

Det er ikkje registeret spesielle rekreasjonsinteresser i planområdet. Det er innarbeidd eigne føresegner som sikrar tilstrekkeleg ute opphaldsareal – både privat og felles private areal. Vidare har planen føresegner om rekkjefølgje som sikrar at område blir etablert og ferdigstilt samstundes med etablering av nye bustader.

### **Trafikk, tilkomst, tilgjengelige for gåande og syklende**

Vi vurderer prosjektet til å være i samsvar med prinsipp og rammer i kommunes overordna arealplan. Hovudføringar i gjeldande plan er vidareført i planforslaget.

### **Universell tilgjenge**

Planforslaget gir moglegheiter for dette – både knytt til bygg, uteområde og infrastruktur. Det blir vist til føresegn i plan som regulerer dette.

### **ROS.**

Vurderinga er at planen ikkje medfører negative konsekvensar av omsyn til risiko og sårbarheit.

### **Jordressursar / landbruk.**

I overordna plan er areal avsett til utbyggingsformål. Ein vurderer planlagt arealbruk som klart med landbruksmyndighetene og i tråd med gjeldand områdeplan og overordna kommuneplan.

### **Teknisk infrastruktur.**

Det er godt utbygd kommunal infrastruktur i og ved planområdet. Det er eksisterande byggjeområde kring området. Planforslaget vil positivt legge til rette for ny infrastruktur som kan gi kringliggjande areal til planområdet moglegheiter for vidare utvikling.

### **Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Plankonsulent ser behov for å drøfte utbyggingsavtale med kommunen i høve:

- Etablering av gang og sykkelveg/fortau mot Eggesbøvegen i nord.
- Etablering av nytt vatn- og avløpssystem gjennom planområdet

## **Konsekvensar for næringsinteresse**

Det vil, etter vårt syn, vere positiv for Eggesbønesområdet og regionen for øvrig at det blir tilrettelagt for eit sentralt, moderne og lett tilgjengelige utbyggingsområde for vidare næringsaktivitet. Planforslaget legg til rette for nye bygningar/lokale knytt til både forretning, kontor, tenesteyting og bustader.

## **Interesse motsetningar**

Det er etter innkomne merknader kome fram interesse motsetningar knytt til etablert næring/butikk nord av planområdet. Dette er omtalt og vurdert i vedlegg 2. På generelt grunnlag vil vi seie at det er fri konkurranse når det gjelder å etablere bedrifter/butikkar i dette området. Reguleringsplan er vidare i tråd med vedtekne rammer og arealbruk i overordna planar for kommunen. Med bakgrunn i kommentarar til innspel i vedlegg 2, meiner vi at innspela er behandla på ein forsvarleg måte.

## **Avveging av verknader**

Viser til plankart og føresegnar med forslaget til detaljregulering.

### ***Forslag til detaljregulering i forhold til gjeldande planar***

Vi vurderer verknadar av planen til å vere ei modernisering og tilpassing til dei krav og behov som kommune står overfor i dei neste 5 til 10 åra. Forslag til detaljreguleringsplan følgjer rammer og føringar som er gitt i overordna kommuneplan og gjeldande områdeplan for Eggesbøjord.

Vi ser Fosnavåg, Myklebust, Eggesbønes og Mjølstadneset som eitt sentrumsområde. Ut frå definisjonen er avstanden for lang, men vi meiner at her er rom for handelsbygg på begge områda utan at det skal gå på bekostning av kvarandre. Kommunen har i gjeldande områdeplan vurdert dette og det er gitt rammer for etablering av detaljhandel. Planen er relativt ny, og det er ikkje kome nye moment som tilsier at grunnlaget er endra.

Området Eggesbønes/Myklebust er definert som avlastingsområdet for Fosnavåg av omsyn til handel.

Nedanfor er det teke inn eitt utdrag frå kommuneplanens samfunnsdel  
Denne er vedtatt og trote i kraft 24-10-2013:

«

## **Satsingsområde: Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling**

For samfunnsutviklinga vil det vere viktig for Herøy at ein kan etablere komplementære senter til Fosnavåg. Ein er avhengig av å kunne utvikle Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset som ein naturleg del av Fosnavåg og Myrvåg bør utviklast som ein satellitt til Fosnavåg som kan dekke basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy ved å leggje til rette for sal av detaljhandel og plasskrevjande varer. Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg ser ein ei stor utfordring når daglegvarebutikkane vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område. Nasjonale føresegn for sentrumsutvikling seier at ein ikkje skal etablere detaljhandel over 3000m<sup>2</sup> utanfor sentrum og det same seier den regionale delplan for kjøpesenter. Kommunen meiner ein må sjå på kva fysiske omgjevningar som dannar sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva. Kommunen støttar prinsippet om at detaljhandel som skaper sentrumsaktivitet skal leggjast til sentrum, men den samla arealbruken i sentrum og tilgjengeleg areal må leggje føringar for utviklinga.

«

### **Forslag til detaljregulering og trinnvis utbygging.**

Planen viser meir detaljert arealbruk og regulerer ei mogleg trinnvis utbygging. Sida det per i dag bare er område F/K/T1 som er klart for utbygging, ser vi det som viktig at ein ikkje legg for stramme føringar av omsyn til arealfordeling mellom de ulike byggjeområda i plan. Der er rekkjefølgjekrav til dei ulike utbyggingsområda i føresegner for å oppnå heilskapleg utbygging av infrastruktur, vegar og fortau.

### **Forholdet til «Forskrift om rikspolitiske bestemmelse for kjøpesentre»**

I varslingsdokumenta blei det opplyst at vi ville drøfte moglegheiter for detaljhandel på eit areal som er større en 3000 m<sup>2</sup> for planområdet. Etter varslingsrunden, og etter drøfting med kommune, er det valgt å følgje rammer som er gitt i gjeldande områdeplan. Det er difor ingen endring i forhold til gjeldande plan for området når det gjeld detaljhandel.

## **8 Konsekvensutgreiing**

Plandokument er utarbeidd etter Mijøverndept. sin rettleiar T-1490.

Etter vurdering av kommune på oppstartmøte vil ikkje planen utløyse konsekvensutgreiing i høve til PBL § 4-2. Området har over lengre tid vore avsett til utbyggingsområde i overordna planar, og denne planen blir meir tilpassa dagens plansystem og kommunes ønske om utbyggingsmønster for området Myklebust/Eggesbønes.

I planarbeidet er det sett fokus på følgjande forhold i planframstilling:

- Visualisere den nye bygningsmassen og anlegg i forhold til utnyttingsgrad og byggehøgd, nær- og fjernvirkning. Visualisering av arkitektur med verknader av planforslaget.  
*Vi meiner planforslaget gir eit godt bilde av planlagt utbygging. Illustrasjonar viser avstand og volum av moglege bygningsmasse i forhold til naboar. Snitt-illustrasjonar viser høgder i forhold til nabobygg. Forslaget er innfor rammer gitt i overordna områdeplan, og føringar gitt i gjeldande reguleringsplan for området.*
- Utgreiing av infrastruktur og VA i området.  
*Viser til utredning frå Provar AS, jfr. Vedlegg 5.*

## **9 Innkomne innspel og medverknad**

Viser til vedlagt dokument som har kome i samband med oppstart planarbeid, og kommentarar til innspel/fråsegner. Viser også til vedlegg V2 og V3. Plankonsulent meiner at merknader og innspel er kommentert og ivaretatt på ein forsvarleg måte i planforslaget.

## **10 Sluttord.**

På vegne av tiltakshavar ber vi om rask behandling av planforslaget.

Det vert her søkt om at dette private planforslaget blir tatt opp til behandling i kommunen etter plan- og bygningsloven (PBL) §§12-3 og 12-8.

Med helsing

---

Ing. Bjørnar Sporstøl

Mobil: 9186 8794  
E-Post direkte: bjornar@sporstol.no

Vedlegg: Innspel til oppstart av planarbeid  
Behandling av innspel til planarbeidet .  
Referat frå oppstartsmøte og varslingsbrev.  
ROS sjekklister.  
Utgreiing infrastruktur (VA)  
Illustrasjon og Volumstudie

Med kopi til: Tiltakshavar





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
150/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	27.08.2015

### MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - PRINSIPPAVKLARING DEPONERING AV MASSER I SAMBAND MED MUDRING

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 (kombinasjon av innsegling til Fosnavåg hamn og indre del av hamna) skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av deponi etter alternativ 3.

#### Særutskrift:

- Kystverket, Region-Midt.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Maritim teknisk komité.
- Anlegg- og driftsavdelinga.

**Vedlegg:**

1. K-sak 148/14.
2. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 30.1.2015.
3. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 4.2.2015.
4. Prinsippavklaring. Samanstilling av alternativ.

**Bakgrunn:**

Herøy kommunestyre gjorde slikt vedtak 27.11.2014, K-sak 148/14:

- «1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong førebuande arbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.
4. Parallelt med dette vert det gjort ei vurdering på alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet.»

**Saksopplysningar:**

Som det går fram ovanfor vedtok kommunestyret at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av hamna og rådmannen fekk fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar. Kommunestyret vedtok også at det vert sett i gong førebuande arbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn. Det må og nemnast at arbeidet med byutviklingsprosjektet for Fosnavåg har gitt føringar for det vidare utgreiingsarbeidet. Innspela frå dette prosjektet er teke omsyn til i administrasjonen sitt arbeid.

Det er gjennomført samtalar og forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi på Igesund-området (alternativ 2). Forhandlingane er ikkje slutførte pr. dato.

Administrasjonen har sett nærare på desse alternativa:

1. Samuelsholmen i Kråkøysundet.
2. Innseglinga til Fosnavåg hamn.
3. Indre hamn og huken i ytre del.

**Alternativ 1. Samuelsholmen i Kråkøysundet**

Kommunestyret ba om at det vert gjort ei ny vurdering på alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet.

Etter at saka var handsama i kommunestyret, sende administrasjonen sak knytt til lokaliteten ved Samuelsholmen i Kråkøysundet, på høyring til Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Fylkeskommunen (FK), datert 30.01.2015

FK meiner Fosnavåg hamn peikar seg ut som den beste lokaliteten, med bakgrunn i:

- Transportavstanden er kort.
- Deponiet vil medverke til landvinning i sentrum, i samsvar med godkjend kommuneplan og redusere behovet for tilførsel av masser frå andre stader.
- Området er allereie sterkt påverka av menneskeleg aktivitet og det er ikkje konflikt med vesentlege naturressursar eller brukarinteresser.
- Ev. deponi ved Fosnavåg hamn let seg lett skjermje og arrondere.

FK rår frå alternativet ved Samuelsholmen/Kråkøysundet, med bakgrunn i:

- Området har ein viktig biologisk funksjon, dels av regional karakter.
- Området har vore i bruk og er godt eigna som låssettingsplass under silde- og brislingfiske.
- Ev.deponi ved Samuelsholmen/Kråkøysundet vil defragmentere eit område mellom Voldsund og Sandevika som i dag er tilnærma urørt. Verdien av ålmenta sitt friluftsliv vil bli redusert tilsvarande.
- Det er ingen naturgitt avgrensing/arrondering av deponiet.
- Transportavstanden er unødig lang og transport vil dermed gi unødige utslepp.

Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

Fylkesmannen (FM), datert 4.2.2015

FM rår kommunen sterkt i frå å velje området ved Samuelsholmen i Kråkøysundet som deponiområde. FM peikar på at området er urørt med djupner mellom 0-20 meters djup og at området er ein del av eit større viktig beiteområde for sjøfugl og vadefugl. Det vert og vist til at det på Kråkøya foregår hekking av toppskarv, grågås, ærfugl og svartbak.

FM varslar at dei vil vurdere å reise motsegn til ein reguleringsplan som legg til rette for deponi ved Kråkøysundet.

Oppsummering/konklusjon - alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet:


Fylkeskommunen tilrår deponering av masser ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

Fylkesmannen rår i frå å velje Kråkøysundet som deponiområde. Fylkesmannen varslar at dei vurderer å reise motsegn til reguleringsplan som legg til rette for deponi ved Kråkøysundet.

## **Alternativ 2. Innseglinga til Fosnavåg hamn**

### Lokalisering

Området ligg sentralt i Fosnavåg sentrum.



Lokalisering av området

### Planstatus

Det meste av sjøarealet er ikkje regulert. Planområdet grensar til fleire reguleringsplanar. I kommuneplanen sin arealdel (2014) er sjøarealet lagt ut til sjøområde. Det er også lagt ut til sentrumsføremål (S).



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

## Deponi

Området har djupner frå ca. 4.7 m til ca 16-17 m. Ei etablering ved innseglinga vil gi ei god løysing med tilstrekkeleg kapasitet. Avhengig av molo. Plassering av molo er avgjerande for kor mykje masse deponiet kan romme.



Overflateareal: ca. 11.500 m<sup>2</sup>. Kapasitet: ca. 100.000 m<sup>3</sup>.  
Molo: 140 m lengde, høgde -13 til +3 m, ca. volum 58.000 m<sup>3</sup>.

## Kostnader

Kystverket skal bere alle kostnadene i samband med etablering av deponi. Eventuelle kostnader knytt til ferdigstilling av areal, som ikkje er direkte knytt til deponiet, vil ein kunne pårekne at kommunen må ta del i.

## Oppsummering

Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massane direkte til deponi, noko som vil vere ei miljømessig god løysing. Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte (sentrumsutvikling). Fylkesmannen og fylkeskommunen har ikkje hatt innvendingar til denne lokaliteten.

## **Alternativ 3. Kombinasjon av innseglinga til hamna og indre del av hamna**

I samband med byutviklingsprosjektet, kom to av firmaene i parallelloppdraget med forslag om at massene kan deponerast i indre del av hamna. Dette vert no lansert som eit nytt alternativ til deponeringsområde, der ein ser føre seg at delar av massene vert deponert ved innseglinga til hamna (i huken ved fiskarkona) og resten av massene blir deponert i indre del av hamna.



## Lokalisering



Ca. avgrensing - huken i ytre del av hamna



Ca. avgrensing – indre del av hamna

## Planstatus

Innseglinga ved hamna (huken ved fiskarkona) er i kommuneplanen lagt ut til sentrumsformål. Eldre reguleringsplan (planID 198701) gjeld framom k-planen for delar av området (hamneområde - landdel).

Sjøareala i indre del av hamna, er lagt ut til hamneområde i sjø, jf. områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn (planID 201263).

## Deponi

Kystverket har vurdert området i indre del av hamna og stipulert at det vil vere rom for ca. 90.000 m<sup>3</sup> masse, avhengig av kor langt ut ein set spuntveggen. Avgrensinga vist på flyfotoet ovanfor er ikkje endeleg avgrensing.

Kystverket har vurdert moglegheita for å berre deponere lausmassar i deponiet i indre del av hamna, for at det ikkje skal bli større enn nødvendig. Fjellmassane som skal fjernast vil då kunne nyttast til andre samfunnsmessige tiltak. Kystverket har signalisert at reine steinmasser kan deponerast i huken nedanfor fiskarkona, jf. intensjonane i KPA.

## Kostnader

Kystverket har i e-post av 8.7.15, sagt at dei kan bere kostnadene med etablering av deponi i indre del av hamna.

Eventuelle kostnader knytt til ferdigstilling av areal, som ikkje er direkte knytt til deponiet, vil ein kunne pårekne at kommunen må ta del i.

## Oppsummering

Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massene direkte til deponi. Det vil vere ei god miljømessig løysing.

Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte.

**Vurdering:**

Kommunestyret vedtok i sak 148/14, at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av hamna. Rådmannen fekk fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.

Det er gjennomført samtalar og forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi på Igesund-området. Forhandlingane er ikkje slutførte pr. dato, men vil verte slutførte dersom kommunestyret vel denne lokaliseringa. Grunneigarane stiller seg positive til planane om å etablere deponi.

Administrasjonen har presentert alternativ 3 for alle dei berørte grunneigarane innanfor skissert deponiområde jf. vedlagt kart. På grunn av ferieavvikling har presentasjon funne stad i møte, på telefon og pr. e-post. Grunneigarane har vore opptekne av bruksrett, eigedomsrett til kai, eigedomsrett til oppfylt areal, eventuell erstatning for naust og tilflot og anna infrastruktur mm.

Rådmannen vurderer alternativet ved Samuelsholmen i Kråkøysundet som minst aktuelt. Det vert vist til fylkeskommunen og fylkesmannen, som rår sterkt frå å nytte området som deponi.

Etter rådmannen si vurdering, står ein igjen med to alternativ til lokalisering for deponering av masser.

Alternativ 2. Innseglinga til Fosnavåg hamn.

Alternativ 3. Kombinasjon av innseglinga til hamna og indre del av hamna.

Begge alternativa har god kapasitet. Områda ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massene direkte til deponi. Det vil vere gode miljømessige løysingar.

Områda vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte. Alternativ 2 legg til rette for nytt landareal som kan nyttast i samband med sentrumsutvikling. Alternativ 3 legg til rette for nytt næringsareal og styrker Fosnavåg hamn som fiskerihamn og legg grunnlag for positiv samfunnsutvikling i ytre del. Regionale instansar har stilt seg positive til begge alternativa.

**Konklusjon:**

Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at alternativ 3 vert valt som deponiområde for massene frå hamna. Alternativet vil etter rådmannen si vurdering styrkje næringsinteressene til hamna, gi gode miljømessige gevinstar og bidra til fornying og forbetring av kaiforholda i Fosnavåg. I kombinasjon med at det vert lagt til rette for å nytte «hukene» i ytre del, bidreg ein til å forsterke byutviklinga i Fosnavåg på ein god måte. Som byutviklingsprosjektet og kommuneplanen sin samfunnsdel viser, kan tiltaket bidra til utvikling av Vågsplassen og etablering av ei kai i ytre del av Fosnavåg.

**Vegen vidare**

Etter at kommunestyret har fastsett kvar massene skal deponerast, vil kommunen starte nødvendig reguleringsplanarbeid med tilhøyrande utgreiingar. Dette vil skje i nært samarbeid med Kystverket. Parallelt med reguleringsplanarbeidet, vil Kystverket utarbeide hovudplan. I gjeldande NTP (nasjonal transportplan) ligg Fosnavåg hamn inne med oppstart i 2017, under føresetnad av at alt er på plass.

Fosnavåg, 15.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



Kystverket Midt-Norge

Postboks 1502  
6025 Ålesund

Saksnr  
2013/508

Arkiv  
K24

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
FEL / HS

Dato  
08.12.2014

## **K-SAK 148/14. MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER. ALTERNATIV TIL LOKALISERING**

Vedlagt følger K-sak 148/14.

Kommunestyret handsama saka i møte 27.11.14 og gjorde slikt vedtak:

- 1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.***
- 2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.***
- 3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong førebuande arbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.***
- 4. Parellellt med dette vert det gjort ei vurdering på alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet.***

Hilde Bringsvor Skinnest  
e.f.

Kopi:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkeshuset 6404 Molde  
Rambøll AS





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

-

---

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
200/14	Formannskapet	18.11.2014
148/14	Kommunestyret	27.11.2014

### MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER. ALTERNATIV TIL LOKALISERING

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

**Særutskrift:**

- Kystverket, Region-Midt, [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)
- MTK
- Anlegg og drift
- Rambøll AS, [aud.helland@ramboll.no](mailto:aud.helland@ramboll.no)
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, [postmottak@fylkesmannen.no](mailto:postmottak@fylkesmannen.no)

**Vedlegg:**

1. Saksprotokoll, sak 70/14.
2. Notat frå Kystverket, datert 10.10.2014. Vurdering av alternativ.
3. Notat frå Kystverket, datert 2.4.2014. Kystverket si rolle i forbindelse med etablering av deponi.
4. F-sak 67/14. Forhandlingar om kjøp av grunn.
5. Brev frå Kystverket, datert 16.5.2014. Deponeringsområde.

### **Møtebehandling:**

Planleggjar Berit Sandvik Skeide møte og orienterte.

AP/Venstre heldt gruppemøte.

AP/Venstre kom med framlegg om slik endring i pkt. 1 i framlegget frå rådmannen:

Endre «innseglinga til Fosnavåg hamn til «Samuelsholmen i Kråkøysundet».

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 2 røyster..

### **Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014**

1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

### **Møtebehandling:**

Bjørn Otterlei reiste habilitetsspørsmål. Far hans er ein av grunneigarane for eit av dei aktuelle områda for deponering.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Bjørn Otterlei vart kjend habil mot 3 røyster.

Desse skriva vart delt ut i møte:

Brev frå Herøy Fiskarlag datert 24.10.2014 – innspel til deponering av forurensa masse frå utdjupinga av Fosnavåg hamn.

Brev frå Fosnavågaren datert 25.11.2014 – Nei til giftdeponi i Fosnavåg sentrum.

Planleggjar Berit Sandvik Skeide møte og orienterte.

Aud Helland frå Rambøll AS møte og orienterte.

Terje B. Misund frå Kystverket møte og orienterte

Det vart halde gruppemøter.

Fylgjande framlegg vart lagt fram og røysta over:

### **Høgre:**

1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong førebuande arbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.
4. Parellellt med dette vert det gjort ei vurdering på alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet.

Framlegget frå Høgre fekk 20 røyster.

### **Folkelista/SP**

Herøy kommunestyre vedtek at den forureina massen skal lagrast i landdeponi. Kostnader og plassering skal utgreiast og kvalitetssikrast og leggest fram for Herøy kommunestyre i ei ny sak.

Framlegget fekk 3 røyster.

### **Frp/V og AP**

1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved Samuelsholmen i Kråkøysundet skal nyttast til stranddeponi av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre ber om at det vert utarbeidd eit kostnadsoverslag med finansieringsplan for Herøy kommune sin del av prosjektet.
3. Herøy kommune gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
4. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsarbeid med sikte på etablering av stranddeponi ved Samuelsholmen i Kråkøysundet.

Framlegget fekk 11 røyster.

Formannskapet si tilråding fall mot 33 røyster.

### **Vedtak i Kommunestyret - 27.11.2014**

5. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
6. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
7. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong førebuande arbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.
8. Parellellt med dette vert det gjort ei vurdering på alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet.

## **Bakgrunn:**

I nasjonal transportplan sin handlingsdel for 2014-2023, er utdyping av Fosnavåg hamn gitt prioritet. I følgjer Kystverket sine planar skal hamna mudrast frå dagens – 6 m vassdjup til – 7.3 m vassdjup. Utdjupinga er kostnadsrekna til 50 millionar kroner og skal tidlegast iverksetjast i 2017.

Undersøkingar gjennomført av Kystverket og Herøy kommune, viser at hamna er forureina og at det må gjennomførast miljøtiltak. Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna. Kommunen ønskjer derimot å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utlekking av miljøgifter til hamnebassenget over tid. Herøy kommune vil få til eit samarbeid – eit miljøprosjekt – med Kystverket.

Miljøprosjektet for Fosnavåg hamn har som siktemål:

- Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne. Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.
- Utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdypingsområde, for å få ei rein hamn.
- Identifisere og sikre ev. aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.
- Opprydding og utbygging av avløp i hamna.

Mudringsmassene som er forureina må deponerast på forsvarleg vis. Utrekningar gjennomført av Rambøll AS viser at det er ca. 40.000 – 50.000 m<sup>3</sup> som skal deponerast.

Pr i dag er det ingen godkjende mottak av forureina masser i området. Kystverket og kommunen har drøfta moglege deponeringsområde.

Herøy kommunestyre handsama i møte 19.6.2014 (K-sak 70/14), sak vedrørande deponering av masser. Formannskapet si tilråding til kommunestyret var som følgjer, sitat:

*«Herøy kommunestyre vedtek å arbeide for deponering av masser på alt. IV – Innsegling til Fosnavåg hamn område A. Administrasjonen får i oppdrag å gå i forhandlingar med grunneigarane.»*

Kystverket ved Terje B Misund og Rambøll AS ved Aud Helland orienterte i møtet.

Herøy kommunestyre gjorde slikt vedtak i saka:

*«Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:*



1. Ivareta best mulig innbyggjarane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet.
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet (gjeld for utdjuping, opprensing og deponering av massene).
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre inntil 4 aktuelle alternativ, som ivaretek ovannemnde punkt.

**Mandat:**

*Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar (til deponering av massene).»*

I etterkant av kommunestyremøtet, utdjupa ordføraren kva alternativ kommunestyret ønskjer vert nærare vurdert:

1. Samuelsholmen – Kråkøysundet, Voldsund
2. Mjølstadneset – ved industriområdet
3. Fosnavåg sentrum – innseglinga til Fosnavåg hamn

Administrasjonen har i samarbeid med Kystverket også sett nærare på eit område ved den gamle sildoljefabrikken på Moltu.


**Saksopplysningar:**

Kommunen har vore i dialog med Kystverket i arbeidet med vurdering av alternative område for deponering av masser. Kystverket har kome med kommentarar til deponeringsområda. Kommentrane frå Kystverket er i all hovudsak innarbeidd i dette dokumentet. Det vert vist til vedlegg 2.


Omtale av alternativa

1. Samuelsholmen – Kråkøysundet, Voldsund

Lokalisering

	<p>Området ligg ytst ute på Voldsund, mellom Samuelsholmen og Kråkøya. Området ligg innanfor akseptabel avstand frå Fosnavåg hamn.</p>
---	--

Planstatus



Utsnitt frå forslag til kommuneplan 2014.

Området er ikkje tidlegare regulert.

I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er sjøarealet lagt ut til område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Landareala er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område).




I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til kombinert formål sjø og vassdrag. Det er lagt ut to område for fiske i området.

## Djupner




Det er eit djupare område mellom Voldsund og Kråkøya.

## Plansjekk

	<p>Følgjande artar/verdiar er registrert i området:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Yngleområde Oter. Verdi: Viktig.</li> <li>- Beiteområde for vade-, måke- og alkefuglar. Verdi: Viktig.</li> <li>- Beite- og yngleområde for ærfugl. Verdi: Viktig.</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Beiteområde for toppskarv. Verdi: Viktig.</li> <li>- Beite- og yngleområde for ærfugl. Verdi: Viktig.</li> <li>- Yngleområde for grågås. Verdi: Lokalt viktig.</li> <li>- Yngleområde for svartbak. Verdi: Lokalt viktig.</li> </ul>
	<p>Det er låssettingsplassar (sild, makrell og brisling) i området.</p>

## Risikosjekk

	<p>Utløpsområde for skred (uspesifisert).</p>
---	---

## Vurdering



Det er store areal med ulik djupne, men ingen med naturleg avgrensing ved Samuelsholmen.

### Alternativ 1. Undervassdeponi

Dersom ein skal etablere eit undervassdeponi, er ein avhengig av å etablere moloar på sjøbotnen for å sørge for at massene blir liggjande.

Etablering av undervassmolo for avstenging av deponi: 140 m lang, topp -20 m. Ca volum: 15.000 m<sup>3</sup>. Ca. deponikapasitet til – 20 m: 20.000 m<sup>2</sup>, 70.000-90.000 m<sup>3</sup>.

### Alternativ 2. Strandkantdeponi

Etablering av strandkantdeponi, avgrensa av molo, der toppen av massane blir liggjande over vatn. Ein vil ved dette alternativet ha betre kontroll på deponeringa, men ei oppfylling og etablering av nytt land vil vere lite aktuelt.

Med bakgrunn i informasjon knytt til planstatus og naturbase vurderer ein dette alternativet som lite aktuelt.


---

Det er vanskeleg å stipulere konstnader knytt til etablering av eit slikt deponi, då ein først må fastsetje spesifikk lokalisering.



Transportlengda frå mudringsområdet er på ca 5 Nm, noko som er ein akseptabel avstand, sjølv om lekterslep gjennom Voldsundvaulen vil vere ei utfordring.

## 2. Mjølstadneset – ved industriområdet


### Lokalisering

	<p>Området ligg på Mjølstadneset. Området ligg innanfor akseptabel avstand frå Fosnavåg hamn.</p>
---	---

## Planstatus

 <p>Utsnitt frå reguleringsplan</p>  <p>Utsnitt frå KPA 2014</p>	<p>Området ligg delvis innanfor reg.plan for Mjølstadneset (199902). Området er lagt ut til friområde. Det grensar til industriområde.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er sjøarealet lagt ut til område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Landarealet er lagt ut til landbruks,- natur og friluftsområde (LNF-område).</p> <p>I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til sjøområde.</p>
---	--

## Djupner

	<p>Det er veldig grunt i området.</p>
---	---------------------------------------

## Vurdering

	<p>Det er ikkje kapasitet til å deponere massene.</p> <p>Området er ikkje vurdert nærare.</p>
--	---



### 3. Fosnavåg sentrum – ved innseglinga til Fosnavåg hamn

#### Lokalisering




Området ligg sentralt i Fosnavåg sentrum, i nær avstand til mudringsområdet.

#### Planstatus



Utsnitt som viser gjeldande regplanar



Det meste av sjøarealet er ikkje regulert  
Planområdet grensar til fleire reguleringsplanar.

I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er sjøområdet lagt ut til sjøareal.

I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til sjøområde. Det er også lagt ut til sentrumsformål (S).

#### Djupner



Området har djupner frå ca. 4.7 m til ca. 16-17 m.


#### Plansjekk

Ingen oppslag i naturbasen.

## Risikosjekk


	Ingen oppslag ved risikosjekk.
--	--------------------------------

## Vurdering

	<p>Ei etablering ved innseglinga vil gi ei god løysing med tilstrekkeleg kapasitet.</p> <p>Plassering av molo vil vere avgjerande for kor mykje masse deponiet kan romme.</p> <p>Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina lausmassane direkte til deponi, noko som vil vere ei miljømessig god løysing.</p> <p>Overflateareal: ca. 11.500 m<sup>2</sup>.</p> <p>Kapasitet: ca. 100.000 m<sup>3</sup>.</p> <p>Molo: 140 m lengde, høgde -13 m til + 3 m, ca. volum 58.000 m<sup>3</sup>.</p> <p>Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte (Sentrumsutvikling).</p>
---	---

## 4. Moltu – ved den gamle sildoljefabrikken

### Lokalisering


	<p>Området ligg på Moltu, ved den gamle sildoljefabrikken. Ein har sett på to alternativ til lokalisering på Moltu.</p> <p>Området ligg innanfor akseptabel avstand frå Fosnavåg hamn.</p>
---	--

### Planstatus


	<p>Området er ikkje tidlegare regulert.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er området lagt ut til industriformål.</p> <p>I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til kombinert formål sjø og vassdrag. Det er elles lagt til rette for næringsbygg i området.</p>
---	--

<p>Utsnitt frå kommuneplanen (2014)</p>	
---	--

### Djupner

	<p>Alternativ 1. På vestsida av industrianlegget . Det er varierende djupner, ned til ca. -10 m.</p> <p>Alternativ 2. På autsida av industrianlegget. Det er ei naturleg fordjupning i hamneområdet mellom anlegget til Welcon AS og Legeholmen. Fordjupinga har djupne frå ca. – 10 m - 20 m.</p>
--	--

### Plansjekk

	<p>Det er registrert ærfugl, siland og grågås i området. Verdi: Lokalt viktig.</p>
---	--

### Risikosjekk

	<p>Ingen oppslag.</p>
--	-----------------------

### Vurdering

<p>Alternativ 1. Sjødeponi</p>	<p>Alternativ 1. På vestsida av industrianlegg</p> <p>Om ein legg opp til eit stranddeponi eller sjødeponi, må det etablerast molo for avstenging av deponiet, då det ikkje er nokon naturleg avgrensing av arealet. <u>Sjødeponi</u></p> <p>Undervassmolo for avstenging av deponi: 80 m</p>
--------------------------------	---



Alternativ 1. Strandkantdeponi



Alternativ 2. Botndeponi



lang, topp – 5 m. Ca. deponi kapasitet til – 5: 18.000 m<sup>2</sup>, 60.000 m<sup>3</sup>.

### Strandkantdeponi

Overflateareal, ca. 16.000 m<sup>2</sup>. Kapasitet meir enn 100.000 m<sup>3</sup>. Molo 190 m lengde, høgde – 7 m til + 3 m. Ca. volum 19.000 m<sup>3</sup>.

Det er vanskeleg å stipulere kostnad med etablering av deponi på vestsida av industriarealet, då ein først må fastsetje nøyaktig lokalisering.

### Alternativ 2. På austsida av industriareal

Det er ei naturleg fordjuping, som vil kunne romme massene med overdekking av reine massar. Dette utan at ein avgrensar seilingsdjupna til meir ein – 10 m som eg seglingsdjupna i dag.

Overflateareal, ca. 47.000 m<sup>2</sup>. Kapasitet til – 10 m: meir enn 100.000 m<sup>3</sup>. Molo: 50 m lengde, høgde 3 m. Ca. volum: 500 m<sup>3</sup>.

Det er vanskeleg å stipulere kostnad med etablering av deponi på austsida av industriarealet, då ein først må fastsetje nøyaktig lokalisering.

For lokalitetane på Moltu vil det vere ei transportlengde på 8 Nm som er akseptabel distanse, sjølv om lekterslep gjennom Igesundvaulen vil vere ei utfordring.

Grunneigar er ikkje interessert i etablering av botndeponi. Ein har difor ikkje gått vidare med dette alternativet.

### **Vurdering:**

Kommunestyret ba (i møte 19.6.2014, K-sak 70/14) om at ein del punkt vart vurdert nærare og lagt fram for kommunestyret, før dei tek endeleg stilling til val av deponiløysing.

Kommunen har i samarbeid med Kystverket vurdert 4 lokalitetar. Vurdering av alternativa i høve til kommunestyret sine punkt.

### Punkt 1. Ivareta innbyggjarane sine interesser

Kommunen legg til grunn at massene vert deponert på ein forsvarleg god måte og overvaka i ettertid, jf. strenge krav frå miljøvernmynde. Dette gjeld for alle alternativa. Lokalitetane ved Samuelsholmen og på Moltu ligg eit stykke unna tett busetnad. Lokalitetane kan vere verutsette. Lokaliteten ved innseglinga til Fosnavåg hamn ligg sentralt og kan vere verutsett.

### Punkt 2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan

Samuelsholmen – Kråkøysundet

Det er registrert artar med viktig verdi ved Samuelsholmen – Kråkøysundet. Det er også låssetjingsplassar for sild, makrell og brisling i området. Lekterslepp frå mudringsområdet til deponeringsområdet kan vere ein betydeleg miljørisiko (5 Nm).

Fosnavåg hamn (ved innseglinga)

Lokaliteten ligg nær utdjupingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massene direkte til deponi. Ei god miljømessig løysing.

Moltu (ved den gamle sildoljefabrikken)

Lekterslepp frå mudringsområdet til deponeringsområdet kan vere ein betydeleg miljørisiko (8 Nm).

### Punkt 3. Utarbeide kostnadsoverslag med finansieringsplan for HK sin del av prosjektet.

Det er vanskeleg å utarbeide kostnadsoverslag knytt til etablering av deponi, då ein først må fastsetje spesifikk lokalisering. Det same gjeld for tidsplan.

Herøy kommune skal gjennomføre og finansiere grunnkjøp. Kommunen skal også utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande dokument. Kystverket skal finansiere alle kostnader knytt til etablering av deponi (herunder grunnlag for utarbeiding av reguleringsplan).

Deponeringsområdet skal grovplanerast med reine masser, slik at området kan nyttast fritt av Herøy kommune i ettertid. Kystverket har sagt at dei vil ha eit visst tidsavgrensa ansvar for miljøovervaking av deponiet. Kommunen meiner Kystverket må ta ansvar for heile miljøovervakinga i eit langt perspektiv. Ei deponering av massene ved innseglinga til Fosnavåg hamn, kan danne grunnlag for etablering av djupvasskai i ytre del av Fosnavåg.

Herøy kommune har fått utarbeidd takst for kjøp av grunn for lokaliteten ved innseglinga til Fosnavåg hamn. Kommunen sine kostnader må baserast på marknadstakst på grunn i sentrum. Grunnkjøp vert å handsame som eiga sak.

### Punkt 4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnerar, ev. bidragsytarar

Kommunen har vore i dialog med Fylkesmannen, Miljødirektoratet og Rambøll AS i tilknytning til prosjektet.



Vi kjenner ikkje til andre samarbeidspartnarar og eventuelle bidragsytarar i samband med etablering av deponiområde.

Kommunestyret gav administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar. Administrasjonen har avventa forhandlingar om grunn til kommunestyret har valt alternativ. For lokalitet i Fosnavåg sentrum ligg der føre takst over området og det er lagt fram eit tilbod frå grunneigar si side.

### **Oppsummering og konklusjon:**

Samuelsholmen – Kråkøysundet på Voldsund har kapasitet til å ta i mot massene. Lokaliteten er konfliktfylt, då det er registrert viktige artar i området. Transportlengda frå mudringsområdet er vurdert som akseptabel, men utfordrande miljømessig.

Ettersom lokaliteten er konfliktfylt og miljømessig utfordrande er lokaliteten vurdert som ikkje aktuell.

Mjølstadneset har ikkje kapasitet til å ta i mot massene og er såleis ikkje aktuell.

Fosnavåg hamn (ved innseglinga) har god kapasitet til å ta i mot massene. Lokaliteten ligg nær utdjupingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina lausmassane direkte til deponi. Lokaliteten er ei god miljømessig løysing. Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte. Området er vurdert som aktuell lokalitet.

Moltu (ved den gamle sildoljefabrikken) har kapasitet til å ta i mot massene. Transportlengda frå mudringsområdet er vurdert som akseptabel, men utfordrande miljømessig. Grunneigar er ikkje interessert i etablering av botndeponi i området. Området er vurdert som ikkje aktuell lokalitet.

Etter administrasjonen si vurdering er innseglinga ved Fosnavåg hamn best eigna som deponiområde.

Rådmannen rår til at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn vert nytta til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Fosnavåg, 20.10.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

⑤

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/508	Saksbeh. BSS
- 2 FEB. 2015 K24	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/508	08.12.2014	5792/2015/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	30.01.2015

## Herøy kommune - deponi for miljøopprydding i Fosnavåg hamn - svar på førespurnad

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Automatisk freda kulturminne

Før ein tek endeleg stilling til val av deponi, må areala avklarast med omsyn til marine kulturminne. Det er Sjøfartsmuseet i Bergen som tek stilling til dette. Vi har for ordens skuld sendt kommunen si utgreiing over, og avventar svar.

Når det gjeld kulturminne på land er alle alternativa akseptable.

### Planfagleg vurdering

Det er vurdert fire ulike alternativ for deponi, og av desse ser det ut til at kommunestyret har gått vidare med to; Fosnavåg hamn og Samuelsholmen/Kråksundet. Vi omtaler derfor ikkje dei to siste alternativa.

Vi må først gå ut frå at dei forureningsmessige konsekvensane av utmudring og deponering vert tilstrekkeleg avbøtt uavhengig av alternativ. Dette er vel også eitt av føremåla med sjølve utmudringa. Saken i Herøy er ein av mange liknande, og metodar for avbøting er både kjent og utprøvd andre stader. Forureining er ikkje innanfor fylkeskommunen sine forvaltingsområde og vi har ingen merknader til dette.

Etter vår vurdering peikar lokaliteten ved Fosnavåg hamn seg ut som den beste av dei to ut frå fleire årsaker:

- transportavstanden er den kortaste
- deponiet vil medverke til landvinning i sentrum, i tråd med godkjent kommuneplan, og redusere behovet for tilførsel av masser frå andre stader
- området er allereie sterkt påverka av menneskeleg aktivitet og det er ikkje konflikt med vesentlege naturressursar, eller brukarinteresser
- deponiet let seg lett skjerme og arrondere

Vi vil rå frå alternativet ved Samuelsholmen/Kråksundet ut frå same grunngiving:

- området har viktig biologisk funksjon, dels av regional karakter
- området har vore i bruk og er godt eigna som låsettingsplass under silde- og brislingfiske
- deponiet vil fragmentere eit område mellom Voldsund og Sandevika som i dag er tilnærma urørt. Verdien for ålmenta sitt friluftsliv vil bli redusert tilsvarande
- det er ingen naturgitt avgrensing/arrondering av deponiet
- transportavstanden er unødig lang og transport gir dermed unødige utslepp
- realisering av utvida Fosnavåg sentrum i samsvar med ny kommuneplan vil kreve unødig auke i masser frå annan stad, eventuelt også med unødige inngrep

**Konklusjon**

Vi vil rå frå Samuelsholmen/Kråksundet som deponiområde, og tilrå ei løysing i Fosnavåg hamn.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar


Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kristoffer Dahle, 71 25 89 03

Kopi:

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen  
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
10 FEB. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

## Herøy kommune Miljøopprydding Fosnavåg Fråsegn til alternative lokalitetar for deponering av massar

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Generelt:

Vi oppfattar det slik at det er to aktuelle lokalitetar for deponering av massar, ved innseglinga til Fosnavåg hamn og Kråksundet. Det er snakk om 40-50.000 m<sup>3</sup> med mudringsmassar som skal deponerast.

### Natur- og miljøverninteresser

Området ved Fosnavåg er eit område som i kommuneplanen er avklart som utfyllingsområde og ligg nær mudringsområdet. Vi meiner difor det ligg til rette for å få til dette på ein langt enklare måte og med få luktproblem, ettersom dette kanskje kan løysast ved å føre slammet i slangar til deponiet.

Området ved Kråksundet er eit urøyrd område med djupner mellom 0-20 meters djup. Dette er ein del av eit større viktig beiteområde for sjøfugl og vadefugl. På Kråkøya er det hekking av toppskarv, grågås, ærfugl og svartbak(C-område). Massane er forureina og vil difor krevje tiltak for å unngå utlekking. Vi reknar med at Kråksundet er eit straumrikt område, slik at det vil bli meir kostbart å gjennomføre sikring her enn ved Fosnavåg.

Dei utmudra massane inneheld hydrogensulfid, noko som medfører luktulemper ved frakt på lekter ut til deponiområde.

## **Konklusjon**

Fylkesmannen vil rå sterkt i frå at kommunen vil velje å bruke området ved Kråksundet som deponiområde. Vi vil vurdere å reise motsegn til ein reguleringsplan som legg til rette for dette.

Med helsing

Sveinung Dimmen(e.f.)  
samordnar



Jon Ivar Eikeland  
fagsjef




**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen  
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



## Prinsippavklaring - deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn

Alternativ Tema	1. Samuelsholmen - Kråkøysundet, Voldsund	2. Innseglinga til Fosnavåg hamn	3. Kombinasjon av innseglinga til hamna og indre del av hamna
Lokalisering	Området ligg ytst ute på Voldsund. Området ligg innanfor akseptabel avstand frå Fosnavåg hamn.	Området ligg sentralt i Fosnavåg sentrum, i nær avstand til mudringsområdet.	<p>I samband med byutviklingsprosjektet, kom to av firmaene i parallelloppdraget med forslag om at massene kan deponerast i indre del av hamna. Dette vert no lansert som eit nytt alternativ til deponeringsområde, der ein ser føre seg at delar av massene vert deponert ved innseglinga til hamna (i huken ved fiskarkona) og resten av massene blir deponert i indre del av hamna.</p>  <p>Ca. avgrensing - huken i ytre del av hamna</p>  <p>Ca. avgrensing - indre del av hamna</p>
Planstatus	Området er ikkje tidlegare regulert. I	Det meste av sjøarealet er ikkje regulert.	Innseglinga ved hamna (huken ved

	<p>kommuneplanen sin arealdel frå 2014 er sjøarealet lagt ut til kombinert formål sjø og vassdrag. Det er lagt ut to område for fiske i område.</p>  <p>Utsnitt frå KPA</p>	<p>Planområdet grensar til fleire reguleringsplanar. I kommuneplanen sin arealdel frå 2014 er sjøarealet lagt ut til sjøområde. Det er også lagt ut areal til sentrumsformål.</p>  <p>Utsnitt frå KPA</p>	<p>fiskarkona) er i kommuneplanen lagt ut til sentrumsformål. Eldre reguleringsplan (planID 198701) gjeld framom k-planen for delar av området (hamneområde-landdel).</p> <p>Sjøareala i indre del av hamna, er lagt ut til hamneområde i sjø, jf. områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn (planID 201263)</p>
Plansjekk	<p>Viktig beite og yngleområde for fleire artar. Det er låssettingsplassar i området.</p>	<p>Ingen oppslag i naturbasen. Ingen oppslag ved risikosjekk</p>	<p>Ingen oppslag i naturbasen. Ingen vesentlege moment innan risiko. Momenta er ivaretekne gjennom områdereguleringsplanen.</p>
Deponi	<p>Det er store areal med ulik djupne, men ingen med naturleg avgrensing. To alternativ til deponi:  <u>Alternativ 1. Undervassdeponi</u> – avh. av å etabl. moloar på botnen, for å sørge for stabilitet.  <u>Alternativ 2. Strandkantdeponi</u> – avh. av molo.          Usikkert kor stor kapasitet alternativa har.</p>	<p>Området har djupner frå ca. 4.7 m til ca 16-17 m.</p> <p>Ei etablering ved innseglinga vil gi ei god løysing med tilstrekkeleg kapasitet. Avhengig av molo. Plassering av molo er avgjerande for kor mykje masse deponiet kan romme.</p>  <p>Overflateareal: ca. 11.500 m<sup>2</sup>.</p>	<p>Kystverket har vurdert området i indre del av hamna og har stipulert at det vil vere rom for ca. 90.000 m<sup>3</sup> masse, avhengig av kor langt ut ein set spuntveggen. Avgrensinga vist på flyfotoet ovanfor er ikkje endeleg avgrensing.</p> <p>Kystverket har vurdert moglegheita for å berre deponere lausmassar i deponiet i indre del av hamna, for at det ikkje skal bli større enn nødvendig. Fjellmassane som skal fjernast vil då kunne nyttast til andre samfunnsmessige tiltak. Kystverket har signalisert at reine steinmasser kan deponerast i huken nedanfor fiskarkona, jf. intensjonane i KPA.</p>

		<p>Kapasitet: ca. 100.000 m<sup>3</sup>.  Molo: 140 m lengde, høgde -13 til +3 m, ca. volum 58.000 m<sup>3</sup>.</p>	
Kostnader	<p>Kystverket skal bere kostnadene i samband med etablering av deponi.</p>	<p>Kystverket skal bere alle kostnadene i samband med etablering av deponi.</p> <p>Eventuelle kostnader knytt til ferdigstilling av areal, som ikkje er direkte knytt til deponiet, vil ein kunne pårekne at kommunen må ta del i.</p>	<p>Kystverket har i e-post av 8.7.15, sagt at dei kan bere kostnadene med etablering av deponi i indre del av hamna.</p> <p>Eventuelle kostnader knytt til ferdigstilling av areal, som ikkje er direkte knytt til deponiet, vil ein kunne pårekne at kommunen må ta del i.</p>
Vurdering	<p>Med bakgrunn i informasjon knytt til planstatus og naturbase vurderer ein dette alternativet som lite aktuelt.</p> <p>Alternativet har vore til vurdering hjå Fylkesmannen (FM) og fylkeskommunen (FK). FM (brev datert 4.2.15) viser til at området er ein del av eit større viktig beiteområde for sjøfugl og vadefugl. FM viser også til at massane inneheld hydrogensulfid, noko som vil medføre luktulempar ved frakt på lekter ut til deponiområde. FM rår sterkt i frå at kommunen går for alternativet ved Samuelsholmen.</p> <p>Fylkeskommunen (brev datert 30.1.15) peikar på at området har ein viktig biologisk funksjon (dels av regional karakter), området har vore i bruk og er godt eigna som låssettingsplass under silde- og brislingfiske. Eit ev. deponi vil fragmentere området mellom Voldsund og Sandevika, som i dag er tilnærma urørt. FK meiner også at transportavstanden er unødig lang og at transport gir unødige utslepp.</p>	<p>Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massane direkte til deponi, noko som vil vere ei miljømessig god løysing.</p> <p>Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte (sentrumsutvikling).</p> <p>Fylkesmannen og fylkeskommunen har ikkje hatt innvendingar til denne lokaliteten.</p>	<p>Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massane direkte til deponi. Det vil vere ei god miljømessig løysing.</p> <p>Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte.</p>


	Fylkeskommunen rår frå Samuelsholmen – Kråkøysundet som deponiområde. FK rår til at alternativet ved innseglinga til Fosnavåg hamn vert valt.		
Tilråding	Kommunen rår til at alternativet ved Samuelsholmen – Kråkøysundet ikkje vert valt som deponeringsområde.	Regionale instansar har stilt seg positive til alternativet.  Lokaliteten har god kapasitet.  Lokaliteten legg til rette for nytt landareal.  Godt alternativ. Det er opp til kommunestyret å velje lokalitet.	Regionale instansar har stilt seg positive til alternativet.  Lokaliteten har god kapasitet.  Lokaliteten legg til rette for nytt landareal.  Alternativet vil kunne styrke Fosnavåg hamn som fiskerihamn.  Godt alternativ. Det er opp til kommunestyret å velje lokalitet.





# Skissert avgrensning av deponiområde

1:1000



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendomar, skal bestilast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/692
		Arkiv:	614

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
151/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	27.08.2015

### UTVIKLINGSPLAN FOR KOMMUNALE BYGG 2015-2020 - UTKAST TIL DRØFTING

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret tok orienteringa til vitande og ber rådmannen om å arbeide vidare med fylgjande tiltak:
  - a. Tiltak
  - b. Tiltak
  - c. Tiltak
  - d. TiltakOsv.

Særutskrift:  
Rådmannen si leiargruppe  
Dei tillitsvalde  
Hovudverneombodet

## Vedlegg:

1. Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 – utkast til drøfting
2. Tiltaksbeskrivelse

## Saksopplysninger:

Saka gjeld utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 20/15 årsplan for 2015 og gjorde då slikt vedtak:

*«I samsvar med det reviderte årshjulet ber kommunestyret om at det i løpet av 1. halvår 2015 vert lag fram eit framlegg til prioritering av bygge- og anleggsprosjekt og prioritering av prosjekt i forhold til fylkeskommunale og statlege etatar i økonomiplanperioden fram til 2020.»*

Saka her gjeld framlegg til prioritering av byggeprosjekt i nemnde periode.

### Utviklingsplan til drøfting

Utkast til utviklingsplan for kommunale bygg med førebels forslag til prioritering i perioda fram til år 2020 fyl som prenta vedlegg 1.

Utviklingsplanen syner bygg kommunen anten eig eller kan kome til å eige innanfor planperioda, sortert etter funksjonskode i KOSTRA. Det er for kvart einskilde bygg gjennomført ei kartlegging av aktuelle tiltak, sortert anten som nybygg, tilbygg, rehabilitering, oppgradering, sanering eller salg.

Kvart einskilde tiltak har fått eit førebels prosjektnummer basert på funksjonskoda til bygget. Tiltaka er beskrive meir utfyllande i eigen tiltaksbeskrivelse, sjå prenta vedlegg 2.

Dei tiltak som allereie er (del)finansiert i budsjett- og økonomiplan 2014-2017 er angitt under investeringsbudsjettet med gjeldande budsjettløyving. Tiltak som verken er budsjettert eller finansiert pt. er angitt i planperioda med sitt prosjektnummer under foreslått år for prioritering.

### Avgrensing

Planen omhandlar bygningsmessige tiltak finansiert over investeringsbudsjettet. Utviklingsplanen må difor sjåast i samanheng med vedlikehaldsplanen for det einskilde bygg det einskilde år, finansiert over driftsbudsjettet.

### Prosess

Utviklingsplanen er utarbeida av eigedomsavdelinga, som også har orientert om og teke imot innspel til arbeidet i fylgjande råd og utval:

- Kulturhusstyret 13.03.2015
- Komite for næring, kultur og idrett 16.03.2015
- Rådmannen si leiargruppe 17.03.2015
- Komite for helse og omsorg 19.03.2015
- Komite for oppvekst 15.04.2015

- Maritim og teknisk komite 20.04.2015

Arbeidsmiljøutvalet og dei tillitsvalde vart orientert om planen i kontaktmøte og AMU-møte 20.04.2015.

#### Førebels prioritering

Vedlagte utkast til plan syner tiltak som eigedomsavdelinga særleg vurderer å ha høg prioritet ut frå helse, miljø og tryggleikssyn.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunestyret vedtok i K-sak 20/15 revidert årshjul for budsjettprosessen. Eit vesentleg formål med revisjonen av årshjulet er å sikre ein grundigare prosess i forkant av det årlege budsjettvedtaket. Rådmannen er særleg oppteke av at investeringsbudsjettet vert undergitt ein grundig diskusjon før vedtaking.

Utviklingsplanen vert oversendt kommunestyret til drøfting som grunnlag for vedtaking av endeleg utviklingsplan i budsjett- og økonomiplanvedtaket i desember. Dei tilrådingane administrasjonen får i denne saka legg såleis grunnlaget for det vidare arbeidet med utviklingsplanen med tanke på budsjettering og finansiering av prioriterte tiltak.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilt konsekvens.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

#### Konsekvensar for drift:

Ei forsvarleg prioritering av byggeprosjekt er viktig for administrasjonens etterfylgjande planlegging og gjennomføring av prosjekta og av omsyn til forutsigbarheit for brukarane av bygga.

#### Konsekvensar for økonomi:

Økonomiplanperioda 2016-2020 vert ei svært viktig periode når det gjeld prioritering av byggeprosjekt, m.a. på grunn av kommunereforma. Vi kan sjølv bestemme kva som skal realiserast før 2020. Kven som skal avgjere dette etter 2020, er enno ikkje avklart.

Fosnavåg, 02.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust







REF.	BYGNING	INVESTERINGSTILTAK						INVESTERINGSBUDSJETT					
		Nybygg	Tilbygg	Rehabilitering	Ombygging	Sanering	Salg	2015	2016	2017	2018	2019	2020
261	Herøy omsorgssenter	261-1							261-1			261-1	261-1
"	Herøy omsorgssenter R/G			261-2		261-3			261-2				
"	Herøy omsorgssenter - blå												
"	Herøy omsorgssenter - gul					261-4				1 500 000 (4)			
	Sjukeheimsvegen 5 D	261-5						20 150 000 (5)	- 9 000 000 (5)				
"	Myrvåg omsorgssenter		261-6	261-7	261-8				261-7/8				
265-G	Eggesbøvegen 1					265-G1			261-G1				
"	Eggesbøvegen 9					265-G2			261-G2				
	Eggesbøvegen 20	265-G3				265-G4	265-G5	1 000 000 (G4)	265-G3/G5	265-G3			
"	Eggesbøvegen 53						265-G6		265-G6				
"	Igesundvegen 21						265-G7		265-G7				
"	Rabbegjerdet 3						265-G8		265-G8				
"	Sjukeheimsvegen 10			265-9		265-G9							
"	Sjukeheimsvegen 14												
"	Solbergvegen 2-4						265-G10		265-G10				
"	Solbergvegen 6-8						265-G11		265-G11				
"	Buholmvegen 20	265-G12								265-G12	265-G12		
"	Storebakken 3												
"	Storenesvegen 30-36	265-G13				265-G14	265-G15				265-G15/13/14	265-G13/14	
"	Tjørnåvegen 274-276	265-G16				265-G17				265-G16/G17	265-G16/17		
"	Tollåsbakken 1						265-G18	265-G18					
"	Trolldalsvegen 16-18						265-G19		265-G19				
"	Trolldalsvegen 20-22						265-G20		265-G20				
"	Vatnevegen 6-12												
"	Øvre Myklebust 15												
265-O	Holmsildgata 16						265-O1		265-O1				
"	Klokkargardsvegen 8-10												
"	Klokkargardsvegen 12-14												
"	Klokkargardsvegen 16-18												
"	Klokkargardsvegen 20-22												
"	Kvithaugsmyra 4				265-O2				265-O2				
"	Myrvågtoppen 33-35				265-O3				265-O3				
"	Myrvågtoppen 37-39				265-O3				265-O3				







# TILTAKSBESKRIVING - UTVIKLINGSPLAN FOR KOMMUNALE BYGG 2015 - 2020

Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 er utarbeida av Eigedomsavdelinga etter drøftingar med rådmannens leiargruppe, dei politiske komiteane, organisasjonane i kontaktmøte og arbeidsmiljøutvalet. Planen har vore drøfta i formannskap og kommunestyre og vart endeleg godkjent av kommunestyret i K-sak xx/2015. Tabellen nedanfor beskriv dei tiltak som er kartlagt og kva tiltak som må sjåast i samanheng med kvarandre. Tabellen må sjåast i samanheng med hovuddokumentet som syner prioritering og finansiering i gjeldande budsjett- og økonomiplan.

BYGNING	REF.	INVESTERINGSTILTAK	TILTAKSBESKRIVING	SJÅ OGSÅ
Herøy rådhus	130-1	Tilbygg	Nytt parkeringshus bak rådhuset? Området er regulert til formålet og foreslått utbygd slik i fleire av forslaga i Byutviklingsprosjektet.	
	<b>103-2</b>	Rehabilitering	Rehabilitering av fasader, herunder også etterisolering og utskifting av vindu, samt rehabilitering av innvendige overflater.	<a href="#">130-3</a>
	<b>130-3</b>	Ombygging	Ombygging av brannører, og personaltoalett samt heis og tilkomst til hovudinngang for personar med nedsett rørsleevne.	<a href="#">130-2</a>
Fosnavåg brannstasjon og verkstad	190-1	Ombygging	Ombygging av eksisterande brannstasjon til hjelpemiddellager for pleie- og omsorgsavdelinga. Tiltaket reduserer dagens driftskostnader knytt til innleige av lokale frå private.	<a href="#">190-2, 3</a>
	190-2	Sanering	Sanering av eksisterande garasje ved brannstasjonen grunna dårlege grunnforhold og sviktande bærekonstruksjon.	<a href="#">190-1, 3</a>
<b>Fosnavåg brannstasjon</b>	<b>190-3</b>	Nybygg	Ny hovedbrannstasjon for Herøy brannvern i området for dagens grøntlager SSR. Samlokalisering med driftsbasis for eigedomsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga..	<a href="#">190-1,2, 4</a>
<b>Driftsbasis</b>	<b>190-4</b>	Nybygg	Ny driftsbasis for eigedomsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga, herunder også mogleg basis for kommunalt vassverk. Samlokalisering med Fosnavåg brannstasjon.	<a href="#">190-1,2, 3</a>
<b>Sjueheimsvegen 10</b>	190-5	Rehabilitering	Rehabilitering av bygningsmassen dersom 190/-4 ikkje er aktuelt. Bygget vil i så fall måtte nyttast som driftsbasis for eigedomsavdelinga vidare.	<a href="#">190-4</a>
	190-6	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse dersom tiltak 190-3 og 4 føreset det.	<a href="#">190-3 og 4</a>
Nedre Dragsund 2	<b>190-7</b>	Ombygging	Ombygging av deler av bygget til ny brannstasjon for indre Herøy.	
Bergslia barnehage	221-1	Ombygging	Utviding av fellesdel barnehage samt ombygging av inngangsparti. Også ombygging for å sikre større garderobe tilsette samt grupperom til trening med barn som treng ekstra hjelp.	
<b>Leikanger barnehage</b>	221-2	Nybygg	Ny barnehage på Leikong? Greiast ut i eiga sak til kommunestyret.	<a href="#">221-3</a>
<b>Myrhauken barnehage</b>	<b>221-3</b>	Nybygg	Ny barnehage i Myrvåg? Greiast ut i eiga sak til kommunestyret.	<a href="#">221-2</a>
Myrsnipa barnehage	221-4	Ombygging	Ombygging av uteområdet ved Myrsnipa dersom Myrhauken barnehage vert bygd.	<a href="#">221-3</a>
<b>Bergsøy skule</b>	<b>222-1</b>	Nybygg	Ny barneskule på Bergsøya? Tiltaket må sjåast i samanheng med ombygging av Bergsøy skule Blåhaugen samt eventuell etterbruk ved rehabilitering/ombygging av Ytre Herøy ungdomsskule.	<a href="#">222-2 og 18/19</a>
Bergsøy skule Blåhaugen	<b>222-2</b>	Ombygging	Ombygging av skulens administrasjons- og SFO-del dersom ny barneskule for Bergsøya vert bygd.	<a href="#">222-1</a>
Bergsøy skule Borga	222-3	Sanering	Sanering av skulen?. Grunneigedomen kan alternativ nyttast til bustadområde eller tomt for andre kommunale prosjekt. Må sjåast i samanheng med tiltak 222-16 og 17	<a href="#">222-1, 16, 17</a>
	222-4	Salg	Sal av eigedomen dersom ny barneskule vert bygd og sanering ikkje vurderast som aktuelt?	<a href="#">222-1, 3</a>
Einedalen skule	<b>222-5</b>	Tilbygg	Ny fleirbrukshall ved skulen?	
Leikanger skule	222-6	Tilbygg	Tilbygg til skulen grunna auka elevtal?	<a href="#">221-2</a>
	222-7	Rehabilitering	Rehabilitering av fasader, herunder etterisolering og utskifting av vindu, samt oppgradering av innvendige overflater?	<a href="#">222-8</a>
	222-8	Ombygging	Ombygging av skulen mtp. heis.	<a href="#">222-7</a>
Moltu skule	222-9	Nybygg	Ny barneskule på Moltu dersom rehabilitering eller ombygging er aktuelt?	<a href="#">222-10, 11</a>
	<b>222-10</b>	Rehabilitering	Rehabilitering av skulens utvendige og innvendige overflater.	<a href="#">222-11</a>
	222-11	Ombygging	Ombygging av skulen mtp. ventilasjon, brannsikring og universell utforming	<a href="#">222-10</a>





	222-12	Sanering	Sanering av dagens skulebygg dersom ny Moltu skule vert bygd?	<a href="#">222-9</a>
Stokksund skule	222-13	Rehabilitering	Rehabilitering av fasader, herunder etterisolering og utskifting av vindu, samt oppgradering av innvendige overflater for byggetrinn 1 (ungdomsskulebygget).	<a href="#">222-15</a>
	222-14	Ombygging	Ombygging til barneskuleformål dersom samlokalisering ved Ytre Herøy ungdomsskule vert gjennomført.	<a href="#">222-17</a>
Ytre Herøy ungdomsskule	222-15	Tilbygg	Tilbygg til skulen for samlokalisering av ungdomsskuletrinna ved Ytre Herøy ungdomsskule og Stokksund barne- og ungdomsskule?	<a href="#">222-16</a>
	<b>222-16</b>	Rehabilitering	Totalrehabilitering av skolens byggetrinn 1. Tiltaket bør ikkje gjennomførast før tiltak 222-1 er ferdig slik at Bergsøy skule Borga kan nyttast mellombels som undervisningslokale.	<a href="#">222-1, 17</a>
	<b>222-17</b>	Ombygging	Naudsynt ombygging dersom totalrehabilitering gjennomførast.	<a href="#">222-16</a>
<b>Herøy ressurscenter</b>	234-1	Nybygg	Samlokalisering av dagtilbod i nytt Herøy ressurscenter på tomte for dagens Herøy produksjon?	<a href="#">273-1</a>
<b>Herøy omsorgssenter</b>	261-1	Nybygg	Nytt omsorgssenter? Lokaliseringsalternativ vert fremma som eiga sak til kommunestyret.	<a href="#">261-2, 3</a>
Herøy omsorgssenter - R/G	261-2	Ombygging	Oppgradering av brannrør og rømningsvegar i bygget etter branntilsyn 2015.	<a href="#">261-1, 3</a>
	261-3	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse dersom nytt omsorgssenter vert bygd.	<a href="#">261-1</a>
Herøy omsorgssenter - Blå	261-4	Ombygging	Ombygging for å tilpasse bygget til nye omsorgsbustadar og base for heimetenesta.	<a href="#">265-4</a>
Herøy omsorgssenter - Gul	261-5	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse når nye omsorgsbustadar og base for heimetenesta er utbygd.	<a href="#">265-4</a>
Sjukeheimsvegen 5 D	261-6	Nybygg	Ny base for heimetenesta til erstatning for Herøy omsorgssenter - Gul avdeling.	<a href="#">261-5, 265-4</a>
Myrvåg omsorgssenter	261-7	Rehabilitering	Rehabilitering av resterande del av bygningsmassa.	<a href="#">261-8</a>
	<b>261-8</b>	Ombygging	Ombygging av garderober for tilsette i kjeller for å sikre forsvarleg rømming.	<a href="#">261-7</a>
Eggesbøvegen 1	265-G1	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse. Egedomen er under omregulering til ny rundkøyring for FV 654. Fylkeskommunalt prosjekt. Kommunal forskottering?	<a href="#">261-6 , 265-4</a>
Eggesbøvegen 9	265-G2	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse? Grunneigar skal selge huset. Erverv av egedomen er ønskeleg for å sikre trafikkavvikling og parkeringsforhold for området.	<a href="#">261-6 , 265-4</a>
Eggesbøvegen 20	<b>265-G3</b>	Nybygg	Bygging av kommunale gjennomgangsbustadar? Prosjektet kan delfinansierast gjennom sal av andre bueiningar og investeringstilskot frå Husbanken.	<a href="#">265-G4</a>
	<b>265-G4</b>	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse.	<a href="#">265-G3 og 5</a>
	265-G5	Sal	Sal av egedomen til privat aktør dersom nybygg ikkje er aktuelt?	<a href="#">265-G4</a>
Eggesbøvegen 53	265-G6	Sal	Sal av 1 bueining i privat bustadsameige. Salsinntekter kan reinvestrast i nytt byggeprosjekt.	
Igesundvegen 21	265-G7	Sal	Sal av 3 bueiningar i privat bustadsameige.	
Rabbegjerdet 3	265-G8	Sal	Sal av 2 bueiningar i tomannsbustad. Salsinntekter kan reinvestrast i nytt byggeprosjekt.	
Sjukeheimsvegen 10	265-G9	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse dersom ny brannstasjon og driftsbasis skal byggast på egedomen.	<a href="#">190-3 og 4</a>
Solbergvegen 2-4	265-G10	Sal	Sal av 2 bueiningar i tomannsbustad. Salsinntekter kan reinvestrast i nytt byggeprosjekt.	
Solbergvegen 6-8	265-G11	Sal	Sal av 2 bueiningar i tomannsbustad. Salsinntekter kan reinvestrast i nytt byggeprosjekt.	
Buholmvegen 20	265-G12	Nybygg	Bygging av kommunale gjennomgangsbustadar? Prosjektet kan delfinansierast gjennom sal av andre bueiningar og investeringstilskot frå Husbanken.	<a href="#">265-G3 og 5</a>
Storenesvegen 30-36	265-G13	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse.	
	265-G14	Nybygg	Bygging av kommunale gjennomgangsbustadar? Prosjektet kan delfinansierast gjennom sal av andre bueiningar og investeringstilskot frå Husbanken.	<a href="#">265-G3 og 5</a>
	265-G15	Sal	Sal av grunneigedom til privat aktør for utbygging til bustadformål dersom nybygg ikkje er aktuelt?	<a href="#">265</a>
Tjørnvågvegen 274	265-G16	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse.	
	265-G17	Nybygg	Bygging av kommunale gjennomgangsbustadar? Prosjektet kan delfinansierast gjennom sal av andre bueiningar og investeringstilskot frå Husbanken.	
Tollåsbakken 1	265-G18	Sal	Sal av 1 bueining i einestad. Salsinntekter kan reinvestrast i nytt byggeprosjekt.	
Trolldalsvegen 16-18	265-G19	Sal	Sal av 2 bueiningar i tomannsbustad. Salsinntekter kan reinvestrast i nytt byggeprosjekt.	



Trolldalsvegen 20-22	265-G20	Sal	Sal av 2 bueiningar i tomannsbustad. Salsinntekter kan reinvesteras i nytt byggeprosjekt.	
Holmsildgata 16	265-O1	Sal	Sal av 12 bueiningar i privat bustadsameige. Salsinntekter kan reinvesteras i nytt byggeprosjekt.	
Kvithaugsmyra 4	265-O2	Ombygging	Ombygging av brannalarmanlegg og brannseksjonering. Sprinkling.	
Myrvågtoppen 33-59	265-O3	Ombygging	Ombygging av brannalarmanlegg og brannseksjonering. Sprinkling.	
Sjukeheimsvegen 5 D	265-O4	Nybygg	Bygging av inntil 16 bueiningar med heildøgns omsorgsfunksjon til erstatning for Herøy omsorgssenter - Gul avdeling.	<a href="#">261-5.</a>
Sjukeheimsvegen 5 E	265-O5	Nybygg	Bygging av nye omsorgsbustadar? Bustadane kan erstatte dagens 16 bueiningar i Sjukeheimsvegen 7, 9, 11 og 13 og legge grunnlaget for etablering av nytt omsorgssenter.	<a href="#">261-1 og 265-06</a>
Sjukeheimsvegen 7, 9, 11 og 13	265-O6	Sanering	Sanering av 16 bueiningar i to tremannsbustadar og to seksmannsbustadar. Bueiningane må erstattast gjennom bygging av Sjukeheimsvegen 5 E eller tilsvarande.	<a href="#">261-1 og 265-O5.</a>
Toftestøvegen 11	265-O7	Nybygg	Bygging av 4 bueiningar med fellesdel for unge funksjonshemma.	
Herøy produksjon	273-1	Sanering	Sanering av dagens bygningsmasse. Grunneigedomen kan nyttast til utbyggingstomt for Herøy ressurscenter.	<a href="#">234-1</a>
Nedre Dragsund 2	325-1	Ombygging	Ombygging for å legge tilrette for vidare utleige.	
Herøy gard	375-1	Ombygging	Oppgradert brannsikring gjennom utvendig sprinkling av bygget.	
Herøy kulturhus og idrettshall	386-1	Tilbygg	Bygging av nytt folkebibliotek. Potensielt samarbeidsprosjekt med Møre og Romsdal fylke.	
	386-2	Rehabilitering	Rehabilitering av fasader, herunder etterisolering og utskifting av vindu og dører.	
	386-3	Ombygging	Ombygging av dagens bibliotekslokale til nye lokale for Herøy kulturskule.	
Leikanger grendahus	386-4	Ombygging	Ombygging av dagens barnehagelokale til alternativ bruk for Leikanger grendahus	







HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/147
		Arkiv:	X53

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
152/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	27.08.2015

### SIKRINGSTILTAK MOT SKRED/STEINSPRANG FRÅ FJELLET BAK HULDAL BARNEHAGE I FOSNAVÅG - GJENNOMFØRING AV TILTAK OG LØYVING AV NAUDSYNTE MIDLAR

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune tek på seg ansvaret for gjennomføring av sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage.
2. Det vert løyvd 370.000 kroner til gjennomføring av prosjektet.
3. Løyvinga vert finansiert med tilskot på 240.000 kroner frå NVE. Den resterande kostnaden på 130.000 kronert vert finansiert ved låneopptak.
4. Huldal barnehage SA får utbetalt 53.072 kroner som dei har betalt for konsulentrapport frå Norconsult AS.

#### Særutskrift:

- Huldal barnehage SA, 6090 Fosnavåg
- NVE Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde

## **Vedlegg**

1. Søknad av 16.01.2015 frå Huldal barnehage SA til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om gjennomføring av sikringstiltak mot skred/steinsprang
2. Rapport frå Norconsult AS datert 21.11.2014 – vurdering av faresoner, tiltak og kostnadsestimat
3. Brev av 04.02.2015 frå Herøy kommune til NVE – søknad om skredsikring
4. Brev av 08.05.2015 frå NVE til Herøy kommune – tilsegn om tilskot til sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage

## **Bakgrunn**

Saka gjeld naudsynte sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage.

## **Saksopplysningar**

### Generelt:

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltingsoppgåver innan førebygging av flaumskader og skredulykker. Dette inneber å yte hjelp til kommunar og samfunnet elles med kompetanse og ressursar til kartlegging, arealplanoppfølging, sikring, overvaking, varsling og beredskap.

Det er i utgangspunktet kommunane som kan søke om bistand. Dersom grunneigarar eller andre ønskjer bistand må søknad sendes via kommunen, og kommunen må uttale seg til søknaden før den vert sendt NVE. Det må framgå om søknaden gjelder tilskot eller om kommunen ber NVE om å ta på seg oppgåva med planlegging og gjennomføring av tiltaket.

NVE kan dekke inntil 80 % av kostnadene ved et tiltak. Kommunen er ansvarlig for å dekke dei resterende 20 %, distriktsandelen. Dersom kommunen ønskjer at grunneigarane eller andre skal dekke distriktsandelen helt eller delvis, er det kommunen som må ordne dette i form av frivillige avtaler eller pålegg. Naturskadeloven § 24 gir kommunane heimel til å krevje utgifter til sikringstiltak refundert av dei som eig eller festar eigedom innafor det området sikringstiltaket vernar.

Anten NVE tek på seg alt ansvar for planlegging og gjennomføring av eit tiltak eller berre yter bistand i form av tilskot vil kommunen måtte stå som formell tiltakshavar. Derfor må kommunen stå som formell byggherre etter byggherreforskrifta, og ha ansvar for avklaring i forhold til plan- og bygningslova og andre lovverk, og for informasjon til og oppfølging av berørte partar. Kommunen må også ordne rettigheter til å anlegge sikringstiltak på aktuelle eigedomar.

### Omsøkt tiltak:

I samband med planprosess og omregulering av området kring Huldal barnehage vart det utført ei geologisk vurdering av fjellsida bak barnehagen av Breiteig Fjordsenter i august 2014. Vurderinga avdekte skredfare, men var ikkje presis nok i beskrivingane til at barnehagen kunne søkje om å få statleg tilskot til sikring.

Barnehagen fikk etter dette utarbeidd konsulentrapport frå Norconsult AS med supplerande skredfarevurdering – vurdering av faresoner, tiltak og kostnadsestimat. (Sjå vedlegg 2).

Huldal barnehage utarbeidde 16.01.2015, i medhald av rapporten frå Norconsult AS, søknad til NVE om gjennomføring av sikringstiltak samt økonomisk tilskot med eit kostnadsoverslag på 303.072 kroner. Søknaden vart, etter vanleg prosedyre, sendt til Herøy kommune for evt. kommentarar/supplement før vidareending til NVE. (Sjå vedlegg 1).

Søknaden vart 04.02.2015(sjå vedlegg 3) vidaresendt frå Herøy kommune til NVE. Det vart i oversendingsbrevet bede om at NVE tok på seg oppgåva med planlegging og gjennomføring av nødvendige sikringstiltak på staden, og at tilrådde tiltak vart innarbeidde i NVE sine budsjett/prioriteringar.

I brev av 08.05.2015 frå NVE til Herøy kommune gir NVE Herøy kommune tilsegn om økonomisk tilskot til sikringstiltaka på visse vilkår. (Sjå vedlegg 4.) Kommunen si oppmoding om at NVE tok på seg gjennomføringa av tiltaket er ikkje nemt i brevet.

Av brevet frå NVE av 08.05.2015 framgår det at

***NVE gir tilsegn om tilskot på 80% av kostnadene for planlegging og gjennomføring av sikringstiltak mot steinsprang ved Huldal barnehage i Fosnavåg, innafør ei ramme på 300.000 kr.***

NVE set følgjande føresetnader/vilkår for tilskotet

- *Kostander til moms og administrasjon skal ikkje inngå i tilskotsunderlaget*
- *Ferdig plan med endeleg kostnadsoverslag skal sendast NVE før arbeidet med gjennomføring av tiltaket tek til*
- *Prosjektet må vere ferdig og sluttrekneskapen oversendt NVE innan 31.12.2018*
- *Tiltaket skal prosjekterast , gjennomførast og kontrollerast av føretak med godkjenning i tiltaksklasse 3*
- *Kommunen tek ansvar for framtidig tilsyn med og vedlikehald av anlegget*
- *NVE skal varslast før arbeidet vert sett i gong og skal ha høve til å følgje opp tiltaket*
- *Kommunen får refundert moms, og moms er difor halde utanom tilskotsgrunnlaget*
- *NVE finn det rimeleg at kommunen dekkjer sine eigne administrasjonskostnader, og heller ikkje desse inngår i tilskotsgrunnlaget*

Som det framgår ovanfor ba kommunen om at NVE tok på seg oppgåva med planlegging og gjennomføring av nødvendige sikringstiltak på staden, og at tilrådde tiltak vart innarbeidd i NVE sine budsjett/prioriteringar. Dette m.a. med bakgrunn i at kommunen ikkje har særskild skredkompetanse og har avgrensa ressursar til oppfølging av prosjekt. Av tilsegnsbrevet frå NVE vert det føresett at kommunen står for planlegging og gjennomføring av prosjektet.

#### Økonomi/finansiering:

NVE har ved fastsetjing av sitt tilskot teke utgangspunkt i kostnadsanslaget oppsett i konsulentrapporten frå Norconsult AS med tillegg av kostnaden Huldal barnehage SA har hatt med å få utarbeidd konsulentrapporten. Dvs. ein totalkostnad på kr. 300.000,- der NVE dekkjer 80% av kostnaden, medan kommunen dekker distriktsandelen på 20%.

Kostnadsoverslaget er basert på gunstigaste kostnadsanslag i konsulentrapporten.

Kommunen må i tillegg dekke kostnaden med prosjektoppfølgning og evt. uføresette kostnader. Moms er ikkje noko tema då kommunen vil få tilbake desse kostnadene. Med bakgrunn i konsulentrapporten og andre kostnader som kan oppstå har ein sett opp følgjande kostnadsoverslag:

Kostnadselement	Kostnad
Konsulentrapport frå Norconsult AS	53.072,-
Kostnad sikringsarbeid	250.000,-
Prosjektoppfølgning	30.000,-
Uføresett	36.928,-
<b>Totalt</b>	<b>370.000,-</b>

Alle beløp ekskl. mva.

Finansiering:

Tilskot frå NVE	240.000,-
Bruk av lån	130.000,-
<b>Totalt</b>	<b>370.000,-</b>

Alle beløp ekskl. mva.

Kommunen sin nettokostnad vil truleg ligge i storleiksorden 130.000 kroner inkludert prosjektoppfølgning og uføreset. Heile kostnaden som er berekna til 370.000 kroner må imidlertid løyvast for å dekke alle kostnader inntil ein får utbetalt tilskotet frå NVE.

Naturskadeloven § 24 gir kommunane heimel til å krevje utgifter til sikringstiltak refundert av dei som eig eller festar eigedom innafor det området sikringstiltaket vernar.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Med den skredfaren som er avdekt er det naturleg og forståeleg at Huldal barnehage SA og foreldre er uroleg for tryggleiken til både barn og tilsette. Delar av opparbeidd uteområde har sidan faren vart kjent ikkje vore i bruk.

Kommunen har ikkje særleg lang praksis med ras/skredsikring som kan samanliknast med denne saka. Ein har imidlertid tidlegare gjort ein del mindre skredsikringsarbeid i Vikane på Bergsøya med tilsegn om 80% økonomisk bidrag frå NVE og 20% frå kommunen, distriktsandel. Kostnaden var i første omgang kostnadsrekna til 6-700.000 kroner. Sikringsarbeidet her er ikkje fullført og siste kostnadsestimata tyder på at kostanden kan bli fleire millionar om sikring i det heile teke er gjennomførleg. Kommunen har i samband med dette fått ansvaret for sikringsarbeida vurdert juridisk, og det er ikkje avklart pr. i dag om kommunen tek på seg vidare sikringsarbeid eller ikkje.

NVE sitt økonomiske tilskot er avgrensa til 80% av estimert kostnad i utarbeidd konsulentrapport. Dvs. at kommunen sit med ansvaret for alle kostnader som elles måtte oppstå i samband med sikringsarbeidet. Risikoen for vesentlege overskridingar i forhold til oppsett kostnadsoverslag vurderer ein å vere liten.

Med bakgrunn i saksutgreiinga og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at kommunen tek på seg å gjennomføre naudsynte skredsikringstiltak, og framtidig tilsyn med og vedlikehald av anlegget. Ein vil vidare tilrå at Huldal barnehage SA får dekt kostnadene dei har hatt med å få utarbeidd konsulentrapport for vurdering av faresoner, tiltak og kostnadsestimat.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Tryggleik for barn og tilsette ved barnehagen.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

#### Konsekvensar for drift:

Ny driftsoppgåve i form av tilsyn og vedlikehald av anlegget.

#### Konsekvensar for økonomi:

Ein vurderer at kostandene med tilsyn og vedlikehald av anlegget ikkje vil ha særleg økonomisk konsekvens.

Fosnavåg, 23.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge





Til  
Nve Region vest  
Naustdalvegen 1B  
Postboks 53  
6801 Førde

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2015/147	Saksbeh. JRG
28 JAN. 2015 X53	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	



HULDAL  
BARNEHAGE SA

Huldal  
6090 FOSNAVÅG

Telefon: +47 70 08 96 09  
E-post: post@huldal-barnehage.no

Bankkonto: 3910 37 25600  
Foretaksnr.: 983 616 739

Dykkar referanse:  
Renate S Paulsen

Skrevet av:  
Renate Paulsen

Dokument navn:  
Søknad om planleging og  
gjennomføring av sikringstiltak  
mot skred

Dato:  
16.01.2015 Side 1 av 3

## Søknad om gjennomføring av sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg, samt økonomisk tilskot.

Huldal barnehage SA er ein privat heildagsbarnehage driven av foreldra, organisert som eit samvirkeforetak. Barnehagen er lokalisert til Nedre Huldalsveg 5, i Huldalen nær Fosnavåg sentrum, i Herøy kommune på Sunnmøre. Barnehagen har vore i drift sidan 1992. Her oppheld det seg daglig 36 barn og 10 ansatte. Underteikna, Renate Sævik Paulsen er daglig leiar i Huldal barnehage, noko eg har vore sidan 1992.

I forbindelse med planprosess og omregulering av område kring Huldal barnehage, vart det utført ei geologisk vurdering av fjellsida bak vår barnehage. Dette førte til uro og engstelse for vår tryggleik. Barnehagen kom i ein uholdbar situasjon då den geologiske vurderinga gjennomført av Breiteig Fjordsenter, datert august 2014, avdekte skredfare, men ikkje var presis nok i beskrivelsane til at barnehagen kunne søkje om å få statlig tilskot til sikring. Rapporten konkluderer med at området bhg står på, ikkje tilfredsstillar dagens sikkerhetskrav til ny utbygging. Vidare at det trengs sikringstiltak for å oppnå tilfredsstillande sikkerheit for ny bebyggelse. Den geologiske vurderinga i si heilheit ligg vedlagt.

I og med at barnehagen har eksistert her sidan 1992 er ikkje ny bebyggelse eit tema. Men barnehagen fekk oppført eit tilbygg på barnehagen i bak bygget, mot fjellsida i 2013. Det var ingen merknader i høve skredfare i byggsaka.

Ved drift av barnehage står sikkerheit for små og store i høgsetet. Vi kan ikkje fortsette å drifte barnehage utan sikringstiltak, med eit slikt faremoment kloss inntil både bygningsmasse og uteleikeareal. Berre det at det er utforma geologisk vurdering med antydning om skredfare skaper uro og engstelse for alle som er brukarar av Huldal barnehage.

Når skredproblematikken oppstod for oss her i august/september 2014 og vi vart emosjonelt engasjerte og bekymra, fekk vi av Herøy kommune vite at ein representant frå NVE skulle til Herøy kommune 18.september for å vurdere om vår kommune skal prioriterast for skredfarekartlegging. Underteikna tok då kontakt med representanten frå NVE, Andrea Taurisani. Vi bad om råd for vegen vidare og

om han kunne prioritere å kome innom barnehagen for å sjå fjellsida. Det fekk vi til og er takksame for det. Han gav oss råd om vegen vidare i prosessen.

Vi bestemte oss for å bestille ein konsulentrapport som var meir spesifikk på sannsynligheita for skader under dagens forhold utan sikring, og kostnader ved sikring. Vi tok kontakt med Norconsult v/ingeniørgeolog Lillian Todnem. Ho tok på seg jobben med å utføre ei supplerende skredfarevurdering til den opprinnelige geologiske vurderinga som låg føre. Ho var på befaring her i Huldal barnehage saman med ingeniørgeolog Torgeir Sandøy 23.oktober 2014. Dei har utarbeida supplerande skredfarevurdering med vurdering av faresoner, foreslått tiltak og har kome med eit kostnadsestimat. Denne er datert 21.11.2014. Rapporten i si heilheit ligg vedlagt. Kostnadane til dette arbeidet er betalt av Huldal barnehage.

Det er ikkje utført terrenginngrep som kan ha medvirkning på skredfaren. Huldal barnehage er heller ikkje kjent med at det er kome stein frå fjellet i den tida vi har drifta barnehage her.

I og med at problemstillinga med rasfare frå fjellet kom opp i samanheng med pågåande planprosess for omregulering, er det berre Huldal barnehage som er berørt av eksisterande bebyggelse. Fjellsida strekkjer seg oppover i Huldalen, og der ligg 5-6 eksisterande hus tett inntil same bratte terrenget. Det området som no skal omregulerast innlemmar ikkje desse husa, difor er dei ikkje med i den geologiske vurderinga av området.

Underteikna er usikker på og har ikkje kunnskap nok til å vite om dei to geologiske vurderingane som til no er utførte er nok for å kunne starte på arbeidet med å få på plass konkrete sikringstiltak eller om NVE vil kvalitetssikre med å gå på meir førebuande arbeid og planlegging.

Huldal barnehage søkjer med dette (etter råd frå Jon-Rune Våge i Herøy kommune) om at Nve tek på seg oppgåva med å planlegge og gjennomføre naudsynte sikringstiltak som står beskrive i vedlagte skredfarerapporter. Vi her i Huldal barnehage er opptekne av å kome i gang med sikringsarbeid raskast råd. Dette fordi det er belastande både for styrar, personal og foreldre å stå i kvardagen med tankar om faktisk steinsprangfare ned mot barnehagen. Vi ber om tilbakemelding på tidsaspektet i saka. Med det meiner vi kor lang behandlingstid det er på søknaden om tilskot og kor lenge det kan gå før vi har sikring på plass om NVE skal ta heile pakken med planlegging og gjennomføring av tiltaket. Spørsmålet mitt er vel egentlig om vi ville kome raskare til ei sikra fjellside med å søkje om eit økonomisk tilskot frå NVE og jobbe vidare mot sikring på eiga hand. Eg ser sjølvsagt at NVE sin kompetanse er uvurderlig i saka og vi er opptekne av det faglige i saka. Det er viktig for oss å vere sikre på at det arbeidet som blir planlagt og utført er tilfredsstillande faglig. Foreslått sikring er rensk av vegetasjon, boltesikring og muligens nettsikring/bergbånd på enkelte parti. Sjå rapport for kostnadsoverslag.

Huldal barnehage søker og om å få dekt kostnadane vi har hatt på å få utarbeida den supplerande skredfarevurderinga via Norconsult. Utgiftene våre til dette kom på kr 53 072,-.

I den supplerande skredfarevurderinga vert det peika på at det må vere ingeniørgeologisk kompetanse tilstades under arbeidet med sikringa. Utgifter til dette er ikkje teke med i kostnadsestimatet. Har forstått at dette kan vere snakk om ein dags befarung. Likeeins er det beskrive behov for ettersyn av boltar/sikringa kvart 10.år. Det vil nok påløpe kostnad med dette ettersynet. Det vert viktig å få klarlagt kven som skal ha ansvar for dette, både i praksis og økonomisk.

Vi håper på raskast mulig behandling av søknaden og tilbakemelding på vegen vidare i prosessen mot å få på plass sikring i fjellsida.

Fosnavåg 16.01.2015



Renate Paulsen  
Renate Paulsen  
Daglig leiar

Til: Huldal Barnehage v/ Renate S. Paulsen  
Fra: Norconsult AS v/ Lillian Todnem  
Dato/Rev: 2014-11-21

## Huldal Barnehage - Supplerende skredfarevurdering VURDERING AV FARESONER, TILTAK OG KOSTNADSESTIMAT

### INNHOOLD:

1	BAKGRUNN OG HENSIKT.....	2
2	OBSERVASJONER OG VURDERINGER PÅ BEFARING .....	3
3	UTLØPSLENGDE OG FARESONEGRENSER .....	5
4	VURDERING AV SIKRINGSTILTAK.....	7
4.1	GENERELT .....	7
4.2	BESKRIVELSE AV AKTUELLE SIKRINGSTILTAK.....	7
4.3	BILDER .....	8
5	KOSTNADSANSLAG FOR UTFØRELSE AV SIKRINGSTILTAK .....	14
6	RESTRISIKO .....	15
7	OPPSUMMERING OG VIDERE OPPFØLGING .....	15




Figur 1: Utsnitt fra flybilde (finn.no) som viser lokaliteten til Huldal Barnehage i Fosnavåg, Møre og Romsdal.



## 1 BAKGRUNN OG HENSIKT

Figur 1 viser hvor Huldal Barnehage er lokalisert i Fosnavåg i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Barnehagen ligger plassert slik at uteområdet grenser mot en bratt bergskåning i øst, med høyde opp mot 75 m.o.h.

I forbindelse med godkjenning av reguleringsplan for Huldal Øst i Herøy kommune i Møre og Romsdal, har firmaet Breiteig Fjordsenter utført skredfarevurdering for planområdet vist i Figur 2. Skredfarevurderingen er beskrevet i rapport som er vedlagt dette notatet. I videre omtale av og henvisning til denne rapporten i foreliggende notat, vil den omtales som "skredfare rapporten".



Figur 2: Kartutsnittet viser planområdet som er omtalt i skredfare rapporten utført av Breiteig Fjordsenter. Figuren er hentet fra den omtalt rapporten.

Reguleringsplan for Huldal Øst omfatter også tomte til Huldal Barnehage, både bygningsmasse og uteområde. Skredfare rapporten konkluderer med at det eksisterer skredfare for tomte til barnehagen, og at denne tomte ikke tilfredsstillt kravene til sikkerhetsklasse S3 i TEK10. Vurderingen definerer ikke nødvendige sikringstiltak, men konkluderer med at det må etableres sikring mot steinsprang i fjellskrenten bak barnehagen for å oppnå en nominell sannsynlighet for steinsprang mot planområdet som tilfredsstillt sikkerhetsklasse S3 som vil være gjeldende sikkerhetskrav for en barnehage.

Den aktuelle barnehagen har vært lokalisert på dette stedet i ca. 20 år. I 2013 ble det satt opp et tilbygg på den siden av bygget som vender mot bergskrenten der det er vurdert å være fare for steinsprang. Det ble ikke satt krav om vurdering av skredfare i forbindelse med byggesaken.

Huldal Barnehage opplever å ha kommet i en vanskelig situasjon, der det er utført en skredfarevurdering som sier at det eksisterer steinsprangfare ned mot tomte. Skredfare rapporten er utarbeidet i forbindelse med en reguleringsplan der det vil kunne settes restriksjoner mot fremtidig utnyttelse av arealet, og vil sannsynligvis ikke bety at barnehagen kan bli pålagt å utføre sikringstiltak. Det vil likevel være svært



vanskelig å drive en privat barnehage i et område der det er kjent at det eksisterer skredfare. Konklusjonen i skredfarerapporten medfører at det ikke ville vært tillatt å bygge ny barnehage på denne tomte, uten at sikringstiltak er utført.

Barnehagen har vært i kontakt med kommunen for å finne ut hva som kan og bør gjøres. Så langt har barnehagen selv måtte sørge for videre utredninger og eventuelle sikringstiltak.

Huldal Barnehage ved Renate S. Paulsen har tatt kontakt med Norconsult AS for å bistå med supplerende vurdering av den reelle skredfaren, angi aktuelle sikringstiltak og anslå kostnader for å få utført sikringsarbeidet.

Befaring til den aktuelle tomte ble utført torsdag 23. oktober 2014, av ingeniørgeologene Lillian Todnem og Torgeir Sandøy.

I foreliggende notat gis en beskrivelse av situasjonen og vurdering av reell skredfare og aktuelle sikringstiltak. Det blir også gjort en kostnadsvurdering av sikringstiltakene. Det påpekes at dette notatet ikke er en egen skredfarevurdering, men et supplement til den utførte skredfarevurderingen. Dersom vår vurdering avviker fra det som står i skredfarerapporten, vil dette gå klart frem i teksten.

Norconsult AS har ikke gjort en vurdering av ansvarsfordeling når det gjelder å få på plass tilstrekkelig sikring av den aktuelle bergskråning, og hvorvidt det er riktig at det er barnehagen selv som må stå for dette.

## **2 OBSERVASJONER OG VURDERINGER PÅ BEFARING**

Ved befaringen ble terrenget ovenfor barnehagen befart til fots der dette lot seg gjøre. Deler av området var så bratt at det ikke var mulig å gjøre detaljerte observasjoner på nært hold. Det vurderes likevel at det kunne gjøres observasjoner og registreringer som er tilstrekkelige for å kunne vurdere reell fare for steinsprang mot barnehagetomte, samt vurdere aktuelle tiltak for å redusere skredfaren.

Under befaringen ble det i utgangspunktet gjort observasjoner og registreringer uavhengig av tidligere utført skredfarerapport. Underveis i befaringen ble våre observasjoner og registreringer sammenlignet med tidligere utført skredfarerapport, for å kunne ha en formening om våre vurderinger var sammenfallende.

I det følgende gjennomgås våre observasjoner og vurderinger med henvisning til skredfarerapporten:

- Inndeling av fjellsida og vurdering av område C som skredfarlig.


*På side 8 i skredfarerapporten er bergskråningen over barnehagen kalt område C, og definert å ha potensial for steinsprang. Konklusjonen i skredfarerapporten etter registreringer på befaring, er at det eksisterer skredfare i form av steinsprangfare for dette området. For de øvrige områdene A og B vurderes det ikke å være skredfare ned mot planområdet.*

Våre observasjoner og vurderinger på befaringen 23. oktober gjør at vi kommer til samme konklusjon. Det er kun i område C at vi registrerte løsneområder for steinsprang som vil kunne nå ned til barnehagetomte.

- Vurdering av partier/blokker i område C som ustabile.

*På side 16 i skredfarerapporten og videre utover til side 22, gjennomgås partier som vurderes som ustabile og som kan gi steinsprang ned mot barnehageområdet. Figur 3 er hentet fra skredfarerapporten og viser partier som er vurdert og omtalt i denne.*

Våre observasjoner og vurderinger på befaringen 23. oktober er nær sammenfallende med vurderingen i skredfarerapporten av disse partiene. Vår vurdering er at det utvilsomt er partier og blokker som vil kunne gi steinsprang med utløp inn på barnehagens område.



Figur 3: Figur hentet fra skredfarerapporten siden 16. Viser bergskråningen i bakkant av barnehagen med markering av partier som er vurdert og omtalt spesielt.

- Vurdering av konsekvens, sannsynlighet og frekvens.

På side 25 i skredfarerapporten plasseres steinsprang fra område C i konsekvenskategori K4, som betyr at steinsprang som når ned til barnehagetomta vil kunne få alvorlige konsekvenser.

På side 26 i skredfarerapporten blir det gjort en vurdering av sannsynlighet og konsekvens for det som kalles område C sør og C nord. Område C sør plasseres i sannsynlighetsklasse S3 med en antatt frekvens på mellom én hendelse pr. 10 år og én hendelse pr 100 år. Område C nord plasseres i sannsynlighetsklasse S2 med én antatt frekvens på mellom en hendelse pr. 100 år og én hendelse pr 1000 år. Angitt frekvens gjelder hendelser med alvorlig konsekvenser som gitt fra konsekvensanalysen.

Våre observasjoner og vurderinger på befaringen 23. oktober tilsier at dette er en vurdering vi kan støtte. Vi velger imidlertid å se hele område C under ett, og vurderer da at en frekvens på mellom én hendelse pr. 10 år og én hendelse pr 100 år er sannsynlig. Dette er da hendelser der steinsprangene som løsner vil havne inn på den aktuelle tomte. Det vil kunne være høyere frekvens på steinsprang som løsner, men der materialet stopper før det når tomte.

- Vurdering av risiko

*På side 27 i skredfarer rapporten defineres risiko ut fra konsekvenser og sannsynligheter, og gir område C sør Høy risiko og område C nord Middels risiko. Det blir videre skrevet at risikoen må reduseres for hele området C ved implementering av identifiserte tiltak, for å kunne tilfredsstillere sikkerhetsklasse S3 i TEK 10 § 7-3. Det blir deretter grovt listet opp aktuelle tiltak (se side 28 i rapporten).*

Vi kan ut i fra våre observasjoner og vurderinger støtte oss til de konklusjonene som er gjort i rapporten med hensyn til risikovurdering ut fra den metodikken som er valgt. Rapporten har valgt å vurdere området ut fra sikkerhetsklasse S3 i TEK 10 § 7-3, som vil være retningsgivende for sikkerhetsnivået ved vurdering av ny utbyggelse av tilsvarende bygningsmasse. Konklusjonen om at tomte i dag ikke tilfredsstillere sikkerhetsklasse S3, betyr at det er en årlig nominell sannsynlighet for skred (steinsprang) større enn 1/5000.

Rapporten sier lite om utløpslengder og faresonegrenser, utover at det er sannsynlig at steinsprang vil nå ned til bebyggelse og uteareal i det tidsperspektiv som sikkerhetsklasse S3 dekker. Ved vår befaring har vi i tillegg forsøkt å vurdere den reelle faren for eksisterende barnehage med tilhørende uteområde, og hvilke tiltak som må gjøres for å redusere skredfaren tilstrekkelig. I de neste kapitlene vil vi derfor redegjøre for dette ved å anta utløpslengder og skissere faresoner, samt angi våre anbefalte sikringstiltak for å redusere skredfaren.

### **3 UTLØPSLENGDE OG FARESONEGRENSER**

Det er ikke mulig å gi eksakte tall for skredfaren knyttet til steinsprang. Ut fra vurdering av grunnlagsmateriale, topografi, observasjoner av løснеområder og vurderte utløpslengder, kan det likevel antas en sannsynlig skredfrekvens og tilhørende farenivå.


Vi har, som i skredfarer rapporten, vurdert frekvensen på steinsprang som vil nå tomte til mellom én hendelse pr. 10 år og én hendelse pr 100 år. Vi har gjort en vurdering av årlig nominell sannsynlighet og tegnet inn faresonegrenser ut fra dette, se Figur 4.

Uteområdet ligger helt inn mot bergskråningen og bygningsmassen ligger kun få meter fra foten av fjellet, og alle steinsprang som ikke stopper lenger opp i terrenget vil havne innenfor barnehagens område. Selv om skråningen er bratt, tilsier både terreng og vegetasjon at blokkene sannsynligvis vil komme trillende eller sprette i lav høyde. Vi vurderer det derfor som lite sannsynlig at steinsprang vil kunne passere over eksisterende bygningsmasse. Bygningsmassen har vi derfor definert som faresonegrense for 1/100 per år. Når det gjelder uteområdet videre mot sør, har vi lagt faresonegrensen langs eksisterende gjerde, da vi antar at materiale vil kunne trille så langt og deretter ha så liten energi at det vil stoppes av gjerdet. Faresonegrensa for 1/100 angir da at det er årlig nominell sannsynlighet på 1/100 for at steinsprang passerer den angitte grensa.

Vi har også tegnet faresonegrense for 1/1000. Vi tar her høyde for at det kan løsne større blokker fra øvre del av skråningen som vil kunne sprette over gjerdet og eller lande på taket av bygningen.

Det ble vurdert som hensiktsmessig å ta med faresonegrense for 1/20 som går tett inn mot bergskråningen. Denne er et resultat av at det i nedre del av skjæringen ble registrert noen objekter med usikker stabilitet som vil kunne løsne i nær fremtid. Disse vil ha begrenset utløpslengde, men vil kunne skli/rulle inn på området som blir brukt som lekeområde.





Figur 4: Figuren viser faresonegrensene vi har vurdert.

Selv om vi støtter vurderingen i skredrapporten om en frekvens på steinsprang som vil nå tomte på mellom én hendelse pr. 10 år og én hendelse pr 100 år, kan vi ikke utelukke at det vil kunne komme steinsprang innenfor et tidsperspektiv på 10 år. Vi observerte ingen blokker som vi vurderte å være så ustabile at de krever øyeblikkelig sikring, men det kan ikke utelukkes at det finnes blokker som er mer ustabile som vi ikke kom nært nok til å identifisere. I tillegg er det svært vanskelig å forutse hvor raskt frost- og tineprosesser vil virke og hvor mye situasjonen kan endres på få år. Det at det ikke er registrert nedfall de siste 20 årene, betyr ikke at det ikke vil skje nedfall de neste 10 årene.

## 4 VURDERING AV SIKRINGSTILTAK

### 4.1 Generelt

I skredfarerapporten er følgende aktuelle risikoreduserende tiltak listet opp:

- *Fysiske tiltak*
  - *Etablere sikring på oppsiden av barnehagens bygningsmasse.*
  - *Etablere sikring på oppsiden av barnehagens uteareal.*
  - *Aktsomhet ved evt. sprengningsarbeider som kan påvirke fjellskrenten.*
- *Organisatoriske tiltak*
  - *Definere omsynssone ned til gjerde ved parkeringsplass.*
  - *Definere nytt areal til uteaktivitet.*

De to første punktene blir vurdert i dette notatet. Ved vurdering av sikringstiltak tas det utgangspunkt i at barnehagen skal kunne benytte dagens uteareal slik det er.

Det er ikke plass til å etablere sikringsvoll inn mot bergskråningen dersom arealet skal kunne utnyttes som i dag. Etablering av fangnettgjerdet vurderes heller ikke som hensiktsmessig, både på grunn av arealutnyttelse og krevende dimensjoneringsjobb for å bestemme nødvendig høyde og kapasitet. I tillegg vil et fangnettgjerdet være ugunstig å plassere inntil en barnehages uteområde, med tanke på at barna vil kunne benytte sikringstiltaket som lekestativ.

Vår vurdering er at rensk og boltesikring vil være tilstrekkelig som sikringstiltak av de usikre partiene/blokkene. Det kan være aktuelt å benytte nettsikring/ubåtnett eller bergbånd for enkelte partier.

Den største utfordringen når det gjelder bergsikringen vil være tilkomsten. Det er identifisert blokker som bør boltesikres i den øvre delen av området, der det vil være en høydeforskjell på ca. 55 meter i forhold til terrenget nedenfor. De største liftene som vanligvis benyttes til denne typen sikringsarbeid har en rekkevidde på ca. 40 meter. Avhengig av hvor nært liften kan plasseres bergveggen, vil partier i øvre deler av skråningen måtte sikres fra tau med kvalifisert personell.

I det videre gjennomgås de anbefalte sikringstiltakene. Figur 5 til Figur 13 viser bilder med anbefalte sikringstiltak merket på bildene. Bildene er sortert etter nummerering benyttet i skredrapporten, se Figur 3, for lettere å kunne sammenligne vurderingene.

### 4.2 Beskrivelse av aktuelle sikringstiltak

Generelt gjelder at ingen må befinne seg i barnehagen eller uteområdet mens sikringsarbeidet pågår, på grunn av fare for nedfall som følge av renske- og sikringsarbeidet.

#### Inspeksjon og rensk:

Hele bergsiden må gjennomgås for å sjekke om det finnes løse/ustabile blokker/steiner. Det må for hver enkelt blokk/stein vurderes om det lar seg renske uten fare for nedenforliggende område. Dersom det ikke kan renskes ned, må det festes med bergbolt eller annet sikringsmiddel. I utgangspunktet anbefales det ikke å renske vegetasjonen. Kun for et par områder som er merket på bildene, anbefales det at trær/busker fjernes for å hindre rotsprengning.



### Boltesikring:

Endelig omfang av boltesikring må bestemmes etter utført inspeksjon og rensk fra korg/tau. Vi har likevel antatt et omfang ut i fra observasjoner og vurderinger gjort ved befaring 23. oktober. Figur 5 til Figur 13 viser bilder av partier der vi vurderer at boltesikring er nødvendig. Vi antar også at det vil være partier utover dette der boltesikring vil være aktuelt, dette gjelder da spesielt det midtre området der det på grunn av tilgjengelighet og tett vegetasjon var vanskelig å gjøre en vurdering. Tabell 1 viser antatt bolteomfang, som totalt utgjør et anslag på 20-30 bolter.

Tabell 1: Antatt bolteomfang.

Parti:	1, 2, 3 og 4	5 og 6	7	8	9	Midtparti	Totalt:
Antall Bolt:	5	5-8	3-5	2-3	3-5	2-5	20-30

Det skal benyttes fullt gyste bolter med plate og mutter. Bolter og tilbehør skal ha dobbel korrosjonsbeskyttelse. Det antas at det kun vil være behov for bolter med lengde 2,4 og 3 meter. Boltelengde må forlenges dersom bergmassekvaliteten tilsier det. Det skal være minimum 1 meter godt berg innerst i boltehullet for å sikre god forankring. Bergmassekvalitet i form av oppsprekking og eventuelle leirslepper bør derfor registreres under boring av boltehull. Boltene settes i utgangspunktet nær horisontalt, med svak vinkel oppover.

### Øvrige sikringsmidler:

Vi vurderer at det er rensk og boltesikring som vil være de viktigste sikringsmetodene. Det kan imidlertid være aktuelt å benytte fjellbånd eller ubåtnett/wirenett for enkelte partier. Dette må vurderes og avklares underveis i sikringsarbeidene.

### Inspeksjonsintervall og vedlikehold:


Levetiden for bergboltene er på ca. 50 år. Etter 50 år bør derfor montert bergsikring sjekkes og eventuelt erstattes.

Anbefalt bergsikring er gjort ut fra vurdering av dagens situasjon. Frost- og tineprosesser kan medføre at partier som i dag vurderes som stabile kan utvikles til å bli ustabile på lengre sikt. Det anbefales derfor at personell med ingeniørgeologisk kompetanse gjør en inspeksjon av bergskrånningen minst hvert 10. år, for å kunne vurdere eventuelt behov for supplerende tiltak.

## 4.3 Bilder

### Oversiktsbilde:

Figur 5 viser et oversiktsbilde av bergskrånningen bak barnehagen. De ulike nummererte partiene er merket på bildet, og partiene blir gjennomgått mer detaljert i teksten og Figur 6 til Figur 13.



Figur 5: Oversiktsbilde av bergskråningen bak barnehagen.

Parti 1:

Rensk eller boltesikring av blokk markert med rød pil på Figur 6.




Figur 6: Bilde som viser parti 1.



Parti 2, 3 og 4:

Boltesikring av mulige ustabile blokker vist på Figur 7 og Figur 8. Kan vurderes å renskes kontrollert ned.



Figur 7: Flere blokker som vurderes som delvis eller helt avløst, og som kan gi steinsprang på lang sikt.



Figur 8: Parti 4 mangler tilstrekkelig fot. Boltesikring av nedre del vil sikre partiet over.

Parti 5 og 6:

Til tross for relativt tett oppsprekking av dette området i toppen av skråninga, se Figur 9, har det nært horisontale sprekkesettet en gunstig svak helning innover som sørger for økt stabilitet. Det ble likevel observert blokker med delvis manglende fot/støtte, samt partier der fot/støtte var oppsprukket og kan gi redusert stabilitet over tid. En del potensielle steinsprang fra dette partiet vil sannsynligvis bremses opp og stoppe like nedenfor skrenten, der det også ble observert flere blokker fra tidligere utfall. Men på grunn av den bratte skråningshelningen, se Figur 10, må det likevel antas at noen blokker vil ha utløp helt ned til barnehagetomta.

I dette partiet vil det være aktuelt å boltesikre enkelte låseblokker, samt å fjerne noen av de små trærne i toppen som har røtter som går ned i sprekken.



Figur 9: Bilde som viser Parti 5 og 6, med flere blokker som delvis mangler fot.





Figur 10: Bilde tatt fra nedkant av Parti 6. Bildet gir inntrykk av hvor bratt skråningen er.

#### Parti 7:

Store deler av bergmassen i dette partiet vurderes som stabil. Det vil være aktuelt med boltesikring av enkelte låseblokker og blokker/flak som delvis mangler fot/støtte.



Figur 11: Bildet viser parti 7. Røde piler markerer blokker som kan være aktuelle å boltesikre.



### Parti 8:

I den nedre delen av bergskråningen ble det observert noen blokker som vurderes å være delvis avløst. Noen av disse blokkene er delvis dekket av vegetasjon som gjør det vanskelig å vurdere nødvendig sikringsomfang. Blokker som løsner her vil på grunn av lav høyde få liten energi og stoppe nær foten av bergskråningen.



*Figur 12: Figuren viser bergskråningen like ovenfor uteområdet til barnehagen. Innenfor den røde sirkelen ble det observert blokker som vurderes som delvis avløst.*

### Parti 9:

Parti 9 ligger like sør for parti 8. Det ble her observert bergflak/blokker som mangler fot/støtte og som bør boltesikres, se røde piler på Figur 13. Det ble også observert noen blokker litt lengre opp, markert med rød sirkel på Figur 13, som bør renskes eller boltes fast. Det vokser også en del små trær her som antas å ha røtter ned i sprekker, og som derfor bør fjernes.



*Figur 13: Bildet viser parti 9. Røde piler viser blokker som bør boltesikres. Innenfor rød sirkel bør vegetasjon renskes og blokker renkes eller boltes fast.*

## **5 KOSTNADSANSLAG FOR UTFØRELSE AV SIKRINGSTILTAK**

Det er i utgangspunktet enkle sikringstiltak som vurderes som nødvendige for å oppnå tilfredsstillende sikring av bergskråningen. Men bergskråningen har en høyde som gjør at man ikke når opp med de liftene som vanligvis benyttes til slikt sikringsarbeid. Ved utførelse av sikringsarbeidet må det derfor sannsynligvis benyttes et klatrelag som kommer til de øvre partiene ved hjelp av tau.

Ut fra erfaring med tilsvarende oppdrag ser vi for oss en total kostnad for sikringsoppdraget på ca. kr. 250 000,- eks. mva.

Vi har innhentet et uforpliktende kostnadsoverslag fra en entreprenør som utfører denne typen sikringsarbeid. De har fått opplysninger om tilkomstforhold og antatte sikringsmengder, og har ut fra det anslått kostnadene til ca. kr. 250-280 000,- eks mva. De har da inkludert 20-30 bolter, noen fjellbånd og et par wirenett (3x3 m). Kostnadene inkluderer reise og opphold for et 3-mannslag.

## 6 RESTRISIKO

Risiko forbundet med arbeid i skjæringene og utførelse av bergsikring vil være på et normalt nivå for denne type anlegg, og forutsettes ivaretatt av entreprenørens prosedyrer og rutiner.

Vurdering av skredfare og nødvendig bergsikring er gjort etter beste skjønn. Det kan ikke utelukkes at vi har oversett elementer som medfører at sikringsbehovet blir større enn antatt. Det er derfor viktig at ingeniørgeologisk personell er til stede underveis i sikringsarbeidene for å bestemme og anviser endelig sikringsomfang.

Også etter ferdig utført sikringsarbeid vil det være en restrisiko for steinsprang. Omfang av sikring vil imidlertid velges slik at sannsynlighet for steinsprang inn på bernehagetomta er på et lavt og akseptabelt nivå, og da slik at området tilfredsstillende kravet til sikkerhet i sikkerhetsklasse S3.

## 7 OPPSUMMERING OG VIDERE OPPFØLGING

På befaring torsdag 23. oktober 2014 ble det gjort en uavhengig vurdering av bergskrånningen i bakkant av Huldal barnehage, og denne ble vurdert opp mot tidligere utført skredfarevurdering. Vurderingen på befaringen var at konklusjonen i skredfarerapporten om at det eksisterer skredfare for barnehagetomta er riktig.

I forbindelse med utarbeidelsen av foreliggende notat er det gjort en mer detaljert vurdering av utløpslengde og faresonegrenser. Vår vurdering viser at store deler av barnehagetomta har en årlig nominell sannsynlighet for steinsprang høyere enn 1/100.


Foreliggende notat gir også et anslag på nødvendig bergsikring og kostnadene for å få utført disse. Det anslås et bolteomfang på 20-30 stk. bergbolter, samt rensk og noe muligens mindre mengder ubåtnett/wirenett. Det anslås en kostnad på ca. 250 000,- eks mva. for å få utført sikringsarbeidene. Kostnadene blir relativt høye på grunn av at skjæringshøyden krever at deler av arbeidet må utføres med taulag.

Ingeniørgeologisk personell bør være tilstede underveis i sikringsarbeidene for å for å bestemme og anviser endelig sikringsomfang.


Anbefalt bergsikring er gjort ut fra vurdering av dagens situasjon. Frost- og tineprosesser kan medføre at partier som i dag vurderes som stabile kan utvikles til å bli ustabile på lengre sikt. Det anbefales derfor at personell med ingeniørgeologisk kompetanse gjør en inspeksjon av bergskrånningen minst hvert 10. år, for å kunne vurdere eventuelt behov for supplerende tiltak.

Kristiansund, 2014-11-21


Utarbeidet:

  
Lillian Todnem

Fagkontroll:

  
Torgeir Sandøy

Godkjent:

  
Lillian Todnem

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrøknng enn formålet tilsier.







HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## Anlegg- og driftsavdelinga

NVE  
Region vest

Naustdalsvegen 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

Saksnr  
2015/147

Arkiv  
X53

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
ANLD / JRG

Dato  
04.02.2015

### **UTARBEIDD RAPPORT VEDKOMANDE SKREDFAREVURDERING VED HULDAL BARNEHAGE, FOSNAVÅG. SØKNAD OM SKREDSIKRING.**

Huldal barnehage er ein heildagsbarnehage driven av foreldra som eit samvirkeforetak. Barnehagen er lokalisert i Nedre Huldalsveg 5, i Huldalen i Fosnavåg.

I samband med planprosess og omregulering av området kring barnehagen vart det utført ei geologisk vurdering av fjellsida bak barnehagen av Breiteig Fjordsenter i august 2014. Vurderinga avdekte skredfare, men var ikkje presis nok i beskrivelsane til at barnehagen kunne søkje om å få statleg tilskot til sikring.

Barnehagen har etter dette fått utarbeidd konsulentrapport frå Norconsult AS med supplerande skredfarevurdering – vurdering av faresoner, tiltak og kostnadsestimat. Denne rapporten følgjer vedlagt (jfr. vedlegg nr.2).

Herøy kommune ber i medhald av den utarbeidde konsulentrapporten om at NVE tek på seg oppgåva med planlegging og gjennomføring av nødvendige sikringstiltak på staden, og at tilrådde tiltak vert innarbeidde i Nve sine budsjett/prioriteringar.

Med Helsing

Jon Rune Våge  
Avdelingsleiar

Jan Reidar Gjerde  
Sakshandsamar





Vedlegg: 1. Søknad frå Huldal barnehage om gjennomføring av sikringstiltak  
m.ot skred/steinsprang  
2. Utarbeidd rapport frå konsulentfirmaet Norconsult AS

Kopi: Huldal barnehage, 6090 Fosnavåg

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 08.05.2015  
Vår ref.: 201500942-4  
Arkiv: 323  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Siss-May Edvardsen

## **Tilsegn om tilskot til økonomisk tilskot av sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg – Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke**

**NVE gir tilsegn om tilskot på 80 % av kostnadene for planlegging og gjennomføring av sikringstiltak mot steinsprang ved Huldal barnehage i Fosnavåg, innanfor ei ramme på 300.000 kr.**

### **Bakgrunn for og omtale av tiltaket**

Vi viser til søknaden dykkar dagsett 04.02.2015 om tilskot til planlegging og gjennomføring av naudsynte sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg. Huldal barnhage er ein heildagsbarnehage drive som eit samvirkeforetak. Her oppheld det seg dagleg 36 born og 10 tilsette.

I samband med planprosess og omregulering av område kring Huldal barnehage, vart det utført ei geologisk vurdering av fjellsida bak barnehagen, utført av Breiteig Fjordsenter dagsett august 2014. Rapporten konkluderte med at området ikkje tilfredsstillar dagens tryggleikskrav og at det er trong for tryggingstiltak. Huldal barnehage har på denne bakgrunn fått utarbeidd ein konsulentrapport (Norconsult dagsett 21.11.2014) med vurdering av faresoner knytt til skred, føreslått tiltak og kostnadsestimat.

Skredsikringstiltak har eit kostnadsoverslag på 250.000 kr eks mva. I tillegg kjem utarbeidd rapport på 53.072,- kr med vurdering av faresoner, føreslåtte tiltak og kostnadsestimat. Planlegging og gjennomføring av tiltaket har eit kostnadsoverslag på 303.072 kr.

### **Vedtak**

Med bakgrunn i bevillinga over statsbudsjettet kap. 18.20, post 60 og tilhørande regelverk for tilskot<sup>1</sup> gir NVE med dette Herøy kommune tilsegn om tilskot til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak mot steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg. NVE vil dekke 80 % av kostnadene innanfor ei ramme på 300.000,- kr eks mva. Kostnader til moms og administrasjon skal ikkje inngå i tilskotsgrunnlaget.

<sup>1</sup> Regelverk for tilskuddsordning, Tilskudd til flom og skredforebygging og miljøtiltak i vassdrag, (kap. 1820, post 60)

## Vilkår

Ferdig plan med endeleg kostnadsoverslag skal sendast NVE før arbeidet med gjennomføring av tiltaket tek til. Prosjektet må være ferdig og sluttregneskapen oversendt NVE innan 31.12.2018.

Tilskotet vert utbetalt når anlegget er gjennomført og rekneskapen er attestert av revisor. Deler av tilskotet kan betalast undervegs på grunnlag av rekneskapsoversikt for medgåtte utgifter. Vi tek atterhald om at tidspunktet for betaling avhenger av tilgjengelege budsjettmidlar på det aktuelle tidspunktet, og at det derfor kan bli aktuelt å skyve betalingar noko utover i tid i høve til kommunen sine ønskjer.

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av tilsendt faktura. Vi vil gjerne at faktura i PDF-format vert sendt pr. e-post direkte til fakturamottaket vårt: [faktura@nve.no](mailto:faktura@nve.no). Fakturaer skal merkast med Sikringstiltak mot steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg, Herøy kommune i Møre og Romsdal.

Vi understrekar at tilsegna vår ikkje inneber løyve til å starte bygging. Saka må avklarast etter plan- og bygningslova sine føresegner og føresegner i andre aktuelle lover. Vi gjer også merksam på at kommunen sjølv må ordne opp med dei private interessene som kjem i kontakt med tiltaket, også få rett til grunn der tiltaket skal plasserast. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva ved gjennomføring av tiltaket.

Det er ein føresetnad at tiltaket vert prosjektert gjennomført og kontrollert av føretak med godkjenning i tiltaksklasse 3. Det er også ein føresetnad at kommunen tek ansvaret for framtidig tilsyn med og vedlikehald av anlegget. NVE Region Vest skal varslast før arbeidet vert sett i gong og skal ha høve til å følge opp tiltaket.

I samsvar med løyvingsreglementet § 10 andre ledd, vert det teke atterhald om at NVE og Riksrevisjonen kan setje i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane.

## Grunngjeving for vedtaket

NVE finn at tiltaket har høg nytteverdi i høve til kostnadene, og legg særleg vekt på at tiltaket vil gje auka tryggleik for liv og helse til mange menneske. NVE har vurdert denne søknaden opp mot andre innkomne søknader mottekne i 2014, og så langt i 2015, og funne grunn til å prioritere denne både ut frå vurdering av nytte/kost og risikoen (faregrad og konsekvens) ved skred.

Kommunen får refundert kostnadene til moms, og moms er difor halde utanom tilskotsgrunnlaget. Vi finn det rimelig at kommunen dekkjer sine eigne administrasjonskostnader, og heller ikkje desse inngår i tilskotgrunnlaget.

Dei avgrensa ressursane som NVE har til disposisjon for sikringstiltak er også med på å fastsetje storleiken på tilskotet (prosentats og øvre ramme).

## Høve til å klage

Denne avgjerda kan klagast på til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunkt denne underretninga er komen fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til den sentrale e-postadressa vår: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).



Med helsing

Bright Samdal  
regionsjef

Siss-May Edvardsen  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Renate Paulsen v/Renate Paulsen



Barnehageavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2015/986
		Arkiv:	A10

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
153/15	Formannskapet	18.08.2015

### HØYRING - FINANSIERING AV PRIVATE BARNEHAGAR

#### Tilråding:

1. Formannskapet meiner at dagens modell for finansiering av private barnehagar bør vidareførast (spørsmål 1).
2. Formannskapet støttar forslaget om å gje påslag for pensjonsutgifter, men med eit prosentpåslag 6 - 8 prosent (spørsmål 2).
3. Formannskapet meiner at det må vere frivillig for kommunane om ein vil bruke kommunal eller nasjonal sats for kapitaltilskotet, og støttar ikkje forslaget om at kapitaltilskotet kun skal bereknast ut frå nasjonal sats (spørsmål 4).
4. Formannskapet kan ikkje støtte at fristen for vedtak om sats bør vere 31. oktober i året før tilskotsåret utan at staten kjem med sine satsar tidlegare. (spørsmål 17).
5. Formannskap gir rådmannen fullmakt til å svare på resten av spørsmåla

#### **Særutskrift:**

-Barnehageavdelinga



**Vedlegg:**

1. Høyrings svar frå KS (prenta vedlegg)
2. Uttale om høyringa frå Private Barnehagers Landsforbund (prenta vedlegg)
3. Uttale om høyringa frå styret i Sirlilhaugen barnehage (prenta vedlegg)
  
4. Høyringsdokumentet påført uttale frå KS og nabokommunane (uprenta vedlegg)

**Saksopplysningar:**

Utdanningsdirektoratet har utgreidd to modellar for finansiering av private barnehagar. Den eine finansieringsmodellen tek utgangspunkt i at tilskotet til godkjende private barnehagar skal utreknast på bakgrunn av utgiftene i kommunale barnehagar i den enkelte kommune. Dette er ei vidareføring av dagens finansieringsmodell, men med enkelte endringar blant anna på pensjon og kapital. Den andre finansieringsmodellen tek utgangspunkt i nasjonale gjennomsnittlege utgifter i kommunale barnehagar. Det skal fastsettast nasjonale satsar med utgangspunkt i desse utgiftene, som vert justerte i kommunane med dei lokale kostnadsdrivarane bemanningstettleik og arbeidsgjevaravgift.

I høyringsnotatet legg direktoratet fram to alternative modellar for finansiering av private barnehagar, med tilhøyrande forskrifter. Det sentrale spørsmålet direktoratet ønskjer innspel på er kven av dei to modellane som bør innførast. Valet av finansieringsmodell kan blant anna påverke eigarstrukturen og i kva grad omsyna bak rammefinansiering vert ivarettatt.

Frist for høyringsuttaler til Utdanningsdirektoratet er 20. august 2015. Utdanningsdirektoratet tek sikte på at forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2016.

I høyringa vil Utdanningsdirektoratet ha svar på 38 spørsmål. Nokre av desse spørsmåla er viktige politisk sett og ein vel då å utdjupe desse spørsmåla i vurderinga. Fleire av dei andre spørsmåla er av teknisk karakter, og for å klare å handsame heile høyringa innan fristen, rår eg til at rådmannen får fullmakt til å svare på desse. Dei spørsmåla ein vel å ta med i dette saksframlegget er spørsmål 1, 2, 4 og 17.

Høyringa er sendt ut som eit elektronisk dokument der ein kryssar av for spørsmål i dokumentet. Link til heile høyringa; <https://hoering.udir.no/Hoering/37>

**Spørsmål 1.** Kva finansieringsmodell ønskjer de? Grunnge kvifor.

**Spørsmål 2.** Støttar de vårt forslag om å gje påslag for pensjonsutgifter? Grunnge kvifor.

**Spørsmål 4.** Støtter de at kapitaltilskotet kun vert rekna ut frå nasjonal sats? Grunnge kvifor.

**Spørsmål 17.** Er de einige i at fristen for vedtak om sats bør vere 31. oktober i året før tilskotsåret? Grunnge kvifor.

**Vurdering og konklusjon:**

For Herøy kommune er det viktig at den nye finansieringsmodellen ivaretek Herøy kommune sine behov på best muleg måte, men også at kommunane har ulike føresetnader for drift av barnehagar og at inntektsgrunnlaget i kommunane er forskjellig.

Nasjonale satsar vil medføre at den tredje største kommunalsektor vert finansiert på andre måtar enn kommunane sine ansvarsområde elles, og at mulegheitene for å utøve lokal politiske prioriteringar vert svekka. Statlege satsar vil også i betydeleg grad svekke enkeltkommunane sine insentiv til kostnadskontroll og effektivisering i barnehagesektoren. Vidare vil ein nasjonal sats, sjølv med mulegheit for nokre lokale justeringar, kunne føre til forskjellar mellom dei kommunale og private barnehagane i kommunen fordi dei kommunale barnehagane framleis vil vere underlagt same prioritering som andre tenester i kommunen.

Når det gjeld administrering/utrekning av kommunalt tilskot til private barnehagar, ville nasjonale satsar medføre ei forenkling av arbeidet samstundes som denne modellen ville vere meir føreseieleg for dei private barnehagane.

Finansieringsordninga må sjåast i samanheng med kommunane sine mulegheiter til å stille rimelege vilkår til utbetaling av tilskot. Skeivheita i kompensasjonen for pensjon må også rettast opp.

### **Spørsmål 1. Kva finansieringsmodell ønskjer de? Vidareføring av dagen modell eller nasjonal sats med lokal justering?**

**Vurdering:** Herøy kommune har sidan 2011 praktisert ein finansieringsmodell som tek utgangspunkt i at tilskota baserer seg på utgifter til kommunal barnehagedrift. Ordninga har vore ressurskrevjande reint administrativt og kommunale barnehagar har lagt ned ein stor innsats for å effektivisere drifta m.a ved å auke opningstida utan å auke bemanninga. Dette har ført til at Herøy ligg eit godt stykke under nasjonale satsar.

Herøy kommune vil vidareføre dagens modell med lokal justering. Ein vel denne fordi då kan kommunane gjere lokalpolitiske prioriteringar. Kommunen kan bruke kommunerekneskapan for å regulere nivået på kommunen sitt samla barnehagetilbod ut ifrå lokale ynskjer og behov. Nasjonal sats samsvarer i mindre grad enn dagens finansieringsmodell med omsyn til lokalt sjølvstyre, prioriteringseffektivitet og kostnadseffektivitet. Den kan og føre til ulik finansiering av private og kommunale barnehagar, alt etter kva kommuneøkonomien seier. For eksempel kan kvaliteten i private barnehagar bli høgare enn i kommunale barnehagar, dersom kommunen sine egne barnehagar vert finansiert etter kommunebudsjettet, medan private barnehagar finansierast med nasjonal sats (som er ein god del høgare enn satsen Herøy kommune gir etter dagens modell). Dette kan føre til auka forskjellar i kvaliteten på tilbodet innanfor kommunen. Eller motsett, om kommunen har vilje og økonomi til å prioritere egne barnehagar.

Kostnad ved nasjonal sats: Med utgangspunkt i barnetal pr 15.12.14 og Herøy kommune sine sjølvkstsatsar for drift og kapital, så vil ein overgong til nasjonal sats som foreslått i høyringa for både drift og kapital gje ei kostnadsauke på ca 7 000 000 kr. Rådmannen rår på dette grunnlaget til at Herøy kommune går inn for alternativet der tilskotet baserer seg på utgiftene i den enkelte kommune.

Kommunane Hareid, Ørsta, Volda samt KS meiner at vidareføring av dagens modell er mest i samsvar med intensjonen med rammeoverføring (veit ikkje kva Vanylven og Sande meiner då dei ikkje deltok på møtet der denne saka var tema) . Ulstein kommune har gjennom ein prosess i ei arbeidsgruppe med administrasjon og politikarar kome fram til at dei vil gå for ny modell med nasjonale satsar for både drift og kapital. Dette vil koste kommunen 10 000 000 kr meir enn dei betalar i tilskot i dag.

PBL meiner at det er viktig for private barnehagar å få ein ny finansieringsmodell som er enklare å administrere for kommunane, lettare å forstå for alle partar og meir føreseieleg for private barnehagar å planlegge drifta etter. Dei meiner at modellen med nasjonale gjennomsnittssatsar tek dette best i vare. Kommunen har fått innspel frå Sirlihaugen barnehage med same meining som PBL.

## **Spørsmål 2. Støttar de vårt forslag om å gi påslag for pensjonsutgifter?**

**Vurdering:** Dei private barnehagane har lenge mottatt refusjon basert på ein pensjonskostnad som er langt over det dei betaler sjølve. Det er difor positivt med eit forslag om påslag for pensjonsutgifter, men eit prosent påslag på 14% vil overfinansiere mange barnehagar og er 6% over det Telemarksforsking foreslo i 2014 som baserte seg på tal frå BASIL.no.

PBL (Private Barnehagers Landsforbund) sine kalkulerte utgifter for 2015 er 11,7% (for dei barnehagane som har ytingsbasert pensjon), men har basert seg på 14% i sin uttale. KS skal sjå meir på dette, men meiner også at 14% er høgt. Eit påslag på 6-8% verkar meir rimeleg for Herøy kommune og nabokommunane.

## **Spørsmål 4. Støttar de at kapitaltilskotet kun vert rekna ut i frå nasjonal sats?**

**Vurdering:** Herøy kommune har no ein kapitalsats på ca 5.500 per plass i privat barnehage. Bli satsen nasjonal, vil det gi ein auke til nesten det dobbelte som ein minimumssats. For andre barnehagar som er nyare, vil det gi rett til endå høgare sats. Nasjonal kapitalsats vil koste Herøy kommune slik barnetalet og satsane er no ca 1,6 mill kr.

Rådmannen meiner difor at det må vere frivillig for kommunane om ein vil bruke kommunal eller nasjonal sats for kapitaltilskotet, og støttar ikkje forslaget om at kapitaltilskotet kun skal reknast ut frå nasjonal sats.

## **Spørsmål 17. Er de einige i at fristen for vedtak om sats bør vere 31. oktober i året før tilskotsåret?**

**Vurdering:** Eg kan ikkje sjå at kommunen skal vedta sin sats før direktoratet. Det kan bli problem for kommunane å ha klar ein sats så tidleg. KS seier ja til forslaget.

### **Konsekvensar for folkehelse:**

Kan vere negativt om økonomien og kvaliteten i barnehagane vert dårlegare. Vil vere bra for folkehelsa om forholda er like god i alle barnehagane.

### **Konsekvensar for beredskap:**

Dårlegare økonomi kan gi dårlegare beredskap, betre økonomi kan gi betre beredskap.

**Konsekvensar for drift:**

Om det vert nasjonal sats vil barnehagedrift i kommunen bli dyrare.

Fosnavåg, 03.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Laila Solhaug  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug

KS.  
vedlegg 1.

## Høring – finansiering av private barnehager

### Spørsmål 1. Hvilken finansieringsmodell ønsker dere

Begrunn hvorfor.

VELG ETT ALTERNATIV

- Videreføring av dagens modell
- Nasjonal sats med lokal justering

Styringsgruppa bør ha minimum to møte kvart år, eit på slutten av året for å gje innspel på budsjett for neste år og disponering av overskytande integreringstilskot, og eit før sommaren for å justere ut frå (planlagde) mottak og eventuelle nye barnehageplassar og skulebarn. Styringsgruppa peikar sjølv ut ein leiar, som også skal ha budsjett- og rapporteringsansvar for flyktningsstilskotet (Ansvar 3851). Det må drøftast om driftsbudsjettet til flyktingtenesta, som inkluderar løn, utgifter til bil, husleige og kontordrift, skal takast ut, slik at det berre er *integreringstilskotet* som styringsgruppa rår over. Dette må sjåast i samanheng med partnarskapsavtalen Herøy kommune og NAV Møre og Romsdal har skreve under på. Det må også sjås på opp mot personale og personalansvar.

#### 4. Inngå samarbeidsavtalar

I dag er arbeidet med flyktingane fragmentert. Særskilt i programperioden er det viktig med eit tett samarbeid og tett oppfølging av den enkelte. Arbeidsgruppa trur at mykje av utfordringane vi har kan løysast ved at vi er tettare på kvarandre. Dette skal gjerast ved at flyktingtenesta, sosialtenesta og rettleiarar frå NAV skal vere jamleg på Internasjonal skule og ha faste oppfølgingspunkt med både lærarar og den enkelte deltakar. .

Nokre av desse avtalane får vi drahjelp til med rundskriv Q-27/2015 «*Samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsordningen for nyankomne innvandrere*». Det konkrete arbeidet med denne samarbeidsavtalen skal vere ferdig 1. oktober. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har sitt første møte til rett over sommarferien.

## **6. Konsekvensar av tilrådinga**

### **6.1. Økonomi**

Tilrådinga har ikkje kjente økonomiske konsekvensar, i beste fall vil den føre til reduksjon i utgifter ved at vi får fleire i arbeid.

### **6.2. Administrasjon**

Tilrådinga krev ein ny måte å arbeide på, og vil binde opp tid på leiarnivå, også hos rådmannen

Arbeidsgruppa ønskjer å avvente evt administrative endringar til vi ser resultat av arbeidet med samarbeidsavtalene.

### **6.3. Fysisk plassering**

Tilrådinga betyr at både flyktingtenesta, sosialtenesta og NAV må belage seg på faste møtepunkt på Internasjonal skule, men det vil ikkje skje faste endringar på fysisk plassering.







HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1079
		Arkiv:	030

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
155/15	Formannskapet	18.08.2015

### ORGANISERING AV TENESTA FOR RUSMISBRUKARAR.

#### Tilråding:

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- NAV
- Barn, familie og helse

**Vedlegg:**

- Rapport datert 26.06.2015.

**Saksopplysninger:**

Ei arbeidsgruppe har etter mandat frå rådmannen, jfr K-sak 20/15, gjennomført ei evaluering av tenesta for rusmisbrukarar, jfr. vedlegg.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ynskjer å fylgje opp saka i samsvar med tilrådinga frå arbeidsgruppa.

Fosnavåg, 06.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

# **Organisering av tenesta for rusmisbrukarar**

## **Arbeidsgruppas rapport og tilråding**

**Per 26.6.2015**

1. Innledning .....	3
1.1 Mandatet .....	3
1.2 Arbeidsgruppa og arbeidet med rapporten.....	3
2. Historikk .....	4
2.1 Prosjekt Bustadsosialt arbeid 2005-2009.....	4
2.2 Etableringa av NAV Herøy 2009.....	4
2.3 Evaluering av tenestene i 2011.....	5
2.4 Endringar etter evalueringa .....	5
3. Organiseringa av tenesta .....	6
3.2 Fordeler ved dagens organisering .....	7
3.3 Ulemper ved dagens organisering .....	8
4. Om tenestene rus og bustadsosial arbeid .....	9
4.1 Tenester til rusavhengige .....	9
4.2 Det bustadsosiale arbeidet .....	10
4.3 Støttekontakt .....	12
5. Omfanget av tenestene .....	13
6.1 Økonomisk .....	15
6.2 Administrative konsekvensar .....	16
6.3 Fysisk plassering .....	16
7. Forslag til endring - tilråding frå gruppa .....	17
Tilråding: .....	17
8. Konsekvensar av tilrådinga .....	19
8.1 Økonomi.....	19
8.2 Administrasjon.....	19
8.3 Fysisk plassering .....	19



## **1. Innledning**

### **1.1 Mandatet**

Mandatet blei utsendt av rådmannen 9. mars 2015:

«Arbeidsgruppa skal evaluere organiseringa av tenesta for rusmisbrukarar og vurdere endra organisatorisk (økonomisk og administrativ) tilknytning og fysisk plassering.

Arbeidsgruppe:

Leiar for NAV

Leiar for BFA

Representantar for dei tilsette/tillitsvalde i dei to avdelingane.

Hovudverneombud (lagt til mandatet 23. mars 2015)

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist 01.07.2015»

### **1.2 Arbeidsgruppa og arbeidet med rapporten**

Har bestått av:

Leiar for NAV: Berit Lyngstad

Leiar for BFA: Inger Marie Toftthagen

Tilsette: Hildur Lid Hole (BFA), Ingebjørg Rønnestad (NAV)

Hovudtillitsvald: Eli Karin Kvalsund (Fagforbundet)

Hovudverneombud: Olaus Andreassen

Arbeidsgruppa har hatt 7 møter:

23. mars, 14. april, 20. april, 27. april, 21. mai, 8. juni og 22. juni

Det har vore brei konsensus om retninga av arbeidet, men sida både BFA og NAV er komplekse organisasjonar har det vore naudsynt å bruke noko tid på å få oversikt over tenestene og ei felles forståing. Arbeidsgruppa har også teke den fridomen å inkludere det bustadsosiale arbeidet i evalueringa, då dette er nært knytt til det rusfaglige arbeidet.

Det er ikkje skrive referat frå kvart møte, då arbeidsgruppa har valt å skrive rett i evalueringsrapporten etter kvart som ein har diskutert dei ulike punkta.

Arbeidet har vore prega av eit felles ønske om å få betre kvalitet på tenestene.

## 2. Historikk

### 2.1 Prosjekt Bustadsosialt arbeid 2005-2009

I 2005 blei det søkt midlar til eit bustadsosialt prosjekt i Herøy kommune. Prosjektet hadde ei varigheit på tre år (2006-2009) og det blei tilsett to prosjektmedarbeidarar, ein sosionom og ein psykiatrisk sjukepleiar. Bakgrunnen for prosjektet var eit aukande behov for eit lavterskeltiltak til førebyggjande arbeid innan rusomsorga, rus/psykiske vanskar og andre vanskelegstilte. Problemstillingane vart meir og meir samansette og arbeidskrevjande, og ein registrerte også ei auke i sosialhjelpa ved at nokre klientar vart gåande altfor lenge på sosialhjelp. Etter kvart vart det tydeleg at mykje at problematikken var knytt til manglande bustadar, ustabile bustadshøve for gruppa, og sosialtenesta såg at mange i målgruppa mangla bu-evne. Prosjektet var svært vellukka og Herøy kommune var i front på dette arbeidet i regionen og fylket vårt. På grunn av dei gode resultatane blei det politisk vedtatt at kommunen skulle vidareføre prosjektet og dei to stillingane blei gjort faste.

### 2.2 Etableringa av NAV Herøy 2009

Ved etableringa av NAV Herøy var det ein fagleg, administrativ og politisk diskusjon om kva tenester Herøy kommune skulle leggje til det nye NAV-kontoret. I følgje lova var alle kommunar pålagt å leggje inn tenester etter *Lov om sosiale tenester i NAV*. Saman med dei statlege tenestene utgjør dette det som blir kalla for minimumsløysinga for NAV. Det er svært ulikt kva andre tenester kommunane rundt om i landet har lagt til det lokale NAV-kontoret. Nokre har berre gått for minimumsløysinga, andre har gått inn med t.d rus, barnevern og flyktingteneste, og nokre har gått tilbake til minimum etter å ha gjort seg nokre erfaringar. I vår region har blant anna Ulstein, Volda og Ørsta no ei minimumsløysing, mens Hareid, Sande - og Herøy - har fleire tenester inne.

Rådmannen i Herøy ønskte at Flyktingtenesta skulle organiserast til NAV. Målsettinga med flyktingarbeidet var til sjuande og sist arbeid, og då verka det naturleg å sam-organisere alle som jobba med arbeid som målsetting.

Når det gjaldt rus som fagområdet var det delte meiningar. Dåverande kommuneoverlege argumenterte sterkt for at rus var eit helseproblem og at rusmiddelavhengige no hadde fått pasientrettar på lik linje med andre. Sosialtenesta på si side argumenterte for at rus framleis burde ligge til sosialtenesta (i NAV), då rusproblematikk har eit sosialfagleg aspekt som var viktig å ivareta. Det var fleire gode argument både for og mot, og rådmannen tok begge synspunkta på alvor. Vedtaket blei derfor at rus framleis skulle liggje til sosialteneste og dermed inn i NAV, men at denne organiseringa skulle evaluerast etter to år.

Eit viktig moment i denne saka er at tenestene til rusmiddelavhengige den gong var forankra i det bustadsosialt arbeidet. Det var ikkje eigne ruskonsulentar som jobba spesifikt med rus,

men alle tilsette i sosialtenesta jobba med motivering, innsøking til behandling, råd og rettleiing til pårørande og vurderte framlegg om bruk av tvang. Miljøterapeutane i bustadosial teneste var dei som gjorde oppfølginga ute blant brukarane, enten oppsøkjande eller i heimane til folk.

I tillegg til flyktingtenesta, rus og bustadosial teneste blei sakshandsaming om støttekontakt for vanskelegstilte organisert under NAV.

### **2.3 Evaluering av tenestene i 2011**

Hausten 2011 blei det satt i gang ei evaluering av rus og bustadosial teneste. Fleire alternative løysingar blei diskutert:

- a) Rus og bustadosial teneste skal fortsatt organiserast under NAV
- b) Bustadosial teneste og rus organiserast under Helseavdelinga
- c) Ressursane delast mellom avdelingane

Ut frå ei heilskapleg vurdering blei det tilrådd og vedtatt at rus og bustadosial teneste framleis skulle organiserast under NAV.


### **2.4 Endringar etter evalueringa**

På mange måtar var tidspunktet for evalueringa noko uheldig. Samtidig med at kommunestyret gjorde sitt vedtak om framleis organisering av bustadosial teneste og rus i NAV, kom det fleire endringar. Ny avdeling Barn, familie og helse kom i gang, bestående av helsestasjon/skulehelsetenesta, barnevern, psykisk helse, legetenesta og rehabilitering. Den nye avdelinga ble samlokalisert med ppt, og etter kvart og med skule- og barnehageavdelinga. Ny leiar starta i jobben i februar 2012. Og frå 1. januar 2012 kom ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

Politisk har det i desse åra skjedd eit skifte, frå å tenkje helse- og sosialpolitikk til ei todeling i helse- og omsorgspolitikkk og velferdspolitikkk. Departement og direktorat har skifta namn, og fagmiljøa sentralt er til dels omorganiserte. Blant anna kan ein sjå dette på kompetansesentra for rus. Tidlegare låg dei under fylkeskommunane og jobba primært mot sosialtenestene. No ligg dei under helseføretaka, og har eit mykje breiare nedslagsfelt.

### 3. Organiseringa av tenesta

NAV Herøy er i 2015 organisert slik:



Tenestene knytt til det vi kallar *minimumsløysing* er organisert i eit mottaksteam og eit oppfølgingsteam (dei blå boksane). *Minimumsløysing* er det som Stortinget har sagt **skal** vere i eit NAV-kontor. Alle andre tenester er tilleggstenester avtalt i partnerskapet mellom kommunen og NAV fylke. Mottaksteamet jobbar med brukarar som ved hjelp av enklare tiltak i ei kortare tidshorisont vil bli økonomisk sjølvhjelpne eller vil kome seg ut i arbeid.

Oppfølgingsteamet jobbar med personar med ein meir samansett problematikk, og som har behov for langvarig oppfølging og koordinerte tenester. 7 av rettleiarane er statlege tilsette og 3 rettleiarar er kommunalt tilsette. I tillegg har sosialteneste 0.7 årsverk i merkantil teneste, som blant anna er ansvarleg for søknadar om bustønad.

Alle tenester utover minimumsløysinga er organisert i ei eiga seksjon (gul boks). Her er det totalt 6 tilsette. I flyktingtenesta er det ein flyktingkonsulent og ein miljøterapeut. I bustadsosial teneste er det tilsett to miljøterapeutar. I tillegg er det tilsett ein miljøterapeut på eksterne midlar knytt til eit prosjekt på Herøy vidaregåande skule (ut 2016). Den daglege oppfølginga av arbeidet og det faglege ansvaret er lagt til seksjonsleiar. I tillegg til leiarfunksjonen har seksjonsleiar desse oppgåvene:

- Faste samarbeidsmøter med Eigedom vedrørende kommunale bustader
- Faste samarbeidsmøter med heimetenesta og psykiatritenesta knytt til rus
- Kontaktperson for andre samarbeidspartar, til dømes spesialisthelsetenesta

- Sakhandsamar søknadar om støttekontakt
- Sakshandsamar søknadar om bustadsosial teneste og oppfølging frå miljøterapeut
- Sakshandsamar søknadar om Kvalifiseringsprogram
- Sakshandsamar saker etter kap 10: Tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige
- Godkjenner timelister til støttekontaktar, deltakarar på Introduksjonsprogram og Kvalifiseringsprogram
- Frivillig forvaltning på personar som ikkje har anna oppfølging frå NAV

### **3.2 Fordeler ved dagens organisering**

Arbeidsgruppa vurderer fordelane ved dagens organisering slik:

- Rettleiarane og miljøterapeutane i NAV har lang erfaring og god kompetanse på fagområdet rus og målgruppa det er snakk om
- Brukarane oppsøker hjelpeapparatet først og fremst for å få hjelp til økonomi bistand, og det gjev NAV ei moglegheit til å kome i posisjon til hjelpetiltak
- Det handlar sjeldan berre om rus, og i ei begynnande ruskarriere er utfordringane vel så mykje sosialfaglige som helsefaglige.
- NAV Herøy jobbar oppsøkjande i eit miljø som ofte ikkje ønskjer hjelp eller som ofte ikkje oppsøker tenestene
- Målsettinga til dei aller fleste, både rusmiddelavhengige og dei med psykiske lidingar, er å få eit normalt liv kor ein er økonomisk sjølvstendig, har arbeid, bustad, venner og familie.
- Det ligg i det sosialfaglege verdigrunnlaget og den faglege forståing å sjå etter den enkelte sine ressursar på tross av sjukdom/skade/lyte og leite etter moglegheitene for å nå desse måla.
- NAV jobbar nettverksbasert og ikkje berre individuelt, og samarbeida både med familie og pårørande, skule og arbeidsgjevarar.
- Arbeidets betydning i ei rehabiliteringsprosess blir i stadig fleire forskingsprosjekt framheva som eit viktig verktøy

NAV Herøy opplever at denne tverrfaglege tilnærminga er ei styrke for brukarane og gjev gode resultat.



### 3.3 Ulemper ved dagens organisering

Arbeidsgruppa vurderer ulempene ved dagens organisering slik:

- Rusmiddelavhengige har krav på tenester på lik linje med andre innbyggjarar, men NAV Herøy har ikkje kapasitet/ansvar/mynde til å greie den koordineringa som er naudsynt
- Dette gjer at personar med eit rusproblem ikkje får tilfredsstillande tenester i dag
- Den organisatoriske og fysiske avstanden gjer samarbeid meir komplisert enn naudsynt
- Rus og psykisk helse er to åtskilte fagområde i kommunen, og dette gjer tenestene til dei med samtidige lidningar fragmenterte.
- Det er mange som møter personar med rusproblem i tenesteytinga si, men nesten ingen kontaktar NAV for bistand på det rusfaglege området
- Omverden har forventningar og er organisert ut frå ei samordning av rus og psykiatri, og det gjer det komplisert å samhandle med andre kommunar og spesialisthelsetenesta
- Organisering og fysisk nærhet til de som møter barn og unge vil gjøre det lettere å videreformidle og fange opp de som er utsatt for risiko.
- Den generelle organiseringa på tenester innen helse-omsorg-sosial-velferd er fragmentert
- Dagens organisering legger ikkje til rette for forebyggende tenester

## 4. Om tenestene rus og bustadsosial arbeid

For å kunne gjere ei god vurdering av ei eventuell omorganisering, er det naudsynt å sjå korleis tenestene er heimla i loven og kva loven seie om kommunen sitt ansvar. Tenesta støttekontakt blir berre kort omhandla her.

### 4.1 Tenester til rusavhengige

Tenester til personar med som er rusmiddelavhengige eller har eit rusproblem, er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester kapittel 3:

#### *§ 3-1. Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester*

*Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.*

*Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.*

*Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift. Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pliktens innhold. Kommunens helse- og omsorgstjeneste omfatter offentlig organiserte helse- og omsorgstjenester som ikke hører under stat eller fylkeskommune. Tjenester som nevnt i første ledd, kan ytes av kommunen selv eller ved at kommunen inngår avtale med andre offentlige eller private tjenesteytere. Avtalene kan ikke overdras.*

Det betyr at det ikkje er heimla spesielle tenester og tiltak til denne gruppa, men at dei har rett på tenester etter behov på lik line med alle andre av kommunes innbyggjarar. Dei tenestene og tiltaka som kan vere aktuelle er heimla i lovens § 3-2:

#### *§ 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester*

*For å oppfylle ansvaret etter § 3-1 skal kommunen blant annet tilby følgende:*

- 1. Helsefremmende og forebyggende tjenester*
- 2. Svangerskaps- og barselomsorgstjenester*
- 3. Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner*
- 4. Utredning, diagnostisering og behandling, herunder fastlegeordningen*
- 5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering*
- 6. Andre helse- og omsorgstjenester, herunder*

- a) *helsetjenester i hjemmet*
- b) *personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt*
- c) *plass i institusjon, herunder sykehjem og*
- d) *avlastningstiltak*

Alle tenestene under §3-2 skal også omhandle rusproblematikk og rusavhengige der det er behov for det. Det generelle rusførebyggende arbeidet er heimla i § 3-2 1, oppfølging av gravide med rusproblem og rustesting av dei er heimla i §-3-2-2, fastlegane i §3-2-4 har ei viktig rolle både i behandling og ved innsøking til institusjon, den kommunale psykiatritenesta gir tenester til dei som også har psykiske problem, og mange rusavhengige treng tenester i heimen etter 3-2-6, enten det er heimesjukepleie, støttekontakt eller anna praktisk bistand. Slik vil alle avdelingane ha eit ansvar, ei rolle og ei oppgåve, alt etter tenestebehovet til den enkelte.

I tillegg til dei generelle tenestene er bruk av tvang ved ulike høve regulert i kapittel 10:  
*Tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige*

## **4.2 Det bustadsosiale arbeidet**

Formålet med det bustadsosiale arbeidet er å førebygge og motverke bustadlause. Bustadsosialt arbeid omfattar alt frå å skaffe bustader til å auke den enkeltes føresetnad for å meistre en bu - og livssituasjon. Den nasjonale strategien peiker på sju prioriterte områder:

1. Hjelp frå midlertidig til varig bustad
2. Hjelp til å skaffe eigna bustad
3. Forhindre utkastingar
4. Gi oppfølging og tenester i heimen
5. Sikre god styring og målretting av arbeidet
6. Stimulere til nytenking og sosial innovasjon
7. Planlegge for gode bustadmiljø

Som ei kan sjå, inneheld den nasjonale strategien tiltak både på individnivå og på systemnivå. Alle kommunane har eit ansvar for å framskaffe bustader. Dette er heimla i både Lov om sosiale tenester i NAV § 15 og i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-7:

### **§ 15. Boliger til vanskeligstilte**

*Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen skal medvirke til å skaffe boliger til vanskeligstilte personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet.*

### **§ 3-7. Boliger til vanskeligstilte**

*Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.*

Den største skilnaden på desse to lovparagrafane, er knytt til tiltak i bustaden. Der NAV har eit overordna ansvar for å medverke til å skaffe bustader, skal helse- og omsorgstenestene også gje hjelpe- og vernetiltak i bustaden.

Medverknadsansvaret til NAV gjennom § 15 er både generelt og individuelt og inneber at NAV skal:

- Bidra med sin kunnskap i den kommunale planleggingen av hvordan boligproblem kan løses for vanskeligstilte.
- Gjøre andre kommunale organer kjent med behovet for ordinære boliger og tilpassede boligløsninger.
- Samarbeide med andre instansar, som Husbanken, om tiltak som kan lette situasjonen for vanskeligstilte på boligmarkedet.
- Tilby tjenestemottaker råd og veiledning for å bidra til å sikre en tilfredsstillende bosituasjon. Dette kan være i form av økonomisk rådgivning, informasjon om økonomisk stønad, informasjon om kommunale og statlige låne- og støtteordningar, og hjelp til søknad om kommunal bolig og andre ordningar for etablering i bolig.
- Bistå tjenestemottakere som kan ha behov for tjenester i boligen, for eksempel ved å etablere kontakt med kommunale helse- og omsorgstjenester.
- Bistå tjenestemottaker med å skaffe bolig når det er nødvendig, for eksempel ved å hjelpe tjenestemottaker med å finne leiligheter som er til leie, ringe for å avtale visning, og eventuelt bli med på visning, eller på annan måte tilrettelegge for å skaffe varig bolig.

Lov om sosiale tenester i NAV viser slik at NAV vil ha eit konkret ansvar og konkrete oppgåver knytt til det bustadsosiale arbeidet, sjølv om tenesta blir flytta ut av NAV. Men då blir den meir ei rettleiingsteneste, og vi vil ikkje lengre følgje opp brukarane i heimane sine.

### **Kva er da kommunane sitt ansvar innafor det bustadsosiale arbeidet?**

Det er kommunen som har hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette ansvaret er heimla i følgjande lovar:

Lov om folkehelsearbeid skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse, herunder utjamne sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk skade

eller liding. I lova § 5 stilles det krav til kommunens ansvar for å ha oversikt over helsetilstanden og faktorar som verkar inn på den. Bustad er nevnt som ein av desse faktorane (§ 7).

Lov om planlegging og byggesaksbehandling skal fremje ei berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Loven skal bidra til god forming av bygde omgjevnader, gode bustadmiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet.

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester regulerer kommunens ansvar for å sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilgang til nødvendige helse- og omsorgstenester. Oppfølging og hjelp i form av personleg assistanse, som omfattar praktisk bistand, opplæring eller støttekontakt, er kommunale tenester som skal bidra til å utvikle og styrke evna til meistre kvardagen og buforhaldet (§3-6). Kommunen skal medverke til å skaffe bustadar til personar som sjølv ikkje greier å ivareta sine interesser på bustadmarknaden, blant anna personar med særleg tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsakar (§3-7).

### **4.3 Støttekontakt**

Støttekontakt er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester kap 3-2b:

*§ 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester*

*For å oppfylle ansvaret etter § 3-1 skal kommunen blant anna tilby følgende:*

*6. Andre helse- og omsorgstenester, herunder*

*b) personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt*

I dag blir søknadar om støttekontakt sakshandsama i tre avdelingar:

- Bu- og habilitering handsamar søknadar for dei med ei diagnose
- Pleie- og omsorg handsamar søknadar frå dei over 67 år
- NAV handsamar søknadar frå dei under 67 år

Hovudutfordringa for NAV er at veldig få av søknadane kjem frå våre brukarar. Det gjer at vi kjenner sakene og problemstillingane dårleg. Ei anna problemstilling det kan vere relevant å sjå på, er om det er meir effektivt og fører til betre kvalitet i tenesta om ein handsamar desse sakene på ein stad. Om ei avdeling gjev avslag skal sein gjere ei vurdering på om det er andre tenester søkjaren kan ha rett på i staden. Dette kan vere t.d heimeteneste eller BPA, tenester som NAV kjenner veldig dårleg både i innhald og vilkår for å innvilge.



## 5. Omfanget av tenestene

Den som utviklar eit problematisk forhold til rus kan vere ung eller gamal, i arbeid eller ufør, gift eller einsleg, rik eller fattig. Og rusproblematikken kan utvikle seg i alle fasar i livet. For kvar person som får eit rusproblem, får det konsekvensar for ei heil familie. Pårørande kan vere alt frå born til foreldre besteforeldre, tantar og onklar. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester forsøker å fange opp dette, ved å seie at:

*«§ 3-1. Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester*

*Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.»*

Derfor er det også mange tilsette som kan møte utfordringar knytt til rus og rusavhengigheit i arbeidet sitt. Her er nokre av problemstillingane:

### Ved graviditet – vern om det ufødde barnet

Helsestasjon og jordmor, men også andre kommunalt tilsette, har eit særskilt ansvar for å avdekke saker der det er risiko for at mor rusar seg under graviditet. Om ein har ei slik bekymring, er det viktig at ein får til ei frivillig ordning med rustesting og hyppige kontrollar. Det er tilrettelagt for rustesting på helsestasjonen. Fleire aktørar kan rekvirere rustesting som til dømes fastlege, NAV og barnevern. Om ein ikkje lukkast med frivillig testing, kan NAV fatte tvangsvedtak om innlegging på institusjon for å verne det ufødde barnet.

### Barndom

I barnets første leveår, i tida i barnehage og i barneskulen, er det barnet som pårørande ein har fokus på. Den største bekymringa er om foreldre eller føresette har eit problematisk forhold til rus eller har utvikla rusavhengigheit. Helsestasjonen har eit ansvar for å følgje opp mor og barn særleg i dei to første leveåra. Eit tett samarbeid mellom helsestasjon, barnehage og barnevern er viktig for å avdekkje born i risiko. Om det er mistanke eller bekrefta rusbruk hos foreldre eller føresette, er det barnevernet som har mynde til å setje i gang tiltak dersom det ikkje er frivillig. Når barnet begynner i skulen er det dei tilsette der som må samarbeide med helsestasjon/skulehelseteneste og barnevern.

### Ungdomsskulen

Når elevane begynner i ungdomsskulen er det viktig, i tillegg til fokuset på barn som pårørande, å fange opp dei som står i fare for å eksperimentere med rusmidlar og utvikle rusproblem i tidleg alder. Skulehelsetenesta/helsestasjonen er framleis ein viktig aktør, i

tillegg til dei tilsette på skulane, og barnevern. Helsestasjonen for ungdom vil og her kunne vere eit tilbod

Tverrfaglege team: Det finnast i dag tverrfaglege team i alle barnehagar og skular i kommunen, som er eit løysingsfokusert drøftingsfora kor det er rom for å drøfte slike saker. I desse teama er helsesøster, PPT og barnevern faste medlemmer saman med rektor/barnehageleiar. Ved behov er og til dømes fastlege og psykolog med på konkrete møter.

#### Ungdomstida 16-25 år

Når ungdommane går ut av ungdomsskulen «forsvinn» dei til dels for det kommunale tenesteapparatet. Nokre begynner i vidaregåande skule, enten i heimkommunen, pendlar til nabokommunen eller flyttar på hybel i ein kommune lengre vekk. Det er og nokre som ikkje startar på vidaregåande skule, eller som droppar ut etter ei stund. Det kan være vanskeleg for kommunen å fange opp desse ungdommane, og på tross av eit samarbeid mellom OT og NAV er det ikkje alltid ungdommane er motiverte for dei tiltaka som er tilgjengelige. Det er i denne alderen at eit rusproblem kan få skikkeleg fotfeste, samtidig som det er her kommunen er lengst unna.

Helsestasjon for ungdom har fast trefftid både ved Myrvåg og Herøy helsestasjon. Helsesøster har og fast trefftid på Herøy vidaregåande. Her har ho og ei viktig rolle i å vidareformidle elevar som treng tenester til dei rette fagpersonane så vel i som utafor kommunen. NAV har også miljøterapeutar fast på skulen, dog som eit midlertidig prosjekt.

#### Vaksne rusavhengige

Når ein vaksen person har eit rusproblem, er det mange tenester som kan vere aktuelle. Det kjem heilt ann på kva situasjon brukaren er i. Men i dei tilfella der rusproblemet eskalerer og får konsekvensar for arbeid, økonomi, eller familieliv er ofte fastlegane og NAV viktige aktørar. Både fastlegane og NAV kan søkje den rusavhengige inn til spesialisert tverrfagleg behandling. I tillegg kan NAV handsame tvangsinnlegging. Om rusmisbruket går ut over den psykiske og/eller den fysiske helsa til den rusavhengige vil helsetenesta kunne tilby adekvat behandling lokalt. Det vil ofte også vere naudsynt med heimetenester eller andre omsorgstenester. Rusavhengige med behov for omsorgsbustad er ei særskild krevjande brukargruppe for omsorgstenestene.

#### Pårørande

Kommunen har også eit ansvar for pårørande til rusavhengige. Midt-Norsk Kompetansesenter driv kurs for pårørande i samarbeid med kommunane, og Herøy kommune har tidlegare hatt ei sjølvhjelpsgruppe for pårørande. Vi har ikkje tilbod til barn og

unge som er pårørende, enten foreldra slit med rus eller har dårleg psykisk helse. Det vil vere naturleg at fleire aktørar deltek i eit slikt arbeid.

#### Oppsummert:

For å få til eit godt rusarbeid i kommunen, er det viktig at alle som møter problematikken har kunnskap og kompetanse til å vite kva ein skal gjere, ei organisering som fremjar ei tverrfagleg samhandling og ei forankring og forståing av at dette er ei felles utfordring for heile tenesteapparatet.6. Vurdere endra organisatorisk tilknytning

### **6.1 Økonomisk**

Det er knytt budsjettpostar til nokre av tenestene, som til dømes støttekontakt. Det bustadsosiale arbeidet og oppfølging frå miljøterapeut handlar først og fremst om tidsbruk frå fast tilsette. Det har aldri vore budsjettert med tiltakspengar knytt til t.d lavterskeltak for rusavhengige. Det har tidlegare vore ei sjølvhjelpsgruppe for pårørende og det har vore ei utegruppe for deltagarar i Kvalifiseringsprogrammet. Det har heller aldri vore budsjett knytt til dei andre avdelingane sitt arbeid med rus, enten det er oppfølging frå psykiatrisk sjukepleiar, rustesting eller anna arbeid.

#### 233 Anna Førebyggjande helsearbeid ?

Under denne posten er det budsjettert med Herøy kommune sin andel av Krisesenteret i Ålesund. I tillegg er det budsjettert med refusjonar frå andre kommunar (etter innlegging i spesialisthelsetenesta). Her ligg også kommunal andel VTA (Varig tilrettelagt arbeid t.d ved Dragsund ASVO og Ulshav AS).

#### 234 Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede

Under denne posten er det budsjettert med lønsutgifter og reisegodtgjering til støttekontaktane som NAV fattar vedtak på.

#### 242 Råd, veiledning og forebyggende arbeid

Under denne posten er det budsjettert med lønn, mobiltelefoner, bil og andre driftsutgifter til seksjonsleiar og to miljøterapeutar . I Samarbeidsavtalen med NAV Møre og Romsdal er det inngått en kostnadsfordeling kor kommunen dekker 36,7 % av driftsutgiftene og 44 % av lønnsutgiftene til NAV-leder.

#### 265 Kommunale bustadar

Her er det budsjettert noen midlar på strøm og husleige, kor NAV kan få krav frå Eigeomsavdelinga i Herøy kommune ved utflytting, eller for husleige i periodar utan bebuar med leigekontrakt.

Det vil ikkje vere problematisk å skilje ut kostnadane knytt til kommunale helse- og omsorgstenester i NAV, men det må gjerast ei vurdering av generelle driftsutgifter og stipulerast kor mykje av kontorutgiftene som kan knytast til denne delen av arbeidet.

## **6.2 Administrative konsekvensar**

Tenestene rus og bustadsosialt er i dag lagt til NAV Herøy. Det er NAV-leiar som er ansvarleg for fag, økonomi og personell. NAV-leiar rapporterer til rådmannen og sit i rådmannen si leiargruppe. NAV-leiar har det overordna ansvaret for rullering av Ruspolitisk handlingsplan. Planen skal ha vore rullert, men har blitt utsatt fleire gongar.

## **6.3 Fysisk plassering**

NAV-kontoret er i dag lokalisert på Herøysenteret. På ein måte sitt dei tilsette i NAV for seg sjølv med rådhuset på den eine sida og Helsesenteret på den andre. Dette er uheldig, då eit godt samarbeid ofte er avhengig av at ein møtast og kjenner kvarandre.

## **7. Forslag til endring - tilråding frå gruppa**

Den endelege tilrådinga er gjort ut frå ei heilskapleg tilnærming, kor kvaliteten på tenestene – brukarperspektivet – har stått i fokus. Samstundes har det vore naudsynt å ta omsyn til andre forhold, særleg der endring vil få konsekvensar for dei tilsette.

### **Tilråding:**

#### **1. NAV blir ei avdeling under Barn, familie og helse**

I dag ligg NAV under rådmannen, som ei sjølvstendig avdeling i Herøy kommune. NAV-leiar sitt i rådmannens leiargruppe. Dette var ei viktig og riktig organisering i den første fasen av NAV, der ei ny avdeling skulle byggjast opp. I det daglege har NAV eit vidstrakt samarbeid med helsesøstrene, helsestasjon for ungdom, tenester for psykisk helse, legetenesta og barnevernet. Det vil derfor vere av stor fagleg verdi om NAV-leiar sitt i leiargruppa til Barn, familie og helse.

Moglege utfordringar: I dag er det seksjonsleiar i NAV som har det faglege ansvaret for tenestene. Om NAV-leiar sit i leiargruppa til leiar for BFA må det vurderast i kva grad NAV-leiar kan delegerer mynde vidare på sitt kontor. Det må også vurderast i kva grad seksjonsleiar kan delta i leiarmøta.

#### **2. Det koordinerande ansvaret for rusarbeid i Herøy kommune blir lagt til Barn, familie og helseavdelinga**

I dag krevjast det ei brei og heilskapleg tilnærming til rusproblematikk, og Lov om kommunale helse og omsorgstenester krev anna tenking - og organisering – enn tidlegare, for å lukkast i arbeidet. Det er svært krevjande for NAV å gjere den naudsynte koordineringa. Det framstår som om det er , mykje lettare for BFA å ta denne rolla. Samstundes støtter dette opp under det helsefaglege aspektet ved rusarbeidet.

Moglege utfordringar: Eit rusproblem har ofte sterk samanheng med helse, men det er viktig ta i vare det sosialfaglege perspektivet. Punkt 2 er indirekte avhengig av gjennomføring av punkt 1.

#### **3. Det bustadsosiale arbeidet og årsverk knytt til dette blir fysisk organisert i NAV**

Det er svært krevjande å gjennomføre endringar som direkte involverer tilsette. I vår evaluering har vi lagt vekt på tre utfordringar: for det første er det ikkje plass til fleire tilsette på Helsesenteret slik det er i dag. . For det andre er det inga hensikt i å flytte tilsette aleine, utan at det er gjort ei god analyse av kva ei slik flytting av ressursar skal løyse. Og for det tredje, men ei mogleg kommunereform på trappene er det lite ønskeleg å starte ei større



omorganisering før ein veit om det kjem andre endringar i kjømda. Men for å fullføre oppdraget frå rådmannen, vil den siste tilrådinga frå arbeidsgruppa vere:

#### **4. Rådmannen bør setje ned ei arbeidsgruppe som ser på flytting av bustadsosial teneste og tilsette frå NAV til BFA**

Det er i dag 3 årsverk knytt til tenester forankra i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, som støttekontakt, praktisk bistand/bustadsosial teneste og rus. Om desse skal flyttast til BFA, må ein ha gjort ei grundig analyse av kva tenester ein ønskjer å vidareføre eller utvikle, kva målgrupper ein ønskjer å prioritere og kven andre ei slik flytting vil ha konsekvensar for. T.d, om ein tenkjer eit rus-psykiatriteam vil det betyr store endringar også for Seksjon for psykisk helse. Om ei ser for seg ei satsing på ungdom kan det bety at ein i større grad samarbeidar med Helsestasjon (for ungdom). Tidligare har ein satt eldre og rus på dagsorden, er det ein veg å gå? Før ein kan flytte eit fagområde, ei teneste og tilsette må slike vurderingar vore gjort.

Arbeidsgruppa meiner vi at alle punkt i tilrådinga er avhengig av kvarandre. Om ein ikkje ønskjer å gjennomføre punkt 4, kan ikkje arbeidsgruppa tilrå punkt 1-3. Deadline for arbeidet til ei slik arbeidsgruppa bør ikkje vere seinare enn 1. mai 2016.

## **8. Konsekvensar av tilrådinga**

### **8.1 Økonomi**

I utgangspunktet skal endring i pkt 1 og 2 ikkje ha økonomiske konsekvensar. Men allereie i dag er det ein diskusjon om kven som skal dekkje t.d rustesting av personar i risiko, og som får dette som eit krav enten frå fastlege, barnevern eller NAV. Det er ikkje budsjettet med slike utgifter i dag, og NAV har tatt kostnadane i dei tilfelle kor dei har rekvirert testane. Det blir viktig med ein gjennomgang på konkrete utgifter til rusarbeid som ikkje er dekte i dag. Endring i pkt 3 vil krevje nokre ressursar knytt til flytting av personalet og bygging av ny eining/team og kultur.

### **8.2 Administrasjon**

Det openbare er at leiar av Barn-, familie og helse får eit større ansvarsområde. Men sida heile avdelinga (NAV) blir lagt under BFA, skal det ikkje vere store endringar av praktisk art.

### **8.3 Fysisk plassering**

Tilrådinga vil ikkje gje konsekvensar for fysisk plassering no. Dette vil bli nærare behandla når eit arbeid under punkt 4 er ferdigstilt. Det er viktig å merke seg at arbeidsgruppa ser at fysisk plassering er viktig og at avstand kan ha konsekvensar for det faglige arbeidet. Det er såleis viktig med eventuelle rokkeringar og endringar av fysisk plassering når tida for det er inne. Generelt vil arbeidsgruppa peike på at alle punkta i tilrådinga er viktige.





Avdeling for Barn, Familie og Helse

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2014/504
		Arkiv:	271

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for Helse og omsorg	20.08.2015
156/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	24.09.2015

### OPPREISNINGSDRNING FOR BARNEHEIMSBARN, SKULEHEIMSBARN OG FOSTERBARN

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
2. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
3. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Særutskrift:  
Møre og Romsdal fylkeskommune,  
KS Møre og Romsdal,  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Barn- familie og helseavdelinga  
Barnevernseksjonen



## **Vedlegg:**

- 1 Vedtak FM - MR 17092014 Sak 14-4 Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal
- 2 Vedtekter til oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i M&R 17.09.14
- 3 Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn – frå Fylkeskommunen, datert 25.02.15.

## **Saksopplysningar:**

Det har vore ein dryg prosess i Møre og Romsdal for å komme fram til eit samla forslag frå fylkeskommunen og KS om ein felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn.

KS Møre og Romsdal har utarbeidd vedtekter til ei felles ordning og denne var til ei brei høyring i kommunane og fylkeskommunen.

Nå ligg det føre eit forslag til ordning, vedteke av fylkesmøte i KS 19.9.14 og fylkestinget, 9.12.14. Fylkeskommunen sende eit brev, datert 25.2.2015, til kommunane i fylket der dei bad om at kommunen slutta seg til Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Kommunen har etter telefonkontakt fått utsett fristen for tilbakemelding til fylkeskommunen.

Ordninga er slik at fylkeskommunen vil ta på seg halvparten av tilkjend oppreising dersom kommunen er med på ordninga. Det er eit vilkår at søkar har vore plassert i ein institusjon som fylkeskommunen hadde driftsansvaret for. Vidare vil fylkeskommunen dekke 40% av sekretariats – og nemndskostnadene samt stå for alle kontorutgifter. Maksimumsbeløpet i oppreising er kr. 400.000, og søknadsfristen er 2 år.

Ordninga er avgrensa til å gjelde for barn som er plassert av kommunen etter barnevernlova. Fylkeskommunen har avgrensa sitt oppreisningsbidrag til perioden 01.01.80 til 01.01.93. Bidraget til administrasjon/drift av ordninga er ikkje tidsavgrensa slik. I vedtektene som no ligg føre skal ordninga kunne gjelde for plassering fram til 01.01.93 – utan startdato.

## **Vurderingar og konklusjon:**

Sjølv om fylkeskommunen har teke på seg 40 % av sekretariats- og nemndskostnadane, vil det kvile på kommunane å dekkje resten. Ikkje minst på bakgrunn av staten sitt tilsynsansvar og oppgåva med å sjå til at etablering og drift av institusjonane var forsvarleg, må vi kunne vente at fylkesmannen gjennom skjønnsmidlar dekkjer opp kommunane sin del av driftsutgiftene med ordninga.

Vi har ikkje grunnlag for å seie konkret kor mykje denne ordninga vil koste kommunen. Erfaringstal frå dei som har hatt slik ordning, jf også den statlege ordninga, seier at det kan reknast med 1,5 innvilga oppreisningar pr. 1000 innb. For Herøy vil dette utgjere i overkant av 13 saker. Med maks beløp på 400 000 kr og avkorting /frådrag for annen støtte, sjå §§ 6 og 7 i vedtektene, kan kostnaden

passere vel 1 million fordelt over tre år for Herøy, - (sjå om søknadsfrist innan to år og maks saksbehandlingstid eitt år §§ 5 og 8).

Sjølv om ordninga vil medføre utgifter for kommunen, er vi av den oppfatning at den er så viktig for dei som har lidd ved den handsaminga dei har fått som barnevernsbarn, at Herøy gir sin tilslutnad til ordninga. Vi meiner såleis at det er rett av kommunen å prioritere denne kostnaden.

Konsekvensar for folkehelse:

Ordninga har vist seg å vere særst positivt motteke i dei deler av landet som allereie har fått til ordningar. Dei som kjem under ordninga har oppfatta det som ein reell oppreisning og det har vore positivt for deira helse.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar

Konsekvensar for drift:

Ingen særlege konsekvensar

Konsekvensar for økonomi:

Det er vanskelege å vere konkret på dei økonomiske konsekvensane. Kommunen må rekne med at det vil kunne kome opp i over 1 million kroner i løpet av ei treårs periode. Dette vil verte innarbeidd i budsjettet for 2016 og frametter.

Fosnavåg, 01.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Inger Marie Tofthagen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Arkivsak-dok. 10/01078  
 Arkivkode  
 Saksbehandler May-Ann Bruun

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Fylkesmøte i Møre og Romsdal	17.09.2014	14/4

## SAKSPROTOKOLL

### Oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal

**Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal har behandlet saken i møte 17.09.2014 sak 14/4**

#### Vedtak

Fylkesmøtet godkjenner vedtektene til oppreisningsordning som utarbeidd, med disse presiseringane:

1. Alle som med heime i Barnevernlova har vorte plassert i Institusjonar, som barneheim og spesialskule, og som har vorte utsett for overgrep, omfattast av oppreisningsordninga.
2. Nemnd/ sekretariat har fullmakt til å vurdere eventuelle grensetilfelle, når det ligg føre svært gode grunnar for det.
3. Oppreisningsbeløpet vert sett til maksimalt kr. 400.000.
4. Frist for framsetjing av søknad til denne ordninga er to (2) år.
5. KS Møre og Romsdal meiner at både fylkeskommune og kommune har hatt ansvar i perioden 1.1.1980 til 1.1.1993 og bør dele oppreisningsbeløpet med halvparten på kvar for denne perioden.  
  
 Fylkeskommunen hadde ansvaret for at barnevernsinstitusjonen vart sett i stand til å drive forsvarleg og at den einskilde bebuar fekk forsvarleg omsorg under opphaldet, medan kommunane hadde plasseringsansvaret.
6. KS Møre og Romsdal ber om at Fylkesmannen tek kostnaden med å administrere denne ordninga.

## **Vedtekter for en Oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal**

### **§ 1 Formål**

Deltakerkommunene ønsker med denne oppreisningsordningen å ta et moralsk ansvar for, og gi en uforbeholden unnskyldning til, personer som har vært utsatt for overgrep eller omsorgssvikt i institusjon under plassering av deltakerkommunenes barnevern, eller forløperne til dette, i perioden fram til 1.1.1993.

Alle som med hjemmel i Barnevernloven har blitt plassert i institusjoner, som barnehjem og spesialskole, og som har blitt utsatt for overgrep, omfattes av oppreisningsordningen.

Nemnd/ sekretariat har fullmakt til å vurdere eventuelle grensetilfeller, når det foreligger svært gode grunner for det.

Eventuell oppreisning er ikke en erkjennelse av juridisk ansvar.

### **§ 2 Oppreisningsutvalg**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppnevner et felles oppreisningsutvalg. Utvalgets skal ha tre medlemmer med relevant kompetanse. Leder for utvalget skal være jurist, fortrinnsvis med dommerkvalifikasjoner. I tillegg skal det utpekes tre vararepresentanter. Dersom noen av de ovenfor nevnte personer må fratre i løpet av virkeperioden skal Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppnevne nye medlemmer/ vararepresentanter.

### **§ 3 Sekretariat for oppreisningsutvalget**

Det skal opprettes et felles sekretariat for oppreisningsutvalget. Sekretariatet skal besitte nødvendig faglig kompetanse som for eksempel psykologfaglig og/eller barnevernfaglig kompetanse samt juridisk kompetanse. Sekretariatet er organisatorisk plassert i Møre og Romsdal Fylkeskommune, men er faglig underlagt oppreisningsutvalget.

### **§ 4 Vilkår for å søke om kommunal oppreisning**

Personer som ble plassert i institusjon av deltakerkommunen i perioden fram til 1.1.1993, og som ble utsatt for overgrep eller omsorgssvikt, kan gis kommunal oppreisning når dette anses rimelig.

Ved vurdering av søknaden foretas en fri sivilrettslig bevisvurdering av den dokumentasjon som foreligger i saken. Det må kreves klar sannsynlighetsovervekt for at utvalget skal legge til grunn at søkeren har vært utsatt for overgrep eller omsorgssvikt under plasseringen iverksatt av det offentlige. Datidens normer for omsorg legges til grunn ved vurderingen av om omsorgssvikt har skjedd.

Oppreisningen ytes bare til søker. Dersom denne dør før vedtak er truffet bortfaller oppreisningen.

## **§ 5 Saksbehandling**

Personer som ble utsatt for overgrep eller opplevde omsorgssvikt, kan søke om kommunal oppreisning. Søknad om oppreisning fremsettes for sekretariat.

Søknaden må fremsettes skriftlig. Videre må søknaden beskrive de forhold som ligger til grunn for kravet om oppreisning, og vedlegge eventuell dokumentasjon. Sekretariatet skal på forespørsel bistå søkerne ved utforming av søknadene.

Spørsmålet har vore grundig vurdert, i lys av den økonomiske situasjonen i kommunen.

Konklusjon:

- Basert på erfaringar frå siste par åra, vil dei negative konsekvensane ved å ta bort denne nøkkelkompetansen vere svært store. Ein vil få store utfordringar og risikere at elevar ikkje får gjennomføre eksamen og nasjonale kartleggingar og prøver. Ein vil ikkje kunne legge til rette for at elevane får digitale ferdigheiter i det daglege slik læreplanane legg opp til. Det er store utfordringar med dette allereie i dag. Vert kapasiteten til å støtte svekka, vil situasjonen bli endå verre.
- Stillinga har også eit overordna ansvar for SFO. Ein «overvakar» talet på elevar, bemanning, driftsutgifter og eigenbetaling, samt tilpassing av vedtekter - og styrer ordninga på tvers av SFO'ane i kommunen. Ved å gjere

ein grundig og god jobb på dette området, kan ein vise til store økonomiske innsparingar siste par åra.

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Skal så ikkje skuleavdelinga delta i den kommunale dugnaden for å spare inn stillingar?

I framlegging av Kostra-rapporten basert på tal frå 2013, var ein av konklusjonane av skuleavdelinga driv effektivt og har lite potensiale igjen å ta ut. Så kan ein likevel vise til ytterlegare effektivisering/innsparing i rekneskapstala for 2014, samt rammekutt for 2015.

Alle avdelingar må likevel ta ansvar og kutte ytterlegare om dette vert krevd, **men skuleavdelinga kan ikkje kutte nøkkelkompetanse knytta til bestemte stillingar.** Då må det heller løysast gjennom rammeinnsparing, slik at avdelinga sjølv kan få vurdere kvar det vil smerte minst.

For ei så stor avdeling med så mange daglege brukarar, er IKT kritisk kompetanse, som ikkje kan kuttast.

I tillegg ser ein at det kan sparast mykje på drifta gjennom god oversikt, god kontroll og god styring.

I lys av dette, tilrår rådmannen at stillinga vert lyst ut umiddelbart, for å kunne ha rett kompetanse på plass frå januar 2016.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Opplæring og støtte er viktig for at tilsette skal kunne meistre arbeidet sitt og arbeide effektivt. Dette igjen skaper trivsel og motivasjon.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen merknad.

#### Konsekvensar for drift:

Gode dataverktøy som fungerer og som ein har lært å bruke, gir effektivitet i arbeidet og læring for elevane.

#### Konsekvensar for økonomi:

Stillinga medverkar til god styring og innsparing.

Fosnavåg, 07.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/52
		Arkiv:	256

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
159/15	Formannskapet	18.08.2015
	Kommunestyret	27.08.2015

### SUNNMØRSBADET. SØKNAD OM AUKA KOMMUNAL FINANSIERING.

#### Tilråding:

Kommunestyret viser til søknaden frå Sunnmørsbadet Fosnavåg AS av 22.06.2015 og vedtek å auke finansieringa av uteområdet frå 35,0 mill kr til 38,9 mill kr ved at 3,9 mill kroner i sal av steinmasser til fylkesvegen, finansiert i K-sak 157/14, går til auka finansiering av uteområdet.

Søknaden mottatt 24.06.15 om auka forskottering av tippemidlar kan ikkje imøtekomast.

#### Særutskrift:

- Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
- Økonomiavdelinga
- Eigedomsavdelinga
- Kulturavdelinga
- Anleggs- og driftsavdelinga



## **Vedlegg:**

- Finansieringplan (vert ettersend)
- Brev frå Sunnmørsbadet datert 22.06.15
- Brev frå Sunnmørsbadet mottatt 24.06.15
- Protokoll frå generalforsamling i Sunnmørsbadet 30.06.15.
  
- Uprenta vedlegg: Oppsett utanomhuskostnader datert 18.06.2015.

## **Saksopplysningar:**

I brev av 22.06.15 søker Sunnmørsbadet om at Herøy kommune dekkjer 39.350.000 kroner som sin del av prosjektet. I brev mottatt 24.06.15 søker Sunnmørsbadet vidare om 2.550.000 kroner i forskottering av tippemidlar, jfr vedlegg.

Herøy kommune har tidlegare vedteke å betale for opparbeiding av uteområdet ved Herøy Kulturhus og Sunnmørsbadet AS, samt opparbeiding av veg frå området og mot Lisjebøvegen for ein sum av inntil 35,0 mill kr (eks mva).

I tillegg har kommunen forskottert tippemidlar med 12,0 mill kr (85% av godkjent sum på 14,1 mill kr).

Sunnmørsbadet AS opna i vår og no er ein i ferd med å avslutte oppgjeret med hovudentreprenøren Christie og Opsahl AS.

## **Forskottering av tippemidlar**

I brevet til kommunen ber Sunnmørsbadet AS om ytterlegare forskottering av tippemidlar. Selskapet har fått førehandsgodkjent ein søknad på 14,1 mill kr i spelemidlar og har også søkt om å få denne auka med 3,0 mill til 17,1 mill kr. Som nemnt ovanfor har Herøy kommune allereie forskottert 12,0 mill kr og selskapet ber om at denne forskotteringa vert auka med 2,55 mill kr til totalt 14,55 mill kr.

Herøy kommune har svært lite ubundne fondsmidlar.

Den andre utfordringa er knytt til likviditet. Det vil ta mange år før kommunen får refundert ei forskottering på totalt 14,55 mill kr. I denne perioden må kommunen tære på eventuelle likvidar eller nytte trekkretten i Danske Bank. Per år vil kommunen ha ei mindreinntekt knytt til tapte renteinntekter på om lag kr 290.000,-. Tek det 5 år før kommunen får dekt inn forskotteringa har det kosta kommunen totalt omlag 1,5 mill kr.

## **Uteområdet og vegen mot Lisjebøvegen**

Herøy kommune har løyvd totalt 35,0 mill kr (eks mva) til dette. Per i dag har kommunen betalt om lag 24,2 mill kr til entreprenøren og i tillegg brukt om lag 2,4 mill til innløyising av ein bustadeigedom.

Sunnmørsbadet AS ber om at Herøy kommune dekkjer totalt 39,35 mill kr (eks mva) for uteområdet. I denne summen ligg det bl.a. inne:

- Samanbygging med Herøy kulturhus/idrettshall

- Parkerings- og uteområde inkludert asfaltert parkering mellom Sunnmørsbadet AS og Bergsøy KGB (låg ikkje inne i dei opprinnelige planane)
- Vegføring til heile idretts- og kulturområdet
- Opprusting av eit mindre areal knytt til Herøy vidaregåande skule

I K-sak 157/14 som omhandlar finansiering av vegen mellom Kulturhus/Sunnmørsbadet og Myklebustvegen, er det tatt med ein post som gjeld kjøp/bruk av steinmasser verdsett til 3,9 mill kr. Dette må utgiftsført på prosjektet og inntektsført på uteområdet.

### **Vurdering og konklusjon:**

Herøy kommune har ein eigardel på 55,7% av aksjane i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Det er viktig for kommunen at badet har eit finansieringsgrunnlag som kan sikre at drifta kan gå i balanse. I dag har Sunnmørsbadet 65 mill. kroner i lån. I planleggingsfasen av prosjektet var det gjort ei vurdering der ein meinte at anlegget kunne forsvare eit lån på 25 mill. kroner. Renta er i dag lavare enn ho var på det tidspunktet, men renteutviklinga vil alltid vere ein usikker faktor.

Rådmannen er kjend med at Sunnmørsbadet har søkt om 15 mill. kr i auka RDA-midlar. Handsaminga av denne søknaden kan ikkje skje før handlingsplanen er godkjend, dvs truleg i november/desember 2015. Utbetaling av midlar kan skje tidlegast 1. kvartal 2016.

Når det gjeld søknaden om at Herøy kommune dekkjer 39.350.000 kroner som sin del av uteområdet, er her kostnadspostar som kan diskuterast, jfr merknadene ovanfor. Eg har likevel lagt til grunn at uteområdet har vorte dyrare enn rekna med, men at sal av steinmassene til fylkesvegen kan nyttast til å auke finansieringa av uteområdet frå 35,0 til 38,9 mill. kr eks mva.

Når det gjeld søknaden om forskottering, kan eg på grunn av den økonomiske situasjonen til kommunen ikkje tilrå auka forskottering. Slik eg forstår oppstillinga over investeringskostnader og finansiering, vil Sunnmørsbadet likevel ha midlar til å gjennomføre eit sluttoppgjær med entreprenøren.

Fosnavåg, 04.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Herøy kommune,  
Rådhuset,  
Postboks 274,  
6099 Fosnavåg.

**SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS. (SF AS)  
KOSTNADSDDELING MELLOM HERØY KOMMUNE OG SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG  
AS.**

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS er i slutfasen av byggeprosjektet som omfattar utanom sjølve badeanlegget, også samanbygging med Herøy Kulturhus/idrettshall, parkerings- og uteområde samt vegføring til heile idretts- og kulturområdet, opprusting av eit mindre areal knytt til HVS og deponering av steinmasse til ny fylkesvegparsell.

Som ledd i slutføringa av prosjektet er det viktig å definere dei kostnadane ved totalprosjektet som til slutt skal dekkast av Herøy kommune. For SF AS sin økonomiske situasjon er det viktig at denne delinga medfører at selskapet ikkje vert sittande att med kostnadar som ikkje vedkjem selskapet.

Det totale anlegget framstår i dag som eit fint og framtidsretta kultur- og idrettsanlegg der uteområdet inkl parkeringstilhøve medfører god plass for publikum sjølv ved fleire samtidige arrangement både i kulturhus, idrettshall, fotballbaner, anlegg for uteaktivitetar og badeanlegg.

SF AS og Herøy kommune har gjennomført ein administrativ prosess der grunnlaget for kostnadsdelinga er gjennomgått. Denne er gjort med relativt høg detaljeringsgrad der det har vore mulig. På nokre områder har ein som følgje av kompliserte kontraktsforhold og ein del endringar i prosjektet undervegs, vore samde om å fastsette kostnadsdelinga basert på eit kvalifisert skjønn.

Ut frå ovanstående bed SF AS at Herøy kommune dekkjer NOK 39.350.000 som sin del av prosjektet. Dette omfattar følgjande:  
Samanbygging med Herøy Kulturhus/idrettshall, parkerings- og uteområde samt vegføring til heile idretts- og kulturområdet, opprusting av eit mindre areal knytt til HVS og deponering av steinmasse til ny fylkesvegparsell.

Herøy kommune har dekt deler av disse kostnadane gjennom delbetaling direkte til generalentreprenøren. Restoppger vil såleis verte gjennomført ved slutfaktura frå generalentreprenøren.



Fosnavåg 22.06.15

Bjørn Martin Aasen  
Styreleiar







Herøy Kommune

6090 Fosnavåg

## **SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS (SF AS) SØKNAD OM FORSKOT TIPPEMIDLAR PÅ 85% AV MNOK 3.**

SFAS fekk 22.05.13 førehandsgodkjent spelemidlar på MNOK 14,1. Av denne summen har Herøy kommune forskottert MNOK 12 som utgjer 85% av bevilgninga. På grunn av auka kostnader og opplysningar om auka prosentsats for tildeling av tippemidlar vart ny søknad sendt inn i god tid før utløp av søknadsfristen.

I brev frå Møre og Romsdal Fylkeskommune den 10.06.2015 får SFAS avslag på søknaden til anleggnr. 1515000603.

Grunnen til avslaget er:

«Manglande midlar. Søknaden er formelt i orden og kan fornyast neste år.»

Ordlyden i brevet skapte ein del debatt i styret om SFAS får tildelt spelemidlar eller ikke.

Etter samråd med Kulturavdelinga i Herøy Kommune har styret fått opplyst at dette er vanleg prosedyre ved tildeling av spelemidlar og at ny førehandsgodkjenning utgjer spelemidlar for MNOK 17,1., ein auke på MNOK 3. Ny søknad må sendast til fylket innan 15.jan kvart år til SFAS har fått utbetalt den godkjente summen.

Ut frå denne opplysninga gjorde styret fyljande vedtak:

### **Sak – 69/15: Tippemidlar, vidare handsaming.**

Som svar på søknad låg det føre brev datert 10.06.15 frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Styret hadde visse vanskar med å tolke brevet sitt innhald. Ut frå opplysingar ein hadde var brevet å oppfatte som eit tilsagn for seinare utbetaling, men avslag på utbetaling i 2015. Søknaden var formelt i orden og kan fornyast nesta år.

### **Vedtak:**

Styret viser til brev datert 10.06.15. Styret bed om formell avklaring av fortolking av svaret. Under føresetnad av at det kan tolkast som tilsagn om seinare utbetaling av søknadsbeløpet på kr 3,0 mill vert det å søke Herøy kommune om forskottering av inntil 85% av beløpet.

**Utfrå ovanstående ber styret i SFAS om forskot frå Herøy kommune på 85% av MNOK 3, som utgjer NOK 2.550.000,-**

For styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Arve Moltubakk (sign)

Nestleiar



## PROTOKOLL.

### GENERALFORSAMLING SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS.

TID: TIRSDAG 30.06.15 KL 1200 – 1430.

STAD: THON HOTEL FOSNAVÅG.

#### Disse aksjonærane møtte:

Arnulf Goksøyr -	Herøy kommune	4570 aksjar
Njål Sævik -	Havila Holding AS	1215 aksjar
Stig Remøy -	Olympic Shipping AS	1215 aksjar
Karin Vike -	Herøy sanitetsforening	600 aksjar
Marny Berge -	Herøy reumatikarforening	600 aksjar

#### Frå styret møtte:

Bjørn Martin Aasen	styreleiar
Arve Moltubakk	nestleiar
Tanja Rafteseth	
John Arne Winsnes	
Karl Petter Sortehaug	dagleg leiar

#### Dessutan møtte:

Stig Vestnes	rekneskapsfører
Frode Myklebust	revisor

## **SAKLISTE:**

### **1. Val av møteleiar.**

#### **Vedtak:**

Styreleiar Bjørn Martin Aasen vert valgt til møteleiar.

### **2. Godkjenning av innkallinga.**

Møteleiar viste til vedtak i sak 44/15 den 13.04.15 og til e-post datert 16.04.15 til aksjonærene, og innkalling med framlegg til dagsorden utsendt 22.06.16.

#### **Vedtak:**

Innkallinga vert godkjend.

### **3. Godkjenning av saklista.**

Framlegg til sakliste var utsendt med innkallinga 22.06.15. Det var ikkje innkomne andre framlegg til saker.

#### **Vedtak:**

Saklista vert godkjend

### **4. Val av representant som underskriv protokollen saman med møteleiar.**

Det vart sett fram framlegg på Marny Berge.

#### **Vedtak:**

Marny Berge vert valgt.

### **5. Årsrekneskap 2014. Årsmelding 2014. Revisorberetning 2014.**

Styreleiar gjennomgjekk årsmelding 2014 . Rekneskapsfører la fram årsrekneskap 2014. Revisor presenterte revisorberetning 2014.

Generalforsamlinga drøfta årsmelding og rekneskap med notar med særleg vekt på grunnlaget for kostnadsdeling mellom Herøy kommune og Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, finansieringsplan og innfasing av RDA-midlar.

#### **Vedtak:**

Generalforsamlinga godkjenner Årsmelding 2014 og Årsrekneskap 2014.  
Generalforsamlinga tek Revisorberetning 2014 til vitande

### **6. Byggeprosjekt. Orientering om gjennomføring, kostnadar og finansiering.**

#### **Orientering om steinmasser.**

Styreleiar gjennomgjekk kostnadsrapport for prosjektet handsama i styret 22.06.15.  
Styresak 60/15 vart referert i si heilheit.

Prosjektet har pr 22.06.15 ei kostnadsramme på kr. 245.154.939 inkludert ei risikoavsetning på kr. 2,5 mill. Av denne avsetninga er kr. 500.000 reservert som driftsavsetning .

Styreleiar gjorde greie for at alle krav som er innkomne, også dei som enno ikkje er godkjende, er tekne med.

Styreleiar gjorde greie for at styret og har gjort ei risikovurdering av korleis konflikter kring endeleg oppgjer skal handterast.

Det er pårekeleg at endeleg oppgjer og dermed rekneskap kan ligge føre i løpet av perioden august – oktober 2015.

Styreleiar gjorde greie for styresak 68/15 om kostnadsdeling mellom SF AS og Herøy kommune. Styret har oversendt brev datert 22.06.15 til Herøy kommune der det vert gjort grei for at kostnadane for kommunen sin del av prosjektet er berekna til kr. 39.350.000. Prosjektrekneskapen kan ikkje avsluttast før dette oppgjeret er godkjend av Herøy kommune.

Styreleiar gjorde greie for styresak 70/15 om handtering av steinmassene i prosjektet. Notat av 18.06.15, handsama i styret 22.06.15, vart gjennomgått. I drøftingane kom det ikkje fram andre opplysingar enn dei som var nedfelt i notatet. Av dette framgår det at SF AS gjennom kontraktsforhandlingar hadde overført disposisjonsrett og ansvar for overskytande steinmasser som ikkje kunne nyttast i anlegget, til generalentreprenør. Denne hadde igjen transportert denne retten til underentreprenør slik det framgår av kontraktsdokument datert 26.11.12. Som følge av dette var det allereide ved kontraktsinngåing november 2012 klart at selskapet ikkje hadde overskytande steinmasser som kunne selgast.

Arnulf Goksøyr gjorde greie for den formelle oppgjersordning som vart iverksett direkte mellom Herøy kommune og generalentreprenøren i løpet av 2014.

Som følge av vedtak i styresakene 68/15 og 70/15 og som følge av førehandstilsagn tippemidlar kr. 3,0 mill., er det utarbeidd ny revidert finansieringsplan for prosjektet. I denne er pårekna finansieringsbidrag frå salg av steinmasser med kr 5,0 mill teke ut. Vidare er krav om kostnadsdeling med Herøy kommune med kr 39.350.000 teke inn. Rekneskapsfører presenterte denne.

Styreleiar sa seg på vegne av selskapet lei for at salg av steinmasser til kr. 5.0 mill i perioden frå våren 2013 til no, er presentert for generalforsamlinga, låneinstitusjonar, Herøy kommune, Herøy næringsforum og kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylke som del av finansieringsgrunnlaget for prosjektet, noko det no viser seg ikkje å vere grunnlag for.

Styreleiar understreka at det sittande styret starta arbeidet med denne saka umiddelbart etter konstitueringa i oktober 2014, og har ikkje klart å avklare den før no i juni 2015.

**Vedtak:**

Generalforsamlinga tek styret si orientering om byggeprosjektet inkl gjennomføring, kostnader, handtering av steinmasser og endre finansieringsplan til vitande.

**7. Drift badeanlegg. Oppdatert status.**

Dagleg leiar orienterte om drifta frå oppstart mars -15 til no. Drift relatert til budsjett vart gjennomgått.

Styrelieiar gjorde greie for vedtak i styresak 59/15 der styret har bed om å få seg framlagt revidert budsjett og prognose i september 2015.

**Vedtak:**

Generalforsamlinga tek orientering om drift av badeanlegget til vitande.

**8. Reglement for styregodtgjerdslø Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.**

Ekstraordinær generalforsamling den 24.02.15 fastsette i si sak 7 reglement for styregodtgjerdslø i selskapet. I dette reglement framgår det at reglementet vert gjort gjeldande for perioden 01.10.14 – 30.06.15.

Styret gav i sak 66/15 slik tilråding til generalforsamlinga:

”Reglement for styregodtgjerdslø for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS vert forlenga for eit år fram til neste ordinære generalforsamlinga 2016.”

**Vedtak:**

Reglement for styregodtgjerdslø for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS vert forlenga for eit år fram til neste ordinære generalforsamlinga 2016.”

**9. Valg av revisor.**

Selskapet sin revisor er Ernst&Young AS ved Frode Myklebust.

**Vedtak:**

Revisorselskapet Ernst&Young AS ved Frode Myklebust vert valgt som selskapet sin revisor.

**10. Valg.**

Styrelieiar Bjørn Martin Aasen, oppnemnd av Herøy kommune, hadde i brev datert 29.04.15 sagt frå seg sin styreplass.

Herøy kommunestyre hadde i K-sak 88/15 oppnemnd Tor Sindre Steinsvik som nytt styremedlem.

Stig Remøy tok opp spørsmålet om fortolking av vedtektene §5 der det m.a. står: ”Inntil halvparten av styremedlemene skal velgast av Herøy kommune. Dei andre medlemmane skal velgast av generalforsamlinga”.



I den påføljande diskusjon framkom det at Herøy kommune opprettheld sin vedtektsfesta andel av styremedlemer ved at Tor Sindre Steinsvik inngår i styret som oppnemnd av Herøy kommune.

Det var og semje om at generalforsamlinga ønskjer ein gjennomgang av vedtektene knytt til valgordninga og antal medlemer i styret.

I samsvar med vedtektene skal generalforsamling velge styreleiar etter som noverande styreleiar går ut av styret:

Arnulf Goksøyr forslo Tor Sindre Steinsvik som ny styreleiar.

Styremedlem Marny Berge viste til samarbeidsavtale med Herøy Sanitetsforening og ønskte å gå ut av styret til fordel for representant frå Herøy Sanitetsforening, og foreslo Karin Vike som nytt styremedlem.

Karin Vike forslo Marny Berge som ny varamedlem.

**Vedtak:**

Tor Sindre Steinsvik vert valg til styreleiar (einstemmig).

Karin Vike vert valgt som styremedlem med Marny Berge som personleg vararepresentant.(einstemmig)

Styreleiar takka for seg og gav uttrykk for at styret har lukkast å nå dei målsettingane styret har hatt utelukkande fordi ein har hatt eit kompetent samansett styre der alle har gitt eit viktig bidrag til resultatet.

Generalforsamlinga takka styreleiar for utført arbeid.

Møtet slutt kl 1430

  
Marny Berge

  
Bjørn Martin Aasen



## Delegerte saker frå avdelingane

DS 11/15 Søknad om utvida skjenketid 16.06.2015 00:00:00 Restaurant Fosnavåg Brygge

DS 12/15 Bytte av styrer på salgsbevillingen 19.06.2015 00:00:00 NG Kiwi

Møre AS

Referatsaker

Referatsaker

① Jm.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 1012/594	Saksbeh.
16 JULI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
Jnt	Dok.nr.
Kassasjon	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

FYLKESRÅDMANNEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		44012/2015/Q80	Henny Totlandsdal	19.06.2015

## Søknad om forskotering - fv 654 Skarabakken

Vi viser til mottatt søknad frå Herøy kommune om forskotering av fv 654 Skarabakken. Det vart gjort følgjande vedtak i Fylkestinget 15.06.15 :

( Sjå lenke: <http://mrfylke.no/Politikk/Moeteplan> )

### «Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 15.06.2015

Herøy kommune får forskottere Skarabakken i tråd med vilkår gjeve i retningslinjer for forskotering, sak T-32/10.»

Med helsing

  
Ottar Brage Guttelvik  
Fylkesrådmann


  
Arild Fuglseth  
Samferdselssjef



W OMR



SANDE KOMMUNE  
RÅDMANNEN  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2015/1012	Saksbeh. OMR
- 3 JULI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

I hht adresseliste

saksnr	løpenr.	arkiv	avd /sakshandsamar	dato
2015/727	3387/2015	141	KOML OI	29.06.2015

## SANDE KOMMUNE - KOMMUNEDELPLAN SANDE FASTLANDSSAMBAND, HØYRING OG OFFENTLIG ETTERSYN.

Sande formannskap har i Sak-F 58/15 vedtatt å sende forslag til kommunedelplan Sande Fastlandssamband ut på høyring og offentlig ettersyn, jf § 11-14 i Plan- og bygningslova

Kommunane Sande og Vanylven arbeider i lag med Sande Fastlandssamband AS om å etablere eit fast vegsamband mellom øyane Kvamsøy og Sandsøy over til Åram. Det pågår no eit arbeid med ein kommunedelplan for dette vegsambandet. Ein ferdig kommunedelplan vil legge rettslege og bindande føringar for det arealet som ligg innanfor delplanen sit planområde.

Arbeidet med kommunedelplanen har no kome så langt at Sande kommune legg eit planforslag ut på høyring og til offentlig ettersyn. Planforslaget består av planskildring, føreskrifter, retningsliner, konsekvensutgreiing, plankart, mm.

I planforslaget legg ein til grunn eit vegsamband med undersjøiske tunellar. Planforslaget har fråvik frå vegnormalen med omsyn til stigningsforhold og undersjøisk kryssløysing. Nemnde fråvik vert omsøkt særskilt gjennom eiga prosedyre. Til orientering så vart fråviksøknaden behandla i samferdselsutvalet i junimøte 2015.

Planforslaget er å finne på:

<http://www.sande-mr.kommune.no/Default.asp?page=2639&item=60615,1&lang=1>

Papirutgave kan ein få ved å vende seg til Sande kommune.

Frist for merknader vert sett til 31. august 2015.

Merknader vert å sende Sande kommune, Rådhuset, 6084 Larsnes, eller til [sande.kommune@sande-mr.kommune.no](mailto:sande.kommune@sande-mr.kommune.no)

Med helsing

Bård Dalen  
konst. rådmann



Oddbjørn Indregård  
kommunalleiar

Vedlegg: Adresseliste

## Adresseliste

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 Molde
Statens Vegvesen, Region Midt,	Fylkeshuset	6404 Molde
Kystverket, Midt-Norge,	Serviceboks 6	6025 Ålesund
Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal	Postboks 185 Sentrum	5804 Bergen
Mattilsynet,	Postboks 383	2383 Brumunddal
NVE, Region Vest	Postboks 53	6801 Førde
Direktoratet for mineralforvaltningen	Postboks 3021 Lade	7441 Trondheim
Ulstein kommune	Postboks 143	6067 Ulsteinvik
Herøy kommune	Postboks 274	6099 Fosnavåg
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060 Hareid
Barnerepresentanten i Sande kommune	Rådhuset	6084 Larsnes
Sande ungdomsråd	Rådhuset	6084 Larsnes
Sande eldreråd	Rådhuset	6084 Larsnes
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Rådhuset	6084 Larsnes
Sande Næringsforum KF	Rådhuset	6084 Larsnes



Ref-folk/ust

NAV  
Ordf.

**Integrerings- og mangfaldsdirektoratet**

Postadresse:  
Postboks 2438  
Sluppen  
7005 Trondheim

Besøksadresse:  
Kjøpmannsgt. 3

Internett:  
[www.imdi.no](http://www.imdi.no)

E-post:  
[post@imdi.no](mailto:post@imdi.no)

Sentralbord:  
24 16 88 00

Telefaks:  
24 16 88 01

HERØY KOMMUNE  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Komm.nr.: 1515

**Ber om at brevet vert distribuert til:**

Ordførar  
Rådmann

DYKKAR REF

VÅR REF

06-01179

Reg.nr.	2015/1073	Saksbeh.
- 3 AUG. 2015		
Ark kode P	F31	
Ark kode S		
Kassasjon	Dok nr.	DATO
		27.07.2015

## Oppmoding om busetting av flyktningar

Kommunane gjer ein stadig betre jobb med busetting og kvalifisering av flyktningar. Samstundes aukar busettingsbehovet. I 2015 treng over 13 000 flyktningar busettingsplass, men med kommunevedtaka som føreligg er det realistisk å busette 10 000. Stortinget har vedteke at Noreg skal ta imot 8 000 syriske overføringsflyktningar i perioden 2015-2017. Samla sett er det behov for å busette i alt 50 000 flyktningar i 4-årsperioden 2016-2019. Behovet i 2016 er 13 200.

**Herøy har frå før vedtak om å busette 10 flyktningar i 2015 og 2016. I kommunestyremøte 28.05.2015 vedtok kommunen å busette 10 ekstra flyktningar i 2015 og 10 i 2016. Altså samla 20 flyktningar i 2015 og det same i 2016.**

IMDi takker Herøy kommune for vedtaket!

Denne oppmodinga om busetting av flyktningar er basert på oppdaterte prognosar og plantal for åra 2015-2019, og på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Oppmodinga er utarbeida i samarbeid med KS.

### **Busettingsbehov for planperioden 2017-2019**

Behovet tilseier eit nasjonalt plantal på 13 200 også i 2017. Dette gir følgjande plantal for kommunen:

- minst **30** flyktningar i 2017.

For 2018 og 2019 er plantalet 12 000 per år. Dette gir følgjande plantal for kommunen:

- minst **25** flyktningar per år.

Vi ber kommunen fatte vedtak for åra 2017, 2018 og 2019 i tråd med plantala. Det er ynskjeleg at dette vert gjort i form av eit rammevedtak for perioden 2017-2019,

og at administrasjonen får fullmakt frå kommunestyret til å disponere plassane for det enkelte år innanfor denne ramma i samråd med IMDi.

Det er usikkerheit knytt til plantala som følgje av eventuelle svingingar i talet på flyktningar som skal busettast. IMDi sender årleg eit tilsvarande oppmodingsbrev til kommunane for å stadfeste eller eventuelt justere plantala for kommande år på bakgrunn av eventuelle endringar i behovet for busetting av flyktningar.

Kommunen sitt vedtak om busetting av eit talfesta tal på flyktningar fattast utan atterhald. Oppmodinga inkluderer ikkje familiesameinte. IMDi oppfattar at vedtak basert på oppmodinga er bindande for begge partar. Skulle det av spesielle grunnar ikkje late seg gjere å realisere alle plassane, er det naturleg at unytta plassar vert overført til neste års busetting.

Svarfrist på oppmodinga er **30. november 2015**. Vi ber om at vedtaket vert sendt skriftleg til IMDi Midt-Norge og på e-post til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) med kopi til KS v/Nina Gran; [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no)

### ***Økonomi og rammevilkår***

Busettingsmodellen er basert på at kommunane tek sin del av ansvaret ved å seie ja til oppmodinga som er utarbeidd i samarbeid med KS. Tilskota som vert utløyst ved busetting av flyktningar er auka. Stortinget har i revidert nasjonalbudsjett for 2015 vedteke eit ekstra tilskot og har auka tilskotsramma for utleigebustader. IMDi ber om at kommunen vurderer korleis betre finansieringsordningar kan nyttast til å byggje opp dimensjonane i kommunen sitt introduksjonsprogram og framskaffe fleire bustader til nye flyktningar.

### ***Ekstratilskot ved busetting i 2015***

Stortinget har vedteke å innføre eit ekstratilskot ved busetting av flyktningar i 2015. Målgruppa for ekstratilskotet er todelt:

- Kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil motta eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.
- Kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, men ikkje fleire enn folketalet tilseier, vil motta eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

### ***Kontakt med IMDi om oppmodinga***


IMDi står til disposisjon for kommunane i deira arbeid med oppmodinga. IMDi vil samarbeide med fylkesmannen om oppfølging. I vedlegget er det gjort nærare reie for bakgrunnen for oppmodinga og kva tilskot som vert utløyst ved busetting.

Ta kontakt med IMDi Midt-Norge ved Karin Erland e-postadresse [ker@imdi.no](mailto:ker@imdi.no) , tlf. 46548025 dersom de ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av

flyktningar generelt. Ass. regiondirektør Rune S. Foss kan også bli kontakta på e-post [rsf@imdi.no](mailto:rsf@imdi.no) ;tlf. 91760020.

Vi ser fram til eit framleis godt samarbeid med Herøy kommune!

Med venleg helsing  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

  
Marit Elin Eide  
regiondirektør

  
 Karin Erland  
sakshandsamar

Kopi: KS, fylkesmannen



## **Nærare informasjon om oppmodinga**

### ***Permanent kommunal oppgåve***

Busetting av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve på lik line med andre kommunale oppgåver. Busettingsarbeidet bør i likskap med andre kommunale oppgåver inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal.

Talet på flyktningar det er behov for å busette i den enkelte kommune dei komande åra, skal gå fram av prognosar og plantal som gjer kommunane best mogleg føreseielegheit. IMDi sender eit årleg brev til kommunane med oppdaterte prognosar for inneverande år og neste år og rullerte plantal for dei tre påfølgande åra. Talet på flyktningar som kommunane er oppmoda om å busette dei neste fire åra (2016-2019) er basert på dagens prognosar og plantal. Oppmodingstala kan verte justerte opp eller ned ved rullering neste år, dersom prognosane over talet på nye flyktningar vert endra eller dersom kommunane ikkje vedtek det talet på plassar som er venta.

### ***Bakgrunnen for oppmodinga***

Kommunane har auka busetting av flyktningar monaleg dei siste åra, men behovet for å busette flyktningar aukar framleis. For å få busett både det årlege talet på nye flyktningar og det store talet på busettingsklare flyktningar som allereie ventar i mottaka, er det naudsynt å auke kommunane sin kapasitet til eit høgare nivå.

Våren 2013 vart kommunane oppmoda om å busette om lag 10 000 flyktningar både i 2014, 2015 og 2016. Våren 2014 vart kommunane bede om å busette 10 800 flyktningar i 2015, og per 30. juni var det registrert vedtak om å busette 9 262 flyktningar i år. IMDi sin prognose basert på dei siste signala er at kommunane vil busette 10 000 flyktningar i 2015. Dette er eit meget godt resultat, men likevel 800 færre enn det talet kommunane vart oppmoda om i år. Dette kjem i tillegg til ein manko på 2 200 plassar frå 2014. Etterslepet er difor stort.

På bakgrunn av dagens flyktningkrise vart alle kommunar i landet i brev av 23. april frå statsråd Solveig Horne bede om å gje tilbakemelding på kor mange flyktningar dei kan busette i løpet av 2015 og 2016. Førebelse signal frå kommunane per 9. juli på ekstra plassar i 2015 er anslege til å vere 2 164, og tal på ekstra plassar i 2016 er anslege til å vere 1 782, dvs. 3 946 ekstra plassar totalt i 2015 og 2016. Dette inkluderer både førebelse og endelege vedtak, med og utan atterhald. IMDi er i dialog med kommunane om forståing av atterhald/vilkår og rask iverksetting av vedtaka.

Målet i samarbeidsavtalen mellom staten og kommunesektoren er at ved utgangen av året skal alle vere busett i samsvar med behovet. Busettingsbehovet i 2015 har no auka til 13 200, og behovet vil også vere 13 200 i 2016 dersom kommunane buset 10 000 flyktningar i 2015.

Auka i busettingsbehovet skuldast delvis at ein høgare del asylsøkjjarar enn tidlegare har behov for vern som gjer at dei får innvilga opphaldsløyve. Samstundes aukar talet på overføringsflyktningar som kjem til Noreg etter at Stortinget har vedteke å ta imot 8 000 syrarar over 3 år, fordelt på 2 000 i 2015 og 3 000 i kvart av åra 2016 og 2017.

Ved utgangen av juni i år var det 5 228 flyktningar i asylmottak med opphaldsløyve som venta på å flytte til ein kommune. Ein femtedel av dei har venta i meir enn eitt år sidan innvilga opphald. Lang ventetid er spesielt belastande for born. 645 av dei som ventar er born i familiar.

For å få busett både det store talet på flyktningar som no ventar i mottaka og det auka talet på syriske flyktningar, er det behov for ein særleg innsats frå alle kommunar i landet. Dersom kommunane ikkje busett fleire flyktningar i trå med IMDi si oppmoding, vil køane og ventetida i mottak halde fram med å auke. Det er behov for å busette så mange som mogleg av dei som ventar i løpet av 2015 og 2016. Dersom det vert busett 10 000 flyktningar i 2015, vil busettingsbehovet bli 13 200 både i 2016 og 2017 og 12 000 i 2018 og 2019.

Kommunar som dei siste års har busett få flyktningar i høve til folketalet i kommunen, vert særleg oppfordra til å auke talet. Dette kan også gje grunnlag for fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet, noko som vil føre til auka tilskot til kommunane og samstundes gjere mulig meir robuste og effektive introprogram; blant anna meir tenleg storleik på klassar. IMDi oppfordrar kommunar til å inngå interkommunalt samarbeid om introduksjonsordninga der dette kan vere føremålstenleg.

### ***Einslege born og unge (mindreårige)***

I 2014 busette kommunane 536 einslege born og unge (mindreårige under 18 år). Busettingsbehovet for denne gruppa aukar kraftig til 750 i 2015 og 750 i 2016, og plantala er på same nivå også i 2017, 2018 og 2019. Om lag 40% av dei einslege borna er under 15 år, medan 60% er over 15 år. Den store auka i talet har samanheng med auka i busettingsbehovet generelt. Einslege born og unge under 18 år er ei prioritert gruppe ved busetting. Det er difor avgjerande at kommunane i sine vedtak prioriterer busetting av denne gruppa, og om naudsynt omgjer vedtekne plassar til bruk for denne gruppa. Det er eit særleg behov for fleire plassar til den delen som er under 15 år.

Kommunar som ynskjer å busette einslege born og unge, men ikkje har fått oppmoding om dette, kan ta kontakt med IMDi's regionkontor slik at dette kan drøftast.

### ***Økonomiske verkemiddel***

Kommunane tek imot fleire tilskot frå staten for å dekke utgifter ved busetting og integrering av flyktningar. IMDi forvaltar i 2015 tilskot for om lag 9 milliardar kroner. Over 99 prosent av midlane går til kommunane, medan resten går til frivillig sektor og til verksemder og organisasjonar i privat og offentleg sektor i kommunane. Ordinære overføringar til kommunane kjem i tillegg til tilskota frå IMDi.

Stortinget har vedteke eit ekstratilskot på til saman 50 millionar kroner som skal fordelast til kommunar som i løpet av 2015 busett fleire flyktningar enn dei er oppmoda om og fleire enn det folketalet i kommunen tilseier. Ekstratilskotet skal fordelast på følgjande måte:

- Kommunar som busett fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil motta eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.
- Kommunar som busett fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, men ikkje fleire enn folketalet tilseier, vil motta eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

Nærare informasjon går fram av eige rundskriv på [www.imdi.no](http://www.imdi.no). Vedlagt rundskrivet følgjer ei oversikt som syner kor mange flyktningar kvar kommune må busette i 2015 for å innfri kravet om busetting utover IMDi si oppmoding og det folketalet i kommunen tilseier.

Stortinget har også avgjort å auke tilskotet til utleigebustader med 80 millionar kroner. 50 av dei 80 millionane er ei varig auke i tilskotsramma, medan 30 av millionane gjeld 2015. Nærare informasjon om tilskotsramma for utleigebustader vil vere tilgjengeleg på [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)

Nærare informasjon om dei ulike økonomiske virkemidla ved busetting av flyktningar, finst på IMDi sine heimesider [www.imdi.no/tilskudd/](http://www.imdi.no/tilskudd/)

I tillegg vert det synt til [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no) for informasjon om statleg refusjon av utgifter til kommunale barnevernstiltak for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar (Rundskriv Q-05/2015).

### **«Solidaritetsmodell»**

Dagens busettingsmodell er basert på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Modellen er ein "solidaritetsmodell". Med dette vert det meint at dersom ein kommune som vert oppmoda om å busette flyktningar svarer nei eller fattar vedtak som er lågare enn IMDi si oppmoding, må talet på flyktningar verte fordelt på dei øvrige kommunane. Difor er det viktig at kommunane busett flyktningar i tråd med IMDi si oppmoding for å sikre ei jamn fordeling av ansvar for denne viktige samfunnsoppgåva. Noreg sine internasjonale forpliktingar inneber å ta imot menneske som er utsett for forfølgning i sine heimland.

### **Flyktningar - ein ressurs**

Busetting av flyktningar er ikkje berre ei humanitær oppgåve. Flyktningar utgjer også ein ressurs. Det er eit prinsipp at flyktningar skal busettast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod til dei som vert busett, herunder heildags og heilårig introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei kan komme i arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Både privat og offentleg sektor vil ha behov for meir arbeidskraft i åra framover. Gjennom gode kvalifiseringsprogram kan kommunar i samarbeid med NAV og lokalt næringsliv skreddarsy kompetanse som arbeidslivet og eventuelt kommunane sjølve

treng. Stadig fleire kommunar ser busetting i samanheng med sysselsetting og befolkningsutvikling. Det er potensiale for auka busetting når kvalifisering av flyktningar i større grad vert knytt til lokalt næringsliv. Dette gjeld spesielt i dei kommunar kor næringslivet elles må hente arbeidskraft utanfrå gjennom arbeidsinnvandring, og når busetting av flyktningar også kan bidra positivt til den demografiske utviklinga i kommunen.

### **Bustad**

Kommunane må ikkje eige bustader sjølve, men kan leige på den private marknaden eller knytte flyktningar til private utleigarar. Å finne eigna bustad til flyktningar kan vere ei utfordring. Det er avgjerande at kommunen sitt vedtak om busetting vert følgt opp gjennom bustadplan og aktiv bruk av Husbanken sine ordningar. Husbanken regionkontor kan kontaktast. Det vert synt til nærare informasjon på Husbanken sine heimesider [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no).

Dersom kommunen har vanskar med å framskaffe bustader, er eit aktuelt alternativ at flyktningar sjølv kan finne bustad. IMDi oppfordrar kommunane til å opne for at personar kan finne bustad sjølv innanfor dei rammene som kommunane fastset. Dette kan skje innanfor kommunen sitt vedtak om busetting. Mange kommunar nyttar denne løysinga for dei den bidrag til rask og effektiv utnytting av plassane i kommunen. Ordninga kan også bidra til at det kan bli mogleg for kommunen å busette fleire flyktningar. Ta gjerne kontakt med IMDi Midt-Norge for meir informasjon om dette.

### **Familieinnvandring**

Ein monaleg del av dei vaksne flyktningane er einslege ved busettingstidspunktet, men ein del har familie i heimlandet som kan ventast å kome til Noreg etter kvart. At flyktningar får familien sin til landet vil vere positivt for integreringa og kan bidra til befolkningsutvikling, men kan også innebere utfordringar med bustader og annan tenestekapasitet i kommunane. Det vert difor anbefalt at kommunen har fokus på at det kan komme familieinnvandra i tillegg til dei som skal busettast. Familieinnvandra til personar i målgruppa for integreringstilskot, utløyser også tilskotet. Sjå [www.imdi.no](http://www.imdi.no) for meir informasjon om tilskotsordningane.

### **Råd og rettleiing frå IMDi**

IMDi bidreg gjerne saman med våre samarbeidspartnarar for å legge til rette for busetting. Dette inkluderer:

- Bistand i den langsiktig planlegginga av busettingsarbeidet; til dømes fleirårige vedtak og jamn busetting.
- Oversikt over tilgjengelege tilskot frå staten som er meint å dekke kommunale utgifter ved busetting og integrering av flyktningar (integreringstilskot, norsktilskot, særskilt tilskot for einslege mindreårige, tilskot ved busetting av personar med alvorleg, kjente funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar, ekstra tilskot, Husbanken sine bustadfinansieringsordningar mv).
- Prioritering av tilskot til utleigebustader innanfor budsjettamma til kommunen.
- Større og meir fleksibel bruk av Husbanken sitt startlån.
- Profesjonell bruk av den private leiemarknaden, kor dette vert sett på som ei parallell løysing til bruk av kommunale bustader ved busetting av flyktningar.

- Kunnskap om gode grep og vellykka tiltak frå samanliknbare kommunar innanfor både introduksjonsprogram og busetting.
- Privat busetting kor flyktningar sjølv finn seg bustad og IMDi søker ut i samråd med kommunen. Når flyktningar finn bustad sjølv, utløyser det ikkje utgifter til kommunale bustader og gir høve til å ta imot fleire flyktningar til en lågare kostnad.
- KS har kvart år tilbod om kurs for nye og urøynde kommunar og for nye flyktningemedarbeidarar i kommunane.

Alle kommunane IMDi Midt-Norge har samarbeite med om busetting, får ein fast sakshandsamar.

Meir utfyllande informasjon om tilskotsordningar, rundskriv med meir i samband med busetting av flyktningar, finst på IMDi sine heimesider [www.imdi.no](http://www.imdi.no)

Ta gjerne kontakt med IMDi Midt-Norge dersom de ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt.